


This is a digital copy of a book that was preserved for generations on library shelves before it was carefully scanned by Google as part of a project to make the world's books discoverable online.

It has survived long enough for the copyright to expire and the book to enter the public domain. A public domain book is one that was never subject to copyright or whose legal copyright term has expired. Whether a book is in the public domain may vary country to country. Public domain books are our gateways to the past, representing a wealth of history, culture and knowledge that's often difficult to discover.

Marks, notations and other marginalia present in the original volume will appear in this file - a reminder of this book's long journey from the publisher to a library and finally to you.

Usage guidelines


Google is proud to partner with libraries to digitize public domain materials and make them widely accessible. Public domain books belong to the public and we are merely their custodians. Nevertheless, this work is expensive, so in order to keep providing this resource, we have taken steps to prevent abuse by commercial parties, including placing technical restrictions on automated querying.

We also ask that you:

+ *Make non-commercial use of the files* We designed Google Book Search for use by individuals, and we request that you use these files for personal, non-commercial purposes.
+ *Refrain from automated querying* Do not send automated queries of any sort to Google's system: If you are conducting research on machine translation, optical character recognition or other areas where access to a large amount of text is helpful, please contact us. We encourage the use of public domain materials for these purposes and may be able to help.
+ *Maintain attribution* The Google "watermark" you see on each file is essential for informing people about this project and helping them find additional materials through Google Book Search. Please do not remove it.
+ *Keep it legal* Whatever your use, remember that you are responsible for ensuring that what you are doing is legal. Do not assume that just because we believe a book is in the public domain for users in the United States, that the work is also in the public domain for users in other countries. Whether a book is still in copyright varies from country to country, and we can't offer guidance on whether any specific use of any specific book is allowed. Please do not assume that a book's appearance in Google Book Search means it can be used in any manner anywhere in the world. Copyright infringement liability can be quite severe.

About Google Book Search

Google's mission is to organize the world's information and to make it universally accessible and useful. Google Book Search helps readers discover the world's books while helping authors and publishers reach new audiences. You can search through the full text of this book on the web at http://books.google.com/



Dette er en digital utgave av en bok som i generasjoner har vært oppbevart i bibliotekshyller før den omhyggelig ble skannet av Google som del av et prosjekt for å gjøre verdens bøker tilgjengelige på nettet.

Den har levd så lenge at opphavretten er utløpt, og boken kan legges ut på offentlig domene. En offentlig domene-bok er en bok som aldri har vært underlagt opphavsrett eller hvis juridiske opphavrettigheter har utløpt. Det kan variere fra land til land om en bok finnes på det offentlige domenet. Offentlig domene-bøker er vår port til fortiden, med et vell av historie, kultur og kunnskap som ofte er vanskelig å finne fram til.

Merker, notater og andre anmerkninger i margen som finnes i det originale eksemplaret, vises også i denne filen - en påminnelse om bokens lange ferd fra utgiver til bibiliotek, og til den ender hos deg.

Retningslinjer for bruk

Google er stolt over å kunne digitalisere offentlig domene-materiale sammen med biblioteker, og gjøre det bredt tilgjengelig. Offentlig domene-bøker tilhører offentligheten, og vi er simpelthen deres "oppsynsmenn". Dette arbeidet er imidlertid kostbart, så for å kunne opprettholde denne tjenesten, har vi tatt noen forholdsregler for å hindre misbruk av kommersielle aktører, inkludert innføring av tekniske restriksjoner på automatiske søk.

Vi ber deg også om følgende:

- Bruk bare filene til ikke-kommersielle formål
  Google Book Search er designet for bruk av enkeltpersoner, og vi ber deg om å bruke disse filene til personlige, ikke-kommersielle formål.
- Ikke bruk automatiske søk
  Ikke send automatiske søk av noe slag til Googles system. Ta kontakt med oss hvis du driver forskning innen maskinoversettelse, optisk tegngjenkjenning eller andre områder der tilgang til store mengder tekst kan være nyttig. Vi er positive til bruk av offentlig domene-materiale til slike formål, og kan være til hjelp.
- Behold henvisning
  Google-"vannmerket" som du finner i hver fil, er viktig for å informere brukere om dette prosjektet og hjelpe dem med å finne også annet materiale via Google Book Search. Vennligst ikke fjern.
- Hold deg innenfor loven
  Uansett hvordan du bruker materialet, husk at du er ansvarlig for at du opptrer innenfor loven. Du kan ikke trekke den slutningen at vår vurdering av en bok som tilhørende det offentlige domene for brukere i USA, impliserer at boken også er offentlig tilgjengelig for brukere i andre land. Det varierer fra land til land om boken fremdeles er underlagt opphavrett, og vi kan ikke gi veiledning knyttet til om en bestemt anvendelse av en bestemt bok, er tillatt. Trekk derfor ikke den slutningen at en bok som dukker opp på Google Book Search kan brukes på hvilken som helst måte, hvor som helst i verden. Erstatningsansvaret ved brudd på opphavsrettigheter kan bli ganske stort.

Om Google Book Search

Googles mål er å organisere informasjonen i verden og gjøre den universelt tilgjengelig og utnyttbar. Google Book Search hjelper leserne med å oppdage verdens bøker samtidig som vi hjelper forfattere og utgivere med å nå frem til nytt publikum. Du kan søke gjennom hele teksten i denne boken på `http://books.google.com/`


LOEB MUSIC
ML 141C Z

Sous. 1807.15.90



Harvard College Library

BOUGHT WITH INCOME


FROM THE BEQUEST OF

HENRY LILLIE PIERCE,

OF BOSTON.

Under a vote of the President and Fellows,
October 24, 1898.

14 July, 1900.



Mus. III. 1. 5

Oddmund Vik:

OLE BULL



BERGEN 1890
UTGJEVET AV BOKLAGET
VED MONS LITLERÉ.



Ole Bull

OLE BULL



Ole Bull


OLE BULL

OLE BULL

VED


ODDMUND VIK

MED 9 BILÆTE



BERGEN 1890
UTGJEVET AV BOKLAGET
VED MONS LITLERÉ.

Mus 1807.15.90



Pierce fund

Stavanger Trykkeri, Torvet.

I

Ætt og uppvokster.

(1810—28).

Bergen er ikkje nokot fyr seg sjølv, men eit stykke Vestland med rikt umskifte i landslaget. Paa ein stad samlat mest alt, som sermerkjer Norig: Fjorden, smilande og blenkjande i stille solskinsdagar og stygg og faarleg i regn og storm, som kjem utan fyrebod, — med logne vikar, snaude oddar og skogklædde nes, grøne bakkar og strender med blad og blom elder berre nakne berget stupande ned i sjøen. Lauvskogen, som arbeider seg uppetter fjellsidurne og stend bøygd i ryggen og paa kne øvst uppe. Og so fjelli nakne og byrge mot himmelsynet, med' elvar og bekkjer, fossande og sildrande yver hamrar og stup, giv fossedur og bekkjesus til skogen, som diktar i solskin og regn um vaaren og i storm og forvedr haust og vetter. Vatni millom grøne marker og store urder, speglande fjelli, som nedre i djupni stikk hovudi saman og kviskrar um dei store syner.

Havet er ikkje langt burte. Det sender bod paa varme solskinsdagar med havgula og i uvedrsrider med høg flod og store sjøar. Dei kjem med tot og brak, som ingen ende eig, og tyt og brakar gjer det fyrr og der inne. Og lætet som vinden umbrøytest i kast og i flaga, i byler og kvervlar paa den mangstrengde fela, men endelaust sjuar det dessimillom og samstundes. Men havfuglen, som forvedret hev jagat inn paa fjorden, han dukkar og brikjer, som ingenting var. Fraa fjell og høgder ser ein som vatn og sund og granne strengjer millom øyar og skjer, men utanfyr er det berre havet, so langt ein medar og mykje lenger, radt til England, til Amerika, so langt du kann drøyma. Og inn gjenom landet den eine tinden attanfyr den andre i blaa himmelkaapa elder kvit i kruna. Dei lyser høgtid yver landet.

Folket hev fenget svipen av landslaget gjenom tusund aar, so det laget er nokot av dei sjølve. Det kjennest i hjartelaget og huglyndet, i andlitsdragi og i tungemaalet, i draumarne og i dagsverket.

Daa vegjerne til utlandet vart stengde, og folket sat atter under fjell og paa øy med gamall mannsferd som halvgløymd segn, fekk hugverken magti i solskinsdraumar og uvedrsfælska, i felelaaten og salmetonen.

Men gjenom Bergen fann folket atter vegen til langferder og nye storverk. Og dit kom atter utlendingen med hugheilt mod, so folket paa nytt vaagad leva sine eigne draumar.

Ole Bornemann Bull

vart fødd i Bergen den 5te februar 1810 og var den eldste av 10 systkin, 7 gutar og 3 gjentur.

Paa farsida var ætti norsk og hadde havt dugande folk alt lenge. Godfaren, Ole Bornemann Bull, som spelmannen heitte etter, var apotekar og saarlækjar, og ein bror hans, Johan Randulf Bull, hadde umfram mykje annat ogso voret stiftamtmann i Bergen. Gjestmild var han som faae, og ætti fekk æra med han fyr det. Gamle Ole var gift med Gidsken Edvardine Storm. Ho var ei syster aat diktaren Edvard Storm. Gjenom denne godmori var Ole Bull skyld med Kolbjørnsætti, som var komi fraa garden Arneberg i Hof sokn i Saaler. Denne ætti hadde i dansketidi gjevet landet slike folk som Kolbjørns-sønerne paa Halden, Anna Kolbjørnsdotter og dei tvo rettslærde Kolbjørns-sønerne og seinare diktararne J. St. Munch og A. Munch og sogeskrivaren P. A. Munch. Far til Ole heitte Johan Storm Bull og var ljksom gamle Ole apotekar. Han var godt upplærd til sitt yrke og stod høgt i so

ogso reglarne fyr kunsti inn, endaa han ikkje visste av det.

Godmori fortalde segner um nykken og tunkallen, um huldri og bergekongen og sullad folkevisur aat han. Ho auste or same kjelda som broren, daa han diktad sine norske visur.

Detta vakte tankar og draumar hjaa guten.

Han var ikkje gamall karen, fyrr han skulde prøva faa dei fram i tonar. Morbroren var ein god fioloncellspelar, og han hadde ofta moro av Ole, som var so hugad paa musikk. Eingong vart guten sett i fioloncellkassen, med' hin spelad. Han vilde sjaa, um Ole var god-til vera roleg under spelet, og difyr fekk han nøgdi med sukkerty. Men still kunde han ikkje vera, det tirde i augo, og dei smaae føterne trødde takti. Paa slutten var han soleids med, at han ikkje vann halda seg i kassen. Tonarne arbeidde i kroppen hans, og han maatte faa dei fram paa eit slag vis. Daa den triaarsgamle guten kom heim, tok han alnemaalet og spelad paa det med ein kjepp til boge. Og alt, han hadde millom henderne, maatte giva tonar. Fyr hans øyra let det med ven klang, endaa hine ingenting høyrde. Morbroren gav gaum etter denne barneleik, og daa guten var fem aar gamall, fekk han si fyrste fela. Ho var gul som ei citrona. Han fortalde

ofta seinare, kor glad han var, daa ho gav dei fyrste tonarne. Han baade klappad og kysste henne, for ho var so framifraa ven den fela! Det var aldri slik fysna med dei vidgjetne felurne, han sidan kom til aa eiga. Folket hans var reint forbinat, daa han med ein gong spelad reine tonar, endaa han ingen lærdom hadde. Daa han skulde stilla, vann han ikkje snu skruvarne, men det gjorde mori, etter som han sagde henne fyre. Alt no var han svært vand um stillingi. Notarne lærde han av morbroren i dei dagar, han skulde lært A-B-C-boki.

I det gjesmilde apotekarhuset kom mange slag folk. Soleids ogso kongeleg spelmann *Paulsen*, ein danske, som styrde spelet i „Harmonien“. Han var ein fin kunstmann med gode kunnskapar og „kunde halda ut aa spela, so lenge han hadde ein drope paa flaska fyre seg.“ Daa han eingong var komen til Bergen, heldt det glade livet han der, so han utsette reisi maana etter maana. Soleids var han vorten 60 aar gamall. Vart klædi loslitne, gav venerne han nye, og attimillom heldt han ein koncert, so han tente seg ein 100 dalar. Ole raakad Paulsen hjaa „stadsmusikant-svein“ *Eriksen*, der Ole stundom fekk litt retleiding paa fela og Paulsen ein dram. Fraa den tid lyddest han tidt innum hjaa apotekaren, der

han skulde utdana den vesle kunstmannen, som han sagde. Og so lenge flaska ikkje traut, spelad han. Soleids fekk Ole Bull sin fyrste lærar.

Men folket hans likad smaatt paa den spelingi. Han var sett paa latinskulen, og det var meiningi, at han som ein bra manns son skulde studera og verta embættesmann. Den gamle konrektor *Winding* saag, at det bar ei gali leid, og eingong Ole ikkje kunde leksa si, sagde han: „Tak du [illegible] paa fela di, gut, og spill ikkje tidi her!" Men [illegible] skulde halda paa. So vart han mangein [illegible] ulydug og gløymde skuletimar. Fyr det [illegible] han med kroppen baade paa skulen og [illegible]. For faren meinte, at skuletugt maatte [illegible] uppatter heime. Det var tett paa, at faren [illegible] forbudet fela. Daa vann sonen eit stort [illegible] sin aattande fødselsdag.

[illegible] kvelden var det firmannsspel hjaa *mor-*[illegible]. Daa som elles spelad Paulsen fyrste [illegible] han kunde ikkje gjera lika fyr seg [illegible]. Han var dotten av stolen, for han [illegible] „druvesafti" vel høgt. Det var *ingi* [illegible] laget var det leidt lika vel. Han [illegible] med det, morbror Jens, *men* [illegible] og ropad: „No, Ole, skal du [illegible]. Kom, guten min, skal du faa [illegible]" og rakte han med *det same*

fela aat Paulsen. Ole tok henne fyr aalvor og spelad med dei andre det vandsame stykket framifraa godt utan mistak. Det var eit bisn fyr alle.

Detta var hans fyrste siger, og den hadde fylgjur. Han fekk vera med i sjølve firmannsspelet og etter den dag. Mori hjelpte og paa han, so han jamleg fekk spela med Paulsen. Og so fekk han seg ei ny fela.

Ho var eldande raud. Ole hadde set henne hjaa en franskmann, som var komen til byen med felur, og han gav seg ikkje, fyrr faren kjøpte den fela til han. Det var ved kveldsleite, og felehuset vart sett til sides. Ole laag i soveromet aat folket sitt, men han fekk ikkje sovna um kvelden, for han tenkte berre paa fela i det andre romet. Far og mor sov fast, so reis han stillt upp, kveikte ljos og stillte seg paa tærne til felehuset, han vilde berre kika paa fela litetvetta. Ho var so fint raud, og dei vene perlemorsskruvarne smilte so blidt aat han! Fyrst pikkad han liten grand paa strengjerne med fingrarne, og dei log blidare og blidare. So tok han ut bogen og handfoor og furdad paa han. Det var daa gildt, sagde han til seg sjølv, um han fekk prøva bogen paa strengjerne. Han prøvde litetvetta, mindre enn ingenting, og dei song saa søtt! Han stillte seg lenger burt fraa soveromet. Fyrst

han skulde utdana den vesle kunstmannen, som han sagde. Og so lenge flaska ikkje traut, spelad han. Soleids fekk Ole Bull sin fyrste lærar.

Men folket hans likad smaatt paa den spelingi. Han var sett paa latinskulen, og det var meiningi, at han som ein bra manns son skulde studera og verta embættesmann. Den gamle konrektor *Winding* saag, at det bar ei gali leid, og eingong Ole ikkje kunde leksa si, sagde han: „Tak du fat paa fela di, gut, og spill ikkje tidi her!“ Men han skulde halda paa. So vart han mangein gong ulydug og gløymde skuletimar. Fyr det bøtte han med kroppen baade paa skulen og heime. For faren meinte, at skuletugt maatte takast uppatter heime. Det var tett paa, at faren skulde forbodet fela. Daa vann sonen eit stort slag paa sin aattande fødselsdag.

Um kvelden var det firmannsspel hjaa morbror Jens. Daa som elles spelad Paulsen fyrste fiolin, men han kunde ikkje gjera lika fyr seg etter bordet. Han var dotten av stolen, for han hadde prisat „druvesafti“ vel høgt. Det var ingi skam, men fyr laget var det leidt lika vel. Han tenkte ikkje større med det, morbror Jens, men han var i godt lag og ropad: „No, Ole, skal du spela fyr Paulsen. Kom, guten min, skal du faa eit sukkerstykke!“ og rakte han med det same

fela aat Paulsen. Ole tok henne fyr aalvor og spelad med dei andre det vandsame stykket framifraa godt utan mistak. Det var eit bisn fyr alle.

Detta var hans fyrste siger, og den hadde fylgjur. Han fekk vera med i sjølve firmannsspelet og etter den dag. Mori hjelpte og paa han, so han jamleg fekk spela med Paulsen. Og so fekk han seg ei ny fela.

Ho var eldande raud. Ole hadde set henne hjaa en franskmann, som var komen til byen med felur, og han gav seg ikkje, fyrr faren kjøpte den fela til han. Det var ved kveldsleite, og felehuset vart sett til sides. Ole laag i soveromet aat folket sitt, men han fekk ikkje sovna um kvelden, for han tenkte berre paa fela i det andre romet. Far og mor sov fast, so reis han stillt upp, kveikte ljos og stillte seg paa tærne til felehuset, han vilde berre kika paa fela litetvetta. Ho var so fint raud, og dei vene perlemorsskruvarne smilte so blidt aat han! Fyrst pikkad han liten grand paa strengjerne med fingrarne, og dei log blidare og blidare. So tok han ut bogen og handfoor og furdad paa han. Det var daa gildt, sagde han til seg sjølv, um han fekk prøva bogen paa strengjerne. Han prøvde litetvetta, mindre enn ingenting, og dei song saa søtt! Han stillte seg lenger burt fraa soveromet. Fyrst

han skulde utdana den vesle kunstmannen, som han sagde. Og so lenge flaska ikkje traut, spelad han. Soleids fekk Ole Bull sin fyrste lærar.

Men folket hans likad smaatt paa den spelingi. Han var sett paa latinskulen, og det var meiningi, at han som ein bra manns son skulde studera og verta embættesmann. Den gamle konrektor *Winding* saag, at det bar ei gali leid, og eingong Ole ikkje kunde leksa si, sagde han: „Tak du fat paa fela di, gut, og spill ikkje tidi her!“ Men han skulde halda paa. So vart han mangein gong ulydug og gløymde skuletimar. Fyr det bøtte han med kroppen baade paa skulen og heime. For faren meinte, at skuletugt maatte takast uppatter heime. Det var tett paa, at faren skulde forbodet fela. Daa vann sonen eit stort slag paa sin aattande fødselsdag.

Um kvelden var det firmannsspel hjaa morbror Jens. Daa som elles spelad Paulsen fyrste fiolin, men han kunde ikkje gjera lika fyr seg etter bordet. Han var dotten av stolen, for han hadde prisat „druvesafti“ vel høgt. Det var ingi skam, men fyr laget var det leidt lika vel. Han tenkte ikkje større med det, morbror Jens, men han var i godt lag og ropad: „No, Ole, skal du spela fyr Paulsen. Kom, guten min, skal du faa eit sukkerstykke!“ og rakte han med det same

fela aat Paulsen. Ole tok henne fyr aalvor og spelad med dei andre det vandsame stykket framifraa godt utan mistak. Det var eit bisn fyr alle.

Detta var hans fyrste siger, og den hadde fylgjur. Han fekk vera med i sjølve firmannsspelet og etter den dag. Mori hjelpte og paa han, so han jamleg fekk spela med Paulsen. Og so fekk han seg ei ny fela.

Ho var eldande raud. Ole hadde set henne hjaa en franskmann, som var komen til byen med felur, og han gav seg ikkje, fyrr faren kjøpte den fela til han. Det var ved kveldsleite, og felehuset vart sett til sides. Ole laag i soveromet aat folket sitt, men han fekk ikkje sovna um kvelden, for han tenkte berre paa fela i det andre romet. Far og mor sov fast, so reis han stillt upp, kveikte ljos og stillte seg paa tærne til felehuset, han vilde berre kika paa fela litetvetta. Ho var so fint raud, og dei vene perlemorsskruvarne smilte so blidt aat han! Fyrst pikkad han liten grand paa strengjerne med fingrarne, og dei log blidare og blidare. So tok han ut bogen og handfoor og furdad paa han. Det var daa gildt, sagde han til seg sjølv, um han fekk prøva bogen paa strengjerne. Han prøvde litetvetta, mindre enn ingenting, og dei song saa søtt! Han stillte seg lenger burt fraa soveromet. Fyrst

han skulde utdana den vesle kunstmannen, som han sagde. Og so lenge flaska ikkje traut, spelad han. Soleids fekk Ole Bull sin fyrste lærar.

Men folket hans likad smaatt paa den spelingi. Han var sett paa latinskulen, og det var meiningi, at han som ein bra manns son skulde studera og verta embættesmann. Den gamle konrektor *Winding* saag, at det bar ei gali leid, og eingong Ole ikkje kunde leksa si, sagde han: „Tak du fat paa fela di, gut, og spill ikkje tidi her!“ Men han skulde halda paa. So vart han mangein gong ulydug og gløymde skuletimar. Fyr det bøtte han med kroppen baade paa skulen og heime. For faren meinte, at skuletugt maatte takast uppatter heime. Det var tett paa, at faren skulde forbodet fela. Daa vann sonen eit stort slag paa sin aattande fødselsdag.

Um kvelden var det firmannsspel hjaa morbror Jens. Daa som elles spelad Paulsen fyrste fiolin, men han kunde ikkje gjera lika fyr seg etter bordet. Han var dotten av stolen, for han hadde prisat „druvesafti“ vel høgt. Det var ingi skam, men fyr laget var det leidt lika vel. Han tenkte ikkje større med det, morbror Jens, men han var i godt lag og ropad: „No, Ole, skal du spela fyr Paulsen. Kom, guten min, skal du faa eit sukkerstykke!“ og rakte han med det same

fela aat Paulsen. Ole tok henne fyr aalvor og spelad med dei andre det vandsame stykket framifraa godt utan mistak. Det var eit bisn fyr alle.

Detta var hans fyrste siger, og den hadde fylgjur. Han fekk vera med i sjølve firmannsspelet og etter den dag. Mori hjelpte og paa han, so han jamleg fekk spela med Paulsen. Og so fekk han seg ei ny fela.

Ho var eldande raud. Ole hadde set henne hjaa en franskmann, som var komen til byen med felur, og han gav seg ikkje, fyrr faren kjøpte den fela til han. Det var ved kveldsleite, og felehuset vart sett til sides. Ole laag i soveromet aat folket sitt, men han fekk ikkje sovna um kvelden, for han tenkte berre paa fela i det andre romet. Far og mor sov fast, so reis han stillt upp, kveikte ljos og stillte seg paa tærne til felehuset, han vilde berre kika paa fela litetvetta. Ho var so fint raud, og dei vene perlemorsskruvarne smilte so blidt aat han! Fyrst pikkad han liten grand paa strengjerne med fingrarne, og dei log blidare og blidare. So tok han ut bogen og handfoor og furdad paa han. Det var daa gildt, sagde han til seg sjølv, um han fekk prøva bogen paa strengjerne. Han prøvde litetvetta, mindre enn ingenting, og dei song saa søtt! Han stillte seg lenger burt fraa soveromet. Fyrst

han skulde utdana den vesle kunstmannen, som han sagde. Og so lenge flaska ikkje traut, spelad han. Soleids fekk Ole Bull sin fyrste lærar.

Men folket hans likad smaatt paa den spelingi. Han var sett paa latinskulen, og det var meiningi, at han som ein bra manns son skulde studera og verta embættesmann. Den gamle konrektor *Winding* saag, at det bar ei gali leid, og eingong Ole ikkje kunde leksa si, sagde han: „Tak du fat paa fela di, gut, og spill ikkje tidi her!“ Men han skulde halda paa. So vart han mangein gong ulydug og gløymde skuletimar. Fyr det bøtte han med kroppen baade paa skulen og heime. For faren meinte, at skuletugt maatte takast uppatter heime. Det var tett paa, at faren skulde forbodet fela. Daa vann sonen eit stort slag paa sin aattande fødselsdag.

Um kvelden var det firmannsspel hjaa morbror Jens. Daa som elles spelad Paulsen fyrste fiolin, men han kunde ikkje gjera lika fyr seg etter bordet. Han var dotten av stolen, for han hadde prisat „druvesafti“ vel høgt. Det var ingi skam, men fyr laget var det leidt lika vel. Han tenkte ikkje større med det, morbror Jens, men han var i godt lag og ropad: „No, Ole, skal du spela fyr Paulsen. Kom, guten min, skal du faa eit sukkerstykke!“ og rakte han med det same

fela aat Paulsen. Ole tok henne fyr aalvor og spelad med dei andre det vandsame stykket framifraa godt utan mistak. Det var eit bisn fyr alle.

Detta var hans fyrste siger, og den hadde fylgjur. Han fekk vera med i sjølve firmannsspelet og etter den dag. Mori hjelpte og paa han, so han jamleg fekk spela med Paulsen. Og so fekk han seg ei ny fela.

Ho var eldande raud. Ole hadde set henne hjaa en franskmann, som var komen til byen med felur, og han gav seg ikkje, fyrr faren kjøpte den fela til han. Det var ved kveldsleite, og felehuset vart sett til sides. Ole laag i soveromet aat folket sitt, men han fekk ikkje sovna um kvelden, for han tenkte berre paa fela i det andre romet. Far og mor sov fast, so reis han stillt upp, kveikte ljos og stillte seg paa tærne til felehuset, han vilde berre kika paa fela litetvetta. Ho var so fint raud, og dei vene perlemorsskruvarne smilte so blidt aat han! Fyrst pikkad han liten grand paa strengjerne med fingrarne, og dei log blidare og blidare. So tok han ut bogen og handfoor og furdad paa han. Det var daa gildt, sagde han til seg sjølv, um han fekk prøva bogen paa strengjerne. Han prøvde litetvetta, mindre enn ingenting, og dei song saa søtt! Han stillte seg lenger burt fraa soveromet. Fyrst

spelad han reint laagt og gjorde berre litet styr. Men paa ein gong kom han inn i eit flogstykke (capriccio), som han var so reint umfram glad i. Spelet vart høgre, og han gløymde reint, at det var midnatt, og alt sov. Med eitt høyrde han nokot let! — og i næste augneblink kjende han staven aat far sin paa ryggen. Den vesle raude fela datt paa golvet og vart sundslegi. Han gret so saart fyr fela, men det hjelpte ikkje. Næste dag fekk dei felemakar, men ho vart aldri den, ho hadde voret. Naar han seinare kom til aa røda um desse tider med alle barnesuterne, fekk han taarur i augo.

Ole var for liten til den nye fela. Sette han henne til oksli, gjorde det vondt i fingrar og hals, men so lagde han henne inn under hoka. Detta vart ein fast vane sidan, og det saag ut, som han alltid lydde og kjælte fyr henne.

Nie aar gamall spelad han ting, som læraren ikkje vann greida. Men ingen ting lærde han viljelaust, fyrdi det skulde so vera. All tvang baud so plent imot. Og vilde faren elder læraren med vondo elder godo hava han paa vegjer, som ikkje var hans eigne, vart det berre uppi vonløysa med han.

Faren forstod snart, at det var raadlaust aa setja seg radt imot spelingi hans. Og det vart

helder, so han hjelpte guten. Soleids hadde han til hans niande fødselsdag fenget øvingarne av *Fiorillo* aat han. Og daa felespelaren *Waldemar Thrane* det aaret vitjad Bergen, fekk Ole spela ein øving fyr han. Skodespel var svært paa moten i dei tider, og apotekar Bull, som kunde alle stykke av Holberg og Wessel utanboks, var sjølv med og spelad paa teatret. No fekk Ole og vera med og spelad fyrste fiolin i orkestret.

Fraa 1819—22 hadde han ingen lærar i musikk. Han var vaksen ifraa Paulsen, som var stroken fraa byen reint uventande. Kannhenda det var som i den danske segni um elvekongen: Han maa kverva burt, naar rette kongen kjem.

Ein svensk felespelar heitte *Lundholm*. Han sette seg til i Bergen 1822. Sjølv hadde han lært hjaa *Baillot**) i Paris og skulde vera svært dugeleg. Ole kom i læra hjaa han. Men det kolnad millom dei snart. For Lundholm var svært streng og tolde ikkje det mindste avvik fraa reglarne. Men Ole heldt paa sine avvik,

---

*) **Baillot, vidgjeten fransk felespelar, f. 1771, d. 1842. Han hadde samstundes spelat fyrste fiolin baade paa den store opera og ved det kongelege kapell. Var ogso framifraa tonediktar. Paa musikkskulen var han lærar baade paa fela og fioloncell, og hans lærebok i felespel vert haldi fyr eit meistarverk.**

baade den maaten, han heldt fela paa, og den maaten, han stod paa. Det skulde snart verta til strid millom dei.

I ei musikklista hadde Ole set namnet *Paganini.* Han skulde hava diktat 24 vidgjetne flogstykke. Ein kveld kom det heim med faren tvo italiamenn, og det var hans fyrste møte med detta solskinsfolket. Han var 14 aar den gongen. Under samtalen opnad det seg ei ny verd fyr han. Dei visste mykje aa fortelja um Paganini, og berre namnet sette kveik i Ole. Han gjekk til godmori og bad henne hjelpa seg til eit stykke av den store meistaren. „Seg det ikkje til nokon", svarad ho, „men er du ein snild gut, so skal eg faa tak i eit stykke aat deg". Ho gjorde so og. I hagehuset lærde han seg til aa spela det nye stykket, og katten var den einaste, som høyrde paa. Mangslunget og tungt aa spela var stykket, men so vent!

Ein speletyrsdag hjaa morbror Jens spelad Lundholm eit flogstykke av Baillot, og Ole slepte or seg, at det var for stivt og tungt, slik gir det var i sjølve stykket. Eit stykke av Louis Spohr laag paa pulten aat Lundholm. Med' laget sat ved ettermaten, prøvde Ole seg paa det, og han gløymde seg so reint, at han heldt paa, daa læraren kom innatter og. „Slikt uvit!"

ropad han. „Eg trur, guten meiner, at han kann spela det fraa bladet!" — „Javisst meiner eg det". Dei andre var no komne til og bad han røyna seg. Og han so gjorde. Alle klappad, men læraren var sinnad. „Du meiner, du kann spela alt?" sagde han og tok eit flogstykke av Paganini og flidde han: „Prøv no det!" Men Ole hadde spelat det stykke fyrr, endaa berre katten visste det. Han kunde det utor og spelad det hoggande godt. Klapp og vellæte fekk han og, so det munad. Lundholm vart ogso blidare etterpaa, ja han meinte endaa-til, at Ole kunde verta lika gild som han sjølv, naar han berre øvde seg.

Ole Bull bar og tedde seg framifraa godt alle dagar, og det var liksom i kjøtet boret. Og ein so fin og rak kropp var nokot aa bera og te fint og. Men at detta vart til ein fast tame, kunde han takka mor si fyr. For ho vande borni sine til det, fraa dei var smaae. Dei maatte soleids ganga ut, kakka paa dyrri og koma inn i romet gong etter gong, til det vart fullgodt gjort. Og mori tok det strengt med slikt, baade med' borni var smaae og seinare. Han fekk so finna ein av brørne til Ole. Han var vaksen kar og skulde ut i byen, sagde farvel og gjorde, som han hadde lært, fraa han var liten. Ute i

gangen hugsad han, at eitkvart var gløymt etter inne i stova, og sprang inn etter det — med hatten paa hovudet. Det saag mori og gav han eit under øyrat, so hatten fauk burtetter golvet. „Soleids gjer ein med den sonen, som hev gløymt vyrdnaden mot mor si“, lagde ho til.

Ole skulde ferdast paa borg og i hytta, so det var fulla naudturvelegt, at han hadde lært aa folka seg.

Og vart han strengt halden mangein gong, og vilde den gamle stive daning meinka det nye, som arbeidde i han, so gjorde det ingen skade paa Ole Bull. Det gav berre stødleik, so han med hugheilt mod kunde tru seg til aa ganga dei nye vegjerne, naar dei fyrst var funne.

Paa skulen gjekk det berre smaatt, endaa det ikkje vantad paa næme. Han kunde jamvel syna eit framifraa godt skyn og tenkja baade fort og gløgt, men han vilde ikkje inn under reglarne.

„Nordisk gudelæra“ høyrde ikkje nett til i latinskulen, men ho var det nye i tidi og fargad baade tenkjar og diktar. Ho braut seg inn i latinskulen og. I gudelæra kunde ingen mæla seg med Ole. Med livet i Valhall kjende han seg skyld, og sogurne um Odin, Tor, Balder, Frøya og heile gudeætti og um jøtnar, norner, alvar og dvergar tok han.

I forteljingarne og visurne aat godmori fann han alt atter, det levde endaa i det norske folk. Soleids kom han til folk og land, til sin største og rikaste læremeistar.

Professor *R. B. Anderson* fortel, at han hev spurt Ole Bull, kvar han hadde sine løyndomsfulle tonar fraa. Det var fraa dei norske natursyner, som hadde voret hans største hugnad, fraa han liten var. Og gude- og folkesegnerne, folkevisurne og slaattarne viste han vegen til aa giva Norig i tonar. „Utav alt det hev og skapt mi tonekunst“. Det er hans eigne ord. Og daa danskekongen Fredrik den sette spurde, kven som hadde lært han kunsti, svarad han: „Dei norske fjelli!“

Hans trong til aa leva i den frie natur laag daa i blodet og. I skulen vart det eingong so trongt millom dei fire veggjerne, at han braadt spratt upp og ut gjenom det opne vindaugat. Han hadde set solskinet utanfyr, og det lokkad, so han ikkje kunde halda seg. Svært fegen var han, daa han slapp sitja i kyrkja og høyra paa salmesong, som let med falske tonar i øyro hans. Og han mintest alltid med gleda, at faren paa fridagar gav han lov til aa ferdast ute i skog og mark. Han var berre aatte aar gamall, daa han fyrste gongen var til *Lysekloster* med far sin.

Og ferder dit vart seinare det gildaste, han visste. Ofta fekk han brørne sine med seg den 12 timar lange vegen. Fint er det gjenom Fane og endaa finare framme. Fyr Ole var Lysekloster „det kjæraste paa jordi". Folk der i kring veit endaa um ein fjeldknatt, der han kleiv upp og stod og saag. „Utsyni hans Ole Bull" hev den staden heitt seinare. Derifraa saag han fjellgarden langt burte, Folgefonni lyste og glimad, og fjorden med alle øyarne laag fyre augo. Der rann elvi kvit og fossande gjenom skogen, og bekkjerne song og sullad millom buskar og steinar. Det sjuad gjenom dalen, der blaaklokka nikkad paa engi. Og so tottest det vera so stillt, endaa det levde og let alle stader. For det var som mjukaste voggesong. Var det so eit mannsmaal, som let, daa svarad og ljomad det millom knausarne, som vaknad dei med eitt etter ein lang svevn og fekk mæle.

Det fekk han sjølv og.

Baade etter han sjølv og andre veit me, at han alt daa diktad tonar. I dei vilde han giva atter sjølve naturi: Vinden, som taut i skogen, lauvet, som tuste og datt, fuglelætet, bekken, som sildrad og hoppad, fosseduren og ljomen millom bergi.

Og so høgste sumar paa Valestrand! Der var han som den lausslopne folen.

Valestrand ligg paa Osterøyi nordanfyr Bergen og hev lenge voret odel og eiga i ætti. Garden er ein halv times gang fraa sjøen og med utsyn yver Sørfjorden. Framfyr huset stod ei rekkja med fine rosetre, og det lyste fraa dei runde blomesengerne. Eit litet stykke ifraa tunet var ein liten sjø med ei symjande øy, som flutte seg og vart liggjande snart her og snart der.

Ingen stad kunde vera gildare fyr gutarne en Valestrand. Dei kleiv i berg og fjell, sumde i sjøen og siglde paa fjorden. Dei gjorde seg til av det, at dei levde ute som skogmenn, og dei hadde likat seg best, um dei hadde fenget baade eta og sova i skogen. Ole var fyrste mannen i alle deira leikar og idtrottar. Men fisking og skjoting vilde han ikkje vera med til, for hugnaden vart til hugverk, naar han saag det, fisk og fugl maatte lida.

Det var merkelegt, hev brørne seinare sagt, at dei kom ifraa det med liv og heile lemer, soleids som dei foor. Ein ven spurde godmori eingong, korleids ho kunde faa kvila, naar gutarne var med henne paa Valestrand. „Korleids!“ svarad ho, „dersom me sende barnfostra etter dei kvar gong, kvat skulde dei gode englarne deira daa gjera?“

Men Ole maatte ofta vera aaleine daa som

sidan. Det var so mange tankar og tonar, som strøymde inn paa han. Daa fekk han hug til aa løyna seg fraa dei andre, so ingen ting kunde meinka han paa dei vide ferderne. Han fann dei einslegaste krørne, der han kunde sitja og tenkja og spela fyr seg sjølv. Eingong tok det til med undarlege rødur millom folk kring Valestrand. Dei hadde høyrt nokot, og det var reint trollskap. Tru huldrefolket var komet atter? Baade ei tid og onnor hadde dei høyrt felelaat ut or sjølve berget. Der var ikkje trygt lenger, det var visst. Og folk minte seg paa gamle segner atter. Ein burde visst furda etter detta, endaa det var vaagelegt. Men so var det ein djerv kar, — daa han ein dag høyrde felelaaten, gjekk han etter ljoden, og nedre i ei trollgryta sat sjølve trollet og spelad dei undarlegaste slaattar paa ei liti fela. Det var Ole. Han visste ikkje um alt uppstyret, han hadde vakt, men det var leidt, at dei hadde funnet gjøymsla hans.

Det var ute, at hugleiken hans fekk sterkaste magt. Tonar taut kringum han jamt. Saag han eitkvart vent, elder upplevde han nokot, som tok hans unge hjarta, ut maatte det i tonar. Fekk han det so ikkje til, som han vilde, slengde han fela og gjekk syrgde i fleire dagar. Han

vilde ikkje sjaa henne dessmeir. So kunde han med eitt risa upp midnettes og i berre skjurta setja seg ved det opne vindaugat og spela og spela, til kjenslurne fann ord i dei undarlegaste tonar og umbrøyte. Dei sagde det til han, at han ikkje maatte uroa folk soleids høgst paa natt, men han tok ingi fyretola, naar han var paa det stellet. Daa kunde han spela fleire dagar i slag, eta litet og sova endaa mindre, til han atter slengde fela burt.

Han var berre barnet, daa han fyrst gav seg til aa grunda paa felearbeid. Naar han ikkje fekk fela til, som han vilde, tok han henne ofta sund, turkad stykki i soli og sette dei so i hop atter. Han vilde finna ut, kvat som gav klangen og fargen. Fela var ei gaata, han vilde løysa.

Ole Bull var blid og sjølvraaden, barnemild og traassug, lunutt og viljefast, bljug og djerv, kvass og snild, stolt og endefram baade som barn og mann. Og braad som han var i umskifte, syntest han ofta sundriven. Men han var sterk i det eine som det andre, og difyr maatte det verta strid, fyrr alt kunde semjast, og denne striden varde livet ut.

Desse ymse hugdrag viser seg i alt, som her er fortalt. Og det, som no kjem, syner so greidt fram den namngjetne Ole Bull.

Han var barn — eit bljugt barn. Ei liti syster hans døydde. Han stal seg inn i romet, der ho laag so still og ven, og vakte yver henne. No skulde dei taka henne vekk, og det var so vondt, at han kunde rivna, totte han. Ingen av folket hans visste, at han hadde vakt. Dei visste helder ikkje, kvat han totte. Um sine kjenslur kunde han ikkje snakka. Det er som gamall mann han hev fortalt detta.

Han var barn fyrste gongen, han fekk „i fela“ og. I ein utkant av byen budde ein gamall mann so reint einsleg i eit hus med ein liten hage i kring. Ole hadde høyrt mange slag segner um han. Girug var han, og i ferdalaget sitt so reint ulik hitt folket. Difyr stod det støkk av han, so Ole kjende seg aldri trygg, naar han gjekk framum det einslege huset. Ein dag stod den gamle mannen i hagegrindi og ropad paa Ole. Guten skalv, men han hadde lært so mykje folkeskikk, at han helsad med vyrdnad, endaa han hadde beste hugen til aa visa hælarne. „Er du son til Johan Bull? Er du den guten, som spelar paa fela?“ „Ja“. „So kom med meg“, sagde mannen og gjekk uppetter gangen til dyrri. Ole tølte litetvetta. Daa snudde mannen seg og sagde: „Eg hev ei fela, som eg kjøpte i England. Den

vilde eg gjerne syna deg." Daa sprang guten upp hagegangen, og fyrst han vaagad sjaa etter, hadde gamlen eit blidt andlit. Baade fela og boge var i ustand, men Ole fekk stellt dei til, so dei vart brukande. Og daa han speled slaattar og folkevisur, var det sjaaande paa gamlen, at han fylgde med. Baade hovud og fot ledad han etter takti. Hadde Ole nokor tid høyrt: „Gud signe kongen god?" Jau, han kunde fulla spela den. Det lysande andlitet og nikkingi paa hovudet viste, at detta var kjæraste tonen. Fleire gonger laut han spela den uppatter, og han spelad jamvel tonen med umbrøyte. Daa vart gamlen so glad, at han fekk Ole til aa lova, at han ofta skulde koma innum og spela den tonen. Kakur og mjølk vart sett fyr guten, og han kjende seg som ein høg gjest.

Dagen etter ringde det paa durklokka hjaa apotekaren, og i gangen fann dei ei korg. I den var 4 duvepar, alle sjeldsynte og framifraa fine. Dei var til Ole. Gamlen hadde synt han duvehuset sitt, og Ole hadde fenget dei finaste, der var. Og sidan gløymde han ikkje aa spela kongesongen aat gamlen.

Desse tvo hendi laag det visst ikkje større lag paa, dersom dei tilhøyrde barneaari berre, men dei kjem atter i hans manndomssoga: Jamsides

med dei store sigrarne og dei glimande spelekveldarne og hurrastunderne detta rike hjartelaget, som hev likso vene og lyftande tonar til den einslege stakkaren som til kongen og hans ministrar. Barnesogurne syner, at det var natur, detta hjartelaget, han sidan viste paa sine straalande ferder. Og me kann daa skyna, at han kunde verta eventyrguten, som alle *maatte* verta forelskade i.

Men slaastkjempehugen laag ogso i blodet. Han synte det alt heime, so det var inkje herming, naar han sidan var norsk slaastkjempa.

Han var vaksen upp til ein sterk og handfast kar, endaa han var berre guten aa kalla, og han naut stor æra millom jamaldrarne sine, slik skapnad og styrke han hadde. Daa rundjulad han *Musæus,* huslæraren!

Det gjekk so smaatt paa skulen, og faren meinte, det vilde retta seg, um det var einkvar, som kunde sjaa etter Ole og brørne heile dagen. Soleids kom Musæus i huset og med han skjelling og slag, so det ikkje var maate paa det. I dei dagar skulde all lærdom inn gjenom ryggen, og Musæus var reint eit ureip i so maate. Seinare vart han som latinskulestyrar namngjeten fyr skuleilska si. Var det ein, som hadde gjort nokot galet, ropad han heile klassen

saman, bad ei hugram bøn um ei velsignad straff og tok paa syndaren, som var han galen. Felespelet aat Ole vart no reint forbodet. Skulde han faa røda med den kjære fela si, laut det vera um natti.

Detta og all den andre trældomen vilde brørne ikkje tola lenger. Dei samstellte seg og lagde upp raader, men det skulde mod til! Ein morgon — det var vetter og kaldt — kom husbjørnen kl. halv fem i dyrri atter: Dei skulde upp or dei varme sengerne, — daa spratt Ole fram or sengi og paa Musæus med eit skrik. Og so vart det dragsmaal, men huslæraren, som var grann og veik, kunde ikkje handsama den trauste og leduge guten. Brørne skulde hjelpt han, men det trongst ikkje, totte dei, stakk berre hovudi upp or sengerne og ropad til han: „Gje deg ikkje, Ole!“ — „Staa deg Ole!“ — „Gje han dygtig!“ o. s. fr. Midt under detta basketaket kom tenestegjenta springende med eldtongi i den eine handi og gløder i den andre. Ho stod reint handfalli men totte, det foor vel. So kom mori springande upp tropperne i grøn vadmaalsstakk og nattkappa paa hovudet, ho trudde, det var verme laus. Men Ole korkje høyrde elder saag, fyrr huslæraren stunde og datt paa golvet, reint mykt og utmasad. „*Det*

lyt vera nok!“ sagde faren, som nett var komen til stadar. Ole budde seg paa domedag — som ikkje kom. Han saag paa augnelaget, daa far og mor gjekk, at dei skynad, huslæraren hadde voret for grinen.

Han vart spakare og etterpaa, segjest det. Og hadde jamaldrarne fyrr set upp til Ole fyr styrken hans, kom dei reint upp i under etter detta karsstykket.

Fine hanar var han so glad i. 8—9 aar gamall kom han eingong berande fela si i ein pose av bomullsty. Daa saag han ein hane so fin, at han aldri hadde set liken. Han vart mest som fjetrad av syni, gløymde seg reint, snaavad og datt i rennesteinen. Ei snild dama hadde set vanlukka hans gjenom vindaugat, tok han inn og stellte med han. Han fekk eple og maatte agta seg fyr hanen.

Sidan fekk han ein hane i signetet sitt. Det høvde ei norsk kjempa som han. Og skulde ein vera uviss um meiningi med hanen, so stod innskrifti kring namnebokstavarne hans: *Krigen er liv — livet er ein krig* (Bellum vita — vita bellum).



II.

Ungdomsaari.

(1828—33).

—•—

Lagde til havs ei regntung nott,
draugar spottad og song.
Garborg.

Han skulde studera til prest, var meiningi. Difyr kom han i august 1828 til Kristiania og skulde taka studenteksamen. Embettesvegen er stød og prøvd, meinte faren, og spel kunde vera godt attaat til moro og uppkveikjing.

I dei tri sidste aari hadde han leset trutt med huslæraren og spelat mindre, som han var fyresagd. Men han hadde blistrat og sunget dessmeir, ja han gjorde baado paa ein gong. Paa den visi lærde han lovarne fyr samljoding. Detta tvilæte skulde han giva paa fela og, so han blistrad og song og spelad paa tvo strengjer, alt paa ein gong. Og sveiv det han alt daa, at ein maatte kunna spela paa alle 4 strengjerne samstundes. Men detta var endaa berre ein leik — som eingong skulde verta aalvor.

Ordet hadde gjenget fyre han til hovudstaden, der folk var svært musikalske i dei dagar. For

Waldemar Thrane hadde kveikt folk upp med sitt spel og sine tonedikt. Fyrst og fremst var det hans tonar til den fyrste norske songleiken „Fjeldeventyret“ av *Bjerregaard*, som hadde teket folk.

Men Ole Bull hadde lovat far sin, at han ikkje skulde spela paa koncertar og ikkje vera med til nokot, som kunde hefta studeringarne. Og han hadde sett seg fyr, at han vilde halda lovnaden. Men med det same han kom, raakad han kjenningar, mest studentar fraa Bergen. Dei bad han spela paa ein velgjerds-koncert ved teatret. „Far min hev forbodet meg aa spela“, meinte Ole. „Vilde Far din forbjoda deg aa gjera sælebot og?“ — „Det er fulla ei onnor sak. Eg vil skriva til han og beda um forlating.“

Og so var han med og spelad eit firmanns-stykke av Louis Spohr. Hine spelmennerne var berre halvkunstnarar, tvo av dei vart sidan kongsraadar. Alt denne fyrste kvelden hugfeste spelet aat Ole seg sterkt, og folk kom reint upp i under yver hans kraftige bogedrag, som samstundes var so mjukt og leikande lett.

Ein kveld lenger ut i eksamen bad ein ung professor han med i eit lag, der dei skulde spela firmannsspel. „Far ynskjer visst ikkje, at eg skulde segja nei til eit godt kveldsmaal hjaa ein professor“,

tenkte Ole og gjekk i laget. So spelad dei heile natti, prisad fulla druvesafti og, som tilhøyrde, til kl. 7. Som ventande var han snaudt god-til halda augo opne, daa han kl. 9 skulde til eksamen, og so „dumpad“ han i latinsk stil. Reint hugbroten gjekk han til professoren, som var skuld i hans vanlukka. „Min gode ven, detta er det allrabeste, som kunde henda Dykk!“ svarad han. „Trur De, at De duger til sokneprest i Finnmarki elder missionær i Lapmarki? Me meiner alle saman nokot reint annat: At De maa til utlandet. Og til me kann faa Dykk dit, gjer me Dykk til styrar i det filharmoniske selskap, med' Thrane er sjuk!“

Soleids vart det. Og daa Thrane døydde ein maana etter, vart han ogso spelmeistar ved teatret. So hadde han si visse utkoma av tonekunsti, og faren fann seg i, at han hadde slept presten or tankarne.

Dei tvo aari, Ole Bull var i Kristiania, sette merke i hans liv og arbeid, endaa der ikkje fanst den spelmannen, som kunde læra han nokot. Men han møtte den unge slegt, som skulde bera det nye Norig fram i strid og song. Vener fann han og, — han forstod dei og dei han. Og hans syn paa Norig og norskdomen fekk alt daa den svipen, det hadde all hans dag.

Welhaven og *Wergeland* levde endaa som gode bussar paa ei vis, og han vart kjend med dei baade. Og med' han var der, bles Wergeland sterkare og sterkare i den norske luren og vart 17de maiguten, som samlad ungdomen under det norske flagg, med' Welhaven og hans vener kjendest mindre og mindre ved detta nye Norig og sette det danske og framande imot det heimslege. Ole Bull fekk s:aa det laga til den store striden, som skulde ljoma gjenom Norig til hans døyande dag — og lenger.

Hans tonar vart godkjende fraa baade sidur, for baade paa teatret og i toneselskapet, han styrde, høyrdest det berre sovoret, som var godkjent i Europa og difyr i Norig. Og det einaste norske, „Fjeldeventyret“, hadde fenget sitt rom, fyrr striden millom norsk og framandt rett tok til.

Men som nordmann stellte han seg jamsides med Wergeland alt daa. Paa studentromet hans song fela aat Ole Bull med breid endelaus fagnad dei fyrste fedralands-songarne vaare. Og fyr han, som i dei tider „stend med nakken millom stjernurne og snaavar i rosur“, fyllt av eit dikt um „himmel og jord“, som vart til „Menneskehedens epos“ elder „Republikanerens bibel“, fyr *han* lagde Ole Bull fram sine tankar. Til *han* fortalde han um sine ufødde born. Og dei svipad

fulla paa Wergeland sine, endaa bunaden var ein annan. Store toneverk med sterk hugleik, draumfulle og utkrotade — med rike kjenslur og svimrande flog, so jordi vart stundom burte, — alltid fulle av kveikjande kraft og farge — plent som ein kunde venta det av Ole Bull, han hadde gjenget som ein ferdamann etter vegen i sine eigne tankar og ender og daa funnet nokot, som han tok upp. Men han hadde ikkje laget til aa faa det til, som han vilde. Flokarne laag endaa uløyste i han, det var berre „storm og trengsl“, som han ikkje vann med. Dei faae tonedikti, han daa lagad, vart difyr berre smaating, fulle av lysingar og — røyk.

Soleids hadde Bull det, segjer Wergeland. Plent paa same gjerdi som han sjølv, daa han foor „upp til himmels, ned til hel“ i sine fyrste dikt, der synerne og bilæti kom so tett, at det vart kolande myrkt, og so lysing paa lysing, so du undrast, um det er dag elder natt i ei slik sjæl.

Dei maatte skyna kvarannan dei tvo, elder um dei ikkje det gjorde, so maatte dei elska kvarannan. Og Ole var ikkje berre vyrdande, segjer Wergeland, ein laut elska han. Godlynd og truen, bljug og lettnøgd var han og, med store ynskje og rike voner yver seg. *Det* gjorde

han tunglynd og stundom, endaa han i grunnen var lettlıvad. Det gode sterke ølet skrauvar seg, og den gode mannen med hug og dug er braad og framfus. Ole Bull kunde vera reint ein ofse. Og *det* mistydde sume, han syntest vera sjølvgod, han tolde korkje rettleiding elder motmæle, ja han vantad reint dømekraft, sagde dei. Soleids naar han under samtalen ofta gjekk ifraa tonekunsti, der ingen torde bjoda seg, og inn paa andre ting som politikk. Og han smøygde ikkje ordi sine. Men daa var han reint til inkjes fyr slike, som „merkjer ord“. „Men eg“, segjer Wergeland, „hev voret mest hugad aa taka han um halsen, naar han soleids i politikk eller andre maalemne var ferdug til aa snaava“.

Dei liktest det gode ølet baade Ole og Henrik.

17de mai 1829 var Ole Bull med. Det var fyrste gongen, og den dagen feste seg fulla i hugen. Under det namngjetne torgeslag, daa politi og hestfolk jagad dei gode borgarmenn fraa kvarandre, stod han jamsides med Wergeland, som fekk smaka klinga aat politiet.

Ole Bull vantreivst i Kristiania. Han liktest eit luftskip, som slit og rykkjer i togi og vil koma laust, so det kann stiga til vedrs. Han gjekk og brann. Var det sjælesott, elder var kroppen i ulag? Forvaksen og sjukleg saag han

ut. Det opne andlitet var bleikt, dei store klaare augo laag djupt, yverbulen og armarne var alt daa som utvaksne, og han var uroleg og nervøs. *Ut* maatte han! Til einkvar, som kunde segja, kvat han dugde til.

*Louis Spohr**) var framifraa felespelar og tonediktar og hadde vunnet sitt ord fyrst heime i Tyskland og seinare baade i London og Paris. No budde han i Kassel og galdt fyr ypparste felespelaren, som fanst. *Han* maatte kunna rettleida Ole Bull.

Den 19de mai 1829 reiste han fyrste gongen til utlandet. Daa han vel var reist, saag venerne, at han i 17de mairuset hadde gløymt atter fela si, men ho vart send etter til Hamburg. 100 dalar hadde han laant i sparebanken, fyrr han foor, og ein Kristiania-kjøpmann, som han raakad i Hamburg, laante han attaat 200 dalar, so han kunde reisa som ein mann.

„Eg hev reist yver 100 miler fyr aa høyra Dykk", sagde Bull varm og fegen. Men Spohr svarad helder kaldt: „Det er godt, so kann De alltid reisa til Nordhausen og, der eg skal vera med til ein musikkfest." Ole Bull reiste dit og. Han høyrde baade Spohr og andre meistarspelmenn.

---

*) **Fødd 1784, døydde 1859.**

Men spelad dei soleids! Detta var stivt og kaldt som sjølve Lundholm. Ole vilde inkje spela desse stykki so. Men daa kunde han ikkje hava det rette *spelmannskall* helder. Nei, han *dugde* ikkje, og det tyngde, som hadde heile Europa sagt det.

Reint yvergjeven tok han paa heimvegen. Daa kom han i lag med nokre gladvorne studentar, som hadde gjort ei fjellferd til Harzen. Og no skaut modet uppatter med ein gong. Han skulde fulla studera, men ikkje heime — nei i Gøttingen.

I „En glad gut" hev Bjørnson skildrat den dagen, lesarborni vert uttekne hjaa presten. Slepp eg ikkje fram, segjer ein av gutarne med seg sjølv, so rømer eg or bygdi, men eg kjem atter som den strenge domar yver baade prest og skulestyre. Til aa byrja med vilde han taka tenesta hjaa grannepresten og der standa nummer 1 paa kyrkjegolvet og svara, so alle maatte undrast.

Det er godt norsk traass og friskt mod i detta. Og Ole Bull hadde baado. Um han kom heimatter som student fraa Gøttingen, ja kann henda som lærd doktor! Daa kunde han busseganga dei alle heime.

Det vart no i nokre maanar eit lystugt liv kring fela hans Ole i den gamle lærdomsbyen, for studeringarne var berre eit laust hugskot.

Det gjekk snart ord av den norske studenten, som var slik ein spelmann.

Gjetordet naadde ogso den musikalske borgmeistaren i grannebyen Münden, som baud Bull og nokre vener til seg. Dei skulde vera med til ein sælebotskoncert. Inntekti skulde fatigfolket hava.

Ein fin morgon foor daa 8 lystuge sellar av stad: 4 paa den eine vogni, spelande firmannsspel heile vegen, 4 syngjande paa den andre. Soleids stanad dei utanfyr hjaa borgmeistaren, som tok mot dei i fullt embættesskrud. Det var til bords med ein gong. Borgmeistaren var ein god vert, og „druvesafti" var endaa ein av dei store gudarne. Det var reidelege tyske studentar, som ikkje forsmaadde korkje druvesaft elder slagsmaal. Og Ole Bull, som no skulde giva sin fyrste koncert i utlandet, vart reint leid, daa han saag, at stallbrørne var stagande fulle, fyrr ein visste ordet. Bull grov paa, at dei laut halda prøva. God tid til det, naar ein kjem fraa bordet, meinte hine og dreiv paa med skaaler fyr borgmeistaren, fruva hans, dei smaae døtterne hans, den gode byen Münden o. fr. Daa laget endeleg reiste seg fraa bordet, var det ustøde kne, fangtak, graat og kyssing um kvartannat, so Bull kom reint i beit.

Sidste stykket av koncerten skulde vera

*Torevedret**), som Bull hadde lagat. I kvinande fløytetonar skulde eldingarne spraka og blenkja paa fela hans, med' ein student skulde gjera toreslaatt paa pianofortet med olbogen. Men toreguden var kavende full. Bull tok han i trøyekragen: „Men bror, korleids kann du daa —?" Han høyrer ikkje. „Bror, bror, korleids kann du daa —?" — „Haldt kjeft med den koncerten!" „Kvat? Er du daa galen? *Din tomskolt!*" Men ein tysk student kunde ikkje lata eit slikt ord sitja paa seg, og han kvesste i med ein heit eid og sovnad atter.

Bull maatte greida torevedret einsaman, og det gjorde han, so folk vart reint uppglødde.

Dagen etter stemnde toreguden, skulde voret, han til ærestrid. Slaast? Jau han hadde armarne til det! I 8 dagar lærde han seg til aa hogga, og daa det so bar i hop, gjorde han, som han var tilraadd, og mødde ut motmannen sin med berre aa møta hoggi hans. Men so merkte Ole Bull han litt i høgre oksli**). No var alt godt og torevedret slutt. Fangtak og evig venskap!

Men paa raadstova fekk han ei mild varsling

---

*) Das gewitter.

**) Detta hende vart seinare til ei heil slosa, som jamvel kom inn i eit konversationsleksikon: Bull skulde hava drepet stallbror sin!

um aa koma seg ut or Hannover i ei snøggvenda. Studentar hadde daa som seinare alltid lov aa slaast — men paa rette maaten. I andlitet og ikkje i oksli skulde motmannen havt sitt merke.

Vandad av Europa, som rett hadde synt han rangsida, stod han ein kald og vaatsom kveld i september same aaret i Kristiania atter. Han gjekk i teatret med det same og stellte seg i ei myrk kro. Men folk saag han, og det gjekk som ei ymjing gjenom salen: „Ole Bull er atterkomen!“ Og det vart til fagnadrop, han skulde styra orkestret. Han tok plassen. Nationalsongen! ropad folk. Og so spelad dei tonen til: „For Norge, kjæmpers fødeland“. Det vart ei hogtidsstund: Ei varsling um komande høgtidsstunder under hans tonar. Og hans eigne landsmenn trudde paa han, daa han sjølv ingi tru hadde! Det var helsebot i det.

Og han hadde for mykje sprett og spenn til, at han kunde siga i hop. Vetteren var han i hovudstaden, og i mai 1830 reiste han til Trondhjem, der han gav ein koncert — utan større vinning. So til Bergen, der han tok styret i „Harmonien“ og gav „Fjeldeventyret“ fyrste gongen. Paa tvo koncertar tente han ei 500 dalar til ny utferd.

Heime kunde han ikkje vera, det kjende han

vel. Det brann i blodet verre en fyrr. Men ikkje til Tyskland. Nei til Paris, til musikkskulen, til dei store meistrarne *Bériot**), *Baillot* og *Berlioz***), til den store opera vilde Ole Bull. Spela *der* elder i minsto faa rom der millom dei andre spelmennerne. Det var hans draum, naar han som so ofta sat einsaman paa sitt rom med handi under kinni og ein liten hund paa fanget elder millom lystuge vener, elder naar han stod rak og sterk paa hovdingplassen i dei smaabuderne, som heime var vigde aat kunsti.

I august 1831 reiste han med seglskip til Ostende og so til Paris.

---

*) Bériot, f. 1802, kom 19 aar gamall til Paris og fekk skulegang hjaa Baillot men gjekk snart sine eigne vegjer. Han var so fræg felespelar, at han vaagad seg til aa spela samstundes med Paganini, daa han fyrste gongen var i Paris. I England vakte Bériot stor uppgløding, lika eins i Holland, der han vart spelmann hjaa kongen. Ved umstøyten i 1830 miste han den plassen og tok atter ut paa ferdi, mest saman med fru Malibran, som 1836 vart kona hans. Daa ho var daai, busette han seg i Brüssel, der han vart lærar i felespel ved musikkskulen. Hans tonedikt er alltid fine i formi, — naar det er litet i dei og. Han døydde 1870.

**) Berlioz, namngjeten fransk tonediktar og musikkdomar, f. 1803, d. 1869. Av sine landsmenn hev han fenget namnet „den franske Wagner“.

Der gjekk det ikkje etter voni. Han hadde brev med fraa dei likaste menn heime, men i Paris galdt ikkje *dei*. So dei hadde musikkfolk i Norig? Det var meir, en dei visste i Paris. Snaudt dei visste, kvar Norig laag. Ingen brydde seg so mykje som lyda etter dei vitnemaal, som fela hans kunde giva. Naar han gav suterne og hugsotti til fela i det einslege kammer, kunde alltid einkvar stana utanfyr og spyrja: „Kven bur her? — Han spelar godt". Ei sygjenta kunde opna kvistvindaugat paa den andre sida av gata og lyda og skoda paa „den stakkars ungdomen", og ein elder annan tunglyndt kjenning millom dei tyske spelmenn, som det krek av i Paris, kunde sitja hjaa han og yta si hjelpelause hyllest. Det var alt.

„Den norske felespelaren" rak dei fraa seg alle stader. Baillot vilde ikkje vera læraren hans, og ikkje var det rom aat han paa den store opera. Men ein *svenske* hadde dei rom aat, endaa han korkje daa elder seinare dugde stort! Det var reint tregelegt aa sjaa. Og pengarne gjekk, med' han kjende seg usælare en heime. Han tregad alt paa reisi.

Hugsamt kunde det helder ikkje vera i Paris i dei tider. Juli-umstøyten fraa 1830 laag endaa i lufti og gjorde alt utrygt. Vedret var ufjelgt, og so

kom kolera til og rasad heile vetteren. Folk døydde som flugur. Millom andre ogso fleire av dei mest kjende og folkekjære franskmenn.

Det var kveik og uro i alt, so det var uraad aa skilja millom sunn uppgløding og sjuke hiteflagur. Midt under all denne uhyggjen og uroi var det stappande fullt kvar kvelden i den italienske opera. Det var den vidgjetne 23 aar gamle fru *Malibran**), som tryllte Paris med sin song.

Paa ein billeg plass i hiten under loftet sat ein høgvaksen ung mann med brand og glod i dei djupe augo: Han drakk tonarne og saug i seg den verdi, som leikad seg paa tilet. I denne tid høyrde han ogso „Don Juan", dette meistarverket av Mozart, der dei malmstøypte tonar blinkar som glodande lysingar, som ein diktar hev sagt.

---

* Maria Felicitas Malibran var fødd i Paris 1808. Faren, Manuel Garcia, som sjølv var syngjar, var fyrste læraren hennar. Ho røynde si kunst fyrste gongen i London 1825. Endaa same aaret reiste ho til Amerika, og 1826 gifte ho seg med ein fransk kjøpmann, Malibran, som budde i Newyork. Um eit aar vart dei skilde. 1828—32 høyrde ho til den italienske opera i Paris. I den tidi slo ho lag med spelmannen Bériot og reiste 1832 med han til Belgia, so til Italia, til London og til Italia atter. Den 30de marts 1836 vart ho i Paris gift med Bériot. Den 23de september same aaret døydde ho i Manchester.

Damurne Malibran og *Pasta*[1]) og herrarne *Lablache*[2]), *Rubini*[3]) og *Tamburini*[4]) song, og denne gudesong vart medspelad av det italienske orkester, der kvar einaste spelmann og blaasar var ein meistar. Det var til aa verta galen av, og eg var rædd eg skulde faa krampe og slag, fortalde Bull seinare.

Endaa stod det ikkje paa. For hjaa eit pengehus hadde han mynt, so han kunde greida seg til vaaren. I same huset som han budde ein eldre mann, som hadde fenget Bull til aa tru godt um seg. Det var ikkje trygt aa sleppa sine pengar soleids fraa seg i slike tider, fortalde han. Bull tok pengarne heim til seg. Ein morgon er fela hans vekk og lika eins pengarne. Han hev ikkje

---

[1]) Pasta, av jødeætt, fødd i Como 1798. Ho var framifraa til aa syngja og leika paa operaen. „Niobe“, „Sonnambula“ og „Norma“ var diktade aat henne. Døydde 1865.

[2]) Lablache, den namngjetnaste bass-syngjar i den nyare tid. Fødd i Neapel 1794. 1830 song han i Paris, og hans stormannsdagar tok til fyr aalvor. Døydde 1858.

[3]) Rubini, fødd i Italia 1795, døydde der og 1854 som rik mann. Utifraa fin tenor-syngjar.

[4]) Tamburini, namngjeten bass-syngjar, fødd 1800, døydde 1876. Fraa 1831—41 brikte kan paa den store opera i Paris jamsides med Rubini og Lablache.

andre eignaluter atter en dei gamle klædi, som heng paa stolryggen. Hans ven og raadgjevar er helder ikkje aa sjaa meir.

Aaleine i Paris og utan pengar i slike dagar! Det var til aa verta galen av.

Men det vart daa ei raad. Ein vaatsam novembermorgon gjekk han kring i gaturne, svolten og husvill. Daa raakad han ein tysk musikklærar *Wirth*, som lovad hjelpa han, til han kunde faa pengar heimantil. Bull kom i kost hjaa ei madam, som heldt hus fyr tyske læresveinar ved ein skule fyr kyrkjemusikk skulde vera. Han skulde giva 60 franks maanaen, og Wirth gjekk god fyr han. Men det vart svelt-i-hel. Baunur og svart braud um morgonen og ved kveldsleite som middagsmat eit par stykke kjøt og supa av det slaget, skipsguten kallad god, daa han „nyst hadde funnet ei ert“.

Tidi gjekk, men heimantil kom ingenting. Madama vart illtrui, og Wirth kolnad. Han tregad paa, at han hadde gjenget god fyr Bull, og saag helst, at han kom seg ut or huset, fyrr rekningi aukad for mykje.

Daa fekk han hjelp av eiget slag og paa eigen maate. Ein morgon kom det i huset ein framandkar, som han laut giva gaum etter. Svart stridt haar, andlitsfargen myrkegrøn og

brungul, nokot av kvart, augo svarte, store, med ustødt augnelag, i andlitsdragi kaldflir og kvikleik, hans tale kald og speande, kroppen grannvaksen og utlevd — heile mannen etter utsyni ein utbrend sudlending. Det var nokot uhyggjelegt yver heile mannen, totte Bull. Han syntest hava ærend til eit kvende i huset, og Wirth, som var aabryden fyr detta, fortalde, at han var ein politispæjar. *Det* slepte Bull or seg. Daa fauk mannen upp og gav baade brunt og gult. Men daa Bull svarad roleg og karsleg, vart mannen braadt ein annan. Han hadde fulla set, at den unge mannen var ulukkeleg og fortente hjelp.

„Vil De vera so snild og fylgja meg“, sagde han, „det var nokot eg skulde rødt med Dykk um. Her burte i gata er eit vertshus, der kann me sitja hugheile.“

Det var ei skjenkjestova, der ljos brenn heile dagen, og nattevakte ungdomar rallar kring kulebordet skjurteberrarmad og med kritpipur i munnen, med' glas og ølflaskur stend i vindaugo og paa omnen.

„Høyr De!“ sagde mannen, „eg kjenner Dykkar lagnad, men gjer, som eg segjer: De skal spela“. „Men pungen er tom, — der er ikkje 5 franks eingong“. „Dei maa De finna utveg til. Gakk so i kveld millom kl. 10

og 11, ikkje fyrr, til spelhuset aat Frascati. Gakk hugheilt inn, upp tropperne, ring paa og giv den brikne tenaren, som opnar dyrri, hatten Dykkar med ei kjekk uppsyn. So inn i salen og burt aat bordet, set Dykkar 5 franks paa *raudt* og lat dei standa stødt!“

Bull strauk heim, selde eit klædesplagg, so mykje han fekk seg 5 franks, og gjorde som sagt var. Han trengjer seg fram til det grøne bordet, der gullet ligg i dungar. Dei 5 franks vart sette paa raudt, men spelaren var kjeiven, og dei rullad ned paa svart, og so tapad han dei. Han stod som fjetrad, han aatte inkje kongens mynt. Ropet: „Mine herrar, gjer Dykkar innskot!“ vakte han. Bull mullad: „Fem (cinq) franks! Raudt!“ Den ukjenslege uttalen gjorde, at franskmannen tottest høyra „hundrad“ (cent). Bankhaldaren slær upp. 100 franks i gull vert skuvad burt til Bull. Han er bleik og ikkje god-til røyva seg eingong. Pengarne læt han standa ein gong til — vunnet! Og slik gong paa gong. Ein gulldunge paa 800 franks ligg framfyr han. „Eg var som i sotterider“, sagde han seinare, daa han fortalde detta eventyr, „det var, som ein framand aand hadde fenget magti yver meg. Ingen kann skyna, korleids eg var lagad, utan han som eg hev stadet reint einsaman i verdi og i

verste naudi hev henget yver braaddjupet og med ein gong kjent, at ei frelsarhand vart rakt han i sidste augneblinken." Med ein gong kom det fram ei fin, kvit, liti hand med lysande glimesteinar i fingerringarne, ho lagde seg yver gulldungen hans. Daa kom handi til Ole Bull uppaa atter som ei jarnskruva. Dama skrik upp, so det gjeng til merg og møna. Dei andre spelarar trur, at Bull gjer henne nokot, og krullar seg i kring. „Paa dyrri med han!" ropar det rundt um. Daa kjem ein mann i brun frakk, klappar dama paa oksli og segjer lognt og fast, so alle spaknar: „Madam, lat De det gullet liggja!" og til Ole: „Tak De pengarne Dykkar til Dykk!" Det var hans undarlege kjenning, — som han lenge etter fekk vita ingen mindre var en den vidgjetne *Vidocq*, formannen fyr det løynde politiet i Paris. Alle tokkad seg undan, dama bleiknad og slepte gullet. Ole tok det til seg. Daa han so gjekk, høyrde han, at raudt gong paa gong vann.

Han hadde 800 franks, men det var snaudt han vilde tru det, fyrr han saag gullet blenkja heime paa bordet. No betalad han skuldi si, fekk seg nye klæde og — spela, endaa det rengde seg i han, naar han kom i hug, at hans liv skulde bergast paa slik vis. Den brune kjenningen vart burte, daa han hadde sett Bull i gang.

Og lukka hjaa Frascati var so ymis. Mangei natt ruslad han pengelaus derifraa gjenom dei folketome gaturne, i pestfengd luft, høyrande, korleids dei døyande stunde og gav seg inne i husi, og skundande seg framum likvogni til lossiet.

Den norsk-svenske ministar, greiven Løvenhjelm, hadde fenget Bull til aa bu hjaa ein Rohart, som hadde nordmenn og svenskar i kost. Men dit kom kolerasotti, so *der* var ikkje verande. Ein dag i april ruslad Bull atter husvill og pengelaus i gaturne. Hjaa Frascati hadde det sidstpaa berre voret tap, endaa han aldri vaagad meir en 10 franks. Det var undralaust, um den graae Seine-aai under bruerne lokkad med blidare maal mangein gong en staaket i det lettlivade Paris. Men sjølvmordet var han god-til visa fraa seg, endaa sut og naud lagde skuggar yver hans tankar.

Som han ein dag slong i gaturne og glodde paa leigelysingar, vart han braadt standande utanfyr eit hus. Han var trøytt og orkad ikkje lenger. Etter lysesetelen skulde der ogso vera lossi aa finna. Men det var ikkje so, sagde portvaktaren. Bull vart standande lika vel, som kjende han, at her var ei berg. Jau det var sant, i andre høgdi budde ei enkjefru *Villeminot.*

Ho hadde nyst mist son sin, kann henda der var eit rom etter han. Bull gjekk upp troppi, ringde paa, og ei tenestgjenta viste han inn. Der vart han finsleg motteken av ei gamall snild kona, men nei, ho hadde ikkje tenkt aa taka nokon i huset. „Godmor, sjaa paa han!“ kom det fraa ei ung gjenta, berre barnet endaa. Den gamle godmori sette brillur paa seg. Ho saag, til ho fekk taarur i augo — han liktest so hennar avlidne son! Heile andlitet aat Bull var spursmaal og bøn. Endeleg sagde ho: „Jaja, kom De atter i morgon middag.“ „Ja kl. 12!“ svarad Bull glad og fegen. Men fransken hans var komen paa tvert, og det høyrdest ein rein og godlyndt laatt fraa den unge gjenta, og fyrste gongen gaadde han det fine gode andlitet hennar. Det var Alexandrine Felicité Villeminot, sonedotteri aat den gamle. Far hennar hadde voret i tenesta hjaa Napoleon, som hadde likat han svært godt. Mori var spansk, men no var dei daane baade tvo, og dotteri vart haldi paa ein kostskule. Ho var no paa gistnad hjaa godmor si.

Det var ikkje stor bufori, men millom eignaluterne hans var daa eit felehus. Han var so fjerre komen til husa, daa han lagdest til sengs, og han var ikkje lenger med seg sjølv, anten det no var nervesott elder heilebrand. Det er,

som all uhyggjen, han havde levt i den vetteren, maatte *brennast* ut i den harde sjukdomen.

Men den snilde kona og doktor *Dufour* stellte vel med han og bergad livet hans. Denne Dufour var ein namngjeten lækjar i Paris, ein god ven til Thiers, og han skulde i lange tider verta gode vener med Ole Bull og.

Daa han kom til seg sjølv atter, sat fru Villeminot framfyr sengi. Ho heldt handi hans og sagde, at han berre maatte hava godt mod og ikkje tenkja paa betalingi. Fyr ein, som hadde leget og ørskat um Seinen, var det helsebot i slike ord. Og fru Villeminot stellte med han, som var han son hennar, og unge Alexandrine Felicité var ei god syster.

Paa den tid skreiv han til sin ven *Christian Egeberg**) i Kristiania og fortalde, korleids han hadde det. Daa skaut nokre vener**) i hop ei 3000 franks og sende han.

Daa Bull hadde besnat so fjerre, at han kunde vera ute atter, høyrde han *Paganini*. Um denne mannen hadde han høyrt merkelege sogur

*) Egeberg var fødd i Kristiania 1809, vart student 1827 og medicinsk kandidat 1833. Han vart ein namngjeten lækjar og var velgjerdsam og gild alle sine dagar. Døydde 1874.

**) Medlemer av det musikalske lyceum i Kristiania.

alt heime i Bergen, og det fanst vel ingen, han hadde stundat so etter som Paganini. Og ingen tonekunstnar sette han so høgt. Eventyr og segn fylgde hans namn fraa fyrsten, plent som Ole Bull. Og skulde Bull likjast i hop med einkvar, alltid var det Paganini.

Han var fødd i Genua 1784. Faren hadde ei liti krambud, som han skulde leva av, men elles dreiv han mest paa tonekunsti, so guten lærde grunnen av han. Sidan fekk han rettleiding baade i felespel og tonediktning av framifraa lærarar, men det meste lærde han seg sjølv. Berre 9 aar gamall spelad han fyr aalmenningen. Daa han var 13 aar, reiste han rundt i Norditalia og spelad saman med far sin. Femtan aar gamall lagde han grunnen til sitt store ord. Det var ved ein musikkfest i Lucca, og so reiste han rundt i Italia som den „store trollmannen“ lika til 1828. Daa tok han til Wien, og sidan var han vidgjeten som ingen annan i den tid. Eventyr og segner um han Europa rundt og mykje vidare. Gjenom Tyskland, i Paris, gjenom England, Skotland og Irland, i Belgia og Holland, gjenom dei franske landskap og i Paris atter — endelaus fagnad, gull og æra! Han kom til Italia atter, tyngd med rikdomar. Han kjøpte seg ein land-

gard eit stykke fraa Parma og døydde i Nizza 1840 av tæring i barkekylen, 56 aar gamall.

Dei fleste tonedikti hans vart fyrst prentade, daa han var daaen. I dei speglar det seg hans store meistarskap og dei nye verkemaataarne hans.

„Ingen skynar heilt Paganini", skreiv Ole Bull som gamall mann, „utan ein kann verdsetja melodien og den kunsti aa giva liv og farge til den. Hev ein ikkje kjennskap til den italienske songen, er det raadlaust aa faa greida paa *hans* spel." Og i dei tider og ei god stund utetter var den italienske songkunst yver all onnor tonekunst i heile Europa, i sjølve Tyskland jamvel, der dei hadde havt slike framifraa tonediktarar. *Rossini**) var ypparste tonediktaren, og Pasta, Pizzoroni, Rubini, Malibran og mange andre song dei italienske tonarne, so det gret og log baade nord og sud, men Paganini kappast med dei alle. Paa fela si *song* han mange av dei same

---

*) Rossini var fødd 1792 og døydde 1868. Han er den vidgjetnaste italienske tonediktaren i detta aarhundradet. Han var meistardiktaren i den lystuge songleik (komiske opera). Tonestykki hans er mange, det mest namngjetne er songleiken „Rakaren fraa Sevilla". Songaren Isabella Colbran var fyrste kona hans. Dei vart gifte 1821, og ho døydde 1845. Fraa 1830 budde dei mest i Bologna.

tonarne, og det gjorde han so, at sjølve syngjararne vart endaa meir forbinad en hitt folket. Soleids i eit kveldslag i Paris i 1830, fortel Bull etter fleire av dei, som var med. Og der var baade Rossini, Tamburini, Lablache, Rubini, Bériot og fru Malibran.

Ho hadde nett sunget ei av dei naudende vene visurne sine. Daa spurde ho Paganini, um han kunde faa det so fjerre til paa fela si. „Korleids, fruva", svarad han, „skulde eg bjoda meg med Dykk, slike fyremuner, De eig i Dykkar venleik og makelause røyst." Men det hjelpte ikkje, at han veik undan, for laget skynad, at eit slikt høve ikkje snart kom atter. Dei nidbad han, og so sende han bod etter fela. Etter eit fyrespel, der songen aat fru Malibran glimad og blenkte ender og daa, gav han heile tonen med rikare tonekvervlar en Malibran, so alle sat yvertekne og mest som fjetrade. Og dei laut segja, at han var meistaren. Fru Malibran sjølv tilstod, at han hadde vunnet paa henne.

Paganini spelad mest sine eigne stykke, fulle av hugleik og svimrande venleik, rike og skiftande, so ingen annan felespelar vann med dei. Og dersom ein spelmann gav tonedikt av andre, laut han ikkje berre spelad dei fint, men han skulde ogso vera slik kar, at han paa stan-

dande fot kunde krota dei og spela vene umbrøyte av tonen. Fyre Rossini skreiv ingen tonediktar upp tonefall og farge. *Det* skulde spelmannen giva stykket. Paganini kunde altsaman, so hine spelmennerne vart reint fortrotne paa han. Difyr sagde dei, at han gjorde „kunster“ og berre „spelad fyr folkehopen“. Men hadde dei høyrt han, var det raadlaust aa segja slikt lenger.

Soleids i Venedig. Han var berre ein skrøytar, gjekk ordet, daa han kom. Difyr var det ikkje mange, som brydde seg paa hans fyrste koncert. Men han gjorde slik verknad i fyrste helvti av koncerten, at ymse musikalske tilhøyrarar i kvilestundi sprang ut og ropad ut paa kaffihus og hotell, at han var reint eit under, so alle *maatte* koma og høyra han. Daa vart huset mest fullt under sidste helvti av koncerten.

Men korleids han kunde faa det til soleids, det var reint ei furda. Slikt liv, slik leik og farge, det var plent, som strengjerne levde. Og den g-strengen hans maatte det reint vera trollskap med, for paa *den* kunde han spela eit heilt stykke med umbrøyte til.

Han var ein trollmann, det var greidt, og folk visste so mangt aa fortelja. Daa mor hans døydde, let han henne anda sidste anden sin inn i fela hans, sagde dei. Han var ein brotsmann

og, som hadde voret mange aar i fengsel. Daa hadde fela voret einaste hugnaden hans, og han hadde gnikat so lenge paa strengjerne, at han hadde slitet dei ut alle i hop so nær som g-strengen. Difyr hadde han lagt slik elsk paa den, at han endaa-til kunde greida seg utan hine.

Det vilde litet muna, at han sette i bladi eit vitnemaal heimanfraa um, at han aldri hadde voret i fengsel. Mange trudde det lika vel. Det var ogso uraad aa slaa i hel segni um mori, endaa han gav bladi eit brev fraa henne, og det viste, at ho levde.

Det var sidste koncerten til Paganini, Ole Bull høyrde. Det var paa den store opera. At Bull lydde etter og saag, korleids meistaren spelad, viser notiseboki hans fraa den tid. Der hev han skrivet baade um fingertak og spelmaate. Og endaa paa sine gamle dagar hugsar han det, han saag, som var det i dag, skriv han. I orkestret var berre framifraa kunstmenn, — ja det skulde vera det finaste orkester i Europa. Paganini spelad tri stykke, og etter klapp og fagnadrop spelad han endaa eit, som daa var nydiktat. Og so kvarv han burt den vevkonegranne italiamannen med det langrunde, magre, gule andlitet og det ramnsvarte haaret, slunken og krokutt med trollmannen attanfyr dei myrkeblaa brilleglasi.

Endaa ein gong freistad Ole Bull aa finna eit rom. Det var paa den komiske opera. Dei fekk høyra, kvat han dugde til, sagde dei og lagde fram eit stykke, han skulde spela. Det var so uvandt, totte han, at han storvoren spurde, um han skulde spela det attantil elder framantil, og so vilde dei ikkje røda meir med han.

Daa syntest alle sund stengde atter, men lukka kom av seg sjølv.

Han var vorten kjend med ein italiensk guitarspelar, som fekk han med seg til felemakaren Lacour. Bull skulde plent prøva felurne hans, for han hadde funnet ein smurning, som gav jamvel uvande felur so fin og mjuk ein laat, at dei høyrdest gamle og innspelade. Bull prøvde ei slik innsmurd fela, og ho aatte verkeleg ein utifraa mjuk og fin tone. Lacour stod og gnikad seg i henderne, for no hadde han fulla funnet den spelmannen, som kunde faa felurne hans i vinden.

Han fekk ein kjenning, hertugen av *Riario*, som var italiensk sendemann i Paris, til aa innbjoda Bull til eit kveldslag. Der mødte han fine folk. Millom andre ogso hertugen av *Montebello*, ein son av den djerve Lannes, som hadde vunnet slikt namn i Napoleons-krigarne, at han vart hertug og marskalk. Denne sonen vart seinare utan-

riksminister. Vermor hans var ogso i laget og elles mange andre fine folk.

Bull kjende, at lukka hekk i ein traad, so han laut gjera seg fyr. Daa fela hitnad, kjende han, at det vart slik stygg lugt av smurningen. Han vart so leid, at han spelad, som var han fraa seg, og han reiv alle med, serleg hertugen og vermor hans. Hertugen nærmad seg og vilde takka, men lugten heldt han atter, og Bull, som skynad, kvifyr hertugen stanad, kjende seg reint ulukkeleg. Men daa kom Lacour til og sagde reint fegen: „Der ser De, min herre, kvat smurningen kann gjera!“ Hertugen smilte og gjekk burt til Bull, som vart kringsett av herrar og damur. „Kor lenge hev De voret i Paris? Men Gud, korleids er det raad, at De hev kunnat voret so ukjend? De maa gjerast kjend. De maa giva ein koncert, De maa hava ei god fela, De maa gjerast kjend med Chopin“ o.s.b., ropar dei i munnen paa kvarandre.

Hertugen av Montebello baud han til frukost dagen etter. Der vann han nye vener med sitt spel.

No ljosnad det! Den 18de april 1832 gav han sin fyrste koncert, der han fekk hjelp av *Ernst Chopin* og andre framifraa kunstmenn. 1400 franks tente han den gongen.

Chopin og han vart godt kjende i denne tid, og dei spelad saman baade fyr aalmenningen og i mindre lag.

Den namngjetne *George Sand* — madam Dudevant — hev gjevet ei hugvarm skildring av spelet aat Ole Bull paa den tid.

Men paa den store opera var det stengt fyr han lika vel. So maatte han ut — til Italia, som song so vent ved sine kvinnur og menn og fyrst og fremst paa fela aat Paganini.

Han tok vegen gjenom Schweiz, der han spelad fleire stader. Det vart sagt so stort eit ord, at folk der aldri hadde høyrt maken til spel, men han visste ikkje sjølv, kvat kar han var, skreiv dei. Eit stykke av han sjølv heitte „Minni fraa Norig“, det han spelad paa „bondefela“.

Han maa hava vakt stor fagnad, for han vart beden ut paa landet mest kvar dag, skreiv han fraa Lausanne, der han budde hjaa ein nordmann. Godt hev han ogso likat seg, ja han tenkte mest, han skulde busetja seg der, for so var han fri som fuglen, kunde halda seg med den store verdi elder vera burte fraa henne, nett som han vilde.

Men han laut lenger og kom til Milano i Nord-Italia. Dit hadde han brev fraa Paris til dei besste ætter, og difyr opnad dyrrerne seg fyr

hans spel, og han fekk baade gull og æra. Men nokre dagar etter las han ein hard dom i eit av bladi:

„Hr. Bull spelad stykke av Spohr, Mayseder og Paganini, men han hev ikkje det rette skyn paa deira musikk, og han skjemde dei reint ut med det, at han lagde til *nokot av sitt eiget*. Det er greidt nok, at det, han diktar til, kjem fraa ei sann og ægte diktargaava, fraa hans eigen musikalske sergivnad, men *den* skynar han helder ikkje. For han hev ikkje *funnet seg sjølv*, han hev *ingen stil*. Han er ein styrlaus musikkar, og er han *ein glimestein*, er det i vissa ein rubben og uslipt ein."

Soleids stod det, og sant var det, sagde Bull til seg sjølv.

Han gjekk til bladstyraren og spurde, kven som hadde skrivet det stykket. „Spyrr De etter den, som hev aa svara fyr det, fær De halda Dykk til meg!" sagde mannen. „Nei eg kjem ikkje paa den maaten," meinte Ole Bull, „eg vilde takka. Han, som hev skrivet det stykket, skynar seg paa musikk. Men det er ikkje nok, at han fortel meg lyti mine, han maa læra meg, korleids eg skal *verta av med dei* og!" „Javisst", svarad bladmannen, „De er ein sann kunstmann, og det skal verta raad til dess. Eg fylgjer Dykk

til ein songlærar, og han skal læra Dykk aa syngja. For *gjenom songen* vil De finna det sanne laget og venleiken i musikken i det heile og serleg den dulde givnaden aat fela, daa ho av alle toneinstrument likjest mest mannemaalet."

Endaa same kvelden tok bladmannen han med til ein av dei namngjetnaste lærarar. Han var yver 70 aar og kjende segnerne etter dei gamle meistarsyngjarar og meistarspelmenn. Ofta hev Ole Bull sidan fortalt, korleids den gamle syngjaren tok han med, endaa maalet var brostet.

I seks maanar var han no læregut under dugelege lærarar baade i song og felespel. Med manns aalvor hadde han aldri voret det fyrr. Han fekk tak i, at songen *tolkad* mannslivet, og so galdt det um aa faa det fram paa fela. Liksom songen fyrst og fremst skulde tolka dei store grunndragi i kjenslelivet, soleids maatte ogso fela gjera det. Sjølve lundarne maatte difyr verta hovudsaki paa fela, so spelet elles berre gav liv og farge, ljos og skugge til dei. Detta hadde han alt høyrt av Paganini, som ogso hadde synt, korleids ein skulde *tala* paa fela. Men no forstod han til fullnads, kvifyr detta maatte til. Berre han no kunde gjera det!

Paa den visi, lærararne hans tok det, fekk han det ikkje til, totte han, men dei gamle italienske

spelmenn kunde det visst. Og so prøvde han, um han kunde faa greida paa spelet deira, finna *grunnen* i det. Daa kom han i kjennskap med ein gamall mann paa 90 aar. Kunde han faa sjaa fela hans og høyra spelet hans? Aa — han var berre ein halvkunstnar av det gamle slaget. Det slaget var fulla det beste, meinte Bull, som var svært hipen etter aa høyra han. Med stort tekke tok han upp ei Amati-fela, og Bull vart vaat i augnekvarmen, daa han saag henne. Daa gamlen strauk bogen paa strengjerne, kom tonarne nett paa den maaten, han kjende etter eit brev fraa ein av dei gamle meistarspelmenn.

Men so ulikt den nye framgangsmaaten! Dei nyare spelmenn hadde tjukke strengjer paa felurne sine og laut bruka magt paa dei. Kunde tonen verta stor og rik paa den visi? Nei bunden og liten, for fela vart ein træl, som ein laut jaga med svipa til arbeidet. Ein maatte helder fara med henne som eit kløkket barn, kjæla fyr henne og ikkje liksom jaga og slaa henne. Soleids foor dei gamle med henne, og difyr song ho og aat meistaren sin, som berre hjelpte henne til aa faa songen fram. Difyr gav han henne granne strengjer og, so tonarne kom or sjølve fela med leik og lentur. Paganini hadde visst lært av dei gamle, han.

Med' Bull lærde song og spelmaate, studerad han sjølve felurne — paa eigi hand. Det maatte vera *grunnen*, for skynad ein ikkje sjølve fela, vart spelmaatarne etter hans syn øre og grunnlause. Det hadde voret sagt, at dei gamle meistarfelur fraa det 16de og 17de aarhundradet berre var framifraa, fyrdi dei var so gamle. Men kvifyr er daa alle dei ettergjorde felurne reint til inkjes? Og kvifyr er andre gamle felur no ingenting tess? Og kvifyr høver felurne etter Nicolo Amati best til aa attergiva mergfulle, rike og dulde elskhugskjenslur, med' felurne etter Antoni Stradivario høver best til storfellt, hugvarmt og prunkande spel, og dei etter Giuseppe Guarnerio er sprettande liv og høgmælte? Dei likjest folk med ymest huglynde og andlitsdrag. Anten dei italienske felemakarar arbeidde med ein givnad, som dei sjølve ikkje visste um, elder dei gjekk etter grunntankar, som var kjende i den musikalske stortid i det 16de aarhundradet, visst er det, at Ole Bull meinte, han hadde granskat ut den aand, som bygde felurne deira.

Og daa gjorde han den nye felebogen sin: Lang, tjukk og tung, so tonen skalv, sterknad elder mjuknad, etter som bogen tyngde paa strengen, elder han lyfte han upp ifraa. Andre spelmenn trykte bogen ned paa strengjerne. Det gjorde

aldri Bull etter den dag. Anten laag bogen med sin eigen tunge paa strengen, elder han lyfte bogen, som lydde so lett den minste fingerferd, at den laut vera gløgg, som skulde sjaa hans umgangsmaate.

Endaa han paa denne visi hadde fenget slik ei ofseleg magt yver fela, at jamvel den minste tonebrigdi maatte fram, var han ikkje nøgd lika vel. Han fekk ikkje fram *alt*, han vilde, og nett det, som sat djupast i han sjølv, raadde han minst med. Han strævad og arbeidde, spelad og grundad, men han kom ikkje lenger. I eit brev til ein ven i Norig hev han fortalt um ei syn, han daa hadde. Han arbeidde med eit tonedikt, sin store koncert i a-dur, som seinare vart so vidgjeten. Det var nokre vanskar, han skulde greida, og han treiv til fela. Full av hugleik og tankar og tyngd av møda saag han med ein gong faren standa framfyr seg. Det kom meir fraa augo en fraa lippurne: *„Di meir du røyner deg, di mindre lukkeleg skal du kjenna deg, og di meir ulukkeleg, di meir skal du stræva!“* Det var ei varsling um, at det største framskot skulde han ikkje taka av røynsla og stræv. *Det* skulde han hava til gjevendes, han som andre. Det skulde koma som soli, naar ho braadt bryt gjenom skyi paa ein graavedrsdag, elder som byrtingen, naar

han lyser upp midt i myrkaste natti. Det laut koma som eit dikt elder hugskot.

Men eg er ein nordmann! Han visste det so godt, og ofta var det sagt. No kom det med nytt aalvor og med ljos yver hans stræv. Det løyste flokarne, som han ikkje hadde vunnet med.

Som *han* hadde lært aa spela, det høvde italiamannen og sudbuen. Fyr dei galdt det um det vene lætet og dei rike fargar. Og skulde kjenslurne fram i tonar, vart det paa same visi. Var sudbuen glad, so var det berre gleda, og var han sutsam, so var det den svartaste suti — og inkje annat. Som barnet kunde han graata den eine stundi og læ og moroa seg, som hadde han aldri graatet, um et litet bil.

Det *syntest* vera sameleids med nordmannen, men det *var* inkje so. For sorgi *laag under*, naar han var glad, og vonerne og traasset, naar suterne tyngde. Klang og vent læte var inkje nok fyr *nordmannen* Ole Bull, um han fekk det aldri so godt til. Han laut spela det, som laag *innunder* og. „Eg er lika glad eg, sagde guten, han gret“ — og Ole Bull var sjølv ein slik gut. „Og suti gjenger stødt jamsid's med, som skigard fylgjer ein aalmann-veg“, han kjende til det, Ole Bull, han med si uro, si hugsott og sin hugverk.

„Suterne og sorgerne,
dei tred og under fot.
Di gladare skal og halda meg,
di meir det gjeng meg imot.

Suterne og sorgerne,
det blandast alt tilsaman.
Munnen lær og hjartat græter,
det er so litet gaman.“

Soleids song bonden heime, og denne songen skulde Bull hava fram paa fela si, men det var detta, han ikkje raadde med.

Som gut hadde han viljat hava fela til aa laata, som det let i kring han, og han hadde fenget det til paa ei vis. For daa stengde ikkje lærdomen fraa andre folk. Barnet hadde leikat inn paa det, han no *trong og bad* etter. Han hadde spelat „Minni fraa Norig“, og det var ikkje lenge sidan, men daa var det endaa som leik.

No laut han giva det norske huglyndet. Der vart mannemaal i sjølve naturi heime, soleids kjende folket det og han med. Naturi og folket vart eitt. Hadde voret so fraa gamalt. Segn og soga hadde han soget i seg paa skulen og jamsides med godmor si. Sjølv var han ein son aat det unge Norig og ven til dei, som heime levde sterkast i dei nye draumarne. Gamle røter, nye greiner og aarsvokstrar. Ole Bull hadde ogso

det. Vikingen, som gret, med' han log og slost, levde endaa i guten, som var lika glad, daa han gret. Mannen i si fulle æra og magt og ungdomen i sprettande kraft, kjennande braadt, korleids dauden leikar seg lika ved: Midt i den største gaman hugverken under.

Og mann og kvende i skjemtetale, med' dei *brenn inne* med aalvoret, elder aalvorsame i laget som prest paa gravbakke, med' det knisar av løgje, og skalkar lyser i kvar augnekro.

Ole Bull laut spela *nordmannen!* Men korleids? Spela gleda og sorgi, stormen og solglitret samstundes — som fælaste uljod og villaste strid og i soning, so „hugverken vert fagnad og fagnaden song."

Dei norske folkevisurne er fulle av hugverk, men endaa-til dei kaataste og villaste kann syngjast so, at dei *berre* tolkar hugverken: „Munnen lær og hjartat græter."

Og slaattarne? Myllarguten hadde spelat mange aat han, og han kjende fulla laget. Kaate og ville flestalle· men graaten og verken samstundes med. Paa Harding-fela svarad understrengjerne, naar det vart spelat paa hine. Og paa dei vart kaate sprett og ville kast til tungsam laat — alt i hop.

Det var, liksom nordmannen *vilde* vera glad,

og han kunde i minsto slaa seg glad, men sorgi kom og tok han som ei naturmagt. Og som ei magt, syngjaren og spelmannen ikkje raadde med, kom suti i visetonen og felelaaten.

Bull skulde ikkje taka den norske bondefela, for han skulde sjølv styra baade sorgi og gleda. Understrengjerne paa Harding-fela skulde ikkje styra han og leggja hugverk og sut yver *alt* hans spel. For i Bull skulde hugverken ogso finna mannen sin og verta til fagnad og song paa fela hans.

Men korleids? Jau han hadde leikat det og. Blistra og syngja paa same tid og spela paa tvo strengjer attaat, det hadde han faret med som gut. Ja det hadde jamvel svivet han, at han kunde spela samstundes paa alle 4 strengjerne. Daa var det ein leik utan visst maal. No *trong* han til det! Det vart aalvor. Han lærde aa spela paa alle strengjerne paa ein gong.

Korleids han kunde faa det til? Det er ikkje greidt aa segja, men han kunde det, fyrdi han som ovanfyr fortalt hadde fenget slik ofseleg magt yver fela. Det galdt berre aa hjelpa henne, og ho song det, han vilde. Han ikkje berre spelad paa alle strengjerne samstundes, men ved ei eigi samstilling kunde han giva tonarne, so det høyrdest 6 paa ein gong.

So kunde han spela nordmannen — seg sjølv: Gleda og sorg, graat og laatt, sprett og kast samstundes, med' soningi arbeider seg fram og vinn. Folk, som ikkje skynad nordmannen og hans spel og song, kallad det „kunster,“ men Bull trong dei, skulde han faa til det, han vilde.

Han hadde lært aa lyda etter tonarne baade i natur og manneliv, og han kunde giva dei paa fela. Laatten, som møtte han i koncertsalen, log fela atter med det same, liksom ho song italienske, irske, arabiske og ungarske folkevisur som norske — reint og fullt, so snart han hadde høyrt dei.

Ole Bull hev *funnet seg sjølv og sin eigen stil.* Italiensk song og felespel hadde hjelpt han til aa finna nordmannen, som hadde arbeidt i han og leikat med sitt eiget bilæte. Og *som nordmann* tolkad han det liv, han møtte, *i den vide verdi.*



III.

Gull og æra.

Han strauk upp med ein huldreslaatt,
saag all verdi i graat og laatt
fyr sin fot med ein einaste gong.
Arne Garborg.

I Italia.

(1834—35).

No var han meistar paa fela men reint ukjend aa kalla.

Daa tok han ut aa ferdast med fela si atter. Han kom til Venedig, der han spelad i spelelskarsamlaget, som valde han til heidersmedlem. Baade der og i Triest kom folk upp i under yver hans *braaddikting* paa fela. No naadde ogso ordet um han til Wien. For i eit blad der stod det ei varm melding um hans spel i Triest.

Men han skulde ikkje taka den leidi endaa. Han stundad sudetter.

Han var komen til Bologna. Men fyrstundes saag det smaatt ut. Ingen visste um han, og sjølv kunde han ikkje bjoda seg fram, endaa han fulla var hugad paa leiken. For han var rakande fant. Ein ven hadde laant pengar av han, og

no skulde han havt dei atter, men dei kom ikkje. Ikkje var det stort aa tena helder fyr ein, som maatte bu paa eit kalkat kammers i eit ringt herbyrge fyr soldatar og andre folk med liten vyrdnad. Tvo skuletimar um vika til 70 øyrur, det var inkje feitt.

Der sat han um dagarne, svolten og ulukkeleg med eld og glod i kropp og sjæl, med' han diktad sin a-dur-koncert, det fyrste større tonediktet hans. Og all suti gav han til fela. Ved solargladleite høyrdest tonarne gjenom det opne vindaugat, og folk stanad og lydde, for desse tonarne skynad alle daa som sidan. Der var svart i den tronge gata kvar kveld. Kann henda og, at han hadde som ei von um, at tonarne hans skulde naa dei høgre samfunnslag, der dei store foor som best med sine fløke og vringlur. For Ole Bull var framsynt i so maate: Han kjende paa seg, kvar leidi gjekk.

Sjølve Malibran og Bériot var i Bologna paa denne tid. Malibran ho song, og Bériot han spelad.

Detta gode høvet vilde det vidgjetne spelelskarsamlaget i Bologna nytta. Og det bad dei tvo venerne vera med til ein koncert, som samlaget vilde giva.

Alt var tilstellt og koncerten tillyst, men kunstfolk kann vera lunutte dei. Fru Malibran

fekk no vita, at spelelskarsamlaget ikkje gjorde større æra paa ven hennar. Det han skulde spela, var ikkje nokot større. Betalingi fyr denne koncerten var daa so fanteleg og — berre ei „heidersgaava“. Ho var tykki og sende Bériot med avbod: Ho er sjuk og kann ikkje syngja, og Bériot hev skamfaret handi, so han vinn ikkje spela.

Det var ei leid knipa. Selskapet hadde fulla gode folk sjølve i sit orkester, men det hadde bodet paa tvo store namn, og det var fælande leidt aa narra folk soleids. Formannen, markisen av *Zampiéri*, var reint utav seg. Men det var sant, Bologna hadde sjølv ei vidgjeti dotter, som fulla kunde syngja. Det var fru Colbran-Rossini, kona aat den store tonediktaren. Men kven skulde spela i staden fyr Bériot, som gjekk der med handi i fatle?

Ole Bull hadde alt voret fjortan dagar i byen, der dei store ikkje annat gjorde en rødde um detta. Inkje aatte han matebiten, og arbeidde gjorde han som i sotterider og spelad, til han sovnad med fela um kvelden. Daa gjekk fru Rossini gjenom den vesle gata. Ho stanad og lydde etter dei løyndomsfulle tonarne. Kven kann detta vera? spurde ho. Ein ung nordlending, fortalde verten. Men slikt eit spel!

Det var visst harpespel. Nei det lyt vera ei fela, sagde ho, reint ei gudefela. Ho er god fyr baade Malibran og Bériot. Av stad til Zampiéri!

Klokka er 10 um kvelden, og Ole Bull hev alt sovet i tvo timar. Daa vaknar han, for det kakkar paa dyrri, og framfyr sengi stend ein staseleg kar. Det er Zampiéri sjølv, den mest musikalske av alle italienske adelsmenn, namngjeten fraa Alpefjelli til synste odden i Italia. Han bad den ukjende spelmannen leika paa fela aat seg. Jau detta var mannen. No maatte fru Malibran gjerne hava hovudverken sin, ropad han. Bull laut upp og fylgde med Zampiéri, fekk ikkje stunder til aa byta klæde eingong. Han visste snaudt, um han var vaken, elder han berre drøymde.

Storteatret var fullt, og koncerten var byrjad fyr ei god stund sidan. Fru Rossini hadde nett sunget, og fagnadropp og handklapp fylte romet, daa formannen kom inn med den namnlause ungdomen.

Det var glimande upplyst. Fyr ein slik samling hadde han aldri spelat fyrr. Der var adelsmenn og adelsfruvur, fine gjentur og staute menn. Bériot sat med handi i fatle. Der var ogso sjølve storhertugen av Toscana. No kjende han, at han var vesalt klædd, men han tenkte

ikkje, berre drøymde, han var plent som oskeladden paa eventyrslottet.

Kvat skulde han spela? Han visste det ikkje, men det kom av seg sjølv. Han blindad atter og spelad seg sjølv: Sine eigne tonar, ville, tunge, klagande og sutsame, si hjelpeløysa og si tvil, si eigi sjælesott, sin eigen brand. Men so blenkte freden gjenom suti, og han fekk større magt, di lenger han spelad. Det vart som barnegraat, som dogg i dalar ein sumarmorgon.

Daa han tok til aa spela, var det mange, som berre bisnad og log, kviskrad og undradst, um detta var nokot aa bjoda folk.

Men dei tagnad snart, dei laut lyda. Det vart stillt som i kyrkja.

Han kom ikkje paa aa slutta, men daa let Zampiéri teppet falla, og fagnadrop og handklapp vilde ikkje enda.

Men han høyrde ingenting, for han var um aa uvita. Dei leidde han ut og gav han mat og drikka, med' dei inne klappad og gleddest.

Den gode maten styrkte, og vinen kveikte han, so han vann raada med seg sjølv atter.

Daa han under andre helvti av koncerten kom inn, skaut modet upp i han, og han bad damurne um emne. Dei gav han tri. Um eg spelad alle tri tonestykki samstundes! tenkte han.

Og det gjorde han. Dei høyrdest jamsides, leikande yver i kvarandre og støypte til eitt.

Ein ny storm av fagnad fylgde, daa han var ferdug.

Koncerten skulde slutta med felespel, men Zampiéri visste ikkje, um Bull tolde spela meir.

„Jau eg vil spela, eg maa spela!“ sagde han.

Tridje gongen steig han fram og med nye tonar. Han spelad vaargidren og sumarfreden yver Norig, sine ljose leikande draumar.

Men endaa hans spel hadde tolkat siger og soning, han visste det ikkje sjølv. Difyr skynad han ikkje no helder fagningi, som møtte han.

Daa han sluttad, druste det med blomar og kransar fraa dei tryllte kvendi. Zampiéri, Bériot og heile folkemengdi helsad den nye meistaren.

Ole Bull! Dei rødde um han baade høg og laag i Bologna.

Spelelskarlaget hadde lyst til endaa ein koncert. Vilde han spela paa den og, skulde heile selskapet hjelpa til paa ein koncert, som han sjølv skulde giva. Selskabet teiknad seg fyr 60 biljettar og ein einskild mann fyr 100. Ein schweizar aatte eit stort theater og tilbaud baade detta og sitt orkester.

Og no gjekk det! Han spelad paa koncerten aat selskapet og gav sin eigen fyr fullt hus.

Etter den sidste spente folkemengdi seg sjølv fyr vogni hans og kjøyrde han heim. Han vart ogso fagnad med ei fakkelferd, og spelelskarlaget gjorde han til heiderslem av 1ste klasse. Han var godkjend og heidrad av det namngjetnaste spelelskarlaget i Italia.

Fraa Bologna spurdest namnet Ole Bull i den vide verdi. Derifraa høyrde dei ogso gjetet han heime, og sidan vart ferdi so lysande, at skuggar og motburd berre gjorde henne meir glimande.

Men fru Malibran hadde han ikkje vunnet. Ho vilde korkje sjaa elder høyra han. Det gjorde fulla sitt, at han hadde teket luven fraa den mann, ho elskad. Kann henda, det var gjort med knip og, so løyndomsfullt og braadt den nye meistarspelmannen hadde komet til æra. Men so fekk Bull helsa paa henne, og ho bad han spela nokot. Etter dei fyrste tonarne vart ho blomande raud, og daa han sluttad, sagde ho:

„Det er Dykkar eigi skuld, Hr. Bull, um eg til dessa ikkje hev voret mot Dykk, som De fortener. Ein mann som De bør ganga med hovudet i dagsens fulle ljos, so me andre kann sjaa, at han er ein adelsmann."

Seinare var ho alltid venen hans, ja ho

elskad han. Ein dag spelad han paa romet hennar atter, daa ropad ho:

„Men Bériot, han hev daa mykje mjukare tone en du!"

Det var fela, som var mjukare, meinte Bériot, men dei kom snart etter, at ikkje fela gjorde det.

Etter glade dagar og stor æra i Bologna foor han sudetter. Fyrst bar det til Florenz. Dit var han beden av den polske fyrste Karl Poinatowsky, som hadde sin bustad der. Han hadde fyrr voret til Bologna og høyrt Bull spela.

Daa Ole Bull den 2den mai 1834 spelad sin a-dur-koncert, gjorde han ikkje mindre lukka en i Bologna. Og han segjer, at han fraa den tid fekk lit til seg sjølv. I Bologna var lukka komi som fljotande paa ei fjøl, det kunde vera eit heppet høve, som hadde gjevet han magt yver folk. Men no kjende han, at den magti laag hjaa han sjølv og ikkje berre hjaa andre, som vilde han vel.

Han gav endaa tvo koncertar og diktad tvo nye tonestykke: „Firmannsspel fyr fela aaleine"*) og „Morsbøni"**).

Det sidste diktad han aat munkarne i klostret Santa Maria Novello i Florenz. Dei hadde bedet

*) „Qvartetto á violino solo".

**) „Adagio religioso".

han um eit nytt tonedikt aat kyrkja si, og Ole Bull hadde lovat det. Men han forsømde dag etter dag aa skriva det. So kom dei tidleg ein morgon og sagde, at det laut verta ferdugt, so det kunde haldast prøva næste dag. „Eg var i sengi, daa dei kom“, hev han fortalt. „Men eg hadde voret uppe heile natti med maanen, hadde drøymt og diktat med han. Eg hadde tenkt paa Norig og heimen og mange tungsame ting. Eg sagde til dei tvo dominikanermunkarne, at dei skulde hava musikken den næste morgon. Eg tok fela mi, og ho song so mildt tonarne fraa natti aat meg. I dei saag eg ei mor, som ligg paa kne framfyr altaret og bed fyr barnet sitt. Difyr kallad eg det „Morsbøni““.

Daa han spelad stykket, undradst dei paa, at han, som var so ung og gladverdug, ikkje diktad eit ljosare og lettare. Dei vilde helder havt eit slikt, for dei hadde so mykje tung og sutesam musikk fyrr. Men han kunde alltid giva dei nokot av eit annat slag og. So leikad han med eit nytt emne. Det vart seinare til hans namngjetne „Polacca guerriera“. Til det sette han medspel paa orgel.

Munkarne vart so glade i han, at dei vilde hava han til aa verta munk. Han maatte vera som skapt til bøn og graat, slikt som han kunde

det paa fela. Nei han stundad ikkje etter slik helligdom. Men dei var glade i han, som den han var og, dei.

Til takk fyr spelet gav dei han nokre flaskur av den vidgjetne godsmakande likøren sin.

Um sumaren kvilde han seg ut tvo maanar i ei fjeldgrend inne millom Apenninfjelli. Der i kring laag fleire kloster. Fraa prioren i Santa Maria Novello hadde han brev til prioren i eit av dei, og i klostret arbeidde han med sitt spel og si tonekunst.

So tok han ut aa ferdast atter, og han kom til ein laugarstad eit stykke fraa Lucca. Der var mange storfolk. Millom andre Poniatowsky, storhertugen av Toscana, hertugen av Lucca og enkjedronningi av Neapel. Malibran og Bériot var ogso komne dit saman med pianospelaren *Døhler*. Dei vilde høyra Bull.

Her viste han seg som den stolte nordmannen, som fulla ikkje var skapt til storfolketræl. Ein kveld fyre koncerten var han i eit lag hjaa hertugen av Lucca. Der skulde han spela. Ved slutten av fyrespelet paa pianoet vart det snakk og surr. Det var enkjedronningi, som masad mest. Døhler kviskrad til Bull, at han ikkje maatte bry seg um det men berre byrja. Bull vart lika vel standande med fela under armen og ventad.

Hertugen kom burt til han og spurde, um det var nokot, han ynskte.

„Nei eg er reint ferdug“, svarad Bull, „men eg vilde ikkje gjerne uroa samtalen“.

„Kven talar daa? eg ser ingen“.

„Den dama der burte“.

„Aa, enkjedronningi! Eg skal fulla beda henne tegja“.

Hertugen gjekk stad og muste eitkvart til henne. Gjenom augneglaset sitt mælte ho den djerve mannen, men han vart ikkje uroad av snakk meir.

Næste morgon raakad Bull ein av fylgjet aat dronningi. Han sagde, at ho svært gjerne vilde sjaa han hjaa seg. Um han gjekk med det same? Han so gjorde.

Daa han vel hadde helsat, spurde ho, um han verkeleg kunde vera fraa Norig. Det fanst ikkje annat en is og bjørner der, etter det ho visste. Ho skynad ikkje, at *folk* kunde bu i eit slikt land. Jau der var likso mange folk som i Toscana, fortalde han, og dei var vel til vens med bjørnerne, som ingen mann uroad. Han hadde sjølv havt ei binna til sogemor, og han vilde alltid vera takksam mot henne, fortalde han, den skalken.

„Men kvifyr vilde De ikkje spela i gaarkveld?“ spurde ho so.

„Eg vilde berre venta, so eg ikkje uroad Dykkar samtale.“

„Aa eg skynad godt, at De var tykken, men det maa De leggja av, dersom De vil koma til Neapel. For der er det alltid snakk, med' dei spelar“.

„So kann eg ikkje faa hug til aa vitja ein slik villmannsby, der musikken berre er til litetvetta gaman, med' tankarne elles er upptekne av andre ting“.

„Jau De maa nettupp koma til Neapel. Eg vil fortelja Dykk, at det var meiningi mi aa bjoda Dykk dit. Eg hev likat spelet Dykkar, og eg skal syna Dykk, at Neapel ingen villmannsby er. De skal finna berre stille tilhøyrarar.“

Dei skildest som vener, og ho gav han eit svært nyttigt brev med. Og elles brukad ho tidt si magt til framhjelp fyr hans lukka. Det fekk han spyrja seinare.

Til Neapel foor han den fine sjøleidi. Men han kunde ikkje spela med det same. For songen fyrst og fremst i Neapel, og fru Malibran var der og vakte endelaus gleda og fekk ros, som var ho fraa himmelen. Men daa ho hadde sunget

dei gonger, ho skulde, spelad han, med' fagnaden etter hennar song endaa fyllte lufti.

Og han spelad, so folk vart reint som fraa seg. Daa han var ferdug med „Firmannsspel fyr fela aaleine“, der han spelad paa dei 4 strengjerne samstundes, ropad Bériot, med' blomarne druste, og fagnaden fyllte det store huset:

„Slik ein trollskap? Kveikja Neapels-folket upp soleids med ei fela!“

Daa Bull var ferdug med sidste stykket, kom Bériot med den bøni fraa fru Malibran, at han maatte vera so snild aa venta paa henne. Men daa gjekk Bull til hennar rom, der ho under takk og vellæte gav han sitt fangtak, med' den store folkemengdi i kring gav sin takk i nye glederop.

No kunde han faa spela, slikt han vilde, men det bar ikkje ein baat med han og teaterstyret, som plent vilde tena pengar paa han. Dei faste kveldarne skulde han ikkje faa spela, for daa hadde teatret tingararne sine. Han skulde fylla det hine kveldarne. Det gjekk han inn paa.

Enkjedronningi vilde hava kongen til aa høyra Bull, so fekk han fulla større vyrdnad fyr felespel, meinte ho. Men no var kongen so sparsam, at han aldri gjekk i teatret andre tider en dei faste kveldarne. So fekk ho Bull til aa

lova, at han skulde spela ein slik kveld, og baade ho og bror til kongen meinte paa, at Bull skulde hava lika fyr det. Han vilde verta indbeden til kongsgarden og, sagde dei. Denne avgjersla maatte ingen vita um. Men daa kvelden kom, sette teaterstyret seg imot. Der fall kvasse ord fraa baade sidur.

„Men De er galen, min herre!“ fekk Bull fraa teaterstyret.

Same natti strauk han fraa Neapel og heile fillegreida. Det var natti til hans fødselsdag den 5te februar 1835.

I Neapel stal dei fraa han den fela, han hadde spelat paa, sidan han reiste fraa Paris. Han saag henne sidan atter i Moskwa hjaa ein russisk adelsmann. Ei Nicolo Amati-fela kjøpte han seg i staden.

So bar det til Rom, der han vart buande i 3 maanar. Han upplevde baade karneval og paaske og levde eit ungdomsfriskt liv i hop med nordiske kunstmenn, som fagnad den staute, fagre eventyrprinsen. Og fyr eventyr var det helder inkje øydet i det gamle Rom, som endaa styrdest av paven og røvarar av alle slag.

Bull budde paa romet med den gladverduge norske landskabsmaalaren *Thomas Fearnley*, ein av det unge Norig, ein „av mine folk“, segjer

Wergeland um han. „Den gildaste stallbror, som ein kunde hava klæde paa“, fortel Bull.

Dei rødde tidt um frendskapen millom tonekunst og maalarkunst. Fyr maalaren hadde tonarne ymse liter. Naar han sov lenge um morgonen, kunde maalaren vekkja han med slik tiltale:

„Ris upp, Ole, og spela eitkvart aat meg! Det er uraad maala, naar ikkje du spelar“.

Aa jau so fekk han daa seint og sidan svevnen or augo og sette seg til aa spela halvnaken. Snart var han reint som burte i spelet og vaktest or draumarne av venen, som ropad:

„Aa, kjære Ole, spela det ein gong til, det er slikt eit glimande raudt!“ elder: „Spela det uppatter, kjære Ole, det er so himmels blaatt!“

Paa sin sidste koncert skulde han spela „Polacca guerriera“. Stykket hadde arbeidt i han lenge, og det hadde fenget nytt liv og klaarare fargar, etter at han hadde set logarne paa Vesuv. Han var aaleine ved Neapel, og midnettes var det, daa det lyste inn i hans diktarsjæl.

Den store danske bilæthoggar *Thorvaldsen* var ogso ein av dei gode venerne aat Bull. Og baade han og Fearnley spurde dagstødt etter, um han hadde fenget det nye stykket ferdugt. Men alltid var svaret det same:

„Nei, men eg *skal* gjera det ferdugt“.

Tidi gjekk, men ingenting vart gjort. Daa tok Thorvaldsen til med aalvoret. „Korleids kann du vera so likesæl um di æra!“ sagde han, og han minte Bull um, at det galdt Norigs æra og.

Koncerten var tillyst, og i lysingi stod Polacca'en.

„Hev du no skrivet musikken?“ spurde Thorvaldsen.

Nei!

„Er de galne!“ ropad Fearnley, han meinte daa visst, at det var gjort no. Men Bull lagde armarne kring dei, log og skjemtad. Det naudad aldri fyr han, naar andre hadde større sut fyr hans musikalske æra en han sjølv.

Ein so trygg og spræk kar var det ingi utkoma med.

Men han tenkte med seg, at han skulde hava moro med venerne sine, sidan dei lagde seg so hardt i selen.

So var det dagen fyre koncerten. Daa han etter frukosten vilde ganga ut, fekk han atter det same spursmaal. Nei ingenting var skrivet. Med' skalken og godlyndet lyste i augo, peikad han paa skallen. *Der* hadde han det. Dei bad han vent um aa skriva stykket so tidlegt, at det kunde verta haldet prøva paa det.

„Eg skal gjera det i kveld“, sagde han.

„Du er daa ei skjøyteløysa!“ svarad dei.

„Roms-folket toler ikkje slik aatferd av nokon. Og det hjelper ikkje, at du er deira kjælebarn. Det vil ganga deg reint galet“.

Han smilte og bad dei ikkje gjera seg suter.

Um kvelden var han i eit morosamt lag, men Fearnley fekk han med seg heim kl. 10.

„No vil du daa setja deg til aa skriva stykket ferdugt?“ sagde Fearnley.

„Nei no er eg trøytt og svevnug, so eg maa leggja meg“. Og han ventad ikkje lenge med det. Snart laag han og raut.

„Nei det er daa ei furda“, snakkad Fearnley med seg sjølv. „Der ligg han so roleg, som det ingenting var! Ole, vil du ikkje risa upp! Ole!“

Inkje svar. So lagde Fearnley seg, og det var ikkje lenge, fyrr han sov fast.

Daa stillte Bull seg upp og gjekk inn i eit annat rom. Stykket flaut so lett ned i notarne, — han hadde boret paa det so lenge, og nye tankar kom leikande, for aanden var yver han. Kl. 4 var stykket ferdugt aat orkestret. Fela hans trong ikkje notar, for han var trygg paa sitt minne.

Daa gjekk han og lagde seg, og no vilde han sova fyr aalvor.

Fearnley var ein morgonfugl, og det var ikkje lenge, fyrr han røyvde paa seg. Men Bull laag og sov som um kvelden. Daa ruskad maalaren i han og sagde:

„Ole, statt daa upp! Korleids skal detta ganga! Kom upp og skriv, Ole!"

„Nei eg er 'kje god-til, lat meg berre liggja i fred!"

So laut Fearnley giva seg paa det.

Ved frukostbordet var Bull berre moro. Men Thorvaldsen og Fearnley var baade tykne og sutesame.

„De vil daa koma til koncerten i kveld — vil de ikkje?" sagde han, den skalken.

„Nei, Ole, me elskar deg for høgt til, at me skulde vilja vera vitne til di skam! Tak det so lett, du berre vil, men du kann vera stød paa det, at Roms-folket ikkje toler slikt!"

„Aa kom!" sagde han. „De kann daa sjaa, korleids det gjeng. Berre litt innanfyr dyrri, so kann de løyna dykk burt, naar eg hev gjort meg til skammar".

Dei vilde ingenting lova.

Bull skundad seg av stad. Han skulde gjera avtale med orkestret. Det var framifraa godt, og ved prøva kl. 3 gjekk det plent, som han vilde hava det.

Reint ovglad kom han til sine vener atter, men um prøva tagde han. Venerne vart berre sutesamare, daa dei saag, kor sorglaus han var.

So er kvelden komen, og huset er stappande fullt. Bull kjende seg trygg og glad og spelad som ein gud. Orkestret gjorde ogso sine saker framifraa godt, for Polacca'en hadde det vortet glad i. Tilhøyrararne vart reint upp i under yver det nye tonedikt, som aatte ei gliming og ein syngjande venleik, som ingen hadde høyrt liken til. Og so slutten, der fela gav 4 røyster og heldt ein ihophangande tonekvervel gjenom 15 takter!

Det vart ein storm av fagnad, med' blomarne druste.

Midt under sigren kastad Bull augo ned mot dyrri. Jau der stod dei baade tvo. Og han likad seg, Fearnley, for tobakkstugga gjekk fraa den eine kinn til den andre likso fort som sjølve bogen. Bull hadde ikkje slik gleda av nokot, han, som den tobakkstugga.

Daa han skulde ganga, tok dei tvo venerne henderne hans og ropad:

„Naar i all verdi gjorde du det? Fortel det berre. Aa, so vent det var!"

„Ver daa ikkje so fornøgde", svarad skalken. „De veit, at Roms-folket ikkje læt seg bjoda slikt. So de er komne og skal sjaa mi skam, de?"

Dagen etter høyrdest hans ros i heile Rom. Folk visste snaudt, kvat dei skulde lova høgst, hans diktargaava elder ei kraft, som fekk bogen til aa ganga som eldingar. Og dei 4 røysterne samstundes. Ingen hadde gjort slikt. Hand og fingrar laut vera sterke som jarn og mjuke som viskeledr. Paganini hadde fulla mjukleiken, men styrken? Nei ingen kunde gjera maken til detta.

Polacca'en gav Ole Bull eit stort ord som tonediktar. Folk med skyn paa musikk hadde ikkje annat aa segja paa det, en at det ikkje var skrivet i polkatakt.

Av underbibliotekaren ved Vatikanet fekk han ei sjeldsynt fela. Det var ei *Spadarini* fraa 1662.

I Frankrik.

(1835—36).

I mai 1835 reiste han beinaste vegen til Paris. Sjølv stundad han dit, og det var andre, som ikkje stundad mindre. Det var gjenta hans, *Alexandrine Felicité*, og godmor hennar, fru *Villeminot*.

Hans venskap fyr „systri“ var vorten til kjærleik, og ho gløymde ikkje sitt „kvite lamb“, som ho kallar han i brevi. Til desse kvinnur hadde han skrivet um sine sorger og sigrar.

Han hadde sett seg fyr, at han ikkje vilde snu mot nord, fyrr han hadde vunnet baade gull og æra. Men „eg vilde endaa-til reisa fraa Italia fyr Dykkar skuld og koma til Dykk, um det trengst“, hadde han skrivet. „Eg er trufast mot Dykk. Ingen kann vera det meir, en eg er det“.

No var han komen atter. Felicité var vaksi gjenta, framifraa fin, ægte parisisk i andlitsdragi, og ho hadde slik ein blenkjande glans i dei store augo, ein arv etter si spanske mor.

So maatte Ole Bull ogso vinna Paris. Um dei andre stader hadde sagt domen yver han, so var det ikkje nokot, naar ikkje Paris hadde talat med og sett det i stil. *Der* hadde dei andre meistarspelmennerne vortet godkjende. Han maatte verta det, han og.

Og no opnad den store opera dyrrerne sine fyr han.

Men ulukka syntest vera ute. Daa han skulde inn, snaavad han i eit nedhangande bakteppe. Han hadde dottet, so lang han var, dersom han ikkje hadde gjort eit gildt sprang inn paa tilet. Daa log folk, og ingenting er faarlegare i Paris en aa verta til laatt og løgje. Og so sprang a-strengen midt i den vandsame slutten av „Polacca guerriera“. Han vart bleik som eit lik. Orkesterføraren baud han si fela, men Bull

torde ikkje byta, han berre flutte stykket i same blinken og spelad det til endes paa tri strengjer.

So kom fagnadropi. Han hadde vunnet yver sjølve vanlukka. Dei fleste vilde ikkje tru, at strengen var sprungen. Men *Meyerbeer*)* hadde set det, og han skynad, at det skulde ein umfram kar til aa greida slikt. Daa maalet hans let yver all den andre fagnaden, høyrdest det fyr Bull som ei røyst fraa himmelen. For Meyerbeer var den største musikkaren i Paris paa den tid.

Jules Janin)*, den største franske kunstdomaren, skreiv svært rosande um koncerten. Eit ord av han var nok til aa gjera ein mann namngjeten.

So gjorde Ole Bull ei spelferd gjenom mange franske landskap og byar.

I november var han i Paris atter og spelad daa tvo gonger i den store opera.

---

*) Meyerbeer, fødd i Berlin 1794, diktad i same stilen som Rossini og vann stort ord i Italia, der han daa heldt seg. Kom 1826 til Paris, og med songleiken „Robert Djevelen" (1831) og „Hugenottarne" (1836) fann han ein eigen stil, so han kapppadst med Rossini sjølv, og var gjenom 30 aar frikar paa operaen. Døydde 1864.

**) Jules Janin, f. 1804 i St. Ettienne, namngjeten baade som kunstdomar og romanforfattar, vart 1870 uppteken i det franske akademi. D. 1874.

Etter den fyrste av desse tvo koncertarne skreiv Jules Janin sitt namngjetne stykke um Ole Bull, um den unge „villmannen“, som han alltid kallad han. Grunnen til detta utnemne var fulla det norske spranget, Ole Bull hadde gjort inn paa den store opera, og so det, at han var fraa „det høge Nord“, der det ikkje kunde finnast annat en villmenn.

Skal ein skyna det stykket, so lyt ein hugsa paa, at Jules Janin hadde funnet mangt aa segja paa Paganini. Og det hadde paa det sidste voret strid millom desse menn, millom ord og tonar. Jules Janin hadde lastat Paganini hardt i bladi, men det gjorde berre, at folk plent maatte høyra spelmannen. Janin tok æra, men Paganini pengarne, og so tottest dei hava vunnet baade tvo. Og hadde det og. Folk sagde elles, at J. Janin hadde vortet sinnad paa Paganini, daa han ikkje vilde spela paa ein velgjerdskoncert, som den andre fekk til fyr dei brandlidne i fødebyen sin. Men lika vel hadde han rett i domen yver Paganini som menneskje, endaa desse veilur ikkje hadde det slag med hans spel aa gjera.

Men no kom Bull. Var Paganini liten og kruksen aa sjaa til, so var den andre som ein gud. I utsyn og ferdalag var desse store kunstmenn so ulike som berre raad.

Jules Janin skjemde ikkje saki ut fyr Ole Bull. Stykket hans lyder soleids:

„Denne unge villmannen, som ifjor (so!) kom ned til oss fraa Norigs is med si Stradivarius-fela i handi, hev andre gongen spelat i operaen sidste maandag. Han er til fullnads den store spelmannen, som eg meinte paa fyr eit halvt aar sidan. Det er slik hugverk, so mykje tunglynde i detta fine instrument! Det er slik fynd og kraft og so mykje venleik under denne jarnbogen! Han syng, han græt, han drøymer! Snart høyrest tonen yver horn og lur, og so klagar han stillt som ei vindharpa! Det er ein spelmann, som aldri hev funnet meistaren sin. Det er ei fela, som ikkje gjeng inn under nokon skule. Det er nokot truverdugt og inngjevet ved henne og ei løyndomsfull magt. Dei hev talat mykje um Paganini og g-strengen hans. Baade tvo hev dei latet seg ropa ut med alt det skryt, som paa kunde finnast. Dei kom, g-strengen var utruleg forspanad, og han, som spela skulde, so illa kjembd som ein slik storskrytar kann vera. No! eg veit ikkje, um Bull, nordmannen, ikkje hadde likso stor lukka som italiamannen og hans g-streng, dersom han berre hadde voret so klok aa ringa seg inn i skryt som kunstbroren. Men sjaa! Norig er ei god gjenta, smaalaati og

velsedad, som inkje *gjer* seg fager. Ho stig fram og opnar heile si sjæl og sitt hjarta utan kunster, fri og endefram!

Ole B. Bull er ein av dei ægte kunstmenn, som er barnslege og opne i all si ferd, og som ikkje krev meir en aa faa fylgja sin eigen gode givnad den heile dag med sin heile hug og i full fridom. Han er ein smaalaaten ung mann, som ikkje vil gjera vind. Aa syta fyr si lukka og sin bate lenge fyreaat, den store italienske kunst kjenner han ikkje.

Reint upp i under fortel eg det, at fraa den fyrste dag eg høyrde han paa operaen, hev eg ofta raakat til aa høyra han. Og det paa ymse stader, paa aalmannvegjerne og paa fylkesteatri. Og alltid hev eg funnet atter det same flognæme, det same kveikjande hugskot og den same barnslege og hjartelege hugleik.

Det var ein dag i eit herbyrge i *Rouen*. Daa vaktest eg av tunglyndte tonar, lange og mjuke — det var fela aat Ole Bull. Det var ein annan gong eg sat under namnetavla utanfyr dyrri ved eit vertshus, lika ved postvegen. Daa vart eg reint som fjetrad av ein klagande gangar*) — det var fraa kjærfela mi. Ho hev reint forgjort meg.

*) „Adante“.

Det var i det leide *Dieppe**) med alle dei leide engelskmenn og engelske kammergjentur, burtgjøymde i sine grøne skygg. Der huggad Ole Bull meg ved havet aat Dieppe, detta fæle havet, som gjer friske folk sjuke. Ja eg ser han endaa, daa spelelskarlaget, skulde vera, spelad med han i denne velsignade byen, der Meyerbeer, som var der og ikkje lenger kunde tola det villmannslege medspelet, vilde kasta seg i havet med baade hender fyr øyro!

Eg hev gjøymt eit fint minne um denne store kunstmannen, som soleids hev raakat meg paa mi ferd og jagat burt mi hyggjeløysa. Det er ikkje han, som lik tjuven stengde seg inne paa romet sitt og der lokkad ut or fela si den venaste samljoding. Nei tvertimot, han druste sine tankar ut fyr alle, som vilde høyra dei, plent som ein kastar smaapengar ut til fatigfolket paa gata! Det er ikkje han, som av girugskap sette ljoddøyvar paa fela si. Nei han likar seg aldri betre, en naar han hev ein heil flokk i kring seg til aa høyra paa, til aa klappa og graata — fyr inkje. Soleids hev han allstad paa si ferd vunnet — ikkje pengehaugar nettupp, men i minsto ærefull samhug. Dei engelske ranglefantarne heldt seg fraa koncerten hans, men ungdomen kom

*) Dieppe hev godt sjølaug.

og — dei fatigaste. For den fatige spelmannen opnad sjølv dyrri og sagde: „Kom inn!“ So slapp dei kjøpa biljett ved inngangen.

Ja soleids maa ein stor kunstmann vera! Nett soleids maa ein halda i vyrdnad det instrument, ein hev vunnet fraa himlen! Ein maa kunna læra dei aa verta meir hugstore desse fylkesbyarne, som ikkje veit, at dei skulde stydja ein reisande spelmann. Dei herlege kjenslur lyt ein kunna giva fyr inkje, naar aalmugen ikkje hev vit til aa kjøpa dei sjølve. Ein haustar armod paa desse ferder, det er sant, men kvat segjer det, naar ein vinn heider og fortener det? Ein hev ikkje innkomurne og dei sju millionarne aat Paganini, men kvat segjer det? Balliot rettar handi til deg og kallar deg „bror min“, naar du kjem til Paris atter. Og er det ingenting, at du atter kann koma til Paris, der alltid finna operaen open, raada fyr det makelause orkestret aat Habeneck og sanka einrøystes vitnemaal um vyrdnad og undring utan aa krøkja deg for mykje?“

So var lovtalen sett i stil, som kunde lesast og vart lesen i vide verdi. Og J. Janin kunde ingen avsanna, so domen vendest. Mangein kunde fulla tvila, men ingen vann gløyma eit namn, som var sett i slik glans av J. Janin.

Heime i Norig vart stykket leset endaa same

aaret, og det var, so det kritlad i folk av berre gleda.

„Sjaa der! Er det ikkje det, eg hev sagt?“ „Er det ikkje det, eg hev spaatt um Bull? Der hev me sjølve Jules Janin fyr det!“ Soleids talad folk i Norig, baade dei, som hadde sagt elder tenkt nokot slikt, og dei, som ikkje hadde gjort det.

Og fyr dei, som hadde voret venerne hans i naudi, kom det med høgtid. Dei helsad kvarandre med fysna, for vonerne hadde stadet seg. Men dei laut læ og! So han var „den unge villmannen“, Ole Bull, han, som nett skulde læra verdi, at nordmennerne korkje var eskimoar elder indianarar? Men han var daa ein villmann, som dei tok med i sine finaste lag og gav sin største ros! Og daa vart villmannsnamnet ei æra. Dei laut fulla tenkja etter, kvar han var komen fraa no. For han var ikkje tyskar. Undarlegt det! Ikkje danske. Merkverdigt! Ikkje svenske helder. Endaa underlegare! Ikkje russe elder polakk. Kvar kunde daa heimen hans liggja? „Aa, Tule? Ja eg hev høyrt gjetet det“. Og no fekk franskmennerne og andre gjera seg kjendare med det, meinte nordmennerne.

Fyrstundes i aaret 1836 gjorde Ole Bull ei ferd til Lyon, der han gav 6 koncertar og

diktad 4 nye stykke. So vart han faarlegt sjuk. Daa han tridje dagen var i sengi, skreiv han til Felice. Um han døydde, skulde ho hava det, som vart etter han. „Paa attersyn — paa attersyn, me møtest visst atter!“ So sluttad brevet. Det vart til heilebrand, og det stod um livet. Men han frisknad tii atter og skundad seg til Paris.

Der fekk han lov paa den italienske opera, og han skulde spela paa dei gode kveldarne. Men daa ser han i bladi, at *Thalberg* lyser til koncert i operaen paa den tid, han skulde spelat der.

Bull skundad seg til Rossini, som alltid var god og hjelpesam mot han. Den store italienske tonediktaren var daa ogso ein mann, som Ole Bull likad seg i lag med, ordhitten og gløggtenkt, som han var. Rossini var med i operastyret. Var det ikkje so, at han hadde lov paa teatret? spyrr Bull. Det hadde han fulla, men Rossini kunde ingenting gjera.

„Hev De brev fra *Metternich?*“ spurde han. Det hadde den andre, brev fra den megtuge austerrikske statsmannen til dei styrande i Paris.

Nei.

„So fylg De mi raad og reis endaa i dag til England. Der spyrst det berre um givnaden.“

I England.

(1836—37).

Han kom til London. Det saag ikkje so beint ut med det same. Men so vart han kjend med *Laporte*, som hadde leigt den italienske opera elder Kongsteatret — Dronningsteatret, som det no heiter. Det skulde Bull faa og orkestret med. *Costa*)* var formannen fyr det.

Ein aabryden italiamann, heitte *Mori*, spelad fyrste fiolin i orkestret. Han var ute med krokarne sine. Hjaa Costa lagde han vondt fyr Bull og rende rundt til bladmenn og musikk-domarar og sette i dei, at Bull berre var ein skamlaus hermar etter Paganini. So skulde han spela paa 4 strengjer samstundes og, men det var berre fals og fusk. For han hadde andre spelmenn gjøymde, og dei spelad paa dei tri strengjerne. Slike skronur hadde voret fortalde fyrr, men dei var avsannade. No kom dei atter og vart trudde.

Men Mori gjorde meir, for han hadde Costa

---

*) Costa, italiensk tonediktar og framifraa orkester-styrar, fødd 1810, fraa 1835 buande i England. Sitt gjetord vann han som styrar av det store syngjarlag, som fraa 1857 gav Händel-koncertarne med 3—5000 medverkande mann. 1869 kom han upp i det engelske riddarstand.

med seg. Denne sende Bull ein setel um den fyrste prøva, som skulde haldast ein dag kl. 2. Men orkestret var tilsagt aa møta kl. 12. Paa slik vis skulde orkesterfolket faa den trui, at Bull brydde seg so litet um dei, at han let dei venta. So vilde dei verta sinnade og strjuka sin veg. Daa kom han i beit, som han fortente.

Men Bull skynad elder kjende paa seg, at eitkvart var ute paa revelabb, endaa han ingenting visste. Og han kunde sigla med alt slag vind og snu meinraader til beste byr. Han tok ei vogn og kjøyrde rundt til bladmenn og kunstfolk og bad baade dei og huslydarne deira koma til prøva kl. 2.

Ein mangment tilhøyrarflokk kom daa ogso til stadar. Baade mann og kvende var aa sjaa nedre i den store salen. Ein reisande nordmann var der og.

Men inkje nokot orkester! Ingen Costa aa sjaa, helder ikkje Laporte. Helvti av orkestret er gjengne. Bull gjeng einsaman paa tilet med setelen fraa Costa i handi. Jau paa setelen stend skilet „kl. 2“.

Sinnet tek han.

„Kvar er Laporte?“

„I reikneskapsromet“, fær han til svar.

So Ole Bull dit, med' blodet syd i aadrarne og kaldsveiten tyt fram yver skallen hans.

„Les! min herre, les!“ ropar han og rister den forfærde teaterstyraren med sine nervøse armar, sterke, som var dei flettade av staalfjødrer. Laporte lyt inn paa tilet og vitna, at Costa sjølv hadde tilsagt orkestret aa møta kl. 12 men Bull fyrst kl. 2.

Det gjeng ei putring av mishug gjenom salen. Men dei, som endaa er atter av orkesterfolket, er det raadlaust aa gjera nokot utav.

Daa segjer Ole Bull, han stend med fela i handi:

„Anten trur De, mine herrar, at eg ikkje treng nokot medspel, elder og at De ikkje er god-til spela med. I baade tilfelle tek eg det som ei helsing. Eg takkar fyr den i vaart sameigande tungemaal: i tonarne!“

Fela legg han til øyrat og spelar sitt „Firmannsspel fyr fela aaleine“. Varm og harm er han, og han spelar, som er han fraa seg. „Eg spente føterne mot Norigs fjell“, hermer dei, at han skal hava sagt um denne stund. Og daa lyt folk vera med. Dei klappar alle, som til stadar er.

So kjem „God save the king“ firmælt, og det ljomar i det halvmyrke huset av fagnad.

Folk ute paa gata høyrer det og kjem inn og skal vita, kvat som er tids. Millom desse er ogso *Moschéles**) og ein lord *Burgesh.*

„Det er fyrste gongen, eg skjemmest vera engelsmann“, segjer *Nicholson*, som er fyrste fløytespelar i orkestret, „og det er sidste gongen, dei skal sjaa meg i detta orkester, dersom me ikkje spelar paa timen!“

Daa dei skal til, gjeng det ikkje. Lord Burgesh bed Moschéles spela med paa pianoet, men han segjer nei, daa han veit, at Costa ikkje toler det. Men han vert aa kalla dregen ned i orkestret og medspelar inngangen til a-dur-koncerten aat Bull.

Daa stig Costa inn paa tilet, likbleik og vond:

„De kunde venta med aa taka plassen min, til eg anten var daaen elder avsett.“

„De, De!“ det er maalet aat Bull, og heile mannen synest trugsla, „De burde takka hr. Moschéles paa Dykkar kne. Han hev bergat det, som bergande var av æra Dykkar. Vil De, skal De faa fri skjuss fraa plassen!“

Costa smett ut, men fram kjem Laporte:

---

*) Moschéles, namngjeten pianospelar og tonediktar, ein av dei fyrste. Fødd i Prag av jødeforeldre 1794, budde i London som namngjeten spelmann og musikklærar fraa 1825—46, døydde i Leipzig 1870.

„Min herre, min beste herre, lat *det* vera nok. De er for aathalden. De maa ganga heim. Seg, at det, som er hendt, hev sett Dykk i slikt egse, at De lyt ganga heim. Men ei gullgruva skal detta verta. Det er nokot bisnelegt! De hev aa raada fyr teatret. Tri prøvur skal De faa og blad til tenesta! Lit paa meg no heretter!"

Men Bull held paa og spelar — med føterne paa heimegrunnen —, og det er snaudt, han er god-til slutta.

Kl. 5 same dagen — 5te mai — skreiv han til Felice:

„Eg kjem lika fraa koncerten. Eg hev gjort ofseleg lukka. Heile orkestret hev klappat, so henderne deira skulde gjenget sunder, og tilhøyrararne hev vist meg endelaus fagnad. — — Hadde einkvar sagt meg detta i gaar, vilde eg lætt han upp i augo".

Endaa same kvelden fortalde bladi um Ole Bull, og korleids han hadde gjort meinraadarne til inkjes. Og ingen er betre en engelsmannen, naar det gjeld aa forsvara den, som hev voret ute fyr krokar og urett.

Det vart ogso ein annan laat millom alle dei store kunstfolk. Dei lyfte paa hatten, berre dei saag han langt ifraa, og det var ikkje annat en vellæte.

Laurdagskvelden den 21de mai skulde han halda sin fyrste koncert. Daa var fulla orkestret paa sin plass, og vel øvt var det og. Rubini, Tamburini, Lablache og fru Assandri, meistarsyngjarar fyr heile verdi, skulde syngja paa koncerten fyr inkje. Det skulde den namngjetne *Grisi**) og, men Mori hadde voret ute med runerne sine atter, og difyr sende ho same kvelden ein setel, der ho i skamlause ord orsakad seg.

Lablache og Rubini var til stadar, daa Bull las setelen.

„Kvat les De? Eg kjenner skrifti“, segjer Lablache. „Lat meg sjaa! — Ærelaust! — Men gakk De inn, spela som paa prøva, og De skal sjaa, at folk gløymer oss andre“.

Soleids gjekk det og. Teatret var yverfullt. Og det vart blomar, kransar, gleda og fagnad!

Mori skar tenner, og *Thalberg***), som var komen etter fraa Paris og hadde spelat laurdagsmorgonen, vart gløymd.

„Eg hev aldri havt slik lukka“, segjer Bull sjølv. Bladi kappadst um aa utropa han til fyrste spelmannen i heile verdi.

---

*) Grisi, fødd i Milano 1811. døydde 1869. Framifraa syngjar, staut aa sjaa til.

**) Thalberg, av ei austeriksk fyrsteætt, fødd 1812. døydde 1371. Dugande pianospelar.

Storbladet *Times* skreiv soleids um maandagen:

„Hr. Ole Bull, den norske felespelaren, prøvde seg fyr aalmenningen i detta land fyrste gongen um laurdagskvelden. Ei so heilt igjenom god utførsla av det slaget hev me aldri møtt. —

Hans umskifte av handeferd tykkjest alltid endelaust. Paganini hev gjort mykje, men denne kunstmannen hev lika fullt opnat ein ny umkverv fyr fela. Stilen er reint ulik og er hans eigen skapnad — som det alltid er tilfellet med dei verkeleg store kunstmenn.

Hans største sermerke er kann henda den rolege og smaalaatne maaten, han fær til sine store verkningar paa. Der var ingi knip, ingi ofselege fakter elder nokot, som liktest paa „fangeskulen“. Det tottest so leikande lett, at fyr dei, som ikkje visste um dei fingervanskarne, han greidde, var det ikkje so ende-til aa skyna, at nokot framifraa var gjort. I lange samljodande tonekvervlar og andre tonelaup med skjote og smaa takter var det snaudt bogen syntest leda seg paa strengen, og sameleids med handi hans, men lika vel vart øyro vaare tryllte med ei rekkja greide og glimande tonar, som tok oss med i slik gaaning, at me mest ikkje torde anda.

Hans magt yver fela er reint fullkomi fraa

øvst til nedst av skalaen, og han hev sin eigen skala med tri tonerekkjur paa kvar streng. Og um han spratt yver fraa den høgste til den laagaste tone av skalaen elder den andre vegen, tok han aldri ein tone i mist, so radt det enn gjekk. Hans tone paa den fjorde strengen læt so vent, at jamvel fløyta aat Nicholson vart reint burte, daa ho tok i eit svar i medspelet.

Hans „Firmannsspel“ vilde etter den vanlege spelmaaten voret umogelegt, men han fekk skilet til tri tonar paa strengjerne med bogen og den fjorde med fingren. Det gjorde slik verkning paa tilhøyrararne, at det vart ropat: „Uppatter!“ Men i staden gav Ole Bull oss fedralandssongen vaar. Soleids høvde det best aa syna sin vyrdnad, totte han. Men med all vaar fedraheimselsk vilde me helder hava valt aa høyra hans „Firmannsspel“ ein gong til.

Den fagning, han fekk, var endelaus, so litet tilgjord og so ægte, som me nokor tid hev høyrt det.

Hr. Bull er endaa ein ung mann, hans alder ikkje meir en 26 elder 27 aar, og han fører seg i det heile yndefullt.

Utførsla paa laurdag var kann henda likso merkeleg med krafti i fela som styrken hjaa spelaren.

— Det skulde voret nemnt, at i tilhøyrarflokken sat alle namnkjende lemer av det musikalske standet her i byen. Daa dei klappad hjartelegaste, er deira dom den strengaste eldprøva fyr eit musikalsk gjetord".

I andre blad fløymde vellætet endaa sterkare, og dei sette Ole Bull langt yver Paganini.

Onsdag den 1ste juni spelad han andre gongen i Kongsteatret. Dagen etter heldt *Times* han i hop med Paganini, for no hadde han spelat eit stykke av han og. Dei musikalske folk i London mintest endaa kvar den tone, for Paganini sjølv hadde spelat det stykke i London.

„Naar me segjer, at Bull bar seg mannsleg under samanlikningi, er det ægte ros, og han fortener den". Tonelaupi var lika reine, skjote og greide, og umskiftet i spelelaget lika rikt. Skulde det vera nokon skilnad, so var det i klangen. Den var kann henda større hjaa Paganini sjølv.

Og torsdag den 16de juni skreiv *Times* atter: „Ole Bull gav sin tridje koncert i gaarkveld. Den er tillyst som den sidste, men han var so god og utruleg heppeleg, at det lyt til fleire koncertar. Dei fær ein fulla og.

Ei fullkomnare utførsla kann ein med naudi tenkja seg. Hadde Ole Bull fyrr lit til seg sjølv, so liter han no ogso paa aalmenningen, for han

hev den vissa, at han er grundig forstaden og vyrd. Det var audsynt, at han med denne vissa var god-til ganga yver alt, han til dessa hev gjort.

Alle stykke, han spelad denne kvelden, var hans eigne verk. —

Den store ynde laag kann henda i den reine stilen, som alt vart gjevet i. Det var alt i hop hans eiget, nyt, med samanheng og venleik, utan alt svik. Helder ikkje var der raad aa finna herming etter nokon annan stor meistar".

Paa denne koncerten var det mest 3000 tilhøyrarar.

„Norig kann vera stolt, fyrdi det hev ein slik son", skreiv eit annat blad*). „England fegnast, fyrdi han er stigen i land".

„Ei den ville bylgja, naar ho sprengjer dammen,
ei den ville stormen, or sin kvelving jagande,
ei den ville aand, som mengjer dei tilsaman
og deira raasur driv i seine haust".

kjem upp mot hugleiken aat Ole Bull.

„Snart aalvorleg, snart glad,
snart blidlaaten og snart sturen",

no lyfter han Dykk til høgtidsgleda, so kastar han Dykk med eit einaste strok ned i djupaste sorgi. Det fortener i sanning namnet musikk —

*) „Public Ledger" den 19de juni.

med all kjensla, heile fagerleiken aat Paganini, utan hans villa".

Eit annat blad*) legg ut um, at „hans „stakkato" er ikkje naatt og kann, me segjer det fritt, aldri verta yvergjenget".

Liksom alle, som hadde med Laporte aa gjera, vart han snytt fyr mange pengar. Men kvat gjorde det? Han tente pengar som gras lika fullt. Fleire gonger spelad han paa andre teater i London og elles ofta i lag hjaa storfolk og samlag. Det var snaudt ein dag, utan han spelad ein stad.

Soleids hjaa hertugen av *Devonshire*, der Englands finaste adel var i laget. Hertugen var reint hugskoten i Rubini, som ogso song i detta laget. Men Bull spelad, so taarurne blenkte i augo paa dei engelske damur. Og hertugen sagde, daa dei sidste tonarne tagnad: „De song aldri meir hugtakande, Rubini!"

Det var det største lovord, som segjast kunde, totte Bull sjølv. Daa han eingong vart spurd, kvat fyremuner Rubini hadde framum andre syngjarar, var svaret: „Han byrjar, der andre sluttar". Men fela aat Bull hadde ei levande sjæl, sagde hertugen. Og attaat lovordi hadde han 50

---

*) „Morning Post" 23de mai.

pund som heidersgaava aat Bull. Og sidan ein grus ring.

Mykje namngjeten vart den kvelden, han var i spelelskarsamlaget i London. Der var ogso fru Malibran og Thalberg. Men Bull tok prisen. Det vart eit staak og ei uppgløding, so det var store ting. Bull spelad med slik fysna og brand i sjæli, at damur og herrar i mengd reis upp fraa sine sæte med høge rop. Soleids tok han dei.

Men so var han sjuk mange dagar etterpaa.

Til alle dei kunstfolk, som hadde vortet venerne hans og hjelpt han paa koncertarne, gav han gode gaavur. Og sjølv fekk han og gull og gaavur og æra!

For han stod som soli millom alle dei store og namngjetne syngjarar og spelmenn.

„Eg er sigerherre!“ fortel han Felice, og han var det.

Men so undarlegt! Inkje fyrr er det skrivet, so kjem det andre tankar yver han. Han stend med ungdom og æra, glans yver sitt liv, han hev vunnet — daa kjem tanken paa dauden fram. „Detta livet møder meg ut“, skriv han til Felice, „men kvat gjer det? Eg døyr velnøgd. — Livet hev ingi draging fyr meg. Dei hev gjort nok til, at eg kunde leidast av det og. Men eg vil i minsto døy som sigerherre“.

I England møtte Ole Bull sin kjære Fearnley atter. Han var paa heimvegen og hadde reist um Paris. Der vart han kjend med Felice, som vart svært glad i han. Strauk so til London med helsingar til Ole.

Der var han paa den fyrste koncerten og vart vitne til den store sigren. Han var mest fraa seg av gleda yver lukka aat venen.

Sidste maidagen reiste han heim til Norig og kom til venerne i Kristiania med gamle og nye eventyr um deira Ole Bull.

Og sidan fylgde fleire eventyr etter.

Høgste sumar tok Bull til Paris. Der var det butt til brudlaups. Den 16de juli vart Ole og Felice gifte etter fransk vis hjaa byfuten. Den 19de fekk deira ægteskap velsigning av kyrkja.

Dagen etter foor det unge hjonet til England. I Regent park i London var det stellt til ein fin heim aat dei.

Men Ole maatte ut og ferdast atter. No spelad han i dei engelske landskap.

I september skulde det haldast ei rad store musikkfester i fleire større byar. Dei tingad paa Bull til aa spela paa desse festerne. Han sette paa 800 pund sterling, men det var for mykje. So tingad dei paa Malibran og Grisi, men dei

sette paa 2000 pund. Daa vart det spurnad um Bull atter, men det var ein dag for seint. For han hadde gjenget i lag med den namngjetne harpespelaren *Bochsa,* og dei skulde reisa gjenom alle tri kongeriki og giva koncertar.

So vart fru Malibran-Beriot tinga til aa syngja paa festerne, men det vart enden hennar.

Ho var ikkje frisk, men lika fullt song ho i Manchester. I ein tvisong gjekk ho høgre, en røysti hennar var til, og heldt tonen so sterkt og lenge, at det nogg i folk. „No er det ute med meg!" ropar ho og sturtar. Eit blodkar var sprunget.

Festformannen kom paa vitjing til henne og meinte, at ho fulla kunde syngja atter. Daa skal ho hava svarat svivyrdeleg:

„Trur De, at eg likjest ein af Dykkar engelske nevekjempur, som kann taka paa atter, naar dei berre fær han paa føter? Torsk!"

Tvo dagar etter var ho sloknad.

Detta tok Bull sterkt. Dei hadde voret slike vener. Den kvelden i Neapel glømde han aldri. Eingong hadde han bedet henne spara seg og tenkja paa helsa. Daa hadde ho svarat:

„Tilhøyrararne gjer i vissa ende paa ein — anten ved si likesæla elder sine kravsmaal".

„Ho døyr som eit offer fyr si lukka!" skriv han til Felice. „Ho er daai, av di ho hev

forteket seg. — Det synest reint umogelegt! — ei kvinna med slik ein eld i sjæli, ein ofseleg hugvarme, ein hugtakande song, eit spel, eit fyre-drag! — aa eg minnest i Bologna, kor eg gret, daa eg saag henne i Othello, — ho liktest deg, so eg mest trudde, det var deg, eg saag paa teatret — og no daai! — det er fælt aa tenkja paa. — Alt, som lever under soli, maa døy“ —.

Felice skriv, at han ikkje maatte fortaka seg. Aldri spela meir, en han hadde godt av.

Men musikkfesterne skulde halda paa. Kven kunde greida det etter fru Malibran? Det var berre Bull det! So bod etter han.

No vil han hava 800 pund sterling — vel 14,500 krunur — fyr aa spela *ein* kveld i Liver-pool. Det skulde han faa.

Men det var, liksom fru Malibran skulde turva ein musikalsk fylgjesvein gjenom daude-skuggarne. Koncertromet var svært stort og gav litet klang. Orkestermedspelet var so sterkt, at fela litet høyrdest utan ovsterk laat. Han spelad emne, som vart uppgjevne med det same, og laut bruka stor magt til Polacca'en. Han trutnad so upp, at ermarne maatte sprettast av han, og um natti sprang eit blodkar. Han var so trøytt, at han ikkje kunde røra seg i sengi.

Daa venen hans, hertugen av Devonshire,

høyrde, at han var sjuk, sende han vogni si etter han. Bull skulde koma heim til han og kvila. Han gjorde seg sterk og reis upp, gjekk og saag gravi aat Malibran i kyrkja i Manchester. Men han var so kløkt, at han laut ganga atter med det same. So kom han til Chatsworth, der han var heidersgjest i 8 dagar og levde som ein prins. Der kom han saman med folk av dei høgste samfundslag, menn og kvinnur av dei namngjetnaste, tidi aatte. Millom andre ogso den store irske diktaren *Thomas Moore*. Han ikkje berre song sine eigne songar aat Ole Bull, men han baade song og skreiv upp aat han dei irske folketonar og kvæde, som han seinare skulde spela paa sine koncertar. Hertugen gav han eit grust gull-ur til minne og viste elles stor venskap.

Men so bar det ut atter. Han foor gjenom alle tri riki paa 16 maanar og gav ikkje mindre enn 274 koncertar. Han vann æra og gull, tente pengar, so han vart ein rik mann.

I Edinburg diktad han „Helsing til Skotland“ og i Dublin „Irske folkedraumar“*) og „Velfar aat Irland“.

Men det røynte paa helsa mangein gong, soleids som han lagde seg sjølv i sitt spel. Han

*) Cantabile doloroso e Rondo giocaso“.

er sjuk og trøytt, men reiser seg atter og spelar med større kraft en fyrr. Etterpaa koncertarne er han laugande sveit og nervøs attaat, so det er smaatt med svevnen. Han skjelv, og bringa er som flengd av kniv, han ser visst ikkje si Felice meir! Men snart stend han rak og spelar med dei mange tusund under si magt. Men tanken paa dauden er ikkje langt undan. Inkje so, at han er rædd. Nei, men han skal døy ung, vil lika vel døy som ein mann.

Det er, som kjempa hadde byrjat sitt styrketak med livet, fyrr kroppen er utvaksen til det.

Men han vinn baade gull og æra.

Ole Bull og Paganini.

(1837).

Dei møttest ein gong. Det var i Paris 1837. Ein morgon gjekk Bull paa gata. Daa raakad han ein kjenning, heitte *Sind* og var bankmann. Han vilde, at Bull skulde fylgja med til Paganini. Det vilde han gjerne. Men aldri so snart var det sagt, fyrr dei saag ein undarleg kar kom til motar. Det kunde ingen annan vera en den store felespelaren sjølv. Fyrr dei endaa var framstellte fyr kvarannan, helsad Paganini som paa ein gamall ven og kjenning. Bull vart forbinad

og trudde fyrst, at italiamannen tok han fyr ein annan. Men han kunde ikkje annat en taka til seg dei venlege og hjartelege ordi fraa den store meistaren. Paganini bad Bull og Sind ganga med til bustaden sin. Der fortalde han Ole Bull mykje um sin sjukdom, sitt stræv og eltingi i bladi. Det var plent, som dei skulde voret kjende lenge.

Ein kann vita, at Sind vart forbinad yver detta. For den store meistaren var van til aa kneppa den svarte frakken tett til og halda alle kunstfolk fraa seg. Og no detta! Men Bull kunde berre svara, at dei aldri hadde helsast fyrr. Han trudde elles, at Paganini var so ulik seg sjølv, fyrdi Bull ikkje spurde han um gode raader. Det kunde den gamle særvorne spelmann ikkje tola. „Denne torsken Ernst“, sagde han, „reiser i kring og hermer etter meg, som kunde han lura til seg mi kunst. Den tek eg med meg i gravi“. Bull bad ikkje eingong um aa sjaa den namngjetne fela aa Paganini, endaa han hadde gode hugen.

Paganini skal hava bedet Bull spela aat seg, men visst er det, at han ikkje fekk gjort det, for han stod paa ferdafoten.

Men Paganini hadde høyrt Ole Bull. Naar elder kvarhelst, kom han aldri etter. Men til ein kjenning av dei baade tvo hadde Paganini sagt,

at „Bull var den fyrste, som ikkje hadde
med han“, daa han spelad eit av hans fe
Og større ros gav Paganini ingen spelm

I 1874 hende nokot, som peikar sa
Fraa greiven *Cessole*, den gode venen a
nini, fekk Bull i Nizza eit brev til son e
mannen. Sonen skulde syna ein upren
eert etter faren, for Bull var den einas
kunde spela den. Det høvde ikkje so,
raakad den unge Paganini, men det v
fullt, korleids domen var um Bull mill
som hadde stadet nærmast den store kunst

Mest kvar han foor, vart Bull likna
med Paganini. Stundom vann han p
og andre tider tapte han paa det.

Like var dei ogso i mangt. B
hadde lært seg sjølve det meste, og st
næme var dei. Villstyringar og, som ikk
inn under nokon skule, helder ikkje bøy
seg fyr nokon. Baade tvo spelad helst s
tonedikt, og med dei tok dei verdi. I
dei var lagad til aa tolka andre. Dei h
eigen tale. Det vart sagt i England, at
spelad stykki av Paganini fullt so go
diktaren sjølv hadde gjort det. Og d
trulegt. Men Paganini spelad ogso st
andre og skamfoor dei reint illa.

Sumtid vart det sagt, at Bull hermde etter den andre. Men slik tale er meiningslaus. Han høyrde han berre eit par gonger i Paris men hadde stor vyrdnad fyr han. Ja Paganini var vel den einaste meistarspelar, han hadde djup samhug med. Sumt hadde han fulla lært av han, og det var dei gonger, han gjorde fyr mun og hermde etter Paganini — fyr moro. Men „Nordpolens Paganini“ hadde rikdomen med seg heimanfraa. Sterk var han og sersynt, stolt og, og han skulde vera hermefugl? Nei det var uraad. „Eg tykkjest sæl, fyrdi eg ikkje hev teket annat av meistaren en handi hans“, skal han hava sagt, daa han helsad paa Paganini. *Det* er likt han, for slik var han, han vilde ikkje skylda andre nokot, ikkje andre en Norig, sin fedraheim. Den vilde han skylda alt. Ein slik mann kann ikkje herma.

Paa heimferdi.

(1837—38).

Han stundad heim, til skyldfolk og vener og til gamle kjære tufter. Der skal han kvila, ja paa Valestrand, der han hadde leikat som gut. Der skal han leva gode dagar med Felice og vesleguten deira!

Men fyrst maatte han vinna dei land, som paa heimvegen laag.

Han foor fyrst til Belgia, derifraa ei lengerferd til England og so um Paris til Belgia atter, der han spelad fleire stader og vann stort gjetord. I Brüssel kveikte han folk, so dei ikkje var godtil sitja stille men spratt upp og stod paa benkjerne. Men ingenstad gjorde dei slik høgtid fyr han, som i Courtray (Kortryk).

Vermeulen var ein varmhugad musikkelskar. Og no kom Ole Bull! ein konge i den musikalske verdi. Som konge skulde han verta motteken og, det var ikkje raad annat. Ei mil fraa byen kom det ridande i motar han ei æresvakt paa 30 verduge borgarar, som fylgde han inn i den festklædde byen.

Bull spelad i det lukkelege Courtray og det framifraa godt. For sjølv levde han i sitt spel, so orkestret gret og gløymde spela med. Han kunde fodrat hestarne aat ein garde med dei blomarne, som døtterne aat Courtray strøydde fyr han. Og so eit festlag hjaa hans vert, Vermeulen, eit lag, som var nokot fyr seg sjølv. Og so selde han sin lukkelege vert den Guarnerius-fela, han hadde spelat paa, sidan han fyrste gongen foor til England.

Sjølv fekk han seg fraa Paris ei fela, som

tolde trykket betre. Ho var arbeidd 1742 av Josef Guarnerius. Denne vidgjetne fela vart i 25—30 aar den, han mest brukad*).

Foor han so til Hamburg, der han kring aarsskiftet gav 5 koncertar fyr mange folk, som fagnad han framifraa vel. Daa han den 7de januar 1838 reiste fraa byen, kom det eit sendelag og bad han spela endaa ein gong. Han kunde ikkje daa med det same, men han kom sidan atter og gav ein velgjerdskoncert i den store Apollosal. Ingen hadde set so mange folk paa ein koncert i Hamburg fyrr.

Millom dei mange venerne hans i Hamburg maa nemnast den norske pengemann *Reimers* og hans hus. Desse folki var alltid hjelpsame mot han. Dei vilde jamvel hava kona hans til aa bu hjaa seg, med' han ferdadst i Tyskland, men det vart daa ikkje av.

Han dusar ikkje tidi burt, Ole Bull. Han kjøyrer um natti, held prøva um dagen og spelar um kvelden, kjøyrer av stad same natti atter, og soleids held han paa. Men etter eit slikt tak lyt han sova heile dagen.

Slesvig var det lengste, han kom mot nord den gongen. Alle stader fullt hus og tvihøge prisar.

*) Sonen, Alexander Bull, hev henne no.

I gamle Lübeck vann han endelaus samhug.

Derifraa reiste han til Schwerin, som ikkje ligg langt ifraa. Dit var han beden av sjølve storhertuginna, som var ei dotter aat preusarkongen og syster til kjeisar Wilhelm den fyrste. Ho hadde ogso lovat han brev til dronningi av Rusland, for det var systeri, det.

Han foor i veg kl. 10 um morgonen og skulde voret framme same kvelden, men det kom slik ein snjodett, at han tok i mist av vegen og kom fyrst fram kl. 5 næste morgon, og heile tidi hadde han voret i vogni. Ved prøva lenger ut paa dagen takkad storhertugen han, fyrdi han var komen. Og etter spelet um kvelden kom han med taarur i augo og bad Ole Bull koma paa slottet næste dag. For, sagde han: „Mi husfru hev graatet heile tidi under Dykkar spel, og ho vil plent sjaa og tala med Dykk“.

Um natti vaktest han av brikjande friluftsmusikk utanfyr herbyrget — det var fagning fraa teaterfolket.

Dagen etter paa slottet. Storhertuginna fortalde han, at ho same morgonen hadde skrivet til far sin um den verknaden, spelet hans hadde havt paa henne. Ho bad han ogso reisa til Berlin og spela fyr kongen. Men det høvde ikkje med reiseruta, fortalde han, for han skulde beinaste

vegen til Rusland. Jau han maatte, elles sette ho han fast i Schwerin, skjemtad ho. Det vilde elles vera god hjelp aa fara um Berlin, naar han skulde til Rusland. So lovad han det.

Um dagen var heile storhertugslyden paa prøva, og paa koncerten um kvelden fekk han brev baade til Rusland og Berlin.

Dagen etter paa ferdi til Berlin. Der raakad han Johan bror sin, og dei levde hugsame dagar. Og Johan kunde fortelja, at det heime i Norig ikkje fanst ein bonde, utan han kjende hans namn og fregad etter han.

Elles gjekk det ikkje so godt i Berlin. Han var for rak i ryggen og stiv i nakken.

Sitt brev til kongen skulde han giva til yverraadsmannen, greiven *Rødern*. Og Bull so gjorde. Men greiven galdt fyr ein stor kunstkjennar og vilde ikkje sleppa han til aa spela aat kongen, fyrr han sjølv hadde høyrt han og sagt sin dom. Han bad Bull spela paa teatret. Nei det vilde han ikkje, for so laut han venta heile 10 dagar. Kvifyr var han so komen? Han skulde helsa paa kongen. Visst liti raad med det, svarad greiven spiten. Han skulde daa høyra seg fyr. Men næste dag var det ingi raad med det. Greiven bad Bull taka fela med seg til næste fyremiddag, dei skulde raakast i operahuset. Og Ole Bull kom.

„Men kvar er fela?“ Greiven vilde sjølv høyra meistarspelmannen, han.

„I felehuset“, svarad Bull.

„Men felehuset?“

„I hotellet“.

„Men sagde eg ikkje, at De skulde hava fela Dykkar med?“

„Aa eg bed! Det fekk eg meg aldri til aa tru var aalvoret Dykkar. Ein kunstmann spelar anten fyr æra elder penning, og denne gongen kunde det ikkje verta spursmaal um korgje. Hr. greiven lyt finna seg i, at kunstmannen sjølv nøgjer seg med vitnemaalet fraa hans eigi kongsdotter“.

Ole Bull skundad seg til Rusland. Paa vegen spelad han 4 dagar i rad i Kønigsberg og sette endelaus kveik i folk. Etter den sidste koncerten, daa huset var stappande fullt, vart han kransad paa tilet. Han spelad „Sæl er du med sigerkrans“ i full samljoding. Det var takken hans.

I Riga gav han 4 koncertar paa 5 dagar.

I St. Petersburg var det atter meinraader og krokar. Alt tottest vera imot han, den høge adel, kunstmennerne og alle bladi so nær som eitt. Og i Rusland maatte ein ganga rundt til alle store og krøkja seg, um alt skulde vera vel. Men Bull gjorde det ikkje, og lika vel snudde

han alt til beste byr. Etter mykje stræv fekk han det til so, at han skulde spela paa kjeisarteatret den 8de marts. Og huset fylltest, for gjetordet drog. Sjølve kjeisaren og hans huslyd og den høge adel kom. Det var uraad halda seg burte, naar han skulde spela Polacca'en. Ole Bull vart fagnad, med' det same han steig fram, og fagningi aukad, di lenger det leid. Det var snaudt, fagnaden gav folk stunder til aa høyra paa orkesterspelet. Det tok til med trapping, klapping og fagnadrop. Daa han var ferdug, ropad sume: „Uppatter!" Men andre: „Nei, nei, det er skam aa trøyta han". Og det sagde mengdi ja til med nye fagnadrop, trapping og klapping. Han kom lika fullt fram og spelad utan medspel den russiske folkesongen, som han hadde høyrt fyrste gongen dagen fyreaat. Endelaus fagnad! Sjølve kjeisaren og hans huslyd klappad med. Etterpaa vart han ropad fram til ny fagning tri gonger.

Alle bladi var fulle av ros.

„Eg hev aldri voret vitne til slik aalmenneleg og heil fysna", skreiv ein. „Tonarne fraa fela aat Bull hev fenget jamvel hjarto hjaa hans ovundsmenn til aa tina. Og ein namnkjend kunstmann sagde um han, at han hadde byrjat

spela fyr *baade* vener og fiendar men sluttad med aa spela fyr *berre* vener".

Han gav endaa tvo koncertar i hovudstaden. Same fagnaden og fullt hus, endaa det rømde 5000, og biljettprisarne var 4 gonger det vanlege. Til dei beste sæti var det 100 franks — vel 70 krunur.

Han spelad ogso heime hjaa dronningi. Som heidersgaava fekk han ein kostesam ring med 140 glimesteinar i kring ein stor smaragd. Og fraa kjeisaren sjølv eit takkebrev.

Til Moskva vart han innbeden og gav der 5 koncertar. Fyrr han endaa hadde spelat paa den fyrste, var dei beste sæti til den andre koncerten tingade burt. Alt paa fyrste koncerten tente han 15,000 franks — ei 10,700 krunur. I Moskva lagad han ogso eit nytt dikt*). Same lukka og fagnaden inkje mindre. Fraa den fine adel fekk han gode gaavur. Soleids fraa fyrstinna Galitzin ei bringenaal med ein smaragd, som var innringad med smaa glimesteinar, fraa ei onnor tri glimesteinsknappar, fraa ei tridje ein smaragdring o. s. fr.

I Moskva fekk han den syrgjebodi, at faren var daaen. Han hadde stundat so etter sin store

---

*) „Variazioni di bravura".

son og leset dikti og lovordi ute fraa Europa. Og no kom fulla baade Ole og Felice, det var voni hans, han vilde so gjerne sjaa dei. Paa sottesengi hadde han rødt um det same og voret so lukkeleg. Men Ole kom ikkje!

No tok stundingi han med ny magt, so han ikkje kunde stana lenger i Rusland, endaa han helst vilde smidt, med' jarnet var varmt.

Han foor spelande gjenom Finland og kom til Stockholm.

Der var det ikkje meiningi aa spela, for han stundad berre heim. Men folk vilde plent høyra han. Og kann henda han spelad, naar dei bad han hjelpa dei vermelendingarne, som hadde voret so illa ute fyr skadeverme. Han gav 1800 krunur til dei, men spela vilde han ikkje.

Daa fekk han bod fraa kong Karl Johan, som vilde gjera seg kjend med sin namngjetne nordmann. Bull kom fraa Rusland, og under samtalen fortalde kongen, at han hadde skrivet til russekjeisaren, at han og hadde sine polakkar — *nordmennerne.* Men daa hadde fulla kongen gløymt, kven han hadde fyr seg. Det fatnad i Ole Bull, og han svarad:

„Kann Dykkar majestæt nemna ein einaste gong, daa mine landsmenn ikkje hev vist seg som lovlyduge og trune undergjevne?“

„Desse ordi Dykkar høver ikkje her“.

„Dersom mine ord ikkje høver her, so gjer helder ikkje eg det, Dykkar majestæt, og eg segjer farvel“.

„Nei stana!“ ropad kongen, og handi baud han gjera det.

„Nei, Dykkar majestæt! eg vil sjaa, um ein *nordmann* er fri i slottet aat svenskekongen!“ Han bøygde seg djupt og vilde ganga.

Daa blidkad kongen seg og sagde:

„Eg bed Dykk, Hr. Bull, um aa stana! Ein fyrste hev den skyldnad aa høyra meiningarne aat alle sine folk“.

So gav Bull seg til.

Kongen bad han spela i Stockholm og lagde til, at det var som *norsk* konge han bad um det. Daa det kom paa den maaten, var det raadlaust segja nei.

So gav Bull 5 koncertar, dei fire fyrste i operahuset og den sidste i kyrkja. Paa den tente han 18,000 krunur.


Paa slottet spelad han tvo gonger, og med Polacca'en hugtok han den gamle kongen, som elles ikkje brydde seg um annan musikk en trumpet og trumba, so han sprang upp fraa sessen og stod og lydde med taarur i augo, til stykket var slutt.

Av dronningi, krunprinsen og krunprinsessa fekk Bull framifraa fine og kostesame gaavur.

Daa han sagde farvel paa slottet, baud kongen han den svenske Vasa-orden i glimesteinar. Bull takkad fyr tilbodet men kunde ikkje taka imot. Ein lumeduk elder ein trøyeknapp, kongen sjølv hadde aatt, sagde Bull, vilde vera eit kjærare minne. Daa kongen saag, at han ikkje vilde hava ordenen, sagde han, at Bull kunde koma til kongen, naar han berre vilde, utan aa spyrja um lov.

Med vyrdnad lagde han til: „So vil eg giva Dykk nokot, som eg veit, De ikkje mismæter — ein gamall manns velsigning!“

Og Bull bøygde seg og tok imot velsigningi.



IV.

Heimkoma.

(1838).

Naar verden lytter til dit kvad
og bæver ved din vælde,
da skjælver glemmigeiens blad
af fryd paa dine fjelde.
Welhaven.

Aa som dei ventad paa han heime! Hans namn og eventyr hadde gjenom blad og forteljing naatt til store og smaa, til bymann og bonde. Han stod i ein ring av eventyr, glimesteinar, heider, fagnad og æra, som ingen nordmann hadde gjort det paa mange hundrad aar. Han var meir en eit menneskje, straaleglansen gjorde han plent til ein gud. I minsto kunde han som Orfevs spela aand i villdyr og liv i steinar. For folkesegni hadde alt teket hans namn og gjort det kjært i borg og hytta.

I hovudstaden talde dei timarne, til han skulde koma.

So kom han sundag den 8de juli med eimbaat fraa Moss, hadde baade kona og vesleguten med seg. Folk rødde ikkje um annat en Bull. Men bladi i hovudstaden tegjer reint stille um

hans heimkoma. Folk visste alt fyrr. Denne togn segjer meir en mange ord.

Berre aa sjaa han var ein fest. Men saag han soleids ut? Folk hadde mest tenkt, at han gjekk med glimesteinsknappar i trøya og den store mannen i andlit og framferd. Men han er plent den same, sagde hans gamle vener, smaalaaten og endefram. Det barnslege smilet hadde han, og augo var gløgge som fyrr. Nettupp same norske guten. So kunde nordmannen vinna Europa, um han var seg sjølv og.

Men aa høyra han! Det var mest, som folk gløymde sitt yrke av berre bisning og stunding.

Han laut kvila ein fjorten dagar fyrst, sagde han, for han var so trøytt etter dei sidste ferderne.

Naar ein berre kunde heidra han til gagns! Men kvat skulde ein finna paa? Han kom fraa millionbyarne, fraa kongar og kjeisarar. Kvat kunde me bjoda han?

Kongen sende paa nytt Vasa-ordenen i glimesteinar. Han kom igjenom den norske stathaldaren, greiven *Wedel Jarlsberg.* No kunde ikkje Bull segja nei lenger. For heidersteiknet kom med den bøni fraa kongen, at Bull maatte vera so raust aa taka imot gaava, so verdi kunde sjaa, at norske kongen ogso var god-til aa mæta og æra hans rike flognæme.

Studentarne var inkje god-til halda seg, braadhugade og varme, som dei var. Dei baud Ole Bull til fest den 19de juli. Paa denne festen møtte han det unge Norigs søner, som gløymde all sin strid under glansen kring Ole Bulls namn. Der var ogso slike karar som Kristofer Hansteen, Jonas Anton Hjelm og Herman Foss. All den æra, som paa kunde finnast, vart synt han. Med' dei song ein nydiktad song til hans æra, vart eit skygg trekt til sides, og „*O. B.*“ lyste i dei glade augo. Og endelaus var fagnaden, da skaali hans vart drukki. Bilætet hans hekk der med blomekransen i kring. Denne kransen kom seinare um kvelden paa hans eiget hovud. Daa han gjekk heim, fylgde studentarne som æresvakt. Og utanfyr huset fekk han hurra paa hurra, med' han takkad og smilte fraa vindaugat.

En liten koncert gav han ogso, lika etter han var komen. Det var, daa han tok fela si og gjekk upp til sin gamle lærar *Paulsen*. Vanlukka hadde voret etter han, men no laag han i den sidste striden.

Ole spelad fyr han paa det fatige kammerset, og den gamle gret av berre gleda. Dei taarurne let Bull trilla, for dauden sat attmed og ventad paa den gamle. Men kona og barn, som sat etter i naud og sorg, deira taarur turkad han

burt med mild og hjelpsam hand. Ved slikt, segjer Wergeland, fegnast englarne og klappar med vengjurne.

Den 23de juli gav Ole Bull fyrste koncerten til tvihøge prisar — 6 og 4 krunur biljetten. Det var i teatret paa Bankpladsen, den gongen nytt og ei æra baade fyr by og land.

Det var ikkje tale um orkester og medspel. Han greidde det fulla aaleine, Ole Bull. Naar ein berre kunde faa rom! Huset var som stappat.

Det var ei uppgløding, som leitad etter ord. Det var, som gleda fløymde utyver alt og alle. Kvinnurne druste blomar, og sæl var den, som kunde segja: Han tok mi rosa, han fekk min nellik! Handklapp og framrop.

Og i bladi var det ingi tvil, ingen missljod, som skjemde gleda.

Som prøva skal me taka med nokot etter dei tvo hovudbladi.

„Den konstitutionelle“ skreiv: „— So kom han sjølv, Ole Bull. Han tottest litt syten, men eit dundrande glederop helsad han fraa alle kantar, og fagnaden kom yver han tett og kveikjande som eit regnskol.

Daa stiltest det atter. Det var snaudt ein andad, eg høyrde; kor hjarto slo rundt i kring meg. Endaa laag dei paa botnen av hans

forundarlege fela, dei tonarne, som skulde hugtaka oss. Men no lagde han bogen paa strengjerne, og alle øyro vart fyllte med den venaste laat. Det trengst ikkje musikalsk dugleik, ein kjem upp i under yver Bull lika vel! Hagleiken hans er visselig likso merkeleg som hans givnad. Men nettupp difyr talar han eit tungemaal, som alle kann skyna. Dei fleste hev hjarto, og difyr vert dei hugtekne av Ole Bull, endaa dei ikkje kann kjenna hans rette storleik og dei vanskarne, han vinn greida. Mengdi haattar ikkje, kor mange stridar, spillte freistingar og sigrar, kor mange vakenæter, kor mange vrakad mynster og jordfeste voner det kostar, fyrr flognæmet er god-til verta meistar yver sine eigne krafter og leggja vengjurne til flog. Spelet aat Bull gjorde ofseleg verknad. Hans hugleikar er so vene og skildringarne so sjølvgjevne og sermerkte. Midt under dei kjekkaste flog høyrde ein liksom ljomen av gamle minne. Hans fela fortalde eventyr, og ein høyrde alpehorni, som fekk svar — fraa dei norske fjelli av lurtonar, ljomande og døyande langt burte.

Det gjeng smellande kraft og mjukleik gjenom det heile. Det er som ein sumar-ande, full av minne og stunding, kjem yver• tllhøyrararne.

Utførsla stend yver alt, ein kann tenkja seg

av meistarskap. Stundom gjeng hagleiken ogso yver til ei kroting, som berre den musikalsk upplærde kann fella domen um.

Alt synest ganga so lett. Med' det fyr andre ser ut, som bogen berre leikar seg burt yver strengjerne, kryr det av tonar, hugtakande, klaare, reine, alltid skiftande og kveikjande. Dei kviskrar, heiar og klagar rundt i kring og tek oss. Ein trur allstødt, at ein høyrer eit heilt orkester. Det læt, som um fuglarne og vinden sjølve var med og blistrad og susad. Ein høyrer skilet mange instrument paa ein gong, men ser ein vel etter, er det ingen annan en Ole Bull. Mest hugtakande tottest han meg i andre luten av a-dur-koncerten. Der var ei øgjeleg sut og ein klagande hugverk, som smaatt um senn stilltest av i graat. Det var plent som hikstegraat i fela. So gjekk alt yver i djupe, huggande tonar, med' klagurne endaa høyrdest imillomatter.

Sidstpaa vart hr. Bull ropad fram, og fagnaden druste yver han. Til svar spelad han folkesongen: „For Norge, kjæmpers fødeland.“ Etterpaa ny fagning, som han tok imot med smaalaatne og venlege minur.

Hr. Bull saag so velnøgd og lukkeleg ut, han kjende, at Norig var stolt av sonen sin.

Endeleg gjekk teppet ned, men der laag

togn yver folk. Dei kjende, at ein trollmann hadde voret til stadar, og magti hans var inkje slutt, endaa ein ikkje lenger saag han. Dei underfulle tonar klang endaa i alle barmar. Ein hadde høyrt nokot framifraa, det kjende ein, og gjekk drøymande heim“.

Og „Morgenbladet“ skreiv:

„— Hans sidste reis hit var ei sigerferd. Vonerne difyr store, stundingi etter aa høyra han ramheit. Me hev høyrt han, *betre* en vonerne, og stundingi hev stiget til brennande torste. —

I den myrke midaldren skulde Bull lett vortet teken fyr ein trollmann. Men i vaare upplyste tider stend han som ein stormeistar i si kunst. Me ottast ikkje fyr han, men me elskar han og fegnast ved hans tonar“.

Han gav 3 koncertar til og tente i alt 16,344 krunur, som var fælande mykje — til i Norig aa vera.

Og fagnaden berre aukad paa. Paa sidste koncerten var det heile 1000 tilhøyrarar. Kristiania var det ikkje raad aa kjenna atter, so musikalsk det med ein gong var vortet.

Og so norsk! Sjølve storfolket var det. Daa Bull vart fagnad etter tridje koncerten, svarad han med tonen til: „Aa kjøyra vatn og kjøyra

ved", som klang baade høgt og laagt i umbrøyte fraa fela hans.

Etterpaa skreiv „Den konstitutionelle":

„Det er merkelegt, slik verknad ein sovoren folketone gjer, naar han vert spelad av ein meistar. Hr. Bull vilde i vissa ikkje kunna gleda sine landsmenn betre, en um han spelad eit elder annat norsk emne paa den koncerten, han endaa skal giva her. Detta hev han tidt gjort paa sine koncertar i utlandet, etter det bladi hev fortalt".

So spelad han etter sidste koncerten ein Harding-slaatt. Og aldri var fagnaden større en daa, og kransar og blomar druste.

Det var ikkje berre Kristiania-folk, som vart hugtekne. Nei dei kom langveges baade fraa by og land og skulde høyra Ole Bull. Elder i minsto sjaa han! Det kom alt, som det var eld og framtak i. Og tonarne lyfte og gledde alle.

Millom andre ogso *Ingebret Soot.* Han var ein arm husmannson fraa Urskog, ein floghaus av fyrste slaget, som ved trott og stræv hadde sleget seg so langt fram, at han var den fyrste i landet til aa byggja vegjer og grava kanalar. Og alt gjorde han utan lærdom og etter sitt eiget hovud. Det var *han*, som hadde sagt: „Grytehodda er lika lang, anten ho ligg elder stend uppe, men liggjande er ho flatare". Soleids vart

vegen og lika lang, anten han gjekk yver haugen elder i kring, men paa sidste maaten vart han flat og lett.

Han var ein rudningsmann fyr den nye tidi, Ingebret Soot.

Vinje kvad, daa han var sloknad:

„Kvil etter lange verkedag.
du gode gamle Soot!
Du var ein mann av rette slag,
just av den gamle rot.
Du vel so mykje rakk som ti
paa baat og stovegolv,
paa veg og upp i furelid
og hadde vit fyr tolv.

Ja du var just ein bjørnemann
og fødd med honom upp
og likeins lufsesprang som han
og liksom hovudstupp.
Det braut og brakad kringum deg,
som sagt, i bjørnekne,
og fram du brøytte deg ein veg
og fløytte timber ned“.

Ja han var hardbalen og djerv, og bjørnelaget hadde han og, men tonarne kunde gjera han barnemild. Han kunde fylgja etter ei fela lange vegjer og graata ved eit piano.

Det var midnettes, og Ole Bull laag i den tryggaste svevnen, trøytt som han var etter koncerten. Det kakkar paa dyrri — fastare og fastere.

„Kven er det?“

Dyrri er alt upplati:

„God kveld, Ole Bull! — det er eg — Ingebret Soot. Eg er komen for seint til koncerten din i kveld, og so vil eg beda deg spela aat meg!“

„Eg er verkeleg so trøytt, eg — det er raadlaust. — Elles —“.

Den snarhugsne Soot'en hev alt funnet eldføret og kveikt i ljoset. Bull ser ei busseleg kjempa framfyr sengi.

„Eg hev reist trettan miler fyr aa høyra deg i dag“, segjer Soot'en.

„Ja, men i morgon —“.

— „maa eg vera i Aremark, — du lyt spela aat meg, Ola Bull!“

Dei ser paa kvarannan dei tvo, dei sterkaste mennerne, Norig aatte. Den eine paa aatte og tjuge og den andre tri og femti aar, tvo flognæme. Sjeldan hev slike kraftandlit speglat seg i kvarannan. Dei skynad kvarannan Bull og Soot!

Ei Stund etter sat Ole Bull med fela i sengi og spelad i ei uppgløding, som hadde han sjølve dovregubben framfyr seg, med' bjørnen ved sengstokken log og stridgret og turkad seg med labben.

Fyr denne eine tilhøyraren spelad Bull meir en elles paa ein heil koncert — soleids var han.

Ein heidersmiddag fyr Ole Bull vart halden tyrsdagen den 31de juli. Laget var paa 80 mann. Til skaali fyr han kom den namngjetne songen av Welhaven, som av Bjørnson hev fenget det ord, at han er ein av dei venaste songarne, som finst. Kjærasten aat Welhaven var daai, og han gjekk sytte aaleine, so venerne ottadst fyr vitet, men dei fekk han til aa høyra paa Ole Bull, og sorgi ho lettad. Songen, han etterpaa skreiv, tolkad hans eigne kjenslur og samstundes, kvat nordmennerne kjende, daa Ole Bull kom heim:

„Hvor sødt at favnes af aftnens fred,
naar droslen fløiter i skoven,
og birken suser ved elvens bred,
og nøkken spiller i voven!
Der er en vemodblandet fryd,
som nordens alver male,
med dæmpet kvad, med harpelyd,
med suk i dunkle dale.

Han stod og lytted en sommerkveld
og havde stemt sine strenge,
da gik akkorden fra skov og fjeld
og over duggede enge.
Og alle strenge klang dertil
med underbare toner,
som droslens kluk og nøkkens spil
og sus af birkekroner.

Og al den smerte og al den lyst,
der bor i nordens sone,
har lagt sig drømmende til hans bryst
og sitret gjennem hans tone.
O, hør den stille melodi,
der dæmper stormens harme!
Din barndom vugger sig deri
paa ømme liljearme.

Det er den deiligste strengeklang,
der letter længselens vinger,
da nynner hjertet sin egen sang,
mens strengen bæver og klinger.
Der er ei savn, der er ei nag,
som ei hans streng kan lindre.
Han vækker med sit trylleslag
en vaardag i dit indre.

O, hil dig, salige toneskald
med guddomsmagt i din bue!
Fra dig gaar jubelens fossefald,
du tænder andagtens lue.
Naar verden lytter til dit kvad
og bæver ved din vælde,
da skjælver glemmigeiens blad
af fryd paa dine fjelde".

Fleire av skaalerne syner greidt leidi, som kjenslur og tankar tok. Der var skaaler fyr det reine norske flagget, som det aaret var vortet fritt, fyr eit ukomet norsk kunstliv, fyr gamle Norig, og Bull sjølv ynskte lukka fyr det unge Norig.

So foor han vestetter. Det er sjølvsagt, at det utfridde norske flagget helsad han, og at han vart synt heider, kvar han kom.

Til Bergen naadde han laurdagen den 11te august. Ingen hadde drøymt, at han skulde koma so stor og namngjeten heimatter.

Alt um tysdagen var det lag fyr han i „Harmonien“ med ein song til han fraa *Lyder Sagen*.

Under ofseleg uppgløding heldt han tvo koncertar, der kvinnurne let det regna med blomar yver han.

Han tente 5200 krunur. Til den fyrste koncerten var det selt 850 biljettar. Dei kostad upp til 6 krunur.

Maandag den 20de august vart det atter gjort eit stort grust lag fyr han hjaa „Den gode hensigt“. Sjølve stiftamtmannen heldt heiderstalen. Og atter var det ein ny diktar, *Peter Andreas Jensen**), som song til hans pris. Ole Bull sjølv talad fyr sin fødeby, „det gamle Bjørgvin“.

Og alle saag og høyrde seg glade i han.

Same kvelden vart han og helsad med hurra, etter han var heimkomen.

Han gav ei von um, at han vilde busetja seg heime, naar det leid av nokre aar.

Men no laut han ut paa viddi atter.

---

*) Stiftsprovsten seinare vart.

Den 27de august reiste han fraa Bergen paa vengbaaten aat Janson, den historiske baaten, som Bergens-tingmennerne tok til Leirdalsøyri med, daa dei i 1814 skulde til Eidsvoll. Baaten hadde stort raasegl, fokka og klyver og framme tvo kanonur til æreskjoting. Det var ein rjukande nordanvindsstorm, men baaten greidde seg godt, so Bull kom velhalden til Stavanger med kona og barn.

Der vart det og høgtid. Heidersmiddag paa Kongsgaard med ein ny song*).

Daa det spurdest, at han vilde spela, vart alle biljettarne kjøbte med det same — utan uppslag elder tillysing.

Etter koncerten helsad folkemengdi med 3 gonger 3 hurra.

Og paa andre koncerten song aalmenningen eit vers til velfar. Men Bull tok dei sidste tonarne og umbrøytte dei paa fela. Det var hans farvel til Stavanger.

Spelad han so den 5te september i Kristianssand.

Den 14de kom han landvegen til Arendal. Eit heidersfylgje kom til motar og fylgde han gjenom gaturne. Til den koncerten, han gav, var der komet so mange folk fraa byar og bygder

*) Presten Thorne var diktaren.

i kring, at der ikkje var husvære aat alle i Arendal. Det er sjølvsagt, at der vart haldet ein glimande fest fyr han, fyrr han reiste til

Larvik, der han spelad den 23de.

Kom han so til Kristiania. Der raakad han atter sin ven Thomas Fearnley, som nett var komen fraa Tyskland og skulde giva seg til heime.

Dei 2000 krunur, han tente paa den fyrste koncerten, gav han til ein norsk toneskule — skulde verta.

Den 8de oktober heldt han sin velfarskoncert og spelad fyrste gongen „Dei norske fjelli". Han hadde diktat stykket paa heimetufterne, og fagnaden, det vakte, var det ingen ende paa. Det stykket skulde fylgja han gjenom heile livet og verta det sidste, han spelad fyr aalmenningen, fyrr han lagde seg til aa kvila.

Me, som lever so lenge etterpaa, skynar ikkje med ein gong, kor glade folk var, daa Ole Bull kom heim. For det er fyr oss, som hev høyrt eventyri um glansen og æra i kring hans namn, fraa me var smaa, plent som det skulde so voret, at Norig maatte eiga alt detta. Men med dei, som levde i 1838, er det annarleids. Han kom med ei fysna og ei høgtid, som ikkje hadde voret kjent elder set paa mange hundrad aar.

Og folk var glade, so dei snaudt fann høvelege ord fyr det. Det kjennest paa bladi fraa den tid. Det er berre ender og gong, at dei finn ord, som giv *farge og meining* til Ole Bulls glimande ferd. Men gleda tolkar dei, endaa dei berre er ein grovmælt etterklang av fysna i folket.

Men diktararne talar baade mjukt og sterkt, og dei vil alltid vera vitne um denne heimkoma. Dei prøvde seg alle baade store og smaa, og visste ein ikkje meir en detta, ein skynad lika fullt, at det hev voret fest i Norig.

Det hadde fulla voret høgtid i 1814 og seinare og. Men inkje hadde alle voret med til den høgtid, og sut og tvil hadde havt meste magti yver mange, endaa-til i dei største stunderne.

Me hadde ogso havt menn, som ber hovdingnamn den dag i dag og mykje lenger. Men der stod strid kring deira namn og gjerningar, og ingen hadde kunnat samla heile folket til fest. Ingen af Eidsvolls-mennerne, ingen av stortingshovdingarne seinare, inkje Wergeland og endaa mindre Welhaven.

Men no kom Ole Bull, og *han* kunde det. Dei, som nyst hadde stadet i verste striden, sette seg jamsides under tonarne hans. Difyr kom han med *heil* høgtid, der alle kunde vera med og var med — kvar paa sin maate.

Welhaven tolkad, korleids Ole Bull løyste flokarne, hugsotti og sorgi, hatet og draumarne, løyste altsaman i graat og gleda.

„Naar verden lytter til dit kvad
og bæver ved din vælde,
da skjælver glemmigeiens blad
af fryd paa dine fjelde".

Ja det var mykje gløymt i Norig, som skalv av hugnad, naar verdi lydde paa tonarne hans!

Norig sjølv var gløymt, hadde voret det i mange hundrad aar. Ingen norsk stormann korkje i politikk elder annat hadde boret namnet ut. Hadde me havt stormenn, andre folk tok æra fyr dei. Men Ole Bull hadde boret namnet ut og gjevet det æra, som me fekk sjølve. Han hadde stiget fram med det, inkje laagt, inkje i smaakrørne, men hjaa kongar og dronningar, statsmenn og kunstfolk, hjaa dei ypparste, som fanst, og fraa millionbyarne spurdest det i vide verdi.

Norig maatte skjelva av hugnad, daa det fekk ein slik sendemann.

Og det maalet, han talad, det skynad alle, endaa det var *norsk.* Men heime hadde dei skjemst ved det av den grunn. Daa han spelad heime fyre utferdi, var det aldri annat en slikt, som var godkjent av Europa, annat var ikkje

fint. Berre millom sine vener hadde han kunnat spela folketonen og slaatten. Ute i bygderne sat dei, fine paa laget og med maalande kraft, bilæte av folket etter tunge nedfall og vanmagtsdagar, men med sprettande liv og rike kjenslur, krafter til nye dagverk. Men desse tonarne sat *innestengde og gløymde* i dal og fjord. Ein Henrik Wergeland hadde peikat paa dei. „Inne i landet bur Israels born", hadde han sagt, men han var galen og vilde hava raaskapen til æra, sagdest det um han.

Men Ole Bull hadde teket dei fram — fyrst, daa han fann seg sjølv og sin eigen stil, og seinare fyr Europa. Han hadde spelat dei fyr dei finaste, som fanst, og *dei* var komne upp i under yver venleiken, som i dei laag. Ogso i hans eigne tonedikt hadde dei tonarne klunget med bod fraa folk og land. Han hadde ikkje skjemst ved dei men voret „Ole Olsen fiol, norsk nordmann fraa Norig". Det hadde nett voret *styrken* hans aa vera det.

Daa skalv fulla dei gløymde tonar, og det lyfte seg i dei, som hadde sunget og spelat og dansat etter dei. Det skalv i dal og fjord, og det skjelv endaa i segn og eventyr um Ole Bull.

Han bringad Norig heim til nordmennerne, hev Wergeland sagt. Dei kunde ikkje skjemmast

ved dei heimetonarne lenger, — dei kunde helder ikkje gløyma dei meir. Dei tok til aa skjelva i nye tonar, nye dikt, nye tiltak, ja skjelva i eit nyfødt folk.

I diktet „Norges farvel til Ole Bull“ gav Wergeland ei onnor tolking av denne gleda. Ole Bull hev nyreist dei gamle minne og dei gamle mannsverk, difyr var nordmannen glad. Diktaren knyter spelmannen til vor soga, som fær atter den gamle glans ved han.

Norig talar som ei mor:

„Farvel, min stolte søn! farvel!
Følg kaldet i din dybe sjel!

Før bandt til mine skjær jeg let
den vilde pelikan end det.

Før stansede jeg havets gang
og stormens flugt end skaldens trang.“

Og Norig hev kjent fyrr den trong, som dreg ut „yver dei høge fjelli“:

„Drag hen, min søn! Den samme lyst
har rørt sig i din moders bryst.

Jeg ogsaa digtet har engang.
Heimskringlas liv, det var min sang.

Jeg skrev med evighedens skrift:
Med kongers daad og mænds bedrift.

Se, ved mit hjerte gyldenblaa
den store havets harpe laa!“

Det var tingen! Havet hadde sunget under strenderne, hadde sunget lengsel og draumar inn i ein ungdom, som foor ut til mannsferd, til strid og solskin, som lyste heim. So fortel ho um det gamle vikingliv, født av stunding og livshug. Livet heime hadde ogso høyrt denne songen og fenget ein større svip og høgre maal: Hovdingar med hugstore menn og kvinnur til fylgje.

Men Haakon i sin kongesal var den glimande og drustelege ende paa denne laat.

Og no er det smaatt.

„Dog flød endnu i fyrig stund
en frihedshymne af min mund".

Men endaa 1814 hadde synt gamalt mannsmod og umt paa nye tonar:

„Jeg ligner egen mark, som den
nu ligger der høstblegnet hen.

Som sparsom fattig pige, lagt
min dal har hen sin høitidsdragt.

Dog vil jeg gjennemlede hver,
om ei en blomst til dig der er.

Til dig, min søn! min søn, som gav
mig større glans end konnings grav".

Den gamle glans lyser fraa gravi, men ny daad og ny æra er det, Norig treng, og det kom med Ole Bull:

„O, vant til sønners verdensry,
mit øie funkler op paany“.

Den gliming i augat skal vera takken til han:

„Hvor arm jeg er, man dog demant
mer dyr end glædesblik ei fandt.

Ak, er der i den glans ei glød?
Blir dig for koldt din moders skjød?“

Er det difyr, han no vil fara fraa Norig atter? Er det for kaldt her heime? Er det difyr? Nei han hev høyrt songen fraa havet, hev ogso høyrt, korleids han er levnad i Norig. Og han bør ikkje setja seg til i omnskroi men fara vida som dei gamle sønerne:

„Nei, flyv! udbred din moders navn!
Din hæder trøster da mit savn“.



V.

Ny utferd.

(1838—41).

Han foor spelande sudetter.

I Kjøbenhavn gav han 5 koncertar, den eine til inntekt fyr teatret. Han spelad ogso fyr kongen Fredrik den sette, som gav han ein gulldaase, innlagd med glimesteinar. Paa loket var framstellt festningsverki utanfyr hamnen. Difyr sagde kongen: „Daa De hev opnat hjarto aat mine undergjevne, er det mest som sjølvsagt, at eg giv Dykk lyklen til mit kongerike“.

Millom sine hjartans vener reknad han fraa den tidi ogso *H. C. Andersen*, som han no vart kjend med. Fyr diktaren var Bull eit rikt og leikande eventyr.

Han spelad same aaret i fleire danske byar og foor so til Tyskland. Paa lag heile det komande aaret var han ute og ferdadst i Tyskland, Austerrik og Ungarn og spelad i dei fleste større byar. Mykje sorg og strid og store sigrar.

Vesleguten *Ole* døydde i Kjøbenhavn, der Felice hadde gjevet seg til hjaa hans skyldfolk.

Sjølv var han ute fyr faarar men kom vel ifraa alt. Nervøs og veik til helsa, som han var, hadde han visst ikkje greidt det, dersom han ikkje hadde levt so strengt. Doktarar hadde han fenget sterk mistru til, og kaldt vatn vart hans beste lækjeraad baade som drykk og laug.

No vart han innbeden til Kassel av sjølve *Spohr* og kurprinsen. Det skulde ikkje vera sant længer, at Spohr eingong hadde motteket Bull so kaldt. I eit brev til musikktidendi*) i Leipzig heiter det um detta:

„I mot nokot slikt vitnar den innbjoding, som Spohr sende han etter ynskje fraa alle kunstvener her. Lika eins den maaten, han tok imot den namngjetne felespelaren paa".

Brevskrivaren rosar baade Bull sjølv og spelet hans mykje.

Tvo gonger let Ole Bull seg høyra i teatret, som var stappande fullt, endaa biljettprisarne var tvihøge, og tilhøyrararne vart tekne med i den livlegaste undring. Ogso Spohr var paa det varmaste med i det bisnelege spelet aat kunstbroren. Til hans æra fekk han ogso til eit spelelag heime hjaa seg sjølv.

Si hjartansmeining hev Spohr sagt i eit brev til sin ven:

*) „Allgemeine muscichalische zeitung".

„Ole Bull hev i disse dagar gjevet tvo koncertar paa teatret og uppglødt aalmenningen, so det er store ting. Hans spel med heile handi og stødleiken i henne fortener undring. Men *som Paganini* ofrar han paa sine kunststykke for mykje annat av det fine instrument. Daa han hev so granne strengjer, er hans tone liten, og daa felehesten er mest flat, kann han berre bruka a- og d-strengen i den laagare stilling til pianissimo. Detta gjer, at hans spel vert skiftelaust, naar han ikkje kann sleppa til med sine kunststykke. Me høyrde detta paa tvo firmannsstykke av Mozart, som han spelad hjaa meg. Elles spelar han svært kjenslerikt, men utdanad daam hev han ikkje“.

Spohr leitar som andre lærde tyske kunstfolk vel ut vant og veilur hjaa Ole Bull, endaa han laut vera med paa lovordi og.

Millom vener hadde han ogso moro av aa fortelja um fusk, som han sagde, han hadde set. Ole Bull hadde dreget bogen i lause lufti, etter at tonen var stillt av. Og paa denne visi fekk han folk til aa tru, at tonen let ei god stund, etter at han var tagnad.

No spelad Bull i Berlin. Der hadde han ymis motburd denne gongen og. Paa prøva kom det fleire fine folk, som ingenting hadde

der aa gjera, og difyr spelad han falskt aat dei. Som takk var det nokre, som peip, daa han kom fram paa koncerten. Men han let fela laata pipingi atter. Og spelet tok folk reint med, so dei ropad han fram, men han vilde ikkje syna seg. Han gav tvo koncertar og tente gode pengar. Av kongen fekk han tvo glimesteinsringar.

Men no møtte han ein storm av illvorne og range domar.

Det hadde arbeidt seg upp til storm i lenger tid. Fyrst hadde det fraa Stockholm komet leide ord og so fraa Kjøbenhavn. Der var det ein svenske, heitte Rosén, som sende ut eit litet hædingsskrift. Han hadde fenget eit mindre godt sæte paa konserten, og so gav han seg til aa fraadøma Bull all dugleik. I ei brevsending til musikktidendi i Leipzig gjekk detta atter og elles ofta i det same bladet, som alltid hadde mynja med seg. I smaameldingar baade her og derifraa hadde det vortet slengt etter Bull. Men daa han no hadde voret i Berlin, kom bladstyraren, professor *Fink* sjølv. Han var daa i Berlin.

Han var sjuk, daa Bull spelad fyrste gongen, so han kunde ikkje koma paa koncerten. So baud han spelmannen heim til seg. Og Bull var truen og gjekk, spelad aat han, fortalde um sin spelmaate og dei brigde, han hadde gjort

med bogen o. s. fr. Fink tottest vera baade takksam og velnøgd. Men same kvelden var Bull i lag hjaa nordmannen professor *Henrik Steffens*, som ottadst fyr, at han hadde voret vel raust. Bull kunde snaudt hava set dei range umdømi, som alt hadde stadet i bladet aat Fink'en, elder han meinte, at han skulde blidka han og faa han til aa skyna seg betre.

Og so fekk Bull domen aat Fink etter seg. Her er eit ordrag:

„Den 18de februar høyrde me i operahuset i Berlin denne mykje umrødde meistarspelar og riddar av Vasa-ordenen i hans andre og sidste koncert der. Baade av innlendingar og utlendingar var det so fullt, at mangein tottest vera sæl, naar han kunde faa ein biljett til den tvihøge pris — til loger av fyrste slaget kr. 3.53. —

Liksom Paganini hev han sett granne strengjer paa den framifraa fela si, og det er godt fyr mange vanskar men ikkje fyr den fulle tone. Denne er difyr alt annat enn storvaksen, gjeng helder ikkje til hjartat. Men reint spelar han. — Hans fløytetonar, ja dei fyrst og fremst, var alltid fulle, reine og vene. Men det maa ein segja, at i fløytespelet, som han elles brukar hardla ofta, greidde han i grunnen ingi vanskar. — Ein lyt rosa den maaten, han styrer bogen paa,

lika eins hans stakkato, som ogso gjer den største verknad.

Hagleik eig han fulla, han kunde elles ikkje fjetra mengdi. Men denne er ikkje so stor, at ein, som det hev voret set, kann likna han med Paganini, so Bull skulde kappast med han um prisen. Han hev fulla valt Paganini til sitt mynster, men so hev han berre naatt han i sume utvortes ting, inkje i hovudsaki.

I hans tonedikt fann me helder inkje meistarverk av ægte kunst“.

Fink gjeng so gjenom dei. Det er berre eit undarlegt plukk, ingenting tess. Han spelar fleire tonar samstundes ja, men det er berre ingenting det og, for han hev felehesten paa eit eiget lag. Er det daa markande?

Folk vil no spyrja: „Men kvifyr verkar daa mannen so mykje, elder kvifyr vert han slikt eit bisn? kvifyr meir en de fleste felespelarar, som De kallar store?“

Ingenting er so undarlegt som det, at folk ikkje veit det endaa. Han kjenner si tid og sine folk og syter inkje med aa nytta denne kjennskapen. Han skaper til sitt spel so mykje som berre raad. Til det, som er verkeleg godt hjaa han sjølv, set han til alt slag smaakrot, som til desil inkje høyrer med. Og detta løgne klumsar

og kløkkjer den barnslege, forvitne mengdi, som han soleids narrar. Det er reint maata til dei folk, og me vilde berre læ aat det, dersom ikkje kunsti sjølv vart dregi for langt ned i lægdi med det same. Kvat fyr nokot hev daa folk klappat mest til, og det, so det dundrad i huset? Me vil fortelja nokot um det".

Og so legg Fink fram kunsti aat Bull: Korleids han klumsar folk og tek dei med, so dei klappar, som var dei galne. Og som det største kunststykke nemner han det same som Spohr so tidt tok uppatter millom gode vener: At Bull drog bogen gjenom lufti og fekk folk til aa tru, at fela let, etter ho var tagnad.

„Veit folk no, kvifyr meistarspelmannen gjer slikt nokot? sluttar Fink denne utgreiding. Detta ferdalaget ligg daa reint opet fyr augo og øyro. Ingenting er løynt elder smyg i kring i duldi". Ja no maatte folk skyna det.

„Det vilde elles standa illa til", held Fink fram, „dersom mannen ikkje hadde nokot betre en det, som no er fortalt. Han hev gjort seg fyr og lært mangt og mykje framifraa godt — ikkje berre kunststykke men ogso song. Han er ein annan, naar han stend fyre aalmenningen, en naar han stend fyre kunstmannen. Ægte

kunst kann han mæta, og han tykkjest vingla millom den og koncertspel. —

Daa koncerten var slutt, fauk det tri grøne kransar burt til han, og dikt regnde, men ingen av dei fann paa aa skjena inn i vort rom. Tru sanningsdisi maa hava smilt til han til hans fred fraa ein av desse kransar, so det er syrgt lika godt fyr framtid som fyr notid". —

Detta stykket var leidare, en ein skulde tru. I grunnen gjekk det ikkje ut paa mindre en aa gjera ende paa Ole Bull, bladet aat Fink. Lærd var han og bladet ikkje aa vanagta, og han syntest ikkje vera den, som gjorde mismun paa folk. Sanning og lygn var ogso blandat soleids i hop, at det ikkje var lett aa skilja. Bladet forfylgde Bull med brevsendingar og stikk gjenom fleire aar, so det vart ei kjelda fyr alle, som vilde lasta han. „Fink og bladet hans hev sagt det same so mangein gong, og daa maa det fulla vera so". Detta vart som eit fast ordtøke. Og millom tyske musikkfolk hadde det fulla vegt, so dei gjerne vilde rista paa oksli aat Bull etter den dagen. Det var skryt og kunster, og folk *vilde* narrast, so fekk dei hava det so godt.

Men Bull gjorde ikkje mindre lukka fyr det. Og var det so, at tyske musikkfolk fann aat han, so laut dei og vera med i fagnaden, endaa dei

visste so vel, at han var ingenting tess. Ja sjølve brevskrivararne til musikktidendi er gode vitne um den lukka, han gjorde. Um ein berre las det bladet, laut ein lika fullt skyna, at han var ein kult, som dei ikkje vann med. Det nyttad ikkje aa preika og skriva fyr folk. Han vann lika vel, Ole Bull.

Han svarad med bogen, endaa han klæjad etter pennen. Den polske felespelaren *Lipinski**) var ein av dei største meistarspelararne og ikkje minst kjend fyr sitt kjenslerike spel, og han hadde Fink stellt upp som eit mynster. Ole Bull fylgde han allstad, og der dei møttest, vart Lipinski mindremannen, so han uppgav tevlingi. Bull skal elles og hava terrat skjeidbrør paa den visi.

Og dei gaaverikaste tyske musikkfolk, som hadde annat gjera en aa vaka yver reglarne, dømde som aalmenningen.

*Mendelssohn***) skreiv den 15de februar 1844 fraa Berlin til syster si Rebekka:

„Den musikalske aalmenning her hev det plent som Fink, utgjevaren av den gamle musikktidendi. Dei eig eit merkverdigt lag til aa leita

---

*) Lipinski, f. i Polen 1790, mykje dugande felespelar, d. 1861 i Galizia.

**) Mendelssohn-Barthaldy, den namngjetne tonediktaren, f. 1809, d. 1847.

ut dei veike staderne i alt godt og til aa faa augo paa det gode i alt medels, og detta er meg meir imot en alt annat".

*Robert Schumann**) skreiv den 7de april 1839 fraa Prag til si festarmøy *Clara Wieck***):

„Ole Bull gav ogso ein til svært briken koncert. Du hev aldri høyrt han endaa, trur eg. Han høyrer til *dei alrafyrste og er lika vel ein læregut endaa*. Skynar du det? Eg gjer so ikkje eg helder, og lika fullt er det soleids. Ved den makelausaste hagleik og reinleik stend han jamsides med Paganini og langt yver Lipinski. *Mayseder****) er eit barn i likning med han og lika fullt eit fullmognare menneskje. Mayseder hev forstadet si fyrеloga og løyst henne. Ole Bull er ikkje ved maalet endaa og vil aldri naa det helder, syter eg fyr. Diktargaava hans er vill endaa, men gneistarne ljonar fulla. Det er raad-

---

*) Robert Schumann, f. 1810. Framifraa tonediktar, mest namngjeten fyr sine songar. Døydde av sinnssjukdom 1856.

**) Clara Wieck, f. 1819, vart 1840 gift med R. Schumann. Ho hev voret ein utifraa fin pianospelar, fraa ho var barn.

***) Mayseder — fødd i Wien 1789 — var ein stor meistarfelespelar men alramest namngjeten ved sine felestykke.

laust aa skildra det. Men med mange samljodingar vilde han hugtaka deg, det veit eg".

Og *Franz Liszt**) og Ole var gode bussar baade i yngdi og i alderdomen — det syner brevi millom dei. Og det er aalkjent, at Liszt inkje var ven med, kven som høvde.

I Wien var Bull tvo gonger og gav inkje mindre en 16 koncertar. Maaten, han spelad „Dei norske fjelli" og lika eins tvo stykke av Mozart paa, „forsonad det vesle talet av traae motmenn og lagde alle røyster saman til hans ros", fortel sjølve musikktidendi i Leipzig. Og i Wien var dei vande paa det, naar talen var um deira Mozart. Men det var ogso eit vitnemaal fraa folk, som ikkje annat gjorde en arbeidde med tonekunsti aat Mozart, at Ole Bull spelad han betre, en nokon kunstmann fyrr hadde gjort. Undralaust og, for Bull sette Mozart so høgt, at han var van aa kalla han „mi tru". Fyr Bull var det visst, at ingen kunde skriva hans *sjælemessa***) og endaa leva.

---

*) **Franz Liszt, den største klaverspelar i den nyare tid, fin tonediktar og forfattar, F. i Ungarn 1811, d. 1886. Ein staut, djup kar og ein rik aand med mange umbrøyte i tanke og liv. Gjekk 1865 inn i det katolske prestestand.**

) **„Requiem".

Etter ein av koncertarne vart Bull boren heim i uvit. Mange storfolk kom og spurde, korleids det stod til. Millom andre ogso prinsen av Vasa*). Som ventande var, tok Bull imot han med stor vyrdnad.

Daa vart den norsk-svenske ministar, greiven *Løwenhjelm*, ottesam, og han kom og vilde telja Bull fraa aa lydast til prinsen atter. For det kunde verta lagt ut som merke paa agelaus ferd. Dei kom i ordkast, og daa ministaren sidstpaa sagde, at han som utsending fraa kongen maatte beintfram forbjoda det, skaut den kaute og byrge nordmannen upp i Ole Bull. Um det so var kongen sjølv, han tok ikkje mot bod i sine eigne greidur av *han* dessmeir og endaa mindre av hans utsending. Elles laut han no kvila og vilde aldri tala um detta meir.

Greiven laut ganga ærendslaus.

Dagen etter sende han Bull ei smeikjande innbjoding til middag. Daa forsonad Bull seg med han, og han lovad endeleg, at han ikkje skulde lydast til prinsen.

Løwenhjelm fortalde no, at *Metternich***)

---

*) Son av Gustaf Adolf, den avsette og landlyste svenskekongen.

**) Den namngjetne bakstrævar-ministar i Wien.

gjerne vilde sjaa han og spurde, um det høvde til næste dag, so skulde han fylgja han inn til ministaren. Bull svarad, at kl. 2 skulde han halda prøva til ein koncert. So kunde dei ganga kl. 1 daa.

Metternich let dei venta ein god halv time, og daa dei so vart kallade inn, gav han seg i røda med greiven, so *han* gløymde aa segja, kven hin var. Endeleg snudde Metternich seg til Bull og spurde, um han var i Wien fyr moro skuld. Men greiven tok ordet og svarad fyr Bull:

„Nei han er kunstmann“ — som hadde ein slik ikkje annat gjera en krafsa i hop gull.

„Aa — herren er spelmann — kvat fyr eit instrument er det no, De spelar?“

„Eg er Ole Bull“, svarad han i tydaste laget.

„Aa haa, eg hev ikkje fenget høyra nokon av Dykkar koncertar, men eg skal hava meg den hugnad aa høyra Dykk“.

Detta skulde syna, at fyrsten raadde, som han vilde, han. Og fyr pengar kunde han fulla leiga Bull til aa moroa gjesterne ved sitt kveldslag. Men Bull svarad fint og kaldt:

„Ja hev Dykkar excellence hug aa høyra meg, er det fulla best, at De fær Dykk ein biljett til ein av dei koncertar, eg no skal halda. For

Dykkar mange vigtige embætte forbyd Dykk til vissa aa lydast inn til meg heime, der eg elles med hugnad skulde spelat aat Dykk".

So laut Bull ganga, sagde han, for kl. var 2, daa han skulde til prøva.

Detta var ikkje den einaste gongen, han i Wien viste folk, at han var rak i ryggen.

Han fekk innbjoding til aa spela ved hoffet, og ho tottest hava eit storvoret lag. Difyr svarad han, at fyr 100 dukatar spelad han i kvar heimering. Hjaa Wiens-folket, som berre var vane til musikkfolk med bøneboki i hand, vakte hans stolte svar den største undring. Og i dei fine salarne vann den *staute mannen* lika stort gjetord som meistarspelaren.

I Wien budde ein namngjeten felesankar, pengehandlaren *Rhaczek* (Rjatsjek), som var ættad fraa Böhmen. Det gjekk ord av felurne hans vida i kring, og godt skyn paa dei skulde han og hava. Bull vilde sjaa dei, og daa han sjølv var kjend nok, var det god raad til dess.

„Eg veit alt", sagde felesankaren, „at De hev eit gildt feleutval. Dei nemner soleids ei Guarnerius-fela av den store meistaren. Ho lyt vera fraa midten av fyrre aarhundradet."

„Ja ho hev aarstalet 1742“, svarad Ole Bull, „og er ei fraa tenestegjenteridi“.

Skal ein skyna denne samtalen, lyt ein vita, at det var tri felemakarar, som heitte Guarnerius. Men „den store meistar“ var Josef, og hans felur er av tvo slag. I den fyrste tidi fylgde han sin lærar Stradivarius baade i skap og maate. Seinare slepte han seg laus i arbeidet, som han gjorde i sitt liv. Daa hadde han berre hjelp av tenestegjenta si. Ho gjekk paa torget og kjøpte trevyrke, og ho hadde so godt skyn paa det, at ho alltid valde det beste. Daa fekk hans diktargaava fritt flog, og endaa drykken og lauslivnaden tok paa han, arbeidde han berre meistarverk. Kunstfolket held dei endaa fyr reine under, men dei ser ikkje so fræge ut. Det var anten i eit vertshus elder heime saman med tenestegjenta, at han arbeidde desse felurne.

Bull hadde med svaret sitt kritlat den andre, som var mykje godt byrg av felurne sine. „Eg og hev ei av den store cremonesaren“, sagde han. „Sjaa her!“

„Det er sant“, svarad Ole Bull, „men ho er fraa den fyrste tidi, og desutan er ho sprukki fleire stader“.

Felemannen vart furten, og det kunde voret vondt nok aa blidka han atter, hadde ikkje Bull

hugsat, at han hadde sjølve „Skattkammerfela". Bull snudde talen inn paa den eignaluten og spurde, um han fekk sjaa henne. Rhaczek var fyrstundes inkje vidare hugad paa det, Bull kunde koma atter dagen etter. Nei han hadde ikkje stunder til det, men han vilde tykkjast reint umfram lukkeleg, dersom han kunde faa sjaa den herlegdomen. Daa slapp han nøyda felesankaren lenger, han gjekk etter henne. Han kom atter med eit fornt felehus, svært utkrotat.

„Detta felehuset høyrer ikkje med til sjølve fela", sagde han. „Fyrr var det aatt av eit kloster, og det ber paa myrke minne: I det vart ein kurfyrsteson kvævd under trittiaarskrigen".

Med det same opnad han varleg felehuset, og underfela laag fyr augo aat Ole Bull. Han vart reint hugteken og rette henderne etter henne, men eigaren stellte seg imillom. Bull vilde kjøpa fela, og han skal hava bodet alle dei pengar, han aatte. Som so mangein fyrr fekk han berre det svaret:

„Giv mig ein fjordung av Wien, so skal me sjaa!"

So mykje lovad han lika vel, at vart fela nokor tid seld, skulde Bull vera den fyrste til aa faa henne.

Det var i Leipzig tvo aar seinare. Mendelssohn

og Liszt var gjester hjaa Ole Bull. Daa vart det lagt eit brev med stort signet attmed tallerken hans.

„Brjot berre De brevet Dykkar, for det kunde standa eitkvart av vegt i det", sagde Liszt.

Bull so gjorde, og glad var han, daa han fortalde, at det var ifraa son til Rhaczek, som var daaen og hadde fastsett som sin sidste vilje, at Ole Bull skulde hava den gruse fela.

Mendelssohn vilde, at dei saman skulde vigja henne med eit stykke av Beethoven. Og det vart so gjort. Det er trulegt, at det aldri hadde voret spelat paa henne fyrr.

Bull sende ervingarne eit takkebrev og 8000 krunur.

Skattkammerfela er fraa 1532, og meistaren fyr henne er *Gasparo da Salo*, den einaste felemakaren, som kappadst med Josef Guarnerius um prisen. Utskurden og krotet er av sjølve *Benvenuto Cellini**). Ho vart arbeidd aat kardinal Aldobrandini i Rom, og han gav 3000 dukatar fyr henne. Han gav henne til kunstskattkamret i Innsbruck, og soleids fekk ho namnet. Daa franskmennerne tok byen i 1809, fekk ein

*) Benvenuto Cellini, ein styrlaus italiensk floghaus, f. 1500, d. 1571. Som gullsmed er han visst den fyrste, det finst fraasegn um, og elles hag til all utskurd og mange slag kunster.



Gasparo da Salo.

soldat tak i henne, og av han kjøpte Rhaczek fela fyr inkjevetta.

Paa felehovudet er udskoret og maalat eit lufset englehovud. Til det støder seg ei ven liti havfruva, som endar i fiskeskapnad med reist i grønt og gull. Halsen er rosad med blaatt, raudt og gull. Under felehesten ligg ei havfruva av bronze. Og sjølve felehesten er tvo fiskar, som er lagde i kross, og det i finaste skurd. Paa bogen er tvo smaae havgudar skorne ut i elfenbein. Endaa fargar og gylling var yver 300 aar, hadde dei baade glansen og venleiken. Sjølve bilthoggar Thorvaldsen kom upp i under yver utskurden paa denne fela.



Sitt trevyrke fekk Gasparo da Salo fraa bergi millom Brescia og Verona, der det ikkje er stort skifte paa vermen. Difyr vart vokstren so jamn, at alle linurne i veden er lika langt fraa kvarandre. Men no er bergi der snøydde, og slikt vyrke er difyr ikkje finnande

enger. Det er og ein grunn til, at felurne aat Salo ikkje kann finna maken sin.

Under si speleferd i Ungarn kjøpte Bull ogso ei kostesam og sjeldsynt fela av Antonius Stradivarius fraa aaret 1687*). Det er den einaste, meistaren hev krotat med ibentre og elfenbein. Ho vart arbeidd aat Filip den sette av Spania og gjekk i arv hjaa dei spanske kongar, til ho under Karl den fjorde vart teki av franskmennerne i 1808. Daa Bull kjøpte fela fyr 4000 franks, hadde ho voret i hender, som vanstyrde henne, og difyr var tonen reint utskjemd. Men daa ho no kom i gode hender, fekk ho atter sin fine, reine klang.

I Salzburg, heimen aat Mozart, gjekk intekterne av hans fyrste koncert til eit Mozarts-fond. Enkja etter den store meistaren var og til stadar.

Um sumaren fylgde Ole Bull kona si til Paris og spelad med det same paa den store opera.

Um hausten var han i Sudtyskland atter. I Stuttgart fekk han av Würtembergs-kongen ein glimesteinsring.

I München møtte han sterk motburd. Det var nokre adelsfolk, som totte, han gjekk vel rak i ryggen, og dei vilde gjerne krøkja han, men det slapp dei fint. Han gjekk sin eigen veg og

*) Innskrifti er: „Antonius Stradivarius Cremonensis faciebat anno 1687“.

vann lika fullt. I fagningi var jamvel enkjedronningi med, — han spelad fyr henne heime og. Store lærde og kunstfolk flokkadst um fela hans. Han mottok vitjing av enkja etter Mozart og syster hennar. Dei var av kongen innbedne til byen, der det skulde spelast „Don Juan“. Og Bull var gjest i deira rom under spelet.

Til jol var han i Paris, der han hadde fenget ein son atter.

Felicité vilde plent hava han til aa spela meir i Paris, en han gjorde. Og no skulde han røyna seg paa den store opera. Men daa det bar til stykket, kom meinraaderne i vegen. So spelad han ein annan stad. Men han vart narrad fyr betalingi, skamlaust medfaren paa fleire maatar og kom paa kant med mange av dei store musikkfolk i Paris. Han tregad lenge paa den vetteren, og mange pengar kostad han og.

Um vaaren 1840 reiste han til London. Med helsa var det ymist. Endaa bladi kytte yver han, var inkje lukka so god, som han vilde.

Som sekretær hadde han med ein harpespelar, heitte *Morandi.* Han skulde faa greidt det med koncertarne. Men det dugde han litet til. Eingong lagad han det so, at Bull vart burtlovad til aa spela paa tvo stader samstundes. Det synte seg, at Morandi berre gjorde leidt fyr sin

husbond. Og so vilde Bull skilja seg med han — dei 1200 franks, han hadde fenget til aa greida sitt yrke med, fekk han lov til hava.

Men Morandi visste, at han med deira skrivne semja i hand kunde persa fleire pengar av Bull, og han sparde ikkje.

Detta vart til eit heilt eventyr.

Bull vart kjend med F. Liszt paa denne tid. Ein dag skulde dei tvo venerne spela saman hjaa Liszt.

Kl. 3 kom verten reint forfærd og fortalde, at det alt i tvo timar hadde gjenget politifolk utanfyr og vaktad paa Bull, som dei vilde taka. Morandi var nok kravsmannen. Og det var so, Morandi sjølv stod burte ved gatemotet — han vilde njota den moroi, at Ole Bull vart sett fast. Men det slapp han. For Bull var hjaa Liszt til midnatt, og daa han gjekk heim, hadde hine maatt rusla sin veg.

Dagen etter gjekk Bull til den norsk-svenske utsending, greiven *Bjørnstjerna**), og bad han hjelpa seg. Og det vart det god raad med.

---

*) Bjørnstjerna, f. 1779, var 1809 ein av dei stridaste paa aa faa avsett den halvgalne kongen i Sverig. Han var officer, i 1814 i den svenske heren mot Norig, var lenge sendemann i London, d. 1847. Det er fleire skrifter etter han.

Sakføraren aat Morandi vart sendt bod etter. Men han var ein flaaar og kravde inkje mindre en 60 pund fyr brot paa semja med Morandi. Han hadde 2 vitne med, og daa Bull snart kunde strjuka fraa byen, laut han orsaka, at han vart kravd paa slik vis. Men Bull avviste eit so urimelegt krav.

Fraa vindaugo kunde ein sjaa politimennerne, som gjekk ferdige til aa taka Bull, naar han gjekk fraa greiven. Og han hadde ikkje stunder til aa venta, for kl. 3 skulde han spela paa slottet St. James fyr dronning Victoria. Men dei fann paa raad. Ein av tenararne aat greiven fekk kaapa aat Bull paa seg og kjøyrde av stad i ei leigevogn i fullt traav. Og politimennerne etter *han*, med' Ole Bull kjøyrde til slottet i vogni aat ministaren.

Næste dag ogso kringsetjing. Daa gav Bull seg. Han bitalad 20 pund, og so var det eventyret slutt.

Bull og Liszt spelad mykje saman og gav ofta koncertar, utan at dei brukad millommann, for dei hjelptest paa beste maaten. Men eingong dei lika vel hadde nyttat millommannen, kom det upp ein liten strid millom dei. Og den striden syner oss baade tvo som godlynde ungdomar.

Det skulde vera med ei heil rad store kunstfolk.

Paa tillysingi stod Bull nemnd som den „framifraa“ felespelaren, men det visste ikkje han.

Daa han so kom hardla seint til kveldsbordet aat kjenningarne, sagde Liszt helder spiten:

„Aa, „framifraa“-venen vaar er og komen!“

Ole Bull skynad godt, at alle var litet blidvorne, og at Liszt berre hadde tolkat det aalmenne unøgjet. Difyr reis han til slutt upp og sagde:

„Eg veit ikkje, kvat Dykkar samtale gjeng ut paa, men det ser eg fulla, at eg er litet velkomen her. Det gjer meg so mykje meir vondt, daa eg fyr Dykk, hr. Liszt, alltid hev aatt den varmaste venskap og høgvyrdnad“. Han bad farvel, som det sømde seg ein velsedad mann, og gjekk.

Ute paa gata høyrde han namnet sitt vart ropat ein tvo-tri gonger. Daa han snudde seg, kom Liszt springande etter, han var berrhovdad og veiftad med servietten:

„Min kjære ven, det maa vera eit mistak. Kom atter, so vil me finna ut, kven som hev gjort oss den pretta“. Liszt fortalde um grunnen til unøgjet, og Bull kunde berre segja, at han ingenting hadde havt med lysingi aa gjera, hadde ikkje leset henne dessmeir.

No var alt godt atter, og Liszt var livet i

laget. Det sluttad med, at han bad allesaman til frukost morgonen etter.

Daa frukosten var vel slutt, og vit og løgje hadde friskat laget eit godt bil, snudde Liszt seg braadt til han, som millommann hadde voret:

„Me hev sett oss fyr aa halda eit forhøyr. Eg er domaren, og De hev lov aa svara, soframt De kann, paa dei klagemaal, som vert framsette mot Dykk fyr tillysingi i gaar".

So vart det ransaking paa alle viser, men mannen lagde ifraa seg all skuld. Høgtidleg kom so domen:

„Ole Bull, eg paalegg Dykk so aa taka denne mann og halda han ut igjenom vindaugat paa strak arm, til han stend til".

Og Bull so gjorde. Dei var i tridje høgdi, og i lause lufti høgt yver gata stod stakkaren til, at han var skyldig. Han hadde viljat vekkja ovund og unøgje millom kunstfolket, so mykje semja aat dei tvo storingarne kunde verta til inkjes. For elles fekk slike som han ingenting aa gjera. So mykje han kunde verta skræmd til gagns, spurde Bull, um han inkje snart maatte faa byte, for han var so trøytt i armen, at han ikkje var god-til halda lenger. Men Liszt let han halda armingen, so lenge berre raad, og han

slapp ikkje, fyr han hadde lovat, at han aldri skulde gjera slikt meir.

I spelelskarlaget spelad Bull saman med Liszt „Kreutzer-sonaten“ av Beethoven. Fraa ein kant vart det sagt um spelet aat Bull, at Beethoven vilde snutt seg i gravi, um han hadde høyrt det. Og fraa andre sida, at ein maatte unna den store tonediktar aa koma upp or gravi og høyra slikt spel. Selskapet sagde sin dom i ei naudende ven sylvkanna med innskrift.

Høgste sumar foor Bull til Belgia og spelad til utpaa hausten i byarne langsmed Rhinen.

So vilde han til Leipzig, men fyrst bar det til Berlin. Der skulde vera kongekryning. Fredrik Wilhelm var frisinnad og svært folkekjær, so ingenting til hans æra vart spart. Stenderne i Brandenburg baud Bull aa helga festen med fela si. Paa vegen til Berlin raakad han fleire av sine vener fra Göttingen. Toreguden skulde voret i Münden hadde ban møtt atter ein gong fyrr. Desse vener skulde visst ikkje finna stor skilnaden paa han fraa fyrr, for han kunde fulla vera ung endaa.

Det krydde av storfolk i Berlin fraa alle kantar, og Bull kunde giva 6 gode koncertar. Som heidersgaava fekk han eit utruleg briket signet.

I Leipzig gav han og 6 konsertar kring nyaarsleite. I musikktidendi er det klander som fyrr, men ros og, mest fyr hans braaddikting. Av eit musikkselskap i byen fekk han eit sylvstaup med krot og innskrift.

Men ingenstad hadde han lukka med seg som i Prag, der han ikkje gav mindre en 12 koncertar. Aldri hadde han i framandt land møtt slik samhug, skreiv han til Feliceté. Det var dikt, blomar og kransar paa spelekveldarne og elles ei fagning med middagar og lag, so det røynte paa helsa. Men dei hadde folkeskikk i Prag og bad han aldri spela, naar han soleids var ute.

Der diktad han og tvo nye stykke: *E-moll-concerten* og *Langhelsing**).

Ei lang brevsending til musikktidendi er berre kyt yver Bull og hans spel. Men endaa bladstyret ikkje vilde tru all rosen, det tok inn, er det i vissa sant, at ingen spelmann hadde kveikt Prags-folket soleids fyrr. Dei 4 røysterne samstundes hev tryllt mest. Tenk, ein kunde skilja dei so skilet ut, for dei tok kvar sin veg, ein fort i tonekvervlar, med' ein annan gav seg gode stunder. Dei tvo nye tonedikt fær og ros, men mest E-moll-koncerten, som vart kallad

---

*) „Gruss aus der ferne".

„Minne um Prag". Brevskrivaren hermer etter eit høgvyrdt blad i byen:

„Her er meir en Paganini og mykje meir, aa endelaust meir en Liszt". Aa likna Bull saman med Liszt var det vel ikkje stor meining i, daa dei var so ulike, men sette ein Bull i hop med Paganini, so heldt han godt maalet, endaa Paganini ved sitt ferdalag tedde seg som ein større aand.

Lenge hadde Bull skipat seg til Rusland, og vaaren 1841 bar det av stad.

I Warschau, der han fekk stor fagning, spelad han Polacca'en. Men endaa hans ven stathaldaren Paskiewitch fyrst hadde bedet um det, laut han lata den vera paa koncertarne seinare, for den friskad uppatter sorg og minne.

Paa vegen til Petersburg leid han mykje vondt. Hans sterke vogn gjekk sund tri gonger, surpa stod yver hjuli, so det var med naudi, 8 hestar vann draga. Og paa kvart skifte vondt aa faa hestar, endaa han hadde kjøpt brev fraa regjeringi.

I Petersburg heldt han 17de mai saman med skipsførarar fraa Bergen. Men det vart ikkje meir en tvo koncertar, for han lagdest hardt sjuk. Han trong kvila. Difyr skundad han seg til Dresden, so snart han vann so fjerre. Der hadde

lyden hans voret med vetteren, og der budde hans ven, den norske maalaren, professor ***H. Dahl.***

Paa heimvegen spelad han i Kjøbenhavn. Han vart og beden spela ved kryningi av Kristian den 8de, men det vilde han ikkje.



VI.

Baade heime og ute.

(1841—43).



Han snudde no heimetter til Norig. Med ein slup elder ei jagt lende han i Svinør den 9de juli etter ei hard reis i rjukande storm. Baade kona og barn var med. Paa vegen til Farsund var vanlukka ute, for vogni sturtad utfyr eit stup og slo seg sund, men alle kom ifraa det utan større skade.

So var han heime. Hans snilde godmor var daai, med' han hadde voret burte, men mori budde no paa Valestrand, der han kvilde ut paa barnetufterne.

Elles so treivst han ikkje, og han maatte ut atter.

Den 16de november spelad han i Bergen paa ein velgjerdskoncert, der vinningi var 2120 krunur.

Daa han i slutten av aaret spelad i Kristiania, gav han fyrst ein koncert fyr teatret. Prisarne var tvihøge, og 2000 krunur var vinningi fyr

teatret. So gav han ein koncert fyr seg sjølv til vanlege prisar. Det var „Dei norske fjelli“, som no kveikte folk mest og fekk bladi til aa fløyma av ros.

Og fyrst i januar næste aar tri koncertar med huset stappande fullt. Den sidste kvelden vart han framropad fem gonger, med' blomarne regnde. Aldri hadde fagnaden voret so ofseleg.

Utanfyr koncertarne kappadst dei um aa heidra han alle, som fine var. Hjaa stathaldaren *Løvenskjold* var han ofta gjest. Lika eins paa Bogstad hjaa greivinna *Jarlsberg*, som ogso bad han halda jol hjaa henne paa Jarlsberg, ei innbjoding, han ikkje hadde stunder til aa taka imot.

Men dei norsk-norske var ikkje mindre glade i han, endaa dei heldt seg undan, naar alle dei fine trengde seg fram.

Eit litet fransk brev, som Henrik Wergeland sende han den 11te. december 1841, er kann henda til rettleiding i so maate:

„Til
hr. riddar Ole Bull.

Gjer meg daa den hugnad, kjæraste venen min, aa koma til mi forbisnelege Grotta i morgon fyremiddag, det vil segja *tidleg*, fyrr rørekopparne stel tidi og ditt godmøle — eg hev set ein ovkar av det slaget hjaa deg. Fyr ein aandrik mann

er ingenting so tynande og fælt som slike vitjarar.

Under alle tilhøve

den same

Henrik W."

Det vart haldet velfarslag fyr han i frimurarsalen av ei 100 mann. Daa Ole Bull kom inn, vart han helsad av eit songkor med ein ny song av *A. Munch* til ein tone av hans eigen „Polacca".

Ved bordet vart det sunget fleire songar til hans æra, kvæde framsagde og talar haldne. Etterpaa sende han bod etter fela si og spelad fleire av sine venaste lundar. Det var ein verme, ei uppgløding og ein giddande klang, so ingen hadde høyrt han spela so, totte dei.

Kl. 3 um natti sluttad laget med trifelte hurrarop utanfyr hans heim.

Det lyfte i han, og han maatte atter ut. Den 22de januar tok han fraa Kristiania og hadde ei hard reis gjenom Sudsverig. I Lund gav han tvo koncertar. Dei var ikkje tillyste i bladi, men folk kom baade fraa by og land, so det vart ovfullt hus. Biljettarne kostad 1 riksdalar, men paa andre og tridje hand vart dei bitalade med upp til 10 riksdalar. Etter kvart stykke ein storm av fagnad. Og etter sidste koncerten steig

prokanslaren ved universitetet, bispen *Saxe*, fram og heldt ein vakker tale aat han. Ole Bull svarad med hugleikar paa fela. Han unnte godt i Lund og stoggad mest ei vika. Studentarne bad velfar med song og leverop.

Derifraa til Hamburg og gav fem koncertar fyr ovfullt hus.

So foor han til Holland. Det var ikkje mange, som kunde spela liv i dei seige hollendarar, men Ole Bull gjorde det. I Amsterdam gav han soleids fem framifraa gode koncertar til prisar, som aldri hadde voret betalad der. I Haag var hoffet paa baade koncertarne hans og var med i takken.

I juni kom han til Bergen atter. Der gav han ein koncert, men stanad ikkje lenge. Same sumaren flutte han med huslyden sin austetter. Han slo seg ned utanfyr Kristiania, men um hausten flutte han inn til byen.

Paa sine tvo koncertar, spelad han tvo nye smaastykke: „Til henne"*) og „Villspel i lio."

Andre joledagen tok han ut paa ferd, han skulde til Sverig. Skodespelar *A. Rosenkilde* var med som sekretær og so ein norsk tenestgut, heitte *Jakob*.

Daa det spurdest, at han skulde vera ved

*) „Il notturno".

Odalens jarnverk um natti, kom det mange fraa Odalen og Vinger i mote med faklar paa sledarne og fylgde til jarnverket. Der fann han fram fela si og spelad aat dei gode odøler, som kom reint upp i under og skildest fraa han under hurrarop.

Det var sidste helsingi fraa Norig, men i Sverig møtte han ymist.

I Karlstad og Ørebro hende ikkje nokot umframt. Men so skulde han til Upsala, der han vilde spela fyr studentarne liksom i Lund. Klokka 1 um natti kom han inn i byen med si store reisevogn. Alt var stillt. Ingen aa sjaa, som kunde visa veg til eit herbyrge. Daa høyrdest mange mannsmaal eit stykke burte. Det var ein flokk studentar med jolehovud paa.

Dei kringset vogni, og fyrr Bull veit ordet av, er dei komne i kjefting med Jakob og den svenske skjussbonden. Rosenkilde vil stiga ut or vogni og telja ranglefantarne til rettes. Bull held paa han og fær han til aa tegja. Dei hadde lika vel høyrt so mykje, at dei skynad, han var danske.

„En dansker? Hoho, gossar! Ta mig tusan, en Jute!“

Ein av sellarne meinte og, at ein danske kunde vera paa lag so god, som fjordedeilen av ein svenske.

„Men ein nordmann daa?“ spurde Bull ut igjenom det andre vindaugat.

Aa som tri fjordedeilar av ein svenske, meinte ranglefanten.

Bull takkad fyr god rettleiding og sagde til Jakob, at han skulde kjøyra. Men det fekk han ikkje, for ein av sellarne vilde plent upp aa kuskesætet og skuva tenestguten ned. Daa han ikkje fekk det til fyrste gongen, spurde han Bull, um han hadde nokot imot, at tenestguten fekk juling, for han hadde brukat grov kjeft, sagde svensken. Det hadde Bull ingenting imot, berre han sjølv vilde taka tvo lusingar fyr kvar ein, han gav tenestguten. Daa var det, liksom karen undradst og tokkad seg undan. Han spurde, um det ikkje var Ole Bull.

Jau.

„Det er lygn“! skreik han.

Men ein av dei andre var so raust aa syna vegen til herbyrget. „Me raakast paa koncerten,“ sagde han til Bull, daa han gjekk.

Detta hendet gjorde Bull leid og uhugad til spela, difyr reiste han fraa Upsala morgonen etter og til Stockholm.

Fraa sjølve Upsala gjorde bladi denne soga mykje verre, en ho var, og det var ikkje fritt, det saud i nordmennerne, som las og høyrde um detta.

Daa skreiv Bull sjølv, korleids alt hadde gjenget til, og sinnet mot Upsala-studentarne gav seg i Sverig, som sinnet paa svenskarne i Norig dovnad.

Men daa kom det ny kveik i nordmennerne ved meinraaderne fraa *Pratté* og hans hjelpesveinar. Det var, so det minte um 1808, daa lurarne let i skogarne, segjer Wergeland.

Denne Pratté var ein mykje dugeleg svenk harpespelar, som heldt til i Kristiania. Bull hadde voret med og høyrt paa spelet hans og hadde klappat til det. Pratté var ogso paa den fyrste av dei tvo koncertarne aat Bull. Men han var reint unøgd med alt. Og endaa han ikkje hadde høyrt Bull meir en denne eine gongen, sette han seg til skriva ein dom um Bull, spelet og tonedikti hans. Det var berre nedrakking.

I mangt var det ein ljom etter tyskaren Fink, men Pratté var mykje stridare. Bull spelad ikkje reint eingong. Og tonedikti var ikkje nemnande. Det var mange *halve* kunstfolk i Sverig, som spelad mykje betre, og kom han no dit, so gjekk det illa, spaadde Pratté.

Denne sjølvgode og meiningslause domen fekk han einkvar nordmannen til umskriva paa norsk aat seg. Gjekk so til „Morgenbladet" med stykket. Det skulde taka det, dersom han

sette namnet under. So gjekk han til „Den konstitutionelle“. Nei stykket vilde bladet ikkje hava, som ventande var. Men no bar bladet seg stygt aat mot Pratté. Det fortalde sine lesarar, at han hadde skrivet eit slikt fælt stykke, og fekk soleids sinna folk upp mot den stakkars svensken. Eit slikt forsvar var verre en ingenting, og Bull trong det ikkje.

Pratté vart reint uppeltad. Sin dom um Bull kostad han i trykken og sende etter han til Sverig, der dei ogso hadde fenget visst mykje annat vondt um Bull.

Til ein kjenning i Stockholm, greiven Rosén, som fyrr hadde voret ute sjølv og svertad Bull, hadde Pratté skrivet eit ljugarbrev. Wergeland skulde hava umskrivet stykket aat Pratté paa norsk. Visste svenskarne, kor stor vyrdnad Ole Bull hadde i Norig, vilde dei trega seg i hel. Men no hadde Pratté rivet Bull ned i Norig, som best han kunde, og Wergeland hjelpt til. No maatte det verta gjort av med Bull i Sverig. Bull var daa slik svenskehatar og, at han i Norig meinkad svenske kunstfolk alt, han vann. Bull hadde ogso snakkat vondt um det kongelege orkester i Stockholm, um kongehuset, um Stockholm og um alle svenskar.

I Stockholm gjekk detta brevet gjenom mange

hender og vart vida kjent. Pratté hadde sagt, at kom Bull til Stockholm, vilde dei jaga han burt som ein hund. Og mykje hadde han aa strida med og, men han „heitte ikkje Ole Bull fyr katten“, skreiv han til kona si, og „den, som toler trældom, fortener aa vera under den!“ Men han snudde alt til beste byr.

Orkestret og styret fyr det kongelege teater negtad all hjelp. Men so fekk dronningi han til aa spela paa slottet. Daa vart orkestret med, og dei laut vera fine gutar mot Bull og. Fagnaden var stor, og „Dei norske fjelli“ vakte aalmenn undring.

Den 4de februar heldt han sin fyrste koncert paa den store salen i riddarhuset. Daa hadde orkestret formysur og kunde ikkje vera med. Han fekk leigt eit annat orkester, men daa vart det sett i kongen, at Bull ikkje *vilde* hava det kongelege. So vart kongen sint. Paa koncerten gjekk det lika vel godt. Dronningi, krunprinsen, krunprinsessa og tvo av dei yngre prinsar var til stadar. Og daa Ole Bull kom inn, vart han helsad med handklapp og sterke fagnadrop. Fyr kvart stykke ein storm av fagnad. Soleids dømde folket meinraaderne og krokarne. Og dronningi sende attpaa ei glimesteinsnaal.

Næste dag var det fødselsdagen aat Bull og

25 aar, sidan Karl Johan vart konge. Daa heldt Bull eit kveldslag fyr alle dei nordmenn, som i Stockholm var. Folketonarne og hugtakande hugleikar tryllte laget. Ved kveldsbordet lyfte han skaali fyr kongen, og trifelde hurrarop høyrdest til.

So fekk han innbjoding til Upsala. Det var sjølve den namngjetne diktar og sogeskrivar *Geijer*, som kom med bodi.

Det var ved middagsleite den 17de februar. Det yrer av folk i Upsala. Studentar og damur, universitetslærarar og borgarar skundad seg av stad. Det er Bull, som hev bodet studentarne til sin koncert. Der var det fysna og fagnad heile tidi. Og daa han vart framropad, spelad han umbrøyte av tonen til *Liten Karen*, som Geijer uppgav han.

Studentarne tok imot han i svali. Og daa han i sin pels gjekk ned den høge troppi og bakken, fylgdest han av eit songkor paa fleire hundrad studentar. Lika eins gjenom folkemengderne i gaturne til hotellet. Ved skilnaden hurrarop, sterke og greide som kanonskot. Bull var reint forbinad, som Upsala-studentarne kunde syngja.

Um kvelden var det lag i „store gildesalen“. Det var komet so mange studentar, som salen rømde. Skaaler vart drukne fyr Ole Bull, fyr Norig, fyr Geijer og mangt annat, og dundrande

hurrarop til. Bull sjølv talad med stor kveik, og alle var uppglødde, baade dei, som talad, og dei, som lydde. „Den opne, glade og elskverdige“ Bull var guten, som tok alle. Han og Erik Geijer vart borne paa gullstol, med' det brakad i hallen av fagnad. Daa Bull skipad seg til Kjøbenhavn, fekk han helsing med til studentarne der.

Ved midnattsbil skildest laget. Daa hadde Bull fenget kransen paa sitt hovud, og lika til hotellet høyrdest songen og fagnaden kring han.

Aldri hadde han fenget slik heidring som den kvelden, sagde han sjølv.

Han vart beden halda ein koncert til i „store gildesalen“. „Dei norske fjelli“ var sidste stykket, og etterpaa vart fagnaden reint til heiing. Baade erkebispen og Geijer steig fram og takkad.

Og som sidste æra gav landshovdingen middag fyr han. Ingen kunstmann hadde i Upsala fenget slik heider som Ole Bull, var det ordet, som fylgde han derifraa.

Spelande foor han sud gjenom Sverig. „Dei norske fjelli“ og norske og svenske folketonar tok folk alltid sterkast.

I Ljungby var det komet i hop ei mengd med folk, som plent vilde høyra. Og daa han kom framum, gjorde han, som dei bad um.

„Vexiø blad“ skrev soleids:

— „Det var gildt aa sjaa den store mannen og vent aa høyra. Trolldomsmagti i hans tonar kann ingen standa seg imot. Tilhøyrararne stod reint maallause av undring. Spelet aat Ole Bull skal alltid leva i takksamt minne her. Og den æra, han synte bygdi, skal det verta fortalt um til etterkomararne fleire hundrad — kann henda tusund — aar“.

Det var ikkje fritt, Ole Bull vart eventyrguten i Sverig og.

So til Kjøbenhavn. Han sende bod til studentarforeningi, at han hadde ei helsing i tonar fraa brørne i Upsala. Um kvelden vart det lag, og daa bar Bull helsingi fram paa fela. Ogso her fylgde studentarne han heim og skildest fraa han under hurrarop. Og æresdikt fekk han baade under festen og etterpaa.

Alt fyrste gongen, han var i Kjøbenhavn, vart han gjord til „skandinav“ og endaa meir no, endaa han var litet lagad til det fyrst som sidst.

So gav han tri koncertar i ridehuset fyr fleire tusund tilhøyrarar. Eit militært musikkkorps paa 65 mann spelad med. Umfram annat spelad han fyr kongen og, som gav han ein grus glimesteinsring.

Paa denne tid var ogso felespelaren *Ernst**) i Kjøbenhavn, og dei tvo meistrar budde i same huset. Endaa medtevlingi laag i lufti, var det berre venskap millom dei. Dei var daa ogso gamle vener fraa den tid, dei var dagstødt saman. Og dei hadde mangteit hugnadsamt minne aa friska uppatter. Eit løgjet hende, der Ernst var med, hev Bull fortalt ofta.

Det var i Paris 1836. Ei prinsessa hadde bedet han faa andre spelmenn med seg til firmannsspel i eit kveldslag, ho skulde halda. Bull fekk Ernst og tvo brør, heitte *Boucher*, med seg. Daa desse kararne kom, vart dei ikkje mottekne i forsalen, og lenge laut dei venta. Detta likad ikkje Bull. Daa dyrri vart opnad, fylgde tvo kvite polske hundar med knurring og gjøying inn i salen. Ernst gjekk i silkesokkar og silkeskor, og daa den eine hunden vilde bita, vart han rædd og tokkad seg undan. No fauk hunden paa Bull, men han stod roleg. Med fotebladet slengde han hunden gjenom ljosekruna og upp i taket, so det spann ikkje liv i han meir. Upp i andre enden av salen sat prinsessa under ein høgsæteshimling. Ho rettar ut handi og

*) **Ernst**, framifraa felespelar, fødd 1814 i Mähren, gjekk paa musikkskulen i Wien, og Mayseder sluttad hans upplæring. Døydde 1865.

segjer, med' augo lygnar, at dei skal hava seg derifraa.

„Paa timen!" segjer Bull, han kjem nærmare, smiler og bøygjer seg, — „ingenting helder. Men eg lyt minna um, at eg svarar fyr mine fylgjesveinar. Det var dei 25 louisdorar. Fyrr Dykkar naade hev greidt det med dei, kann eg dessverre ikkje hava den hugnad aa ganga herifraa."

Daa var det, liksom ho siggad seg. Men dei tri andre var alt gjengne, og betala laut ho. Fyr pengarne fekk venerne eit grumt kveldsmaal med mykje gaman til.

Etter ei speleferd til Nordtyskland, der Bull ikkje kunde taka imot alle innbjodingarne, kom han atter til Kjøbenhavn.

Baade Ernst og pianospelaren *Døhler* hadde voret der heile tidi og haldet koncertar, so folk skulde voret mette. Men lika vel var fagnaden ved den koncerten, Bull gav den 10de juni, større en nokorsinne. Det var handklapp og vellæte baade fyrst og sidst og ved kvart stykke men mest ved Polaca'en og eit nytt tonedikt, „Siciliano e Tarantella". Etter detta sidste var det, som blomarne vart auste yver han, med' det vart ropat: „Bravo!" og: „Uppatter!" Daa han so spelad stykket ein gong til, flettad

han inni ein dansk folkesong, som han knytte saman med ein norsk. „Leve Ole Bull!“ var dei uupglødde rop, daa fela tagnad.

At Bull og Ernst maatte likjast i hop, er sjølvsagt. Men bladi i Kjøbenhavn hadde lovord, som høvde aat baade, og ingen av dei tapte paa den mannjamningi.

I juni var Ole Bull atter heime i Kristiania. Millom dei, som tok imot han paa bryggja, var ogso Henrik Wergeland. Endaa han alt um vetteren hadde sleget i hel den lygni, at han skulde hava hjelpt Pratté med skrivingi hans, so var Bull nokot kald mot sin gamle hjartansven. Det var det, maa tru, at mange i Kristiania vilde hava dei tvo venerne skilde. Wergeland var daa helder ikkje fin nok til aa vera beste venen aat Bull. Og range meiningar hadde han nøgdi av, um inkje Wergeland skulde fylla han med endaa fleire.

„Eg veit“, skreiv Wergeland til han, „at eg i di burtevera hev stellt meg, som det sømer ein truen ven“.

Men tvili hadde visst røtt seg hjaa Bull, og det var dei, som stellte med henne, so ho kunde gro fast. At denne Pratté endaa fekk leiga hus hjaa Wergeland, vart fulla utnyttat. Daa Wergeland vitjad venen, vart han sitjande aa venta, og

han visste inkje, kvat han skulde tru. So laut han skriva. Det var sant, Pratté hadde hus hjaa han, men han vilde ikkje negta ein fiende slikt. Brevet sluttar soleids:

„Eg tek upp atter, at eg maa hava ei uttyding. Inkje svar vil ogso vera ei, og det er den, at eg hev *baktalarar* i nærleiken din, fiendar av meg og ikkje vener av deg, soleids som du hev i Henrik Wergeland“.

Og snart jamnad det seg til atter millom dei.

Den 28de juni spelad Bull i hovudstaden, og det nye stykket, „Tarantellaen“, vart motteket med lovord der som i utlandet. Daa klappad Pratté med, og etterpaa skreiv han, at han fyrste gongen hadde voret for braad til aa døma, for detta stykket var verkeleg godt.

No skulde Ole Bull ut og drysja tonarne i bygd og by, baade naar han fekk pengar fyr, og elles, naar hjartelaget dreiv han til det. Han var i sanning ikkje den mann, som knepte den svarte frakken tett til og gjekk og agtad paa vyrdnaden sin, so folk skulde tru, han var annarleids skapt en hitt folket. Nei han var *menneskje*, varmhugad og endefram. Men endaa han so tidt sette seg millom folket, stod han fyr det som ein halvgud.

Diktaren *Oehlenschläger*, som reiste saman

med han paa eimbaaten fraa Kjøbenhavn til Kristiania den sumaren, hev gjevet ei skildring, som levande maalar Ole Bull:

„Eg hadde ofta havt høve til aa koma upp i under yver denne sjeldsynte kunstmann men til aa undrast paa han og. Hans liv er merkverdigt. — Og hans tonar var hans eiget huglynde: Det elskverdige, barnslege, godvorne og kjælne i undarleg blanda, ofta avbrotet av ottesamt braadlæte. Soleids skifte dei venaste, smeltande tonar og den aandfullaste hugleik med uventande kvin paa strengjerne. Det var, som Ole Bull moroad seg med det: Etter dei skiftande hugskot aa gjera til inkjes den milde høgtidskjensla, han sjølv hadde vakt, og støyta dei tilhøyrarar, han nyst hadde hugteket, med rare lunebragder, som inkje tøymde han, men som han i lunutt ovmod fekk fram, naar han vilde.

Ofta tòtte eg, han liktest ein maalar, som viser oss eit naudfint bilæte, han nyst hev gjort fraa seg. Og som me vil sjaa velare til, fer han yver det med penselen og slettar det ut atter.

Men lika vel maa ein segja, som sant er: Mangteit naudfint stykke høyrde me, utan at det vart avbrotet soleids. Og det er vonande, at han med aari hev vakset reint ifraa denne maaten.

Ingen spelad yndefullt som han ein adagio*) av Mozart. Her vart dei reint burte desse illalaatande vister etter eit huglynde, som var i fusaste laget.

Eg segjer, han var plent lika eins i sitt liv. Han gjorde stundom det gode vondt, men det kostad han inkjevetta aa gjera det vonde godt atter. Og det gjorde han med eit barnelag, som høvde den spræke, vene, unge nordmannen so framifraa.

Paa eimbaaten hadde han eingong vakt min mothug, for han hadde voret vel munndrjug um svenskarne, og eg gjekk stad og sette meg paa ein benk. Ei stund etter kom han labbande burt til meg paa alle fire og gjøydde aat meg som ein hund. Detta var no ein likso sjølvfunnen som elskeleg maate til faa forsoningi til paa og setja den tykne paa laatten.

Han vitjad meg fleire gonger i Kjøbenhavn. I Kristiania — — — var eg til middag hjaa han, og daa me reiste, var han so raust aa laana oss ei av sine vogner til Bergen. —

Han var utruleg sterk. Armarne som støypt jarn. Og det var kann henda den ofsclege likamsstyrken, som sumtid braut utolug inn i dei milde

---

*) Med lange, mjuke, milde tonar.

tonarne, med' han kastad paa hovudet, so haaret kom ned i dei fagre brune augo hans".

So foor han ut og druste tonar yver landet.

Daa han kom til Eidsvoll, spelad han fyr sjukingarne ved badet og folk der i kring. Og tidt tok han fram fela og spelad fyr bønderne.

Han foor upp gjenom Gudbrandsdalen og skulde yver Dovre til Trondhjem. Paa Jerkinn stanad han fleire dagar. I fylgje med engelsmenn og andre var han upp aa Snøhetta og trong vel eit døger til ferdi. Det snjoad og haglad, og byrtingar og torebrak verkad som trollskap. Bull var fyrste mannen paa toppen, og syni derifraa var fjetrande. I Vaarstigen velte vogni tvo gonger og vart illa medfari, men han kom godt ifraa det. So kjøyrde han i 25 timar i eitt. I Trondhjem gav han fyr fullt hus tri koncertar. Til dei var mange komne langveges med eimbaaten. Etter nidbeding spelad han endaa ein gong.

Paa vegen til Bergen gav han ein koncert i Kristianssund. Der vart han heft so lenge, at det ikke vart tid til koncert i Molde. Detta mislikad Molde-folket svært, men dei fekk høyra Ole Bull lika vel. „Romsdals budstikke" kann fortelja:

„Me fekk daa høyra Ole Bull! Det saag mest ut til, at vaar systerstad Kristianssund var

vorten so teken av han, at ikkje andre skulde faa sjaa desshelder høyra han. Difyr kom han ikkje hit, fyrr det alt var myrkt i gaarkveld, og i dag skulde han reisa herifraa med eimbaaten. Men daa han hadde lovat ein koncert her, bar det gode hjartelaget han til den mannen, som hadde skrivet til Trondhjem. Daa Bull ikkje raakad han, leitad han etter han i dag tidleg atter. Han vilde hava hans hjelp, so han kunde lata fela si tolka den sut, han var komen i, sidan han ikkje hadde kunnat gjort, som han hadde lovat.

Paa mindre en tri korter kom det saman i herbyrget aat Bull ein aalmenning, som var svært mangment til her aa vera. Det var folk baade fraa byen og landet i kring. Og det er nett, som det her er sagt: Han let fela tala fyr seg. Det gjorde ho og. Det var lengsel og hugverk i heimslege tonar: Kjærleiksaanden, som naadde sjæledjupni.

Etterpaa bar ein fraa seg og hine fram ein takk, som sluttad med eit hurra fyr vaar vidgjetne landsmann. Og det fekk ein styrke, som snaudt hev voret høyrt her fyrr.

Hr. Bull spelad endaa eit stykke og tok uppatter, at han var leid, fyrdi han var vorten heft.

Daa han so foor av stad med eimbaaten,

fekk han endaa eit hurra fraa eit mangment selskap paa tollbodbryggja. Og damurne veiftad med lummedukarne".

I Bergen spelad han tri gonger.

Paa austvegen foor han gjenom Sogn. I Leirdal gjekk han inn i Borgunds gamle stavekyrkja. Dei, som arbeidde paa vegen i Vindhella tett ved, fylgde han og lika eins mange andre, so det vart ein heil kyrkje-aalmuge. Han let atter kyrkja og spelad der inne under dei gamle kvelvingarne, der dei gamallnorske drakarne flettad seg i kvarandre. Dei gjorde sameleids i hans spel baade daa og elles. Dei bønder, som kom forseint, stod utanfyr med øyro til lykelhol og rivur.

Ein annan gong, han samlad bønderne kring seg, vart det so stillt under spelet, at Bull høyrde klokka i vestelumma hjaa ein av dei, som stod nærmast. Og etterpaa stod dei som forgjorde. „Det er trollskap!" ropad so ein bonde og reiv seg i haaret, han hadde reint teket fæla av den magt, Bull hadde yver han.

Alle stader gjorde bønderne æra paa Ole Bull. Det var tidt, dei møtte ved vegjerne i helgarklæde.

No vilde Bull ut paa langferd atter. Denne gongen til Amerika. *Fanny Essler**), som han hadde raakat i Hamburg, var nett komi atter fraa ei Amerika-ferd, og ho hadde synt han vegen. Elles laag hugen til dei lange utferder hjaa han sjølv.

So mykje folk skulde hugsa han, med' han var burte, sagde han, gav han ut hjaa *Schubert* i Hamburg tri av sine tonedikt**). Dei vart vel mottekne av musikkdomararne.

Den 11te september gav Ole Bull sin velfarskoncert i Kristiania fyr vel 900 menneskje. Han sluttad med sin Tarantella, og fagnadrop og farvel brakad. Han laut spela stykket uppatter. Daa han vart framropad til det sidste farvel, var diktaraanden yver han, og han leikad folkelundar og hallingar og sluttad med fedrelandssongen, som umbrøyttest i fløytetonar. Det var ei budeigja, som lokkad langt burte, lenger og lenger burte, til ljomen døydde millom fjelli.

---

*) Essler, f. i Wien 1810. Framifraa til aa dansa. Namngjeti baade i Amerika og Europa. Ho var i dei sambundne statarne og Havanna fraa 1840—42. Sette seg ned i Hamburg, sidan i Wien.

**) „Variazioni di bravura", „Morsbøni" (La Preghiera d'una madre) og „Til henne" (Il notturno).

Kona si og tri born fylgde han til Paris, der dei skulde bu, med' han var burte.

Og so etter ei mindre speleferd yver havet!

Med' Ole Bull er paa bylgja, sender Henrik Wergeland ut hans livssoga. Det er, som Wergeland ikkje likar denne ferdi. Han hev ei sut: Um Bull siglde burt fraa seg sjølv, fraa Norig! Um han vart hugteken av det nye, so han ikkje vann heimatter? Det var rimelegt, at nordmenn tenkte paa slikt. For heime var litet og vesalt imot ute. Det var mest ikkje ventande, at ein stor mann kunde nøgja seg med eit slikt litet folk. Det var daa annat aa vera tolk fyr millionar. Og Bull kunde det, um han vilde. Lengslen etter eit større folk kunde taka nokon kvar, som hadde eitkvart aa forkynna. Tok Wergeland sjølv. Men no Bull, som kunde vera heime, kvar han vilde!

Lika vel, „me ser kvarandre atter!“ læt Wergeland nordmennerne ropad etter han i sitt farvel.

Og Wergeland sende som ei fullmagt med vaar sendemann til den store fristaten i vest.

Han læt Norig tala til Amerika:

„O Amerika, betro'd
har jeg dig med ængstlig ahnen
ham, min fattigdoms klenod,
ham, mit hjertes bedste blod!“

Amerika maa taka vel imot han, Norig bed fyr sin kjæraste gut.

Og so kann han fulla gjera lika fyr seg:

„Han med buens lette spil
kan til dans din panter tvinge
og — hvad der skal mere til —
slave-eieren til smil.
Han kan bringe
Carolinas arme neger
til at springe
gladere end barn, som leger,
sig at svinge
snellere end hjulets eger . .
O, han kan det, om han vil".

Soleids skal han lyfta dei svarte trælarne.

„Men, som om hans bue blev
pludselig med tordner svanger,
som om den i luften skrev
trylleformlet frihedsbrev,
skræk og anger
fylder herrens*) hjertekammer,
— som med slanger
tusind blik i mulmet flammer
hos hans fanger.
Ve ham, ve ham! Slavens jammer
klagende min Bull beskrev".

Norig talar so til sonen og gjer han til ærindssvein:

*) Slave-eigaren.

„Far da hen, far hen, min søn!
Lad din tryllebue skjænke
arme negers suk iløn
styrken af en bønhørt bøn,
saa hans lænke
for dens strøg maa sønderbriste!
Da sig sænke
signende platanens kviste,
og jeg tænke
kan med stolthed, dig at miste,
Ole Bull, min søn, min søn!

Ti hist vest, hvor du vil fly,
er min egen friheds kjerne
vokset i plataners ly,
baaret hid paa svanger sky.
Derfor gjerne
vilde jeg taknemlig sende
til dens fjerne
fosterland ved havets ende
herlig stjerne,
og af dem, som hjemme brænde,
straaler ingen med dit ry“.

Han er difyr vaar rette sendemann!



VII.

Fyrste Amerika-ferd.

(1843—45).

At det maatte „humbug" til i Amerika, visste Bull vel, og torsken vilde den vera, som kunde meina, at han kom til æra utan. Difyr sende han musikkutgivaren *Schubert* fraa Hamburg i fyrevegen. Og han visste aa snu seg.

Gjetordet hadde fulla naatt yver havet fyrr, men no kom det til kvar mann og gjorde folk forvitne. Bilæte av meistaren var aa sjaa nokon kvar stad. Og bladi fortalde forvitnelege ting utan ende. Baade laust og fast um kvartannat, sant og dikt. Mangt vart funnet i blad og bok i Europa, og eventyri hadde ikkje minkat paa Atlanteren. Det vart fortalt, korleids Bull hadde gjenget paa sin fot til Paris — berre fyr aa høyra Paganini, og at han hadde selt si einaste skjurta, so han kunde kjøpa seg biljett. I verste raadløysa vilde han sprunget paa Seinen, men ei kvinna hadde paa bisneleg vis frelst han. So stod det aa lesa ei skildring av den glimesteins-

orden, han hadde fenget av svenskekongen, men som han aldri bar, daa han var for republikansk. So ein annan gong um hans riddarsnamn, som han av same grunn helder ikkje vilde bera. Og slike sogur gjekk fraa blad til blad.

Men lika vel saag det ikkje ljost ut, daa han i november kom til Newyork. For i byen var alt fyrr tvo store franske felespelarar, *Vieuxtemps**) og *Artôt*, som var i fylgje med den namngjetne syngjar madame *Domoreau*. Franskmennerne og deira blad hjelpte sine landsmenn, som dei ottadst Bull vilde taka luven fraa. Difyr sette dei ut alt vondt baade um han og hans spel.

Men alt den 23de november gav han sin fyrste koncert. Og den var god, endaa ingen franskmann var til stadar. Det berre aukad striden, for no vart „Bull elder Vieuxtemps“ ein folkestrid millom franskmenn og amerikanarar.

Artôt og madame Domoreau uppgav snart striden og strauk sudetter, men den andre prøvde seg endaa eit bil. Hamla upp med Bull kunde han ikkje. Tonarne hans var fulla etter reglarne,

*) Vieuxtemps, f. 1820 i Belgia, d. i Algier 1881. Meistarspelar paa fela, hadde havt Bériot til lærar. Hans felestykke reknats til dei beste, som er diktade i den nyare tid.

men dei var kalde og som glas. Dei høvde betre paa fastande hjarta um morgonen en i det huglyndet, ein var i um kvelden. At franskmannen var liten og stygg, gjorde og sitt. I minsto fortel dei amerikanske blad reint hugtekne, kor staut kar den nordmannen er, og kor fint han ter seg.

James Gordon Bennet, eigaren av „Newyork Herald“, sagde til Bull, at bladet skulde standa til hans forsvar, naar han vilde.

Bull svarad med eit nevetak og desse ord i broten engelsk: „Eg tenkjer, hr. Bennet, det er best, at dei skriv mot meg, og eg spelar mot dei“.

„De hev rett, Ole Bull, fulkomet rett“, mælte Bennet atter og log, „men gløym ikkje, at „Herald“ alltid er open fyr Dykk“.

Bladi speglar denne striden baade i prosa og paa vers, lovsongar i det endelause og meir elder mindre ordhitne klengjestev. Det var bilæte til dessmeir. Men Ole Bull bar sigren heim. Det hjelpte litet, at den franske flokken saag ned paa Bull „og helsad han, som bergi helsar den gjøysande aa“. For han hadde med ein gong vunnet godviljen aat amerikanararne, og den fylgde han gjenom heile Amerika baade no og seinare. Mange hundrad lovtalar i bladi ber vitne um det. Lika eins det, at tilhøyrararne aukad paa, so han

laut spela i dei største salarne, som aldri var etlade til slikt bruk. Og lika fullt var det ikkje alle, som slapp inn.

Han gav ei utruleg mengd koncertar, og dei kom slag i slag, so det reint var eit under. Stundom fleire dagar paa rad i dei større byar, med' han paa jarnbanen foor att og fram imillom dei. Ein dag koncert i ein by og so næste dag i ein annan mange mil derifraa. Som eit døme kann nemnast, at han i december 1843 gav 18 koncertar i 6 ymse byar.

Det var store ting, han kunde halda det ut. Eingong han hadde lagt seg til aa sova i solsteiken paa eimbaaten, fekk han solstikk, og det var som eit under, at han ikkje gjekk med. Han reiste lika radt, som ingenting var.

Eingong han spelad, var han komen inn i andre stykket, men daa laut han slutta. „Aa eg er so sjuk, so sjuk!“ sagde han, med det same han gjekk. Ein doktar, som var til stadar, forbaud han spela meir den kvelden. Men dagen etter heldt han koncert i staden.

Det, som bergad han, var sterk bygnad og sterk vilje, maatehald i mat og drykk, kalde laug og mykje rørsla i frisk luft. Andre raader trudde han helder ikkje paa.

Som vitne um den verknad, han gjorde paa

folk, skal her takast med nokot av eit brev, som den velkjende forfattarinna *L. Maria Child**) skreiv fraa Newyork til eit blad i Boston:

„Eg hev tvo gonger høyrt Ole Bull. Eg vaagar snaudt aa fortelja um den verknad, hans kunst hadde paa meg. Men eg vil jaga fraa meg all otte fyr, at eg skal verta til laatt og løgje fyr alt for stor uppgløding, og segjer, at hans spel fyr meg tolkad meir av det endelause, en eg nokor tid hev set, høyrt elder drøymt um i naturi, kunsti elder draumen.

Dei fortel meg, at hans framførsla er meistarleg, men eg hev for liten lærdom til aa døma um dei vanskarne, han greider. Eg trur so gjerne um han, at „hans aand skaper det utenkjande, og hans fingrar greider det umoglege“. Han

---

*) Lydia Maria Child, fødd i Massachusetts 1802. Arbeidde i skulen til 1828, daa ho gifte seg med sakførar Child i Boston. Si fyrste bok gav ho ut 1824, og ho fekk snart eit stort namn, og mykje hev ho skrivet. Ho var baade millom dei fyrste og djervaste i slavespursmaalet, og endaa ho miste mykje av den samhug, ho hadde vunnet ved sine andre skrifter, tok ho berre djervare i fyr dei svarte stakkararne. Fraa 1841—43 styrde ho og eit blad mot slaveriet. Hennar „Letters from Newyork“ vart gjevet mykje gaum etter. Sidste store boki hennar kom ut 1869. Døydde 1880.

spelad paa 4 strengjer samstundes og skapte den rike samljoding av 4 instrument. Bogen foor leikande yver strengjerne og fekk fram dei kvikaste tonesprang, snøgt som ljonet og lika fullt klaart skilde. Han fekk fela til aa syngja med fløytetonar og lik strengleiken giva eit medspel, som alt i eino fall inn som fulle dropar av toneregn. Alt detta eg baade kjende og høyrde so vel utan den minste kunnskap um kvartetto eller staccato. Korleids han gjorde det, veit eg lika litet, som korleids det gjeng fyr seg, at soli skin, og vaaren fær til sine blomar. Berre eitt veit eg: At tonar strøymde fraa hans sjæl til mi og lyfte henne upp til bøn med englarne.

Aa, den endelause finleiken i desse tonar! Snart sprettande som hulderspel, snart blide og mjuke som andedraget aat det sovande barnet, so klaare som ei sylvklokka, so høge som ei lerka, som flyg i høgdi, til ho kverv burt millom stjernurne! —

Desse tonar var nett tagnad, daa ei røyst millom mengdi ropad paa „Yankee slengjar"*). Det støytte meg, som vilde ein hermegast til aa dansa paa altaret i ei kyrkja. Eg kunde daa aldri tru, at han vilde uppfylla ei bøn, som syntest

*) „Yankee doodle" — amerikansk folkesong.

meg so urimeleg. Men smilande let han bogen leika yver strengjerne, og vaar folkesong fylte lufti, sveipt i eit skygg av brikne umbrøyte. Det var „Yankee slengjar" i helgarbunad. Eit forbinande vitnemaal um, korleids kvardagssnakk og vesaldom kann faa høgtid, naar det endelause kjem til.

Daa dei bad meg slaa meg til den flokken, som fylgjer denne nordstjerna, svarad eg kaldt: „Eg likar aldri løvur, dessutan hev eg for liten musikalsk lærdom til, at eg kunde mæta hans hagleik". Men daa eg høyrde han, kjende eg med ein gong ei magt, som gjeng yver lærdom, og som snaude hagleiken lyt stræva faafengt etter aa naa. Liksom eg kann skyna, at regnbogen er fin, utan at eg fyrst hev studerat ljoslæra, so kjende eg og hans fine velde utan kunnskap. Det kom yver meg som eit under. Eg kjende, at mi sjæl fyrste gongen var døypt i tonar, at aanden min eileids var umskapt med dei, og at eg vilde verta eit annat menneskje etterpaa. Eg var so teki av „den ofselege straaleglans", at eg snaudt var god-til anda.

Daa eg kom ut, rein gatesjauen i øyro mine. Syni av fillutte gutar og gnagsame kuskar støytte mine kjenslur meir en elles. Eg vilde, at dei englar, som hadde tent min aand, ogso skulde

fylla deira. Eg totte, at slike tonar maatte venda heile verdi til ein venleik, som samsvarad med Guds eigen lagnad. Eg gjekk til min heim paa jordi, endaa eg ikkje visste av det. Sjæli tottest fljotande yver i den endelause æva. Dagen etter kjendest det, som hadde eg voret i eit rus og set himmelen open og so var komen til jordi atter. —

Eg veit ikkje, um andre var so ofseleg tekne som eg sjølv, for heile livet mitt foor framum augo, og alle andliti i kring meg vart usynlege. Men den kurande stilla viste, at trollmannen hadde hugteket mengdi. Um eit blad hadde dottet, med' han spelad, ein hadde høyrt det, og fagnaden, som brakad, daa han sluttad, fortalde, at hjarto aat tusund slo som eitt.

Hans maate aa te seg paa aukad ruset. Plent som eg hev tenkt meg Adam i Paradiset — so rein, naturleg og kraftig saag han ut. —

Naar han ikkje spelar, er det ikkje nokot merkverdigt i laget hans, berre ægte godlynde, ein styrke til kvildi, som han ikkje sjølv veit av, og i bunad og ferdalag ei vandeløysa, som ingi tilgjerdsla er. Men tek han fela og held henne smeikjande til øyrat, som vil han fanga den finaste bivringi aat strengjerne, synest det, som „englarne kviskrar til han“. Med' fingrarne fer

yver strengjerne, kjem englarne til hans sjæl, giv han sine tonar og glytter ut fraa augo hans med underfull og kveikjande venleik. Hans rørslur er svigande etter tonarne som treet etter vinden. For sjæl og kropp er strengde. —

Nokre, som ikkje vilde standa til, at den største stod framfyr dei, segjer, at Paganini spelad „Karnevalet i Venedig“ betre en hans norske skjeidbror. Eg veit ikkje. Men dersom laatten nokor tid strøymde fraa strengjerne paa eit musikalsk instrument med villare heiing, elder tonar skjeltest med venare uljod, elder ei fela gartad med yndefullare flog en fela aat Ole Bull i denne fljugande tonesull, ja daa ovundar eg dei øyro, som høyrde det“.

I tvo aar foor han i kring i dei sambundne statar, vest til Mississippi-dalen og gjenom Kanada, var ogso yver paa Kuba. Og alle stader som „frikar“. Han tok folk som eit under, og sjølv vart han teken av folk og land, samfundsliv og trældom, storverk og vesaldom. Her var rom fyr eventyr og emne til nye tonedikt.

Fyrst foor han i sigerferd sudetter til New Orleans, der han gav 7 koncertar, med' spanske, engelske og tyske blad kappadst um, kven som kunde rosa han mest.

Sjuk og utmasad kom han den 15de februar

1844 til Havanna paa Kuba, og han var der i 7 vikur. Hiten var, so ein kunde kovna, og den gule feber og annan faarleg sjukdom laag og lurde, men han naudad ingenting. Var som han var um seg, let han korkje sol elder maane skina paa sitt hovud og agtad vel paa heile levemaaten sin. Og lika vel naut han til gagns livet i detta naudfine land, som det var raadlaust aa skildra — so vent var det, totte han.

Sudlensk og utan maate var og den fagnad, spelet hans vakte. Det var folk, han kunde taka med, som han vilde det. 10 koncertar paa rad, dei 6 sidste i eit ovstort teater. Polacca'en maatte han spela paa mest kvar koncert. Og fekk „Carolinas neger" ikkje høyra han endaa, so fekk dei svarte det paa Kuba. Dei baade høyrde og forstod. Medspel under koncertarne hadde han av eit orkester, som var sett i hop av dei beste spelmenn ved dei 7 regiment, som laag i Havanna. Dei fleste i detta orkester var svarte og fargade. Bull var uppglødd av deira dugleik og „gode, truverdige andlit". „Dei er dei beste musikkfolk i heile Amerika", sagde han. Og brørne deira skulde vera trælar i Amerika og ikkje reknast fyr menneskje eingong!

Her diktad han tvo nye stykke*), der tonar

*) „Agiaco Cubano" og „Minne fraa Havanna".

fraa sjølve øyi leikar med. Dei var diktade med eldhug og vart mottekne med uppgløding.

Det regnde med vers og blomar og kransar. Med dei kunde han gjøymt heile teatertilet. Det var i storo med alt. Utlogurne kvar spelekveld gjekk upp til 4000 franks.

Fyrr han endaa var ferdig med koncertarne, vart det uppreist millom dei svarte. Alle kvite skulde hava gift. Og mange vart drepne. Soldatarne foor og fust fram og drap, kven som høvde, og 700 negrar vart nedskotne. Ole Bull laüt leiga seg stort mannskap til vakt, utan kunde ein aldri vera trygg korkje fyr liv elder pengar.

Med Schubert og Bull bar det ikkje lenge ein baat. Eingong sekretæren hadde voret so styven og sett tvo koncertar til same dagen, tok Bull kvasst i, og hin vilde ikkje vera krambudssvein, sagde han, og trugad med aa skilja seg fraa han. Det var inkje Bull imot. Schubert hadde fenget 14,000 dollars fyr sitt yrke i tri maanar. Ein kveld Bull spelad, kom det politifolk fraa Schubert og skulde setja han fast, men dei kararne jagad han paa dyrri. Dagen etter gjorde Schubert same freistnaden uppatter, men ein ven av Ole Bull lovad, at lagde Schubert meinraader fyr Bull, so kunde han agta skolten sin. Og dagarne etter hadde Bull so mange

vener kring seg, at det var uraad aa røyva han. So freistad Schubert aa faa tak i pengekassen, men daa det mislukkadst, strauk han sin veg.

No var Bull paa vegen til Boston, og han sat nett ved middagsmaten i Newyork. Daa kom det ein fredsdomar og kravde 10,000 dollars, elder ogso skulde Bull setjast fast. Men det slapp han fint. Vener gjekk gode fyr dei 10,000, og attaat sette Bull 5000 hjaa ein pengemann, so saki kunde hava sin gang*).

Denne greida, som avisurne tok seg av paa det beste, gjorde helder gagn. Det var meinraader berre, so Bull ikkje skulde faa spela i Boston, som han hadde lovat, og det var aalmenn tru, at franskmenn stod attanfyr.

Endaa han heldt sine koncertar i ein sal, som rømde 2000, laut orkesterromet verta umgjort aat tilhøyrararne, ja sume laut faa sess paa sjølve tilet og.

Bladi kappadst um aa lyfta han til himmels og fortalde rispur og hende fraa hans liv, for folk maatte faa vita alt um denne eventyrguten. Det var vel snaudt nokon stad i heile Amerika, han vart motteken med slik eldhug som i Boston.

*) Fyrst 1852 vart det ende paa denne saki. Ole Bull vann, men fyr sine tonedikt, som var utkomne hjaa Schubert, fekk han ingenting, endaa dei vart prentade uppatter fleire gonger.

Derifraa foor han spelande fraa by til by til Qvebec og Niagara, og fyrst i august og september kvilde han i Bristol i Rhode Island, med' sjølufti svalad han.

So ferder og sigrar i auststatarne utetter til nyaarsbil 1845, daa han strauk vest til Mississippidalen. Lenger vest kom han ikkje denne gongen, og det budde ikkje folk stort lenger vest helder daa. Han gav ei mengd med koncertar det komande halvaaret.

Sidan foor han austetter og lika nord til Niagara atter, fyrr han kvilde ut.

Daa han skulde skiljast fraa sine vener i New Orleans, heldt han eit glimande lag fyr dei. Utpaa kvelden kom det ein framandkar. Det var den tyske „trollmann" *Alexander*, som nett kom med eimbaaten fraa Europa. Han vart vel motteken, og dei bad han syna nokre av sine kunster. Det skulde han fulla, dersom Bull vilde spela aat han. Det kunde han daa alltid. Trollmannen hadde fjetrat selskapet med trollkunster alt lenge, daa han bad Bull syna seg sin kostesame minnepeng av gull. Men daa han skulde sjaa til, laag det berre eit blystykke i øskja. Og daa han so skulde spela, var strengjerne av fela slitne. Sprukki var ho og fleire stader. Daa tok Bull til aa ottast ilt. Men

Alexander gjorde det baade verre og betre, daa baade minnepengen og fela fyrst vart reint vekke og sidan kom atter, som dei hadde voret. Sidan spelad Bull fyr sine gjester til langt paa natt. Daa dei gjekk heim, var dei meir hugtekne en paa nokon koncert.

Han røynte mangt paa denne speleferd. Ein gong han foor med baaten paa Missisippi, var han ute fyr eit fælande uvedr. Ljonet slo ned rundt i kring, og stormen jagad skogbranden fyre seg. Baaten var paa veg aa kvelva, med' ljoni sleikte i kring. Det tok eld i baaten og. Daa stod Bull ferdig aa springa i elvi, men dei fekk sløkt, og han slapp prøva lukka i vatnet den gongen.

I ufjelgt vedr reid han einsaman ut paa den store prærien og leid mykje vondt.

Han gjorde ogso ei ferd til den ovstore Mammuth-hellaren i Kentucky, var der i heile 16 timar og gjekk 18 engelske mil — mest tri nye norske — der inne. Det var ei lukka, han kom derifraa med livet, for vaagehals som han var, kom han fraa fylgjet sitt, og med' han kraup frametter, sloknad lykti, og det tottest stengt allstad. Daa hine kom med lykterne sine, saag han fyrst, kor nær dauden hadde voret. Berre eit stig til sides, og han hadde sturtat utfyr og i elvi. Han

strauk ogso fela der nedre, og var nokot hulderspel, so laut det vera det.

Der vester møtte han dei uhorvelege framstig men saag fulla og, kor litet eit mannsliv galdt. Han hadde ofta mange pengar med seg, og det var fulla dei, som stod etter han, men han kom godt ifraa alt i hop.

Det var elles ikkje fritt, han slo fraa seg som god norsk slaastkjempa og sumtid, so dei fekk vita, at nordmannen hadde nevar.

Det var eingong sudpaa, fortel bilthoggaren *Thomas R. Gould.* Paa felebogen hadde Bull ein kostesam glimestein, han hadde fenget av herhugen av Devonshire. Den hadde ein mann fenget augo paa, og han kom til Bull og sagde, at han laut hava den steinen.

Men det var ei gaava, sagde Bull, og det hadde seg paa eigi vis med den, so han korkje kunde giva burt elder selja steinen.

„Det er det same. Men eg vil hava han paa timen!" sagde mannen og vilde trekkja blankt.

Men Bull var skjotare og gav han med knytte neven ein i nakken, so han laag der. „Ein annan gong gjer eg det av med Dykk", sagde han og sette kneet paa bringa aat kroken, „men no skal De sleppa".

Daa mannen slapp laus, totte han fulla, det

var baade handfridt og godt gjort, og han bad Bull taka kniven til eit aaminne.

Ein annan gong var det paa Missisippibaaten. Der var med nokre halvville landnamsmenn vestantil, ustyrne sellar, som endaa-til gav seg namn etter dyr. Dei sende ein av stad og baud Bull ein dram — han sat der fyr seg sjølv og las i eit hlad.

„Takk, som byd!“ svarad Bull, „men eg drikk aldri brennevin“.

Mannen kvesste i ein heit eid: Han høyrde til eit maatehaldsselskap kann henda?

„Nei det gjer eg ikkje, men eg drikk aldri brennevin, for det er meg som gift“.

„So du trur, at eg byd deg gift?“ ropad villmannen og budde seg til og skok paa seg. „Kom og slaast, gamle hest!“

Hine sellarne, paa lag eit halvt sneis, var no komne burt-til og ropad:

„Vil du ikkje drikka, so lyt du slaast, gamle hest! Du ser forbannad sterk ut. Prøv deg no, kar!“

„Ein nordmann kann slaast med, kven som byd seg, naar blodet fyrst er hitnat, men eg kann ikkje slaast med kaldt blod. Og kvifyr skal eg slaast?“

„Du snakkar og! kvifyr du skal slaast? Du synest vera ein sterk kar, og slaast skal du!“

Daa Ole Bull saag, at det ingi onnor raad var, sagde han lognt:

„Daa de so plent vil prøva styrken min, endaa det ingen grunn til dragsmaal er, so kjem eg paa nokot. Den, som hev hugen, kann taka meg, som han best tykkjest, men eg vaagar paa, at han um ein halv minutt skal liggja paa ryggen framfyr føterne mine med nosi i vedret.“

Under heiing og skrik gjekk kararne med paa detta og valde ut den sprækaste. Men som han vilde taka Bull om livet, fekk han ein, so han i næste blinken laag paa dekket i uvit. Bull vart litt illa ved, daa ein av hine trekte upp den tvieggjade kniven sin. Det var daa aldri paa han, kniven skulde brukast! Men mannen vilde berre løysa paa flaskekorken, so han paa dekket kunde faa ein brennevinsstøyt i halsen. Av det skaut han uppatter.

„Kor fa'n bar det til, at eg rauk enda?“ var det fyrste han sagde.

Ein skrellelaatt var svaret, og sjølv log han med. So spratt han upp og vilde hava Bull til aa fortelja, korleids han hadde boret seg aat med han, men daa han ikkje det vilde, sagde slagsbroren:

„Tak kniven min med heim, du slaast forbannat godt, du er snøgg som byrtingen!“

Ei fem-seks andre gav og sine knivar som heidersteikn til slaastkjempa fraa det framande landet. Og det var ei god auking paa minni fraa Amerika.

Sidan vart det fortalt um den same sellen, at han var gjengen til ein bladstyrar, som hadde skrivet ein streng dom um spelet aat Bull, — han vilde slaast fyr „den sterkaste felespelar, han nokor tid hadde set“.

Bull sankad gull og æra, so det var eit eventyr, men so druste han og med tonarne, var aldri girug paa dei. Det hadde han aldri voret fyrr helder, men i Europa, der detta var som ein sjølvsagd ting, naar talen var um Bull, vakte mangein gong dei høge prisarne meir snakk. I Amerika rødde dei helder um, kor velgjerdsam han var. Endaa til bladi skreiv um det. At han bad alle fraa eit hus fyr blinde i Newyork fritt til sin koncert, var daa rødande um og. At han gav dei, som leid vondt i daarekistur, lisa ved sitt spel, vart helder ikkje gløymt.

Fyr ei kvinna, som stridde med si sidste sott, døyvde han sorgi og gav henne solskin mot kvelden.

„Naar eg møter Ole Bull“, sagde ho til ein

ven, „tykkjer eg, at eg kjem i yngdi atter. Ikkje berre det, at ungdomsaari kjem atter, men ogso deira friskleik, fylle og hugtakande fysna i heile laget. Var eg alltid i lag med han, kunde eg aldri verta gamall, so kjennest det. Det er mange aar, sidan eg møtte eit menneskje, som kunde kveikja hugen som han“.

Og soleids trøystad han ofta dei, som sat i sorgi. Store og smaa kom til aa elska han, og han ferdadst saman med dei ypparste menn og kvinnur, som i landet fanst. Sjølv elskad han folk og land og samfundsliv, og i lag med dei beste drøymde han draumarne um nye framstig.

Brevi til kona syner den sterke glade mannen, som aldri er syten men alltid skodar frametter, uppglødd av alt, han ser, og han røynte og saag meir paa denne ferdi, skreiv han, en paa alle dei ferder, han til dessa hadde gjort i Europa.

At Bull maatte vera paa laget til aa skapa nye dikt, er daa mest som sjølvsagt. Og dei kom.

Fyrst var det „*Niagara*“. Fleire gonger hadde han voret ved den store fossen og set han i alt slag ljos baade i solskin og i uvedr. Ein kveld lyste det fraa ein skogbrand paa sylvstraumen, der maanen leikad seg samstumdes. Det var plent som trollskap, aldri hadde han set slikt som den fossen, totte han.

Folk vart fælt forvitne etter aa høyra detta tonediktet hans, men daa han spelad det i Newyork, totte aalmenningen fyrstundes, at det ikkje var nokot. For folk hadde ventat, at dei skulde høyra sjølve fossebraket. Men i staden fekk dei kjenslurne aat Ole Bull ved Niagara — „dei slo, som eit mannshjarta hadde sleget ved Niagara". Dei, som hadde vit paa det, sagde med det same, at nett so skulde det vera. Ja dei rosad han fyr, at han hadde haldet seg for god til aa taka folk ved brak. Han nøydde folk til aa lyda etter sitt eiget hjarteslag, og so skulde det vera. Dei, som sjølve hadde stadet ved den store fossen, sagde og, at han hadde maalat kjenslurne, so ein kjende seg att i dei. Stykket fekk mykje varmt og godt forsvar. Og var det ikkje diktat etter reglarne, som sume sagde, so var vel ikkje det nokot lyte, for storgivnaden skapte sjølv reglarne. Lærdomen kjende fulla dei reglar, som var, men laut vera so snild aa koma etterpaa diktaren, for han skapte dei nye reglar. So var det i alt, og her var nokot nytt. Folk tok vonom fyrr til aa skyna diktet i Newyork, og andre stader tok det aalmenningen med ein gong. Bull sjølv sette Niagara svært høgt millom sine dikt.

Storhopen totte betre um eit annat dikt,

Einsleg paa vidderne"*), so han maatte spela let mest paa kvar einaste koncert. Den gongen, ıan lagad stykket, hadde han endaa ikkje voret ıte paa vidderne, men lika vel hadde han høvt det ;o godt, at det var plent, som du var der ute, agde dei, som sjølve hadde levt der. Um det ;o var det endelause svævande humletotet, so et det i hans dikt, sagde dei.

Paa denne tid spelad han fyrste gongen eit storfeldt religiøst tonedikt, „*Davidssalmen*". Den vart motteken med mykje vellæte og fagnad, endaa mengdi ikkje kannadst med det som dei mindre aalvorsame stykke. Endaa-til ein so fin aand som *M. Goldschmidt* finn detta stykket utifraa ægte. „Eingong, so tykkjest det", skreiv han, „hev den vidfarne mannen, den fagnade og glade spelmannen kjent eit tungt aalvor i hugen, ei retteleg sorg, og er vorten dregen til minne fraa det gamle testamente. So er diktarlyndet komet og hev soget sorgi i seg og gjort henne til tonar. Det hev gjenget som av seg sjølv, utan at han hev tenkt større paa det".

Sidst kom „*Washingtons minne*", som hadde arbeidt i han lenge, fyrr han fekk det til, so han

*) „The Solitude of the Prairies".

kunde spela det. Stykket var paa ein maate den amerikanske folkesoga.

Fyrst dyn det av krigen, med' „Yankee slengjar“ og „Gud signe kongen god“, folkesongarne aat Amerika og England, læt inn imillom. So minnest „den store borgaren“ i ein storstilt og vyrdnadsfull gangar. Deretter „Fridomssigren“, og det sluttar med folkesongen: „Heil deg, Columbia!“

Detta tonedikt, som han spelad dei sidste maanarne, han var i Amerika, var meir hugtakande en alt annat. Og var det einkvar, som inkje hadde skynat han fyrr elder ikkje viljat kannast ved han, so laut dei no baade skyna og elska han.

Ho gav berre ord fyr det, aalmenningen totte, Maria Child, daa ho sluttad ein umtale av hans amerikanske tonedikt soleids:

„Takk til „gamle, alltid unge mor Norig“. Ho hev sendt oss sin herlege son. Han skulde lyda etter røysterne og ljomen og giva dei i udøydelege tonar.

Naar Amerika tek den norske toneskalden paa fanget, fær det meir, en det kann giva. Hans vitjing hev vakt og breidt kjærleik til musikk kring um landet og vil heretter gjera det meir en alt annat. Og der kjærleiken er, finn han

snart fram til kunnskap. For alt, som lever, er født av hjartat".

Norig fekk æra fyr all hans gjerning. Det var Ole Bull, som lærde Amerika-folket det kjære namn. Det synte seg i blad og tale.

Soleids ved hans velfarskoncert i Newyork den 30te oktober 1845. Inntekterne skulde ganga til frimurarfondet fyr enkjur og farlause, og til stadar var yver 4000 mennekje.

Midt i koncerten var det ei kvild. Daa kom frimurarne leidande inn med Bull, og under mykjen fagnad vart han klædd med frimurarbunaden av reint gull. Av talen, som vart halden, bør eit og annat verta hermt:

— „Den makelause sælebotsgjerning, som sermerkjer Dykkar skilnad fraa oss, skal bu i hjarto vaare og glima kring namnet Dykkar. Og den glansen vil De hava framfyr alle dei, som eit bil hev voret gjester paa vore strender og atter hev faret sin veg, utan at dei hev synt teikn til samhug med andre en seg sjølve: *Dykk, bror!* hev vaare landsmenn vortet gladare og gladare i til kvar dagen, De var hjaa oss, for *De* hev synt, at De eig ei sjæl, som er god-til skyna det gode i vaart stell og i vaar samfundsskipnad, det vene i naturi, det store hjaa dei menn, som landet vaart hev fostrat. —

Norig kann vera stolt av sitt barn, som no stend imellom oss.

— Dykkar sending til vaart land er snart slutt. De kom med Dykkar fedraheims frie aand, som samsvarar med den frie aand hjaa oss. De hev gjort dei ljuvlege tonarne fraa „Dei norske fjelli“ kjende i „Einslegheiti paa storvidderne“ i Amerika. De vil hava med Dykk heim tonarne aat „Niagara“. De vil leiva etter Dykk helsingi Dykkar til „Washingtons minne“, og „Morsbøni“ og den varme takken fraa den farlause fylgjer Dykk. Og verdi vil læra, at med' dei snakkar um samanknyting av folk og rike med jarnband, er det sterkare en jarnet det bandet, som semjer hjarto aat trufaste og frie menn fraa alle ætter med det uløyselege brorbandet“.

Under talen var det fleire gonger, at fagnaden brakad gjenom hallen, og sameleids etterpaa.

Ole Bull stod der bljug og varm yver heideren, og daa han svarad, var han fyrstundes so laagmælt, at ordi vart burte. Men sidstpaa talad den norske „sendemann“ høgt og greidt:

„Mi helsing til „Washingtons minne“ er ikkje mi berre. Det er helsingi aat heile det norske folk, som er høyrt gjenom meg. Dei grunntankar, som detta folk drog sverdet fyr og let blodet sitt renna fyr, uppglødde nordmennerne

og magnad dei i deira stræv fyr sjølvstyre. Den norske høgvyrdnad fyr amerikansk samfunds-skipnad og fyr den store upphavsmannen vart tidleg plantad i mi bringa, og høgvyrdnad fyr Washington og kjærleik til fridom er prentad i mit hjarta fyr alltid".

Soleids talad han, og han hadde rett til aa gjera det. Han var komen fraa Bergen, som i 1814 hadde sendt den amerikanske grundlov til Eidsvoll. Og han sjølv var hjarteven til Wergeland.

Fagnaden brakad ei heil æva og tok seg uppatter, daa koncerten sluttad, med' han vart ropad fram gong etter gong, og med' blomarne druste yver han.

Men som fagnaden ikkje hadde voret stor nok denne gongen, sende dei største musikkfolk i Newyork ein maana etter bod til han og bad han spela der ein gong til. Og han kom og spelad den 26de november. Daa baud han heile blindehuset til aa høyra seg fritt.

„Mine vener!" skreiv han. „Eg hev høyrt, at mange av Dykk er glade i musikk. Um nokre dagar skal eg reisa fraa Amerika, og der-som eg fyre avferdi kunde giva Dykk litt hugnad, vilde det vera eit svært so kjært minne fyr meg. Vil de alle, sveinar og lærarar, koma og høyra paa meg næste onsdag, skal eg moroa Dykk,

som best eg er god-til. Det skulde vera min største lyst, um eg ei liti stund fekk Dykk til aa gløyma, at De ikkje fær sjaa venleiken aat blomarne."

Og eit slikt tilbod vart fulla motteket. Alt tvo timer fyre tidi var hallen full, og han spelad fyr meir en 4000. Um kvelden sende dei blinde han eit takkebrev. Dei song ogso eit æreskvæde, som ein av dei sjølve hadde diktat. Uppgløding og fagning var paa høgste merki heile tidi. Og til slutt framrop gong etter gong under fagnadrop og hurra. Med' mange av blomekransarne fylgde vers til hans æra.

I december ruggad han paa Atlanteren.

Daa gav „Newyork Herald", det største bladet i Amerika, ei umsyn paa hans ferd. Det reknar ut, at han hev reist yver 100,000 engelske miler og gjevet meir en 200 koncertar og i vissa tent 280,000 krunur. Umfram det hadde han fyr velgjerdsverk gjevet koncertar, so dei hadde fenget yver 70,000 krunur, og til kunstfolk, som hadde hjelpt til, betalat ei gode 50,000 krunur.

„Ingen kunstmann hev nokor tid vitjat vaart land og fenget slik heider", held bladet fram. Dikt i hundradtal er skrivne til han. Gullvasar, eignaluter og minnepengar hev han fenget av



Ole Bull.

ymse samlag. Heile hans merkelege ferd i detta land er reint utan sidestykke baade med glans og vellæte.

Han kom fraa Norig, det nørdste landet i Europa, fødestaden aat Odin, og uppglødde heile Amerika. Hans fine farvelspel i Newyork fekk taarurne fram i mangt eit auga".

Ole Bull fær helsingar etter seg baade paa prosa og paa vers: Han maa berre koma atter.

Amerika-folket tok til aa grunda paa detta Norig. Kor mykje nordmennerne hev havt aa segja i den aandelege heimssoga, veit dei ikkje, men det lyt vera nokot munalegt det. Og det er ikkje fritt, at dei fær baade den æra, dei skulde hava, og nokot til. I minsto er det visst, at det angelsaksiske blod, som Amerika-mannen var so kaut av, berre var ein bekk fraa den store skandinaviske sjø. Store namn attanfyr Ole Bull er Maria Child ikkje god-til nemna, men ho høver baade folket og landslaget. Det er reint ei bisn, korleids Ole Bull med sine tonar hadde reist bilæte av Norig fyr Amerika-folket.

Ole Bull hadde fulla gjort det, Wergeland hadde sett han til, og det vantad helder ikkje, at Amerika var god mot sendemannen.



VIII.

Endaa paa ferdi.

(1846—48).



Ole Bull var komen til sine nærmaste i Paris, men inkje lenge var han god-til halda seg roleg. Kostesamt var det aa leva i Paris, so han snart kunde øyda upp alt, han hadde vunnet. Og so var det aldri raad aa kjenna seg heime der, — difyr kunde han helder ikkje kvila.

Han spelad fyrst i Paris 3 gonger, paa den store opera, den komiske opera og den italienske. Og det traut ikkje paa fagnaden og helder ikkje paa lovordi. Han var „løva“ fyr alle, det er visst. Men no som fyrr laut han i Paris nøgjast med berre æra, pengar tente han aldri der men tapte helder, — gjorde so mest alltid.

Missnøgd med Paris foor han sudetter og spelad i dei større franske byar. „Alle mann i Frankrik,“ skreiv han til Felice, „vil gjerne paa koncertar, men ingen vil betala fyr det“. Allstad stor heider, friluftsmusikk til hans æra, innbjodingar og unøydes med storskryt. Han lyt og

segja, at folk skynar musikken betre en i Nordfrankrik, for dei kunde verkeleg *samhugast* i den. Og endaa fortenesta var liti, fekk han trøysta seg med, at det i bladi saag so gildt ut med alle dei fester, kransar og blomar. Ein lyt elles hugsa, at han no lagde amerikansk maal baade paa fortenesta og fagning. Han reiste som ein fyrste og kom ikkje i hug pengarne, fyrr dei var utlagde, og han kjende seg trøytt og leid.

Bordeaux sette han reint paa ende med sine koncertar. Og daa han reiste, heldt han sjølv ein fest, som det gjekk ord av. Den store salen var glimande upplyst. Ein konge kunde ikkje haldet eit drustelegare lag. Dei venaste kvinnur, i byen fanst, var gjester i all sin brikna. Vel 160 menneskje elder alt, som var stort ved givnad, namn elder rikdom, var i gjestebod hjaa nordmannen. Og han kunde te seg plent som ein fyrste. Slik ein ovfin høgvyrdnad og stormannsleg ynde, han tok imot sine gjester med! Han er reint som ein ny greive av Monte-Christo, sagde ei av dei kvikaste kvinnur i laget. So fortel bladet og legg til, at i Bordeaux var ingen kunstmann fraa alle sidur møtt med ei fagning og uppgløding som Ole Bull.

Og soleids alle stader. Endaa høgste sumar, daa folk helst ferdadst ute, fyllte han salarne.

Sidst kom han til Marseille, der han levde glade og rike stunder saman med sin danske ven H. C. Andersen, som han raakad atter.

Ingenstad tok han folk som der. At han vart liknad i hop med Paganini, er mest som sjølvsagt. Men kven er størst? Raadlaust aa segja. Som menneskje tarv Paganini aldri bjoda seg. Og som spelmann? I sumt fær Bull med ein gong prisen. Han spelad „Karnevalet i Venedig“ og. „Ein kann snaudt tenkja seg den sjølvgjevne magt, Ole Bull hev eignat til seg detta kjæremnet aat Paganini med. Mest brikte han i den løglege luten. Um me ikkje misminnest, fekk ikkje Paganini til ein so fri og sprakande kaatleik i samtalen millom Polichinel og politiutsendingen. Det er løgjet nok, at nordmannen hev forstadet aa leggja meir av den sløge skalken og av kaat narreskap i detta stykket en den italienske meistaren. Ole Bull sluttar det med ein fuglesong, som er den bisnelegaste herming, du kann høyra. Her er det ikkje ei fela lenger men ei rik samling av dei yndefullaste songfuglar“.

I juli 1846 sette Ole Bull yver havet til Algier, der han raakad sin ven, herføraren *Youssuf*. Med han gjorde han og ei snarferd ut i villmarkerne, var med etter løva og hadde mange eventyr. Felehuset hadde herføraren gjevet

til tvo arabarar med strengt paalegg um aa agta vel paa den dyre eignaluten. Dei saag ogso paa han med hellig vyrdnad og handsamad felehuset svært varsamt. Kaute som dei var av sitt yrke, fekk ingen annan koma til felehuset. Bull gav og ein koncert der ute i ein avsides landsby fyr europæarar, arabarar og negrar um kvartannat. Verknaden var mangleids, som tilhøyrararne var det.

So til Spania, der han likad seg utruleg godt. Klangen og krafti i tungemaalet tryllte han. Og so lundarne, som han kallad dei finaste og mest sjølvgjevne i verdi.

I Madrid stod tvo kongsdøtter brur, med' han spelad der, og den eine var sjølve den styrande dronning *Isabella II.* Til hennar æra diktad han eit nytt tonestykke, „La verbana de San Juan". Her maalad han i tonar den spanske folkefest um jonsoknatti. Folkesongar og dans kjem inn imillom løglege og undarlege framsyningar av folkelivet — soleids plent eit sidestykke til „Karnevalet i Venedig". Detta nye tonediktet tok Spania-folket allstødt. Og dronningi baud han rang som herførar til takk. Ho hev fulla meint, at den gilde bunaden skulde klæda ein so velvaksen kar. Men han tok ikkje imot tilbodet. I staden fekk han ei bringenaal med

140 glimesteinar. Ho var skapt som blomen „La verbana“. Attaat fekk han Carl den III's orden i glimesteinar. Paa same ferdi fekk han og den portugisiske Christus-orden.

Fagnad, kvar han kom. Vart fylgd heim med faklar om kveldarne og fekk spel og song utanfyr vindaugo baade ei tid og onnor — reint som folk var fraa seg. Hans tonedikt fekk ikkje mindre ros en hans spel. Og store ting var det, at det kunde hugtaka Spania-folket, som elles ikkje vyrde spel paa den tid.

I august 1847 var han yver til Mallorca, og ingenstad levde gamle og nye tonar som der.

Ved Manacor kom heile byen i mote og heidrad han.

I Arta spelad strengleikarne med hans fela, som etterpaa leikad og umbrøytte folkelundarne fyr bymann og bonde. Daa han reiste, fylgde heile aalmugen paa vegen.

I hovudstaden Palma var biljettarne utselde ei god stund fyre koncertarne. Han fekk baade laurbærkrans og sylvkruna.

At det var nordmannen, som var ute, vart inkje gløymt i Spania helder.

Han vilde teket fjellvegen til Frankrik, men daa han fekk spyrja, at røvararne hadde valt han ut som ein god gullfisk, tok han helder

sjøleides. 7 maalarstykke av gamle meistrar og tvo nye felur var eignaluter fraa Spania.

Han hadde naatt upp til Nantes og hadde gjevet fleire koncertar med større og større samhug fraa folket, daa februarumstøyten i 1848 spurdest, og han skundad seg til Paris.

Fristaten vart grundad atter. Den store diktaren *Lamartine* var paa alle lippur. For han bergad fristaten, so han ikkje druknad i blod. Han steig fram paa raadstova*) og talad til folket i hugtakande ord og med ljomande maal, so hoparne siggad seg. Dei vilde havt den raude blodfana til merke fyr fristaten. „Den fana, de vil hava“, sagde Lamartine, „hev aldri faret nokon annan veg en rundt Marsmarki, tilsulkad i blodet aat folket i 1791 til 1793, men den trifargade fana hev faret verdi rundt og boret med seg vaart lands namn og æra og fridom“. Og folket lydde og lyfte dei tri fargarne.

Daa gjorde Ole Bull seg til norsk sendemann til den franske fristat. Han samlad alle nordmenn, som daa var i Paris, gjekk sjølv med det norske flagget fyre fylgjet upp aa raadstova til riksstyret og bar fram ei helsing til den franske fristat. Dei tri fargarne blenkte alt heime, so dei kunde fulla helsa. Lamartine svarad og gav Norig heider.

*) Hotel de ville.

Det norske flagg vart gjøymt paa raadstova og brann med henne under kommuneuppstyret i 1871.

Bull gav ein glimande' koncert til inntekt fyr dei, som vart saarade elder misste sine torsytarar under umstøyten.

Deretter spelad han fleire gonger paa den komiske opera.

Heile sumaren laag han i Paris og arbeidde seg ei fela etter eiget hovud. Men endaa han tottest faa henne godt til, laut han som andre halda seg til felurne etter dei gamle meistrar.



IX.

Paa heimetufter.

(1848—49).

Ole Bull hadde skipat seg ut paa langferd, men fyrst skulde han lydast heim som snøggaste.

Han kom til Kristiania onsdag den 8de november 1848, og nokre dagar etterpaa fekk han bøn um aa spela gamalt og nytt, fyrr han strauk til Bergen og derifraa paa viddi. Og han gav seg til og vart verande lenger en nokon gong fyrr.

Den helsing, han no sende sine landsmenn, syner, kor glad han kjende seg heime, og at han lika vel ikkje kom i hug annat, en at han laut ut atter. Helsingi lyt hermast heil:

„Etterdi forsyni endaa eingong hev gjevet meg den gleda aa sjaa atter vaart kjære Norig og i fysna latet meg handtakast med gamle røynde landsmenn, kann eg ikkje halda atter nokre *nationale* ord.

Som folk hev funnet, at heimeminni, som fyller mi sjæl, læt i mine tonar og, soleids hev

det og voret hugnaden min aa kunna hjelpa til aa vinna samhug fyr fødesheimen vaar, som dessverre er so reint for litet kjend. Kunde mine tonar segja all den kjærleiken, eg hev til vaart gamle Norig, daa hev dei i vissa ikkje sagt meir en det, me alle kjenner, men daa hev dei voret tolk fyr dei samsbundne hjarto vaare. Og som ein sovoren tolk ventar dei av mine landsmenn baade den ærlegaste og den strengaste domen.

Snart vil lagnaden atter bera meg ut paa det lunefengne heimshavet, men allstødt vil den vonsame tanken fylgja og halda meg rak, at enn

„skjælver glemigeiens blad
af fryd paa mine fjelde".

Ole Bull".

Det var laurdagen den 25de november han sende denne helsing yver landet, og same dagen heldt han sin koncert. Alle biljettarne hadde voret utselde eit par dagar fyreaat. Fagnaden under koncerten var stor, og bladi leitad etter dei sterkaste ordi, og endaa tottest dei ikkje svarande til eldhugen.

„Heil deg, du brikne toneskald: Du hev daa ikkje tevlat og lidet faafengt", sluttar „Morgenbladet". „Du veit det: Ingen kunstmann hev nokorsinne fagnat ditt Norigs søner og døtter som du. Naar du vender heim fraa dine

ıeidersferder i framandlandi med gull og kransar il det land, der vogga di stod, daa veit du, at lu alle stader, so langt Norigs grensur naar, hev ıyster og brør, som heiar i mote deg. Snaude ıamnet ditt er fyr dei ein tone, som minner dei ım nokot av det djupaste og gildaste, deira sjæl ıev kjent".

Og som vitne um hans hagleik vart det for-:alt fraa hans andre koncert, at „ein av folket" ıagde: „Aa, eg læt meg ingenting innbilda: *Han hev fulla eitkvart inne i fela!*"

Paa tridje koncerten spelad han „Davids-salmen". Han tottest beda folk vera med „aa syngja Herren ein ny song". Denne var inkje i vanleg kyrkjestil, men han tok, so mangteit auga vart vaatt.

Sin 4de koncert gav han til inntekt fyr hus-arme, og mange og varme velsigningar fekk han fyr denne velgjerd.

Alle koncertarne vart haldne i frimurarlogens store sal. Biljettarne kostad 2 krunur, og alltid var det fullt hus.

Ole Bull kom fraa Amerika og Frankrik, fyllt av fridomstankar. Desse hadde i fyrevegen naatt heim til Norig og kveikt ny eld i gamle fridomsmenn og skapt nye. Snaudt hadde han

drøymt um so mykje sprett og spenn heime, men no vart han teken av tankarne paa norsk grunn.

Der maatte verta eit møte millom den vidfarne Ole Bull og dei varmhugade menn heime. Og det kom.

Samhugen fekk sin vigsel under den fest, som studentarsamfundet heldt til hans æra sundag den 10de december. Den fest reiste strid millom hans gamle vener, men samstundes vart han knytt til det unge og framdjerve i landet. Og festen var eit hende av største vegt baade fyr samtidi, som vart sett i kveik, og inkje mindre fyr ettertidi.

Det var mangment i salen — ei 3—400 — og fyrstundes gjekk det som ved heidersfesterne, daa han fyrr var heime. Hans skaal vart drukki, og ein song av A. Munch til hans æra vart sungen. Tonarne er dei gamle:

„En sangfugl flyver i verden om
og kvidrer høit til Norges hæder.
Fra huldreskoven, hvorfra han kom,
han fjeldets tryllevise kvæder.
Og syden bæver ved den kval og lyst,
som kan udstrømme fra et nordisk bryst.
Fjerneste vest
hylder den gjest
og ved hans afskedstone græder.

Men alt imellem saa maa han hjem
at dvæle lidt i granelunden,
at høre vældet, der risler frem
med hjerteklang fra fædregrunden.
Til gjengjæld triller han en sang saa blød
om sydens lidenskab og sydens glød —
Og vinterens luft
fyldes med duft
fra sommer i hans tone bunden.

Nu eie vi ham en saadan stund,
for kort til fryd, for glad til klage —
Al Norges ungdom vil med vor mund
sin elskte sanger her modtage.
Den unges hilsen har en hellig magt:
I den er kjærlighed og fremtid lagt —
O! kunde den
hid hjem igjen
end ofte kalde ham tilbage!" —

Men at tidi hadde ny friskleik kjendest paa fagnaden, som ingen ende vilde taka. Ole Bull vart boren paa gullstoll, og det var gaman og gleda under song og spel.

Og det, som berre hadde voret klunkat paa festtalarne fyr Ole Bull dei fyrre gongerne, det kom no i greide ord.

Soleids gjenom ein tale av den staalsette

fridomsmann adjunkt *Brock**). Under samtykke og handklapp alt i eino takkad han Bull, fyrdi han hadde gjenget i brodden fyr nordmennerne i Paris og tolkat samhugen med februarumstøyten. Daa hadde han synt Frankrik og verdi, at „nordmennerne kunde hava ein vilje fyr seg sjølve".

Ole Bull hadde so ordet og heldt ein tale, som og vart motteken av bravorop alt i eino.

I Paris vilde nordmennerne visa, at Norig var eit sjølvraadande rike, jamsides med Sverig og Danmark. Men det hadde ikkje komet fram og vortet forstadet, um ein hadde gjenget i eit „skandinavisk" sendelag, som „det skandinaviske selskap" i Paris hadde tenkt paa.

Og *„eg er ingen skandinav"*', sagde Ole Bull. Eit slikt ord skulde vera litet likande i Studentarsamfundet, men den kvelden vart det og godt, for „festen tok etterkvart ei *merkeleg national leid*", som „Kristianiaposten" sagde. Ole Bull „fann dei strengjerne, som alltid dirrar i nordmannsbringa, anten ein veit av det elder ei." Og soleids vart dei norsk-norske mange, som ikkje hadde visst av annat, en at dei fyrst og

---

*) Andreas Lind Brock fødd i Hafslo i Sogn 1802. 1829 miste han levebraudet, fyrdi han var med 17de mai. Men seinare vart han adjunkt ved Kristiania kathedralskule fraa 1834—1874.

remst var skandinavar. No trong ingen vera let, for nordmannsnamnet lyste rikt og straaande. Der var fulla til stadar slike, som var mot baade detta og annat, men anten kom dei kkje paa det, elder dei vaagad seg ikkje fram ned det.

Bull fortalde og, korleids det norske sendeaget vart motteket og fagnat av det franske riksstyre, og i sin svartale hadde Lamartine berre alat um Norig som eit sjølvstendigt rike fyr seg.

Sidan um kvelden fekk Lamartine seg eit godt norsk hurra, og Ole Bull greidde ut um ristaten, som var den beste statsform, daa horygde alle. Fristatsnamnet hadde fulla voret nisbrukat, men det hadde ogso namnet aat han, som styrde alt.

Som Frankriks helsing aat Norig spelad Ole Bull „Marseillaisen", som han knytte saman med norske tonar.

Men dei var heime og den kvelden og kjende seg ikkje berre som akademiske borgarar, nei yrst og fremst var dei „norske ungdomar".

Bull lagde ut um, at den reine norske tjodskapen laut koma til retten sin. Det var naudurvelegt, at me hadde eit norsk teater, og at ne nyttad den norske kunst, som laag og ventad paa oss. Som no *Myllarguten!* Yver han var

det ein sjølvgjeven dugleik, som folk skulde kjenna og giva sin samhug, naar han med det fyrste maatte verta boren ut til aalmenningen. Og „risande høgt yver mengdi i kring“ spelad Ole Bull slaattar etter Myllarguten og gav soleids eit fyresviv um det, som var ventande.

Under gaman og fagnad varde festen til kl. 12, daa laget med song og fagning fylgde, ja *bar* Ole Bull til hans bustad.

Der lovad han, hugteken som han var, aa minnast kvelden i ein hugleik, han vilde laga. Det skulde verta hans takk fyr den 10de december.

Det syner ogso tidi, og kvar Ole Bull fann sitt rom, at det vart haldet ein politisk fest paa Klingenberg, der stortingsmennerne fraa Akershus og „den frisinnade kunstmann“ var heidersgjesterne.

Ordi fall ikkje mindre djerve der, og det veiftad baade fraa Frankrik og Amerika der ogso — baade naar Bull og andre talad. Dei politiske menn tottest lika unge som sjølve studentarne.

Det var Ole Bull, som mintest venen Wergeland, med' P. A. Munch lyfte skaali fyr det nye Norig.

Og so fekk Ole Bull smell saman med dei politiske hovdingar. Det var fulla inkje utan grunn, skreiv „Kristianiaposten“, at „Morgenbladet“, som

hermde talarne, fortalde so stutt, kvat Ole Bull hadde sagt!

Han gav sin 7de og sidste koncert i hovudstaden laurdag den 10de marts 1849. Til daa hadde han innbodet studentarne aa høyra fritt, for han skulde spela „Den 10de december“, det nye tonedikt, han hadde lovat dei. Og daa sidste tonen døydde paa fela hans, let det fraa eit sterkt mannskor paa trevet:

„Hvor sødt at favnes af aftnens fred“.

Ole Bull lagde fela atter til øyrat og diktad ein sersynt og meistarleg hugleik, der han umbrøytte songen, som nett hadde laatet fraa trevet, og

„Stusle sundagskvellen va“

og sluttad med ein vestlandsk gangar.

Soleids vart „Den 10de december“, som same aaret fekk ny vokster og namnet *„Sæterbesøget“*, innvigt.

Endaa Welhaven hadde diktat visa til Ole Bull fyr lenge sidan, var ho høvelegaste teksti aat „Sæterbesøget“. Og ho kunde vera det, for Ole Bull hadde klunkat paa det stykket lenge. Det hadde i grunnen laatet i alt hans spel og boret han i dei største stunderne, ja hadde vakset fram med han sjølv. Men no fekk det ny form og friskare farge og nytt namn.

Det stykket tok folk med i alle land, so lenge

Bull levde, og heime vart det som eit helligt Eventyr. „Det kann ein med sanning segja um detta tonedikt“, skreiv Goldschmidt, daa han atter høyrde det i 1860, „at me, som kjende det, var som borni: Dei vil helst hava det gamle eventyr fortalt uppatter.“ Og Sæterbesøget hadde det laget, at Bull kunde spela det, i kvat land han vilde, so trudde alle, at dei i *det* fann *sine* draumar, *sine* minne um frisk og stor natur elder ungdomsgleda.

Og i vissa var det, som han sagde svensken Aug. Blanche, at Ole Bull i Sæterbesøget let den fjukande songarflokken i dalarne helsa soli, som rann yver Norigs-fjelli.

Det ber upp gjenom dalen i morgonaatta. Lufti er so rein, og det blaaar mot himmelsynet. Det er so stillt, so stillt, berre bekken han siklar, med' det sjuar lint i bjørkekrunurne. Men der høyrest fosseduren, fyrst uskilet som ein oom, men litet um senn høgre og høgre, til det durar og dyn, som stend ein lika innunder. So durar det langt undan — ein er komen paa høgderne, der sjølve lufti likjest den høgt stillte felekvinten.

Doggi ligg paa graset, soli, som nettupp sprett, leikar seg i droparne og kastar rauden sin paa skog og snjofjell. Og snart er det, som det læt med dirrande klang rundt i kring. Eit eins-

legt fuglemaal fær svar langt burte, og so svarar det med grant og fint maal fraa alle haugar, med' gauken gjel aaleine. Bekkjerne sildrar, og droparne dryp av snjofonni, ho tinar i soli.

Men so blæs gjætleguten paa lur upp i fjelllidi, og gjenturne haukar som svar fraa sætri, med' ljomen berst att og fram millom fjelli.

Paa stølen er det gaman, dei spelar paa langeleik og syng: „Eg ser deg utfyr gluggen“ og den „Bakvende visa“, dei dansar halling og springar, so leikande lett og hoppande glad, men lika vel er det sumtid, som ein kunde graata og.

Men rundt i kring ris fjelli med ljos og skuggar, og attanfyr bjølleklangen tykkjest ooma kyrkjeklokkur og salmesong fraa heile kyrkjelyden: Det kvelver seg tak og reiser seg spir yver ei domkyrkja, utan maal, men lika vel som fyllt av lovsong og bøn til Gud.

Endaa han ikkje finst lenger den mannen, som kann giva det „daarande“ Sæterbesøget, som Halfdan Kjerulf kallad det, rette klangen, so hev me i den lunden, Jørgen Moe sette tekst til i „Sætergjentens søndag“, eit minne um høgtidi, Ole Bull lyste yver Norig. Og alle er samde um, at den lunden er ei ægte perla.

Ufreden i Europa hadde jagat heim slike kunstfolk som maalararne *Tidemand* og *Gude*, og

dei gjorde mykje til aa kveikja samhugen fyr norsk kunst. Dei synte fram sine maalarstykke og fekk dei jamvel *levande* framstellte paa teatret, der maalaren, diktaren og spelmannen arbeidde saman.

Ole Bull var og med. Det vart sagt, at aldri høvde hans spel betre en millom desse norske landskap og folkelivsbilæte.

So gjorde han ei spelferd til Smaalenene og stanad paaskehelgi yver paa Tom herregard, der tunet tidt var fullt av folk, som var komne langveges og vilde sjaa han.

Og ein bondespelmann fraa Raade, heitte Halvor Strømnæs, som sjølv knikad paa fela si aat Ole Bull, gav seg ikkje, fyrr Bull, som var sjuk og i ulag, tok fela og spelad aat det uppglødde folket, som fyllte stovurne. Men so fekk han hurra til takk*).

Paa fyresumaren foor han vestetter kysten og spelad i dei fleste byar. Og fagnad inne, hurra ute og mange stader flagget paa toppen til hans æra — det merkte ferdi, med' bladi fortalde, korleids han sette fysna i folket.

---

*) Strømnæs'en sende seinare eit langt takkedikt, der det ogso heitte:

„Panden var reen,
manden var peen,
ja gild og peen i alle maader“.

Han hadde voret borte i 6 aar, daa han i juni 1849 kom til Bergen, og kjæraste guten vart fagnad paa beste maaten.

Soleids av „Handverkarforeiningi", der han var beden som gjest maandag den 25de juni. Aldri hadde so mange av medlemerne voret samlat som den kvelden, daa det var paa lag 300. Paa veggen lyste Ole Bull i gyllte bokstavar, og fint pyntad var salen.

Der fall ord, som „kom fraa hjartat og gjekk til hjartat", og hurraropi var stødt 3 gonger 3. Maalaren kandidat *Fredrik Jensen*, den djervaste og mest framhugade av dei norsklynde menn i Bergen, heldt talen fyr heidersgjesten, „Norigs kjæraste gut, som no heretter skulde giva slagordet aat eit nytt liv, som vilde føra alle sønerne saman paa mor Norigs fang".

Fyrst kl. 5 næste morgon sluttad laget.

Paa hans koncert nokre dagar seinare var fagnaden endelaus, og framropi mange, og utanfyr hans bustad samlad det seg etterpaa ei stor folkemengd og ropad hurra.

Og etter hans tridje og sidste koncert, der blomarne druste, var trengdi so stor utanfyr teatret, at det var uraad aa koma fram i vogn. Daa han so gjekk derifraa, fylgde den uppglødde folkemengdi under gleda, som ikkje hadde maal

elder maate. Utanfyr hans bustad ropad folket hurra og bad um aa faa sjaa han endaa ein gong. Daa kom han fram fyr det opne vindaugat — dei tok av hovudplaggi, og det var ei høgtidstogn yver den uhorvelege folkemengdi. Detta tok han sterkt, han sagde berre takk og bad, at dei ikkje vilde gløyma han, og dermed farvel. Men gløyma Ole Bull paa dei straalande ferderne — aa nei!

Endaa ein kveld kom det saman ei stor folkemengd utanfyr bustaden hans. Dei hadde høyrt, at han skulde reisa med eimbaaten og vilde helsa velfar endaa ein gong. Han var hjaa Lyder Sagen og kom heim millom kl. 1 og 2, daa han vart motteken med fagnadrop fraa mange tusund av alle samfundslag. So helsad dei med song. Han svarad paa fela og spelad norske folketonar, so det lyste yver landet og folket paa fjell og i dal i den ljose sumarnatti.



X.

Ole Bull og Myllarguten.

Dei møttest alt i 1830, Myllarguten og Ole Bull. Mylnaren foor gjenom bygderne. Det vart sendt bod etter han, og han kom til Valestrand.

Der møttest den gamle og den nye tid i desse tvo menn med same givnad og stræv men so ulike i livsens lagnad. Og lika fullt var Mylnaren som alt hadde naatt høgdi og røynt livet, komen lenger etter maaten en hin, — han hadde ikkje langt rott paa den tunge fjord.

Myllarguten, som elles heitte Torgeir og var son av ein mylnar, heitte Audun, var fødd 1802 paa husmannsplassen Sværmyr i Saudherad, ikkje langt fraa den ymjande Saudarelv. Han voks villt upp utan skule og lesnad og laut gjæta husmannskui aat far sin og tri-fire sauder og gjeiter, so snøgt han var so stor, han kunde styra seg sjølv.

Men alt daa braut spelmannshugen fram, og han spelad paa trefela med taglstrengjer paa og fekk dengsla av foreldri, fyrdi han ikkje gjætte

buskapen, som foor fram i aaker og eng, med' han sat spelande upp i bakken.

Folket hans kunde ikkje lika den spelingi, og han fekk ofta ris, naar faren kom yver han klunkande paa strengen. Dei visste, det aldri lønte seg aa vera spelmann, og det kunde ikkje verta folk av ein slik. Arbeida hadde han ingen hug til, og so vart han jagad heimantil nie-tie aar gamall. Foor han daa i kring bygd imillom, spelande, sveltande og frjosande, med felehuset paa ryggen, og det var ogso hans hovudputa so mangein god gong, naar han kvilde paa vegen um dagen og um natti i uthus, paa stovebenken, fram i aaren og under kvelvde baatar paa Skiensbryggja elder hogsteplassarne der. Soleids foor han og sveiv og dreiv, til dess han vart vaksen, spelande i vertshus, gjestebod og brudlaup tidt mange næter i rad, utan at det kom svevn paa augo hans, og som tidast under drykk og dus og slagsmaal. Blundande sat han, trappande og spelande og graatande, naar dei tok fraa han fela, fyr at han ikkje skulde sprengjast. Tidt sette han seg ned paa ein stein elder stuv midt i skogvegen, tok fela or huset og spelad læjande, graatande elder bannande, at han nokorsinne tok fela i hand. Var han paa det laget, lydde han gjerne paa dei, som raadde han til aa taka

seg nokot nyttugt til og arbeida. Han prøvde sumtid aa hogga famneved, grava veiter og annat lausarbeid. Men det varde aldri lenge, fyrr han foor i kring med fela atter. Gjetordet laag etter og gjekk fyre gjenom heile Telemarki, der ingen spelmann var maken hans. Og paa Kongsbergsmarknaden kappspelar han med tinndøler og numedøler som Knut Luraas og „Løytnantsdrengjerne", Paal og Halvor, lærer deira slaattar og er „frikar" fyr alle.

Men vesalt er det med han lika fullt. Daa 1 skilling natti tykktest dyrt fyr lossementet paa Sandsværmoen, flutte han burt paa Nymoen, der han laag paa pallen til gjevende, fyrdi verten fekk selja meir brennevin fyr spelet hans.

So traskar han med felehuset paa ryggen yver Haukelid og Røldal til Hardanger og Voss. Paa vegen spelar han i brudlaup, gjestebod, dans og leik. I Hardanger lærer han Sekse'en av Olav Sekse, og i skrumpestova paa Vossevangen kappspelar han med Lars Lofthus og Nils Rekve, med' Grimestad-gutarne dansar hallingen, slengjer ein svart liten prikk etter taai upp under bjelken, svingar rundt i lufti og kjem standande med den eine foten ned paa tilet og sviv der paa stortaai, med' den side kufta svingar som ei klokka, og slidri dinglar

som kolven i den. Under spelet og dansen sit nokre og handlar hestar og knivar, bannande og alle drikkande, og det heile endar med slagsmaal og nokre knivstyngjer. Fela aat Myllarguten vert sundslegi og han sjølv kastad mann imillom som ein vott, so sterk han er, den vesle. Alt detta læt atter i slaattarne „Vossarullen“ og „Lofthusen“ fraa Voss.

Paa Haukeland ved Bergen, som han so reiser til, raakar han spelmannen *Øystein Luraas*, den svartøygde, vene, store, sterke og spræke tinndølen, som fekk den rike Haukelands gjenta og slengde hallingen uppunder dei 6 alner høge bjelkarne i stova hennar.

Soleids gjekk hans ungdom. Paa ei av ferderne gjenom Vinje vart han i 1828 gift med ei husmannsgjenta, *Ingebjørg Rikardsdotter Haugen*. Ho vart med paa ferdi, jamvel etter dei hadde fenget eit barn og.

Daa Myllarguten no møttest med Ole Bull, vart dei hugtekne baade tvo. Bull spelad nokre stykke av Mayseder. Det var ikkje nokot, totte Torgeir. Men han log av gleda og bisning, daa han høyrde nokot av Paganini. Og daa Bull tok til med fyrespelet til „Don Juan“ av Mozart, vart Torgeir reint som fraa seg. Um natti reis han upp og gjekk i kring utanfyr garden og vilde spela

det etter, men det vart berre til slaatt elder halling, elder rettare ei snodig blanda av Mozart og Torgeir.

Bull lærde mange slaattar av Myllarguten. Dei vart nista paa vegen og kom sidan forklaarade atter i hans tonedikt. Han vilde setja slaattar i notar og bad Torgeir spela nokot seinlegt. Men naar Torgeir tok til aa spela, hadde fela likso stor magt yver han som han yver henne. Etter nokot stræv lukkadst det lika vel. Daa Bull hadde skrivet ein slaatt etter notarne, vart Torgeir sagte forbinad, at tonar kunde skrivast, men han sagde med ein logn smil:

„Ja det er fulla rett, men rette liten vantar“.

Og det var sant, sagde Bull, baade daa og seinare, aldri kunde han giva sit spel same fargen som Torgeir, for den var hans eigen.

Men Torgeir sagde so tidt paa sitt maal:

„Den Bull'en er eit makelaust menneskje, han spelar so mjukt, og ein kann sjaa og smaka paa tonen. Nei, um eg levde i tusund aar, lærde eg aldri aa spela so“.

Daa Ole Bull spurde Torgeir, kvat han ynskte i verdi, svarad han, at han vilde koma so langt, at han kunde kjøpa skor til sitt barn og eit silkeplagg aat kona si.

Og so foor dei kvar si leid. Ole Bull strævad

og leid vondt, men han vann gull og æra baade fyr seg sjølv og folket sitt. Den andre strævad og leid ikkje mindre, men det gav korkje vyrdnad elder levemaate fyr han og den veksande barneflokken.

Kona og borni kunde ikkje fylgja paa ferdi lenger, og dei sette bu paa Haugen i Haukelidgrend hjaa folket hennar. Ogso han heldt seg mest heime, berre kvar vaar strauk han nordum fjellet til Hardanger og bygderne der. Og elles vart han ofta hentad fraa Vinje og andre bygder i Telemarki til brudlaup, naar det skulde vera sers høgtid med det. I joli var han kring i bygderne og spelad til dans. Naar han soleids kom uventande til ei grend, samladst gutarne og gjekk fraa hus til hus og skulde faa einkvar til aa halda dansarstova. Naar so det er greidt, kann dei senda bod i kring til gjenturne:

„I kveld er det dans paa Rismyr, Mylnaren er der, og gutarne legg i fela". Og so er det i svivande jag, til det lyser av dag næste morgon.

Ofta tente han gode pengar paa ferderne sine, men det var ogso mykje slit. Draga lyt han til huset som fuglen ville. Han kjem yver det fire miler breide Haukelidfjell med ei korntunna paa ryggen elder dragande tvo tunnur og ei skjeppa salt um vetteren paa kjelke, gangande

paa skid. Fraa Haukelid bar han ein gong fem kvarter jordeple ein fjordingsveg sud til Haugen — han hadde fenget dei i fela. Sud i Grungedal, ei mil fraa Haugen, var han tidt og spelad i dansar og fekk ei skjeppa jordeple av den eine, litetvetta korn av den andre i fela si. Detta sankad han i hop gard imillom dagen etter, lagde det paa kjelken sin og drog det upp Grunge-isen i fok og førefall. Men med' den arme mannen stanad og kvilde seg paa skaaki, trappad han i isen og tullad ein slaatt.

Soleids gjekk hans liv. Men ofta tenkte han paa Ole Bull, som no foor fraa siger til siger og vann gull og æra, spelande fyr kongar og fyrstar og drikkande — som Byron segjer um sin ægypter — skaal med Pharao.

Og var han full, som tidt hende, kom han paa graaten, naar han talad um Ole Bull.

Eingong fekk han høyra, at Bull var i Bergen, og han traskar yver fjellet og vil raaka han der, men Bull er stroken. Mylnaren fer sudetter — kann henda han naadde han der. Men allstødt er Bull stroken, daa hin naar fram.

Men daa Bull kom heim 1848, hadde gjetordet um Myllarguten naatt øyro aat finverdi heime.

I ei aarbok fyr 1847, „Hjemmet og vandringen“, hadde *Theodor Kjerulf* med levande

fargar skildrat ei reis yver Haukelidfjellet, og der fortalde han um den norske bondespelmannen og hans rike givnad, som ikkje kunde tynast under livsens tunge lagnad.

Kjerulf hadde høyrt gjetet spelmannen paa Raulandsstrandi, og daa han kom upp til Haukelid, gjekk han med sin fylgjesvein burt fraa aalmannvegen og inn i husmannsstova paa Haugen.

Der stod den vesle kona og rørde i gryta, med' ein halvnaken liten ein sat paa ein kvisthaug upp i peisen og bles med trutne kjakar paa vermen. Tri andre born stod rundt i kring og saag paa, og paa ein kubbestol sat den allraminste og saug paa dei smaa lubne, skitne fingrarne sine og gaadde ingenting av det, som gjekk fyr seg kring gryta.

Men burte i ei kro reis det upp ein mann, som hadde setet der ihopkropen i den vide graakufta si. I det bleike rukkutte andlitet laag det nokot hardt og steingjenget, og i dei lysegraae augo, som mest vart burte under dei buskutte augnebrunerne, sat villska løynd.

Framandkararne foor fint fram, som dei var tilraadde. Men daa dei bad Torgeir spela, kunde han ingenting, sagde han. Fela hadde han ikkje havt i hand paa aldri so lenge, sagde han, og synte neglerne paa vinstre handi — dei var reint

krokvaksne. Men so tok han daa kniven og gav seg til aa skjera neglerne.

Etter mykje nøyding vart det so, at han skulde vera med til den garden, der dei skulde kvila.

„Ja sidan du endeleg vil“, sagde han til Kjerulf, „men eg hev sagt deg, at eg ingenting kann. — Gud hjelpe meg fyr spel det er!“

So tok han fela og vilde ganga. Men den vesle paa kubbestolen rakte henderne etter fela og skreik: — „Ih!“

„Ja han vil alltid hava fela“, sagde faren. „Du hev sagte gode hugen, men du skal ikkje faa røra henne, um du vert aldri so stor, nei aldri helder“.

Og han lutte hovudet i tyngsla og fylgde framandkararne.

Daa dei var komne til gards, skulde han stilla fela, og det var, som tonen aldri vart rein nok*).

„Det fyrste bogestrok viste det uvanlege, og det litle fyrespelet, han gav oss, fyrr han tok paa den slaatten, han hadde nemnt fyr oss, var meistarleg“, segjer Kjerulf.

Og ein vart ikkje leid av slaattarne hans,

*) Det er fortalt, at Myllarguten sat med fingrarne fyr øyro, med' dei song i kyrkja. Falske tonar var den verste pina fyr han.

for „han forstod aa giva sitt spel so mykje liv og so sterkt umbrøyte, at det jamt var nokot nytt. Eg lyt segja, at han fjetrad meg. Eg hadde tenkt, at han spelad sine springarar og hallingar betre en dei fleste, handfridt og levande, men at han kunde sitja soleids og spela alt, som sveiv han, og det, so det reint gjekk i ein, det hadde eg aldri komet i hug“.

Framandkararne skjenkte han millom slaattarne, som tilhøyrde, og snart hadde brennevinet og hugleiken magti yver han, so ingen trong beda han um aa spela meir. „Der sat Mylnaren med attlatne augo og var so hugteken, at han inkje saag nokot i kring seg. — Hovudet slong att og fram, og ein lang haardusk daskad han um kinnerne. Fela hadde han lagt til bringa, men henderne, som heldt henne, var snart laagt nedre, snart høgt i vedret, med' han til skiftes lyfte knei fraa golvet og trappad takti. Og so spelad han i eino og vart aldri trøytt. Men der var baade lur og lokk og ein heil buskap med ljomande bjøllur i hans spel. Snart kom tonarne i laup og kvervlar — dei haglad so tett paa kvarandre, at øyrat knapt kunde fylgja dei —, snart daanad han liksom av og andad ut i klaga“.

„Og eg kjende meg teken“, segjer Kjerulf, og endaa han stridde imot og meinte, at ein slik



Myllarguten.

vesall mann som denne ikkje skulde faa magt yver han, so var det faafengt, — han laut lata seg taka.

Torgeir fortalde ogso um Ole Bull, som han hadde voret i lag med fyr 16 aar sidan. Den slaatten, Bull hadde fest til papiret so brennande fort, at det tottest reint eit under, vilde han no spela, men slaatten var reint gjengen or minnet.

Daa framandkararne sat paa hesteryggen, fylgde Myllarguten spelande med, og daa dei sidstpaa laut skiljast, sette han seg ned og tok i ein ny slaatt.

Denne friske skildring av Kjerulf hadde visst mange lagt merke til, og ferdafolk lyddest fulla inn paa Haugen og skulde høyra, men ingen tenkte paa aa lata Myllarguten stiga fram i ein større ring.

Men Ole Bull, som hadde tolkat tonarne i den vide verdi, fekk friskat uppatter minni um sin stakkars ven upp aa Haukelid, og daa han hausten 1848 kom til hovudstaden, rødde han ofta um Myllarguten.

Og sin lovnad paa studentarfesten den 10de december gløymde han ikkje.

I fyrsten av januar 1849 kom *Torgeir Audunsson* til hovudstaden med tvo bønder fraa Vinje som fylgje og vart vel motteken og fagnad av Ole Bull.

Og hadde ikkje han stadet attanfyr, so vilde visst ikkje mange vyrdt større paa bondespelmannen.

„Kor mange bondespelmenn", skreiv A. Munch, „hev ein ikkje fyrr set her nedre i marknadsdagarne reika i kring paa torget og i lossementi, der dei hev gnikat sine slaattar og hallingar fyr ein ring av graakjolar. Men ingen kom paa aa føra slike nationale meistarspelmenn lika upp i den store frimurarsal, so dei kunde spela fyr den store aalmenning. — Men so hadde det helder ikkje voret Mylnaren, hulderlæreguten fraa Vinje, vil folk segja. Der er likso stor skilnad paa slaattarne hans og dei, hine spelar, som paa maaltrosti syngjande friskt der djupt inn i skogarne og ein sisik kvitrande i buret. Kann so vera, men det vender ikkje saki, naar ein ser paa sjølve tingen. For kvat kjende folk til denne bundne naturgivnad, og korleids trur ein, han hadde vortet motteken og dømd av dei, som skulde hava smak og skyn paa det, dersom det var raad og tenkja seg det, at han var komen av seg sjølv og vilde giva koncertar, berre byggjande paa sin eigen givnad? Og det, um bladi hadde hjelpt til? Me er rædde fyr, at vinningi daa hadde vortet svært liti fyr Torgeir og eldhugen hjaa aalmenningen endaa mindre.

Men no stod det ein stormann attanfyr han og straalad yver han med ein kveikjande smil — fyr Torgeir ein lukkesmil. No vart han leidd fram fyr byfolket, som han ikkje kjende, av ei hand, som vann med alt i kunsti, ei hand, som kunde jamna alle vanskarne, møykja alle ville stengjer, ho rører ved, semja det medgjevne barnslege med det mest framvaksne kunstvit og jamvel nøyda den mest lika sæle og illtrune tilhøyrarflokk til aa vyrda, ja til aa samhugast med det, han byd.

Ole Bull hev ført fram fyr aalmenningen i hovudstaden denne bondespelmannen og liksom sagt: „Høyr med godvilje denne raa fjellguten, for av *han* hev eg lært“. Derved hev han likso mykje heidrat aalmenningen som seg sjølv“.

At Torgeir Audunsson var komen til byen og skulde spela, vart meldt i stutte og lange avisstykke, plent som naar ein kunstmann av fyrste slaget er paa ferdi. Og heile byen var full av røda um han og den koncerten, han skulde giva. Det vart fortalt segner og eventyr — sant og dikt um kvartannat. Og daa detta var i ei huldertid, so er det sjølvsagt, at det vart teket uppatter, at Myllarguten hadde lært meistarspel av fossegrimen, ja ikkje so, at byfolket trudde

slikt nettupp. Men bønderne trudde det, og det var so fint, so poetisk.

Daa han ei torsdagsnatt gjekk yver kvernfossen paa stokkebrui, ofrad han eit svart lamb til grim og nykk. Og grimen knepte han yver handi, so blodet spratt fram under neglerne, og ein led av veslefingren vart atter hjaa grimen. Men so vart han meistarspelar og, so „med' han spelar, lyt dansen ganga“. Endaa-til det, som daudt er, maa lyda etter hans tonar og dansa etter dei, og naar han legg fela burt, læt endaa slaatten i strengjerne.

Og detta var ei av segnerne um hans meistarskap:

I Hallingdal var det ein spelmann, som hadde høyrt gjetet Myllarguten. Han foor den lange leid og vilde høyra han. Seint ein kveld naadde hallingen fram til Torgeir, som sat aaleine heime, sturen og leid. Daa hallingen bad han spela, svarad han, at han ingenting kunde, so det var aldri verdt aa bry seg lange vegjer etter spelet hans. Men seint og sidan tok han daa fela og spelad eitkvart. Det spelet totte hallingen godt um, endaa det fulla var dei i Hallingdal, som spelad likso fjerre. Daa gjekk det i Myllarguten, han stillte fela paa nytt og bad hin ganga utanfyr. For det kunde henda, at han ikkje tolde

høyra paa inne. Og inkje maatte han sjaa inn gjenom vindaugat. Hallingen totte, det ljomad og let gjenom kvar veggjesprunga, og det kulsad etter ryggen. Han kunde ikkje halda seg men saag gjenom blyvindaugat, og der sat Torgeir ved det brasande baal og vilde aldri slutta. Og i kring han dansad det: bordet, kubbestolarne og benken, — mysekanna og ølbollarne og ved og kvist og flis, som laag ved aaren, alt dansad, so stova stod i ein røyk. Hallingen totte, han sjølv laut inn i denne kvervel og spenna i taket. Daa skynad han, at detta ikkje gjekk retteleg til, og difyr strauk han til fjells og stanad ikkje, fyrr han var i Hallingdal.

Koncerten vart halden maandagen den 15de januar fyr fullt hus — gode 1400 menneskje. Endaa var det mange, som ikkje slapp inn. Og ikkje Ole Bull eingong hadde nokor tid havt so fullstappat hus i hovudstaden.

Etter fyrespel av orkestret og song av ein kvartett leidde Ole Bull Myllarguten fram.

Og der sat han,

„som naar man stirrer
overbøiet paa et elvdybs pragt,
og som broen, hvor man dvæler, dirrer,
saadan rysted sædet ved hans takt“,

song Welhaven etterpaa.

„Men hans spil var og som fossefaldet,
der i stride hvirvler gaar,
og ved spillet blev hver tanke kaldet
did, hvor fossegrimmen harpen slaar,
kaldet fjernt hen til de dybe dale,
der har kilder fra et snedækt fjeld,
hvor vor kunst i toner som i tale
altid finde skal sit friske væld".

Det var fulla dei, som spurde med seg sjølve: Er detta nokot? Dei hadde ventat nokot reint annat. Men som A. Munch skreiv, var dei sjølve skuld i sitt misnøgje. Det dei hadde ventat, kom ikkje og kunde ikkje koma. Og det, som kom og det framifraa godt, det skynad dei ikkje. Det var berre tot fyr dei. Dei høyrde ingen skilnad paa „Kivlemøyarne" og „Rekveen" elder „Vosserullen", ingen skilnad paa „Rotheimsknut" og „Nøringen", berre tot.

Men slikt unøgje kom ikkje fram fyr aalmenningen. For dei, som hadde vit paa det, hadde berre vellæte baade yver Myllarguten og Bull, som hadde hjelpt han og sjølv spelat tvo stykke paa koncerten hans. Andre, som ikkje skynad spelet so plent, fekk daa tak i det, at her var nye og friske kjeldur, som ein laut ausa or, dersom ein skulde byggja ei norsk kunst.

Og daa ingen vilde vera nauten, taut alle

med i det ofselege vellætet, som diktarar og andre meir framkomne folk gav bondespelmannen.

Ingen vart vel fegnare en dei, som hadde høyrt tonarne som barn og no saag, at dei kom til slik vyrdnad.

Ein gudbrandsdøl song millom annat soleids:

„Eg tykte eg hoyrde, kor fjellet gret
og taarin trillad, so staut han let,
so und'leg eg vart, da eg hoyrd'en.
Da let eg att augo, og burte eg va.
eg tykte eg sat under fjellet da,
og let gjorde Mylnarguten.

Da tykt' eg, det dansad rundt kring me'
steinar og buskur og store tre,
men inkje kunde eg dansa.
Eg lydde paa leiken, fortustad eg va',
eg tykte eg aldri hadd' høyrt det fyrr da,
men lell so var det 'kje framandt".

Og *A. O. Vinje*, som høyrde han baade no og seinare, daa han atter spelad i hovudstaden, kunde med grunn segja, som han gjorde i 1858:

„Eg, som paa mi vis hev havt det som Myllarguten og dansat so mangein gong etter fela hans, eg sat der paa koncerten i den glimande salen, sjaaande paa Myllarguten og tenkjande paa meg sjølv. Eg vilde mest kovna av tankar. Der sat me, som naar soli kjem skinande paa ein etter toka. Graaten vilde taka meg, der eg sat

liksom i hulderheimen, høyrande mi voggevisa, og takkande Gud og godtfolk, som hadde hjelpt oss fram".

Det var jamleg etter koncerten einkvar, som vilde hava Myllarguten til aa spela heime hjaa seg. Men Bull meinte, at det aldri var verdt, at han det gjorde. Berre hjaa ein gamall gild musikkelskar, som ikkje hadde kunnat komet til koncerten, let Bull han spela. Og der spelad han og, so det var til muns fyr alle dei, som hadde samlat seg baade inne og utanfyr huset. Paa denne sjølvgjorde koncert, der ikkje stykki laut koma i uppstellt rekkja og rad, var han fyr aalvor frikar, og han leikad seg fraa gangar og springar til dei villaste hallingar utan ende. Og fela hans hadde ein tryllande klang og bogedragi ei kraft, som gjekk til merg og møna.

Det vantad helder ikkje paa tilbod um hjelp til nye koncertar. Men „husi og byen og folket turad so i hovudet paa meg", sagde han og hadde slik hugverk og stunding heim, at han ikkje var god-til meir.

Biljetten til hans koncert hadde kostat 2 krunur, og han tente mest 2800 krunur, for Bull hadde lagat det so, at han fekk all hjelpi fyr inkje. Pengarne vart sende til presten og heradsstyret

i Vinje. Dei skulde styra pengarne paa beste maaten fyr han.

So foor han heim med baade gleda og æra den gongen. Og vener sankadst kring han i bygderne. Dei vilde atter høyra spelet hans og forteljingarne um hans store lukka.

Soleids fortel ein brevskrivar til „Morgenbladet“, at dei beste menn i hans bygd hadde komet saman um Myllarguten. Og det var rørande aa høyra paa, naar han rødde um „han Olav“. „Ingen kann halda sin far elder sin bror kjærare, en eg held Olav Bull“, sagde han, med' taarurne glimad i augo. „Men Olav Bull kunde gjerne tenkja, at eg inkje skynad nok paa alt det gode, han hev gjort mot meg, daa eg fattast ord til aa tala ut det, eg meiner“, lagde han til og bad andre gjera det fyr seg.

Og takk og gleda var vakt i heile landet, so det fulla ikkje berre var fraa Hjartdal, at det kom:

„Aa Gud velsigne han Ola Bull!“

Det var med Myllarguten som med Eikisdalskona. Daa ho endeleg kom til byen, vilde ho reint verta gali av alt, ho saag, og stundad berre heim. Og daa ho vel var heimkomi, kunde ho ikkje annat gjera en stunda etter byen og gjorde det sidan alle sine dagar. Ferdahugen tok atter

Myllarguten. Det hadde voret hans liv aa fara fraa hus til hus og fraa bygd til bygd og spela, so lenge folk vilde høyra. Han gjorde helder det fyr nokre skillingar en spelad ein time elder tvo paa ein tillyst koncert, um vinningi so var mange hundrad krunur.

Men han spelad ogso i smaabyarne fyr fullt hus i dei finaste salarne og tente gode pengar. Og smaabyarne vilde ikkje standa attanfyr hovudstaden i brikjande ord um spelet hans.

Daa Bull i slutten av aaret lagde i veg med det norske teater i Bergen, vilde han ogso lata Bergens-folket høyra Myllarguten. Han skulde vera spelmann i *„Fjeldstuen“* av Wergeland.

Um denne ferdi aat Myllarguten vart det fortalt ei soga, som liktest eit eventyr. Det er den danske diktar *Goldschmidt*, som hev fortalt soga etter Ole Bull sjølv.

Ein bondegut heitte *Jakob Jøsendal* fraa Odda i Hardangar. Jakob var ein vakker kar, ljosleitt, høgvaksen og grann um livet og med smaae hender og føter, plent som Bulwer skildrar det fagre normanniske folkeslag, som tok England.

Inn under jol foor han yver fjelli paa skid som ærendsvein fraa Ole Bull. Og stolt som han var av ærendi si, gløymde han ikkje aa fortelja i alle bygder, at han var send av Ola

til Torgeir, som maatte koma og spela paa Norigs teater.

Daa Jakob kom til Haugen, var Torgeir ikkje heime, men ho Ingebjørg gav seg til aa reida nista med det same. For det var ikkje rødande um annat, mannen laut reisa. Daa Torgeir kom heim, lagde han seg til aa sova, og fyrr soli spratt yver fjelli næste morgon, var Torgeir og Jakob paa skidi.

I bygderne visste folk, at dei skulde koma, og der var gleda yver det kall, som var komet til Myllarguten. Men ein stad var det ein rik bonde, han hadde bedet folk i hop og vilde hava Torgeir til aa spela i stova si um kvelden. Han kunde ikkje, sagde Torgeir, for Ole Bull ventad han. Men bonden, som alt hadde innbodet gjesterne sine, vart strid og sagde:

„Eg skal giva deg tie speciedalar, um du vil verta“.

„Nei eg kann ikkje“, svarad hin, „han Olav ventar meg, eg skal spela paa Norigs teater“.

Daa raudnad bonden, og det var greidt, han vilde bruka magt.

Jakob Jøsendal fekk daa Torgeir til sides og sagde:

„Du fær gjera han til viljar, men naar du kjem inn i stova, skal du segja, at du er trøytt,

og beda, um du fær sova littetvetta. So viser dei deg ut i eit kammers, men naar eg blistrar utanfyr, tek du fela di og spring ut gjenom vindaugat".

Det vart gjort, som sagt var. Daa Torgeir var komen igjenom vindaugat, saag han Jakob med tvo hestar, han hadde fenget tak i. Kararne slengde seg paa hesteryggen og reid av stad.

Men i stova ottadst dei ilt. Og bonden og hans gjester skundad seg aat stallen og sette etter. Det vart eit villt jag. Tett ved næste bygd naadde dei raskaste atter Torgeir og Jakob. Kararne var svært ville. Jakob Jøsendal trekte blankt, og hine gjekk inn paa han.

Han var elles faamælt Myllarguten, men no skar han greidt. Det var svik mot Norig, sagde han, um dei vilde hefta han paa vegen. Ole Bull hadde sendt bod paa han, han skulde spela paa Norigs teater, og dei laut koma i hug den synd, dei gjorde, um dei lagde seg i vegen fyr det og gjorde seg til fedrelandssvikarar. Gav dei berre tid, til han kom atter, skulde han spela 3 døger paa rad, um dei so vilde, men no skulde dei halda fred og lata han faa gjera ærendi si. Den talen hjelpte, dei gjøymde knivarne og skildest vel forlikte.

Det er vandt aa vita, kvat ein skal taka

ifraa elder brigda paa denne soga, og det same kann det vera og, for paa lag soleids vart det fortalt og lagde eventyr kring Myllarguten, daa han kom til Bergen nyaarsdag 1850.

Torgeir var spelmannen i „Fjeldstuen". Og i laget fyr Ole Bull torsdag den 24de januar spelad han fleire slaattar under ofseleg fagnad.

Fyrst den 15de marts gav Torgeir koncert paa „Norigs teater" saman med Ole Bull. Daa han kom ut or „Fjeldstuen", leidande Myllarguten i handi, vart dei mottekne av glade fagnadrop. Og daa Torgeir hadde spelat sine 6 stykke under aalmenn handklapp, vart han atter framropad og spelad uppatter „Sæveliden" under blomeregn og uppglødd fagnad. Men lika vel var det dei, som meinte og sagde, som fulla sant var og, at Bull sjølv lyste yver alt. Umfram sitt „Sæterbesøg" spelad han og tvo andre av sine tonedikt. Bergens-folket var som fraa seg.

Endaa det fyrst ut paa dagen hadde vortet kjent fyr aalmenningen, at koncerten skulde vera um kvelden, og endaa prisarne var høgre en vanlegt, var lika fullt alle biljettarne utselde kl. 3. Og ikke berre teatret var stappande fullt, men heile Engen var fyllt av ei uppglødd folkemengd, som tok imot kunstmennerne med fagnad.

Seinare spelad Myllarguten endaa tvo gonger saman med Ole Bull og uppglødde Bergens-folket.

Utpaa sumaren var Myllarguten sjølv paa ferdi og spelad millom andre stader i Kristianssand og Arendal, der dei ogso gav hans spel all den vyrdnad, som ventast kunde.

Og endaa raakad han atter Ole Bull, — han var som ein far fyr han.

Ved dei koncertar, som Torgeir soleids fekk halda, tente han ei 8000 krunur og vart ein velhalden mann. Han kjøpte Øydegarden paa Raulandsstrandi, der Songa kjem fossande ut i Totak.

Paa landsbygdi var det og er det berre gleda, fyrdi Ole Bull hjelpte so godt Myllarguten. Og sameleids var det visst med dei fleste i byen og. Difyr var det vellæte, Bull fekk fyr si gjerning, godt meint. Men det var fulla dei, som rykte paa nosi baade aat Myllarguten og han, som hadde hjelpt han fram. Men det synest, som um folk vart *so* kloke ei god tid etterpaa.

Soleids professor *Dietrichson**). Dei ankarne, som A. Munch hadde ført fram med det same men avvist som grunnlause, dei tek Dietrichson uppatter, er storvoren og slær dei fast. Men so

*) „Omrids af den norske poesis historie". Kjøbenhavn 1869 II. S. 194—5.

kann han fortelja, at den fagnad, Torgeir møtte i hovudstaden, var ikkje stort annat en skire *tilgjerdsla*. Og det er ikkje fritt, professoren lastar Welhaven, fyrdi han let Myllarguten ganga inn i bokheimen gjenom sitt dikt „og soleids gav ord og mæle til eit uppglødingsrus, som i laget hadde nokot ustyggjeleg usant".

Men hadde hovudstaden voret med paa slik tilgjerdsla, slik lygn, so vert han lika vel frifunnen og fær tilgjeving. Det er Bergens-folket, som fær skuldi, daa dei fyrst hadde voret galne. Dietrichson fortel, at Myllarguten fyrst hadde voret i Bergen og spelat paa det norske teater, og so kom han og reiv hovudstaden med. Det er aa endevenda tingen*).

Daa Myllarguten i 1858 raakad atter Ole Bull, som hjelpte han til aa halda tvo koncertar, var det visst fleire en fyrr, som rykte paa nosi. Aalmenningen saag ikkje til det lika vel. Men mann imillom høyrdest fulla ymist. Soleids av tonediktaren *Halfdan Kjerulf*. I eit brev reknar han upp ymse mistak av Ole Bull og legg til „komedien med den stakkars fordrukne Myllarguten. For endeleg kom han fram og let storhopen taka og kjenna paa, korleids den musikken

*) Etter Dietrichson hev T. Blanc gjort lika eins. Sjaa hans bok „Norges første nationale scene" s. 40.

er, som Ole Bull kallar „den norske kunst, som stend fullgod og ferdug paa fjellet“. Aalmenningen beljad — men han bles seg sjølv upp til denne tilgjorde beljing“.

Kann so vera, at det var nokot tilgjort og uppblaaset. Det vil alltid vera so, at mange skrik med, fyrdi andre, som gjeld nokot og skal hava godt skyn paa det, skrik fyre. Og det kunde sjølvsagt høva likso godt um kunstfolk med namn yver heile verdi som med Myllarguten. Ja det er rimelegt, at vaare byfolk tidt hev skriket upp, naar det kom einkvar namngjeten utlending, endaa det ingenting var, elder dei skynad inkjevetta av det, han hadde aa bjoda. Fagnaden var minst lika ægte ved spelet aat Myllarguten som mangein gong elles. Og den aalmenne bymannen vart i vissa hugteken av spelet. Men folk var daa som seinare stutthugsne. Det var lett aa gløyma, kvat Myllarguten hadde voret fyr folk. For han var til nedfalls, og det var ingenting glimande i hans framferd, — han laut stellast med som eit barn, leidast inn paa tilet og utatter. Difyr vilde det baade truskap og kjærleik til, dersom ikkje byfolket skulde gjera som Halfdan Kjerulf og rykkja paa nosi.

Men Kjerulf hev ingen grunn til aa segja, at Ole Bull „hadde voret so klok, at han var

stroken, daa Myllarguten sjølv gav ein koncert". For Bull hadde fenget gode folk til aa hjelpa bondespelmannen. Fullt hus var det, og godt gjekk det.

„Aalmenningen totte", segjer Vinje, „at hans spel var godt og reint og merkelegt aa høyra. Dei beste menn likad det best. Han kom og paa rette laget til slutt. Han vilde liksom ikkje slutta, daa aalmenningen klappad og skreik bravo og krullad seg kring han, der han sat trappande og ristande paa hovudet. Han drøymde seg vel upp i eit av dei gamle gjestebod, ikkje sjaaande gaslogen, den staute salen og dei fine folk i kring seg".

Men det var visst mange, som tok det som Kjerulf no og ikkje vilde vita av nokot „maalstræv" elder „nationale galenskapar". Jamvel „Morgenbladet", som ogso no skrytte av Myllarguten, lugtad maalstræv av same slaget som det, „Dølen" hadde teket paa med.

Og det kjendest endaa betre, at finverdi var ferdig med Myllarguten, daa Ole Bull i 1862 med god manns hjelp spelad baade saman med han og fyr han paa det norske teater i hovudstaden. Daa hadde ikkje eingong „Morgenbladet" eit einaste ord.

Det er greidt, han hadde ingenting med

finverdi aa gjera meir. For ho heldt paa aa faa ifraa seg den draum, ho hadde drøymt under hans tonar. Og ho vilde ikkje hava skuld fyr, at ho hadde voret so udanad og vanskapt, at ho kunde drøyma slikt. Men det var god raad med det: *Ole Bull hadde narrat dei til, men dei hadde i minsto smilt innvertes.*

Den skuldi kann Ole Bull bera fyr heile verdi med æra, og han hev so gjort — utan blygsla.

Endaa Myllarguten eldest, laut han av og til ut men haustad fulla meir av sorg en av lyftande gleda.

Han døydde heime 1872 og var daa 70 aar gamall.

Kann henda den uppgløding og fagnad, Torgeir Audunsson vakte ved sitt spel i hovudstaden, var uppskrøyvd, men det bilæte av naud og sorg, som i Myllarguten vart set yver heile Norig og mykje vidare, det var ægte og sant. I Torgeir møtte den bundne og innestengde givnad i vaart folk.

Det fall med det same ljos yver vaar folkelagnad og Ole Bulls livsverk, som vart ein spaadom og rik lovnad fyr framtidi.

Mest kvar bygd i heile landet hev segn og

soga um framifraa gaaverike mannsemne, som berre vart bygdetullar. Spelmennerne vart og slike. Folk fortalde reine under um alt, dei kunde gjera paa fela, men dei fekk liten vyrdnad, kor som er.

Ein spelmann og ein fyllefant var eitt og det same. Og so all den drykk og dus og slagsmaal, som allstødt skulde fylgja fela!

Men kvifyr vart dei fyllefantar og bygderek? Det er ikkje nok aa segja, at det var, fyrdi dei var so mykje med, der drykken var aa faa. For det var med dei fleste som Myllarguten, at dei fyrst *dugde* til aa spela, naar dei var paa ein sveim.

Skal ein skyna detta, lyt ein hugsa slaattarne, dei spelad. Dei handlad mest alltid — kann ein segja — „um sterke menn og kjærleik, som drap“. *Sæveliden*, „taugdans paa vegen til rettarstaden“, giv eit misbrukat kjempeliv, som jamvel fekk si straff paa jordi. Det skal vera kvikt og lystugt, men anten spelmannen vil elder ei, paa understrengjerne sjuar det sorg — yver dei misbrukade krafterne. *Rotheimsknut* ogso um ei sterk kjempa. *Vosserullen* elder Rekveen hev hallingkast, so det smell i biten men og slagsmaal og sus og dus, knivstyngjer og skrik.

Tonarne tolkar det sterkaste liv, Norig den tid aatte. Villt og laussloppet var det, og soleids

høyrest det i tonarne og, men det sjuar innunder. Er du med i dansen, vert du spretten og kaat, endaa du kjenner bringeverken, og set du deg til og lyder, kann det verta saa saart, so saart. Og sjølve dansen kring fela var oftaste vill. Folket kjende det, for sjølve fela tolkad det. Hadde gjenta elder guten i dagar og næter leikat kring fela, høyrdest oomen mange dagar etterpaa, og det sjuad av hugverk og trege.

Men ingen kjende detta betre en spelmannen sjølv, som fekk vond smak i munnen av brennevin og trege.

Og paa vyrkedagarne tok dei spræke menn og livsglade kvinnur det harde slitet som ei straff fyr syndi. Dei kjende, ho var vel fortent. Det hadde ogso presten sagt paa messedagarne, daa dei sat bøygde i ræddhug under dømande presteord i helligdomen.

Men det vart atter leik elder brudlaup elder gravøl. Og fyrstundes kunde det vera kurande stillt i laget, mennerne spake og kvinnurne bljuge. Men slikt var ikkje aa halda ut lenger. Dei slo seg glade, og drykken hjelpte til.

Spelmannen hadde ingen hug paa laget, men han gjekk lika vel og var i fyrsten leid og rang, so han ikkje vilde spela. Paa den vis kunde det ingi moro verta, men vann han ikkje sjølv

slaa seg glad, so var det alltid dei, som visste raad. Han fekk nokre drammar, og so vart han etter kvart paa laget — spelad, so det ingen ende hadde, spelad, som det segjest um Myllarguten, til blodet spratt fram under neglerne, og dei laut taka fela fraa han. Det var greidt, at *fanden* hadde han i si magt, ja baade spelmannen og hine. I minsto var det skynande etterpaa, daa tregen sat atter, med' syrgjeoomen fraa fela høyrdest langt burte.

Soleids vart livet kløyvt i tvo bolkar, ein ung og kaat og ein gamall og gudeleg elder ein, som vilde njota livet, og ein, som vilde ofra alt.

Og med spelmannen var det sameleids som med hine. Men han kjende betre mishøvi en hitt folket, for han tolkad dei i tonar — det djupaste og sannaste bilæte av folket, som i all sin vesaldom ikkje kunde annat, det laut vera sprettet og kaatt. Paa *ei* vis maatte sprækleiken nyttast, um so til slagsmaal og vyrdlaus ferd. Og fridomshugen kunde helder ikkje døyvast — han laut koma fram, um det so var i preste- og futedraap. Det var fulla galet, men i drykkjestova galdt det fyr karsstykke. Son aat ein, som hadde drepet tri prestar, kunde daa ynskja, at han fekk gjera same varpet som faren.

Men paa fastande hjarta kom sorgi yver det

misbrukade livet. Og daa folket ikkje saag seg utkoma til aa nytta livet betre, skaut det skuldi fraa seg i ræddhug og modløysa. Det var fanden, som hadde voret ute, han styrde spelmannen, tenaren sin. Og jamvel spelmennerne talad sannare en nokon annan i folket, var det ikkje fritt, dei i tregeriderne trudde sjølve og, at det var fanden, som reid dei.

Ja um *Fanitullen* kunde dei fortelja, at det var sjølve fanden, som hadde lagat den slaatten.

Det var brudlaup i Hemsedal. Tvo karar var vortne usamde, og dei skulde spenna belte. Dei stod rygg mot rygg, og eit belte vart spent um dei. Fire karar stod i ring med kvar si tyrelysa, med' dei tvo kastad og slengde seg, so dei kunde naa kvarannan med kniven. Tvo kvinnur vil fram og skilja mennerne aat, men dei vert slengde att-ende av dei, som held vakt. Og kjerringarne lyt setja seg millom kar og kvende, som sit paa bord og benkjer og ser paa — rædde og lika vel hugad paa leiken —, med' ungarne hev kropet i hop i storesengi elder uppaa hjellarne.

Spelmannen, som hev lagt fela ifraa seg, gjeng burt til kjellarlemmen med ei tyrelysa i handi. Han skal ned i kjellaren og tappa øl, for dei, som slaast, kann turva ein styrkedrykk.

„Men da han stod i kjældren,
han saa i et blaaligt skin
en sidde der paa tønden
og stemme felen sin.
Og karlen holdt den omvendt,
tæt op til brystet klemt,
og gav sig til at stryge,
saasnart han havde stemt.

Det var et spil, som dued:
Det klang som vred mands ord,
som hug af staalsat bile
og som næveslag i bord.
Det jubled, og det hulked
i den skumle kjælderhal,
da slaattens toner endte
med et rungende mandefald.

Taus spillemanden lytted
til de mægtige løb.
Det var, som spillets hvirvler
ned ad ryggen ham krøb.
Saa spurgte han den anden:
„Hvor lærte du den slaat?"
Han svared: „Det er det samme,
men mind dig den blot!"

Nu manden ned sig luded
og efter tappen tog —
da saa han hestehoven,
som takt mod tønden slog.

Han glemte rent at tappe,
han sprang i stuen op —
der løfted de fra gulvet
den faldne mandekrop.

Fanitullen kaldes
endnu den vilde slaat.
og dølerne den spille
og spille den godt.
Men lyde de grumme toner
under øldrik og svir,
da løsner atter kniven
i hallingdølens slir"*).

Elder um slaattarne ikkje var diktade av sjølve fanden, kristet folk var det lika vel ikkje. Det var fossegrimen elder hulderfolket. Av dei lærde *Langedragen* i Seljord ein av sine beste slaattar, daa han saman med *Soteruden* kom fraa brudlaup i Omersdal.

Endaa-til dei fine *Kivlemøyslaattarne* var det nokot galet med. Det var fulla gjentur — dersom det ikkje var huldrer daa —, som hadde prillat dei slaattarne. Men det kunde ikkje vera rette skila med dei møyarne, sidan presten Peder med si stame tunga hadde sett dei i stein.

Soleids maatte folket tenkja, naar tregen tok fraa det magti. Det var fandenskap alt i hop,

---

*) **Dikt av Jørgen Moe.**

a det var sjølve Gamle-Eirik, som let i fela. Og len tru sit i mangekvar den dag i dag.

Og so er det sjølvsagt, at folket i umannslegt unglynde laut fortelja, at sjølve fela og var andensverk.

Hardang-fela hev sin heimstad paa Botnen Øystesø sokn i Hardanger. Ein skulehaldar kring 1670 heitte *Lars Klark*. Fyr moro skuld nolad han ut trestykke, som han sette strengjer paa, so det gav læte. *Isak Nilsson Botnen*, som hadde lært aa lesa av skulehaldaren, førde felekunsti lenger fram og vart ein namngjeten felemakar. Lenge kunde han ikkje finna paa fernis, som ikkje gjorde ljoden mindre rein. Men han greidde det og, daa han av soknepresten paa Stordøy, *Diderik Muus**), fekk ei uppskrift paa ein fernis, som var høveleg aat felurne.

Isak hadde tvo søner, *Nils*, som vart ein idig skyttar, og *Trond*, som saman med maagen *Sjøvat* var felemakar. Løyndomen med fernissen hadde Isak ikkje fortalt dei. Fyrst daa han var avliden, fann dei uppskrifti. Hardang-fela vart vida kjend, og dei selde felurne sine med god vinning paa Kongsbergs- og Røldals-marknarne.

*) Diderik Muus var ein heil kunstmann, baade bilætskjerar og maalar. — Den vakre altartavla i Stordøy gamle kyrkja var eit vitne um hans kunst.

Tronda-felurne var dei beste, og det gjeng stort ord av dei endaa.

At desse felemakararne i Botnegrendi skulde hava funnet upp fela, er litet trulegt. For fela var kjend alt i gamle dagar. I det 10 hundradaaret spelad dei franske trubadurar, som reikad i alle vestlandi, paa fela til songen sin, men daa hadde ho berre tvo elder tri strengjer. Ho var ogso kjend i Norig i gamall tid, men fela og felespelaren vart litet mætte mot harpa og harpeslagaren. Sitt rette lag fekk fela i det 16 hundradaaret i Italia, der dei ogso gav henne den fjorde strengen, og ho vart det finaste av alle musikalske instrument.

Dei maa anten hava set elder høyrt gjetet den europæiske fela desse Botna-felemakararne. Men dei hev format henne, so ho vart høveleg til dei norske tonar. Sjølve fela gav dei eit annat skap og lagde loket og bretti inn med elfenbein og fint tre. Og so fann dei paa under- elder ljodstrengjerne. Det er 4 granne strengjer av sylv elder staal lagde under hine og stillte so, at dei svarar til grovstrengjerne. Det er trulegt, at dei paa denne maaten gjorde den gamle harpa og den europæiske fela til eitt.

Hardang-fela kom snart i bruk yver det meste av landet og gav slaattarne ein rik vokster.

„Ei fela er beste instrumentet aat den norske bonde“, segjer E. Pontoppidan, som var bisp i i Bergen fraa 1747—55, „og ho vert sume stader her i kring brukad reint i utider, endaa-til i syrgjestova, der spelmannen sit heile dagen upp aa likkista og spelar i eino — han skal fulla driva burt tunglyndet“.

Trond og Sjøvat levde endaa i 1766, daa det vart fortalt paa prent um felemakararne i Hardanger*).

Det er berre vellæte, og ein høyrer ikkje gjetet nokon trollskap daa.

Men annarleids hev segni maalat det ut seinare.

Isak hadde nok lært kunsti av fanden. For der hekk ei ramnsvart mynsterfela paa veggen i verkstaden hans og jamsides med ei tjukk jarnlekkja. Og daa han døydde, vart baade fela og lekkja burte. Ei „Svartebok“, som Isak hadde havt i si eiga, kom vekk, men ho sagdest gjøymd i ei steinrøys paa garden. Det andre hadde vel hinmannen teket atter.

Og sonen Trond hadde endaa meir med Gamle-Eirik aa gjera. Stundom kom han lika

*) Eit stykke i „Efterretninger fra addresse-contoiret i Bergen i Norge“ um „Viol-mageriet i Vigøers prestegjeld i Hardanger“.

heim til stova og kakkad paa glaset, naar det leid til natti. Daa laut Trond ut og snakka med han. Men skundad han seg ikkje, vart det eit ustyggjelegt brak og kloring ute paa stoveveggen, ja det hende, at eine enden av stova vart lyft upp, og eit par skræmelege augo glytte inn under svillen. Daa var det ingi onnor raad, og Trond laut lydast ut.

Og daa Tronden døydde, vart det greidt aa skyna, kven som aatte han. Daa liket skulde til jordar, vart det eit forvedr, so dei ikkje kunde ro fram til kyrkja. Dei lagde i land og sette likkista under ein hellar. Daa dei seinare skulde taka henne, var ho tom.

Soleids vart det i tunge stunder til det, at fanden hadde lagat fela, og hans verk var ogso dei tonarne, som let fraa henne.

Men det var det same, folket maatte høyra desse slaattarne, og gaaverike menn kunde ikkje lata vera aa spela dei.

Eit folk, som sagde, at det i sin sprettnaste ungdom og under livssens kraft og høgtid hadde den vonde til sin spelmann, maatte verta sundrivet, ræddhugat og slengjevoret. Og midt i villaste leiken kjende det sorgi, det gav. Spelmennerne, som fekk djupaste merki av detta,

maatte tolka det, anten dei visste det elder ei, anten dei vilde elder ikkje.

Men detta folk, som var vortet soleids paa laget, skulde skapa ei ny frihugad soga um ny og djerv mannsferd. Og det nyttad inkje aa røma ifraa detta folket og helder ikkje dei vilkor, som hadde skapt det.

Ole Bull var eit motbilæte til bondespelmannen og lika vel runnen av same rot og fyllt av same trong. Men han var son aat ei ny tid, det nye Norig. Han skulde dikta ein ny utgang paa dei gamle slaattar, løysa hugverken upp i graat og sona han, reisa hovudet, der bondespelmannen hadde bøygt det, setja djervskap i staden fyr ræddhug. Som dei spelad han under sut og verk, men han spelad seg glad og rak og spelad gull og æra fyr seg sjølv og sitt folk.

Han forstod seg sjølv og sitt folk, daa han sette Myllarguten midt i sin eigen koncert. Ingen annan hadde vaagat nokot slikt. Og mange syntest, han forvaagad seg, daa han gjorde det.

Men han heldt berre fast sitt eiget upphav. Endaa dei, som rykte paa nosi, hadde rett i smaating: *I hovudsaki hadde han all retten.*

Og dei, som hev viljat byggja og bøta med

bot, som duger i Norig, hev alle maatt gjenget dei vegjer, han gjekk elder peikad paa:

„til de grønne dale,
der har kilder fra et snedækt fjeld,
hvor vor kunst i tone som i tale
altid finde skal sit friske væld“.



XI.

Det norske teater.

(1849—50).



Det vart ingi langreis i 1849, for Ole Bull gav seg til aa arbeida fyr norsk kunst i Bergen. Og det gjekk fysna gjenom folk, daa det kom eit upprop og fortalde, at dei kann henda fekk hava han buande millom seg.

Ein kann hava, kvat meining ein vil um teaterstell, men soleids som nordmannen hadde det, var det til skam og tyning av alt, som kunde gro paa norsk grunn. Dansken og svensken spelad paa teater i Norig. Og den trui var komi i folk, at det inkje annarleids kunde vera. Daa Wergeland og andre vilde, at norske diktarverk og norske tonestykke skulde tolkast av norsktalande menn og kvinnur paa teatret, daa var det berre glis og laatt og hæding fraa dei, som danade skulde vera.

Ein Welhaven gjekk fyre og hædde dei, som

> **„vrager slettens frugt og gjør sig til,**
> **skjønt selv man kun potetes har og sild“.**

Det hjelpte litet, at Wergeland sette ut sitt sterke upprop:

„Hvad vil disse sjællandske sværme?
Disse bander af trælle fra Ty?
Vil I lære vort Dovre at hærme
efter Frederiks pjattende by?“

For alt norskt var villmannskap og inkje annat. Og *det* galdt ikkje minst um den norske tale. Det norske maal var „grovt, hardt og ulaglegt“, so stygt, at endaa-til „sjølve kjærleiken til fedraheimen“ laut tilsegja oss aa slipa av det. Det kunde teateret gjera, naar ein der fekk høyra den „danade, blaute og klangrike“ danske tale, som paa eingong „kunde kveikja vaart øyra og dana tunga aat den tilveksande ungdom“. Difyr vilde teaterstyret syna „open vanvyrdnad mot det, aalmenningen ynskjer, um det tok skodespelarar av landsens eigne born“. Soleids let det.

Og eingong burde me halda upp med all narreskap, so me ikkje kom i hug aa vilja greida oss med vaart eiget, naar me ingen ting hadde, som dugde. Det var aldri verdt aa gjera seg til glis og laatt fyr utlendingen.

Mistrui til vaart eiget og suti fyr, kvat andre vilde segja um oss, dersom me bygde paa det, gjorde oss veike, so me seint kom lenger.

Lika vel aukad den flokken, som vilde røyna

det norske paa alle leider. Men ingen hadde endaa reist merket, so det samlad folket kring seg.

Daa kom Ole Bull og gjekk arm i arm med dei norske krav. Med det norske hadde han vunnet ute, og so maatte det vera raad heime og. *Det* skulde vera grovt? Nei alt norsk var godt! Og skulde ein bry seg um, at det i Norig fanst stakkarar, som ikkje tolde, at faavitet log og hædde!

Han kom utantil med gliming og æra yver si ferd og sitt namn, og heime maatte han verta *hovdingen under gullhjelmen.*

I hovudstaden hadde det vist seg, at det norske kunde kveikja og samla folk, baade daa Bull sette Myllarguten jamsides med seg paa ein koncert, og daa maalararne Tidemand og Gude fekk til sine norske framsyningar paa teatret.

Men det var i Bergen, Ole Bull skulde reisa merket fyr aalvor. Han var ikkje tenkt paa nokot slikt, daa han kom dit, men der stod ein norsklynd her og ventad paa hovdingen sin.

I slutten av juli lyste Ole Bull etter „damur og herrar, som vilde gjera song, spelmusikk, skodespelkunst elder nationaldans til sit yrke“, og lika eins etter „sjølvskrivne dramatiske og musikalske arbeid“ — alt saman fyr „Det norske teater i Bergen“. So leigde han teatret fyr vetteren, og „der vart no atter“, fortel Bjørnstjerne

Bjørnson, „drukket og haldet lag paa tanken. Og daa den fyrste nemndi kom saman og heldt svært morosame møte, der Ole Bull spelad, og det umfram andre ting vart brukat upp uhorveleg mykje vit og løgje, kom det paa lysingarne matrosar, som vilde „hyra seg“, og gamle handverkarar, som hadde „tapt paa syni“, men *Johannes Brun* og“.

Merket var reist, og Ole Bull var ikkje lenger den, som stod utanfyr stridarne heime. For det var ei partifana, som var reist, og der skulde standa strid kring hans namn.

Han fekk ei sterk minning um det, daa han i august atter kom til hovudstaden.

Studentarne flokkadst kring han no som fyrr.

Men til hans koncert kom det berre ei 3—400 menneskje, og av dei var endaa-til mange tilreisande. Det var gildt nok, det vantad ikkje. Fagnaden var stor, og jamvel dei kongelege var med paa den. Men det saag mest ut, som var hovudstaden ute med eit *motpeik*.

Det vart ein bladstrid, baade kvass og beisk med politisk farge paa. Og ein kann vera stød um, at det hev gjenget kvast til mann imillom, naar det kunde brasa so fjerre i bladi.

„Morgenbladet“, som var frisinnat, minte um, kven det her galdt. Det var han, som valde

aa vera nordmann, endaa han betre en nokon annan kunde greidt seg med aa voret berre heimsborgar — det mangein mindremann laast vilja vera.

„Men paa sine ærefulle ferder hev han aldri gløymt, at han var ein son av det fatige berglandet, som endaa strævar med aa tryggja sitt sjølvstyre og sin fridom“.

„Han var midt i sine sigrar den same trauste nordmannen“.

Og „no lende han paa heimestrandi med friske laurbær fraa ein heil heimslut. Hans landsmenn krullad seg kring og vilde høyra hans kunst. Men mange av dei kunde litet dylja sitt unøgje med, at han i Paris hadde voret so djerv og nyttat høvet og synt, at fødeheimen hans raadde seg sjølv. Og alt i den fyrste fagnad blandad det seg baktale, smjugande som eiter. Fridomshugen hans sette liv i drøselagi, og dei rørekopparne, som hev so annsamt i vaart smaastadsliv, brukad heile si skronegaava mot ein norsk kunstmann, som vaagad vera baade folkeven og fridomsven“.

Men dei hadde ikkje vunnet *med* han. Elles var det undarlegt med det: Ein Ole Bull kunde hava vunnet baade æra og godkjenning ute i storverdi — han hev ikkje voret eit aar heime, fyrr heile trongsyni legg seg yver han og vil

jamvel taka den æra, han vann ute og — gjera alt smaatt, likt med seg sjølv.

Og daa han no hadde teket upp teatersaki — aldri hadde han spelat finare en 1ste september, daa sjølve enkjedronningi hadde bedet han um det. Men var ikkje stakkarsdomen ute? Plakatar paa husnoverne og snakk i drøselagi skulde halda folk burte. Dei vilde gjera det so, at Bull fekk tom sal.

Kvat hadde han daa gjort?

Jau han vilde vera norsk i staden fyr skandinav og folkeven i staden fyr ven aat magthavararne og drøselagi, som gav tonen.

No skulde drøsurne fram i gjerning. „Naar dei krenkte felespelaren, trudde dei, at dei med det same hadde gjort av med *nordmannen* og *fridomsmannen* Ole Bull.“

Men so speelegt kunde det høva fyr desse drøsegaukarne: At aalmenningen paa koncerten fegnadst mest ved det vene norske tonediktet „Sæterbesøget“. „Den kunstmann, som dei vilde meinka fyr hans norskdom, han fekk sigerfagnaden ved den!“

Men kor burde me ikkje skjemmast ved slikt! Jau utlendingen maatte faa tankar um oss!

„Og soleids mæter dei denne kunstmannen i hans heimland“, sagde ein engelsmann etter

„Sæterbesøget“, han saag paa den folketome sal. „England eig ikkje eit flognæme, so vidgjetet i all heimen, men hadde det aatt han, vilde det fulla visst aa vyrda han“.

Fraa bladi paa hi sida*) kom det fulla svar, og „Morgenbladet“ fekk mykje smell. Det vanmætte reint gjævleiken aat Ole Bull, naar det vilde innbilla folk, at „skandinavarne og magthavararne“ hadde sleget seg i hop mot han, fyrdi han tottest hava andre politiske meiningar en dei. Nei dei hadde meir en ein gong vist den norske kunstmannen vyrdnad og samhug og inkje lagt minste vegt paa politiske mishøve.

All tale um motburd var difyr berre tøv. Plakatarne kunde berre vera „eit lystugt hugsviv av ein elder annan prettemakar“.

Ein skulde helst tru, at det var einkvar fraa „Morgenbladet“, som hadde sett dei upp, so mykje bladet kunde faa nokot aa hengja seg i. Og at folk skulde hava svoret seg saman mot Bull paa kaffehusi, var i vissa ikkje annat en samtale um, at mange ikkje hadde raad aa ganga, naar det var so dyrt — ein heil dalar.

At det kom faae folk paa koncerten, var soleids berre eit vitnemaal um, at folk hadde

---

*) „Den norske rigstidende“ og „Christianiaposten“.

litet pengar, ikkje annat. Og engelsmannen kunde alltid snakka, for dei hadde pengar dei kararne.

Ein laut no vona, at Ole Bull sjølv ikkje hadde aa gjera med detta falske spel i „Morgenbladet“!

Men bladet hadde svaret baade no og seinare. Dei hadde ikkje nettupp sleget seg saman mot Bull, men gjenom mange ting, smaae og store, hadde dei synt sin uvilje. Og hadde ikkje ein *storing* sagt, at han vilde giva 10 dalar til, at det kom faae elder ingen paa koncerten?

Denne striden dunde ei god stund frametter. Og det er ikkje raad og segja annat: „Morgenbladet“ hadde i røyndi rett, endaa ingen vilde vera ved, at dei var unøgde paa Bull.

Uvilja kom „Christianiaposten“ til aa segja det. I si fyrste melding av koncerten segjer det, at naar det var so faae betalande tilhøyrarar fraa byen, kom det *„rimeligvis“* av dei høge prisarne. Og det læt den sanne grunn skina fram, naar det segjer, at det hadde vortet sameleids, um prisarne hadde voret som vanlegt og. For folk var so mette av musikk maa vita.

Kulden og uviljen tyt fram *millom linurne.* Det skal liksom berre galda hans politiske meiningar, men det var aa slaa paa skaaki og meina hesten. Det galdt fyrst og fremst hans arbeid

fyr det norske, for det var villmannskapen, han vilde hava til æra.

Endaa Ole Bull ikkje kunde samla alle kring sitt verk, reis han lika vel so høgt, at motmæle og svivyrding ikkje vaagad seg opet fram. Og samhugen, som skulde halda han frisk og vaken, vantad daa helder ikkje.

Soleids skreiv hans ven maalaren Hans Gude den 4de september fraa Balestrand i Sogn:

„Daa eg ikkje er stød paa, at eg raakar deg i Kristiania, naar eg reiser dit, skriv eg nokre faae ord, so eg fær fortelja deg um den levande samhug, eg kjenner fyr ditt store verk: Nedlag av grunnsteinen til eit *norsk* teater. Og so kjenner eg ein sterk trong til aa takka deg fyr dei lukkelege timar, du let meg hava, daa me sidst var saman. Mi takksemd fyr dei vilde eg ikkje fyr alt maalgreida gjenom brev, men min sjølvvyrdnad som kunstmann læt meg kjenna, at det gode, eg naut i ditt spel, var av eit annat slag en det, folk flest fær.

Men det fær vera med det, som det vil, eg hev ofta tenkt, at eg eingong laut skriva og takka deg, og tilføret er no godt, daa detta er som eit yrkesbrev.

Eg hev tenkt aa finna ut, um det paa einkvar maate var raad, at eg kunde gjera litetvetta

fyr detta vigtige verk. — Eg hev tenkt paa maaling av — teaterprydnad, kann du vita. Det er inkje det same, korleids det er gjort, og svært vigtigt er det, at det kunde verta gjort av ein nordmann og vera norsk i tanken. — So mykje er visst: Aa arbeida fyr det unge teater paa den maaten vilde giva meg stor gleda. —

Det verk, du hev fyr deg, vil spyrja etter mod og trott, og eg ynskjer deg nøgdi av baado, daa det er sjølvsagt, at det vil koma mange leide hefte paa din veg. Difyr godt mod! — som det stend i songen“. —

Og endaa eit vitne um samhugen skal nemnast. Fyrsten av eit brev, som A. O. Vinje sende han fraa Kristiania den 3dje december, var so:

„Norske Ole! Det er mest, som eg kunde ganga deg for nær med denne barnslege tiltale, men eg kunde ikkje finna nokot høvelegt tilnamn aat deg, og etter det eg veit kallar bønderne deg rett og slett Ole Bull, som um titlar ikkje tok seg ut til det namnet. Ja, norske Ole! — Giv alt gjeng godt! Giv vanskarne, som naudsynleg fylgjer ditt tiltakk, maa vera so faae, som berre raad!“

Ole Bull stanad ei tid i sin nye heim paa *Andøyi* ved Kristianssand, men i oktober var han

i Bergen atter, leigde seg hus tett ved teatret og gjekk til arbeids.

Alt 21de november kunde han innbjoda ein deil av byfolket til prøva paa teatret. Og aalmenningen — ei 3 til 400 damur og herrar — var svært hipen etter aa sjaa, korleids detta bar til.

Dei spelad „Henrik og Pernille“ av Holberg, og *det* var alle samde um, at spelet var betre en voni. Serleg var det 4 skodespelarar, som tottest framifraa gode, endaa dei berre var nynæmingar. Etterpaa var handklappet aalment.

Ole Bull sjølv slo takti i orkestret. Bull spelad etterpaa „Sæterbesøget“ med fullt orkester til. Daa naadde fagnaden og uppglødingi høgdi.

Ein skodespelar framsagde forteljingi um „Manden fra Paradis“ og gjorde det so godt, at det tottest ei bisn.

Og ein annan framsagde „Skomagerdrengen“, eit løgjet stykke paa Bergens-maal -- „ein kunde ikkje annat en læ“.

Fraa aalmenningen kom til slutt eit leve fyr Ole Bull og hans tiltak med dundrande hurra til.

Ole Bull vilde ikkje hava med seg berre ein liten flokk. Endaa dei, som rosad seg av fint og danat skyn, hadde teket helder kaldt mot

hans arbeid, laut dei no vera med. Det var ingi onnor raad. *Dei* innbaud han fyrst og fremst til prøva, og der laut dei klappa og ropa hurra.

Deira blad*) let han vera det einaste, som melde um prøva, og det maatte rosa verket, endaa det fyrr hadde haldet atter.

Ole Bull hadde klumsat „heimsborgararne", so dei ikkje saag seg høve til aa vera imot.

Fegen skreiv han til kona si:

„Endeleg er han komen den store dagen, som skal lysa yver vaart nationale teater! I den sidste vika hev eg gjort ein freistnad fyr aalmenningen og innbodet maalsmennerne fyr teatret og nokre andre til ei prøva. Utfallet var ei bisn! Sjølve motstandararne vedgjekk, at dei ikkje berre var forbinade men ogso visse paa, at der var emne av so framifraa slag, at folk aldri hadde set deira make i Bergen. —

Men um du visste, kor eg hev maatt arbeida, fyrr me kom til detta under i so stutt tid, daa vilde du hava vortet forbinad yver trotten min. For i nemndi vaar er det 16 mann, som hev fenget sitt faste arbeid kvar.

Orkestret var stakkarslegt. So mykje det kunde verta nokorlunde, hev ein lotet halda prøvur, giva timar til felespelararne — latet dei

*) „Bergenske blade".

spela tvo- og firmannsstykke hjaa meg, — aa fyr ein fest fyr øyro!!! Orkestret er ikkje so illa no.

— Me arbeider av all kraft, so teatret kann koma i god skikk — alt i den meining, at folk skal kunna ganga i teatret utan sut fyr helsa og med von um aa faa høyra nokot godt, heimegjort nytt og samstundes verja sine eigne emningsfolk! Daa vil alle mann ganga dit og teatret verta ein skule fyr den gode smak, fyr den nationale aand, fyr kunsthandverket, fyr samvokstren og fyr dei fagre kunster.“ —

Og til jol kunde han skriva, at „plassarne til 20 kveldar alt var tingade burt, so um teatret hadde voret ein gong til so stort, ein hadde lika vel ikkje kunnat faa rom aat alle“ — so uppglødde var folk.

Onsdagen den 2dre januar 1850 var dei budde til aa spela fyrste gongen fyr aalmenningen, og det er fødselsdagen aat det norske teater.

Det var fullt fraa golv til tak, og Ole Bull reis høgt i orkestret, daa teppet gjekk upp fyr eit *fyremæle,* diktat av ein nordfjording, heitte Eirik Bolstad. Tonarne til samsongarne hadde Bull sjølv diktat „i ein reint ny og norsk stil, som verkad hugtakande“.

Skodeplassen var ein skog med eit berg i

bakgrunnen. I berget er eit vette bundet, og det talar til dei ymse folk, som kjem framum, baade til bønder og byfolk. Og alle vert dei tekne av denne klaga. Sidstpaa kjem det og ein kunstmann, og han vert ikkje berre teken av klaga, so han ynkar aanden, men han vil ogso hjelpa og bed folkehopen, som er komen til stadar, vera med aa opna fengslet. Alle bøygjer seg til bøn. Daa syner det seg ein engel framfyr berget, og han ber bod:

„Eders bønner engle bragte
frem for lysets store fader,
som mig sendte for at løse
aandens lænker ned paa jord.
Stig af fjeldet ud du blundende,
il med glæde til de stundende,
som paakalde dig i Nord".

Daa opnadst berget, og folket strøymer inn i ein glimande hall. Der sit *den norske folkeaand* i kvendeham paa eit høgt sæte med purpurkaapa, kruna og dronningsspir. Samsongen tolkar gleda yver det nye møte, og so stig folkedronningi fram millom mengdi og helsar sitt folk. Ho er den sanne folkestyrar, som maa syna leidi aat folkelivet, um det skal vera sant og mætande.

So spelad dei „Den vægelsindede" av Holberg med orkesterspel millom bolkarne og etterpaa alt „Sæterbesøget".

„Heile framsyningi var som eit under“, kreiv Bull til Felicie, og det sagde dei fleste, ndaa det fulla kunde vera mangt, som vantad it so nyt tiltak.

Det var ein gamall draum, at *Ole Bull og Henrik Wergeland* skulde arbeida saman, som Valdemar Thrane og Bjerregaard hadde gjort det „Fjeldeventyret“. Alt i 1838*) var dei samde m det, men det vart ikkje til nokot daa. Dei adde det fyre seinare og**), men Bull kom ikkje il aa gjera nokot, med' Wergeland levde.

---

*) „Morgenbladet“ fyr $^{6}/_{10}$ 1838:. — „Etter ei segjande segn er Ole Bull og Henrik Wergeland vortne samde um aa dikta ein norsk national songleik. Hr. Wergeland skal i vetter senda teksti aat hr. Bull, som daa lagar lundarne“.

*) Detta brevet fraa Wergeland er visst skrivet 1841:

„Grotta, 22de juli.

Kjære Ole, velkomen heim! Eg fordømer Danmark, og i det vil du samhugast med meg. Du ser, at eg skriv detta fraa ein stad, som du ikkje kjenner. Det er den nye lykkja mi, og eg ser frametter, at eg hev deg ein kveld paa mi sval. Derifraa hev ein den mest glimande utsyn, som umkverven av Kristiania eig. Eg lyt ogso spyrja deg, um eg skulde giva deg teksti av det, eg no skriv paa. Eg hev tvo hugtakande emne, men baade er utanlandske. Det eine er persisk, det andre fyllt med ramnsvarte negrar fraa Kongolandet og kopar-raude

Men han gløymde ikkje sin gamle lovnad. Sidste diktarverket aat Wergeland var songleiken *Fjeldstuen*, og det hadde voret meiningi aat Bull, at det skulde vera fyrste stykket paa hans norske teater. Men han vart ikkje ferdig med lundarne, og helder ikkje kunde dei andre faa sitt fraa seg til daa. Men so vart det gjort alt, som gjerast kunde fyr, at framstellingi kunde verta ægte norsk. Og songleiken vart daa fyrste stykket teatret gav av nyo.

Fyrste gongen var sundagen den 13de januar, og stykket vart spelat 5 gonger det spelehalvaaret.

Uppglødingi var utruleg stor, og fyr dei fleste tyktest det som ein „*nationalfest*". Sjølve diktet av norskeskalden Wergeland, daa han laag i den sidste striden. Alle lundarne norske og anten diktade av Ole Bull elder i minsto tilstellte av han. Spelmannen i fjellstova, der brudlaupet aat Helge og Sigrid stod, ein reideleg norsk bondespelmann, sjølve Myllarguten, og dei, som dansad halling og springar i det brudlaupet, bønder fraa Nordfjord.

---

portugisarar. Elder ynskjer du eitkvart norsk? Det vilde vera det gildaste, endaa dei austerlandske emne er naudende vene. Eg nemner desse, daa dei ikkje er mine eigne. Lat meg høyra di meining. Eg her eit norskt visestykke liggjande hjaa meg: Det kann eg senda deg, um du vil setja musikk til det".

Leirdal og Hardanger. Og Ole Bull slo takti i orkestret, med' norske menn og kvinnur tolkad stykket paa tilet!

„Bergens stiftstidende“ melder i lange og uppglødde stykke um, korleids dei tok aalmenningen med.

Som no musikken! Bulls tone til samsongen:

„Afsted over hav!
Det er sorgernes grav“,

tottest „vera eit sant meistarverk: Tekst og tone rann saman til eitt. Kvart instrument tok i paa høvelegaste leitet, og i vissa var felurne nyttad paa ein so sersynt maate, at ein skulde tru Harding-fela midt i orkestret“.

Det andre koret:

„Holdt nu, lensmand, her maa vi puste,
aldrig vi saa en eng saa blød.
Her var det gildt, om ølkanna fruste,
om vi os hul paa nisten brød“,

var „i snodig norsk stil og gav skildringi ein storløgjen verknad“.

Og so songen hennar Sigrid:

„Her, hvor i alt. hvad jeg ser, han er til,
leve jeg vil
mellem de øde vægge.
Her jeg pleier min kjærlighed.
Her jeg daglig min troskabsed
vil til den elskte aflægge“.

„Denne ovfagre lunden, bygd i fin norsk stil, full av hugverk og lengting — i den hev dei skylde aanderne aat Henrik Wergeland og Ole Bull møtt kvarannan! Ein slik tone giv ein tanke um dei frukterne, som ein kunst-tilskapnad av det nationale gunnemne i vaar musikk vil kunna giva“. Og visst er det: Sigridsongen er naudende ven, so det ikkje er mange slike.

„Dansarne vakte stormande godlaat, og fleire av dei laut takast uppatter. Hardingen Jakob Vikingson Jøsendal merkte seg serleg ut ved den framifraa springaren sin“.

Og elles var det utifraa i alle maatar.

„Bergenske blade“, som skulde vera tolk fyr heimsborgararne, var meir kald. Det rosar spelet, og naar det ikkje vart betre, kom det av stykket, som var litet tess. Men dansen var det raadlaust aa forsvara. Ja det skulde daa vera, at han peikad paa den grunn, ein norsk kunstdans eingong kunde verta tuftad paa.

„Men paa ingen maate kann det tegjast med, at ein soleids gjeng utanfyr maalet fyr det fagre, ja ein kann med retto segja det sømelege, som ein av dansararne gjorde“.

Naar bladet skreiv so, skulde ein tru, at den dansaren hadde til gagns synt „den nationale raaskapen“. Men bladet er sjølv eit vitne um,

at detta usømelege ikkje var so reint burt i veggjerne helder, for det var sant og — ægte. Norske ungdomar var daa ikkje slike surtappar, at dei ikkje skulde kunna finna paa litetvetta løgjet jamvel i ei aalvorstund.

„Daa sidste visa vart sungi“, fortel bladet, „fekk ein ikkje njota i ro den heile verknad, me skulde kjenna av stykket, og som nettupp vert uttalad i denne visa: At kvar ein reiser av i verdi, i aust elder vest, heime er daa best. Under songen heldt dansaren paa med .sine sprett og gjorde millom versi eit duglegt kast, og det kastet gjorde han so mykje utav millom dei tvo sidste versi, at han mest datt yver han, som song, og gav han i kjæta eit lett slag paa munnen. Av detta kom laatt og uro, so ein knapt kunde høyra det sidste verset. Ingen vil daa negta, at detta er ei mistyding av, kvat ein skal fegnast ved som nationalt.

Ein vilde kann henda lætt, naar ein norsk bonde hadde gjort slikt i eit retteleg norsk bondebrudlaup. Men *det* er nokot reint annat en aa lata det koma fram ein stad, der ein daa gjeng og vil sjaa nokot annat og meir en litetvetta moro i augneblinken. Ein lyt koma i hug, at der jamsides med kjærleiken til fedraheimen er nokot annat, som er mest lika naudturvelegt fyr

eit danat menneskje, naar det skal lika seg, og det er kultur og kunst. Men desse milde og fine heimstyrarar læt seg ikkje trengja saman av ei landegrensa".

„Ein nokorlunde pynteleg paaklædnad kunde ein og med retto krevja, naar ein norsk bonde steig fram paa skodeplassen i „ein ballet"".

Ein fær ikkje høyra, kvat det vantad klædi.

Detta var ankarne mot „balletten". Det er teket med alt, daa den eine forfattaren etter den andre hev funnet aat Ole Bull fyr den. I røyndi ligg der ikkje so mykje lag paa desse ankarne, og dei var ikkje av annat slag, en dei lett kunde rettast paa. Det var berre aa setja dansararne annarleids fyre.

Men det er sjølve tiltaket med den norske dansen, som er usmakelegt fyr det gamallvorne bladet.

Det er sjølvsagt, at bønder som andre trong upplæring, naar dei skulde stiga fram paa skodeplassen. Men den gongen var det ingi onnor raad en aa taka bønder til det, for det var snaudt andre, som kunde dansa halling og springar.

Ole Bull og Wergeland hadde i „Fjeldstuen" voret saman og lyft fram det norske, og fyr dei, som tok imot freistnaden med samhug, reis Wergeland upp jamsides med Ole Bull.

Der var fulla mykje, som vantad, men freistnaden var gjord, og det skulde verta betre gjort etterkvart.

At folk i det heile skynad paa strævet, synte den „heidersmiddag", som etter innbjoding fraa medborgarar vart halden fyr Ole Bull den 24de januar. I festen var 140 mann. Raadmann Bonnevie heldt talen fyr heidersgjesten, og hans skaal vart drukki under den sterkaste og mest uppglødde samhug. Og i visa, som fylgde skaali, heitte det:

„Nu skal Norges kraft i alvorsblid gestalt,
i dens nye morgenrøde
gjenopstanden vise verden overalt,
at den kan i kampen møde, —
i den kamp, som gjælder aandens tanke fri.
— Ja, en nordisk kunst og nordisk poesi
skal kring lande gaa,
seierskrone faa,
der hvor aandens kjæmper møde".

Daa so Myllarguten kom etter middagen, og han spelad sine norske slaattar, vart uppglødingi ikkje mindre. Fyrst kl. 2 um natti skildest laget.

Det hadde byrjat godt med det norske teater, men Bull skulde fulla faa kjenna til vanskarne og uhyggjen.

Fyrst var det den leide samanstøyten med politiet.

Ei liti sak men god nok som prøva paa, korleids ein storvaksen og frihugad mann, som ikkje fyrst og fremst hugsar paa det juridiske smaakravlet, kann koma ut i det.

Med' danskarne spelad paa teatret i Bergen, var politimeistaren van med, at dei stødt stod med huva i handi fyr han, for han raadde fyr alt maavita. Og det var alltid godt aa vera vener med politiet, um eitkvart skulde koma paa.

Men som innfødd nordmann kom Ole Bull aldri i hug, at han og trong gjera seg liten og mjuk fyr politiet. Og um ein utlending hadde maatt hava embættes-samtykke, fyrr han kunde spela teater, so trong ein nordmann visst ikkje um det.

Daa han vart mint um, at stikt samtykke trongst, gjekk han til amtmannen og fekk det.

Dermed maatte han hava gjort nok, totte han, og dei spelad paa teatret fleire gonger. Men gong paa gong fekk han paaminning fraa politimeistaren um aa koma og syna samtykket, han hadde fenget hjaa stiftamtmannen. Det kunde daa aldri turvast, meinte Bull, for sjølve samtykket hadde paaskrift fraa politiet um, at der ingen ting var til hinder fyr hans tiltak. Men det stod i den kongelege resolution, som var paakallad i sjølve samtykket, at det skulde synast fyr politiet, kunde politimeistaren fortelja han.

Og samtykkebrevet kom paa politikamret andre gongen.

So laut det vera nok fyr seg gjort med politiet!

Aa nei. Dei hadde spelat paa teatret og ikkje sendt politiet bod um tidi. For Bull meinte, at ogso politiet fekk greida paa den, naar der stod tillysingar baade i blad og paa uppslegne plakatar. Men han bøygde seg lika vel og bodsende politiet kvar gong.

Men det var endaa fleire krav. Politiet skulde sjølvsagt halda tilsyn i teatret. Og 11te januar skreiv politimeistaren*) og kravde tri sæte i parkettet**) aat seg sjølv og dei tvo andre politi-embættesmennerne. Det negtad Bull og sagde, at alle sæte i parkettet var burttingade. Politimeistaren stod paa sitt, men i eit privatbrev let han um, at han vilde laga seg etter teaterstyret, sidan alle parkettsæti var burttingade. Ja han „vilde endaa-til nøgja seg med 3 av dei sæti, som elles vart brukade av sjølve styret". Det er ikkje likt til, at styret var hugat paa nokot slikt. Men det etlad politiet tri sæte paa ein benk, som gjekk langsmed veggen ved inngangen til

*) Han heitte Krogh og døydde 1874 som skrivar i Nedre Romerike.

**) 1ste plass.

standande parkett*). Dei sæti vart merkte ut med ei svart tavla, 5 fot 4 tumar lang og 20 tumar høg. „Dei tri politisæti“ var det maalat med store kvite bokstavar paa henne. Og attaat var der hengt ein lampe, so mykje folk kunde sjaa seg fyr.

Detta tok politiet som spott, og det reiv tavla ned.

Politimeistaren kravde paa nytt lag dei tri parkettsæti og skræmde med aa stengja teatret, um han ikkje fekk det, som han vilde. Daa svarad Bull gjenom sakførar, at han korkje kunde elder vilde umaka seg med det. Og han trudde no som fyrr, at dei sæti, som styret hadde etlat politiet, ogso var høvelege fyr det.

Daa sende politimeistaren heile saki til stiftamtmannen og søkte um, at negtingi av sæti og uppsetjingi av tavla — det sidste som hæding mot politiet eit openberrlegt lovbrot — maatte faa si avgjerdsla ved domstolarne. Stiftamtmannen vilde hava saki nærmere upplyst, fyrr han sende henne til politiretten. Forhøyret vart sett til 5te februar — fødselsdagen aat Bull. Var det uvilja verk, elder hadde dei gjort fyr mun og teket den dagen?

Det vart ein storm. Folket stellte seg paa den eine elder andre sida og bladi lika eins.

*) 2dre plass.

„Stiftstidenden“ klagad svært yver slik grov aatferd mot ein mann som Ole Bull. Han skulde ikkje hava fred paa fødselsdagen eingong! Um fyremiddagen kom det gaavur fraa kjende og ukjende vener, og hans mor og syster var hjaa han og skulde helsa til lukka med dagen, men kl. 10 laut han i retten, og der vart han til kl. ½2.

Jamvel hovudstadsbladi hadde lange harmfulle stykke um saki, og i „Morgenbladet“ vert det sagt beint fram, at det var undralaust, um „Bergenske blade“ stellte seg reint imot Bull i den saki, for det var politimeistaren, som raadde der.

Og til og med borni i Bergen vart med i striden. I hundradtal fylgde dei Bull til og fraa teatret, og kunde dei gjera motmannen hans eit spikk, dei forsømde seg ikkje. Og den samhug, borni allstødt synte Ole Bull, rørde han meir, en vitnemaali fraa foreldri nokor tid gjorde.

Den 3dje juni avsagde politiretten dom i saki. Fyr hæding mot politiet var saman med Bull ogso kjøpmann Jakob Michelsen og kandidat Jensen sette under tiltale. Men dei vart alle frifunne. For politiet hadde ikkje voret til stadar den kvelden, tavla stod der, og difyr kunde lovbrotet i høgdi kallast *fullførd freistnad*, som loven inkje hadde straff fyr.

Derimot vart Bull som styrar dømd *til aa lata politiet faa so mange og slike sæte i teatret, som politimeistaren fann naudsynlege fyr politiet, naar det skulde halda skikk og ro der*, under ei bot av 5 dalar fyr kvar speledag, han let vera aa etterkoma paalegget fraa politimeistaren, etter at det paa lovleg vis var forkynt han.

Ole Bull og mange med han saag i denne sak „krokar og meinspel", og det var sjølvsagt, at han fekk politirettsdomen inn fyr høgsterett, der advokat *Dunker* førde saki aat han.

Og hans forsvar sprakar av leikande vit og løgje og raamande spit.

Det vart prentat som tillegg aat vikeskriftet hans *Goldschmidt* i Kjøbenhavn og var etlat aat den norske aalmenning. „Men kvifyr her i *Nord og syd*"? skreiv Goldschmidt. Jau „fyrdi den norske „Retstidende" ikkje vilde taka inn slikt, fyrdi ein ikkje torde venta, at bolkarne i „Christianiaposten" vart opnade fyr ein embættesmanns uferd, fyrdi „Morgenbladet" ikkje kunde taka inn forsvaret, naar det kom lika fraa Dunker, fyrdi det jamt og samt er umsyn aa taka, og store er dei ikkje i smaae høve".

Det hev snaudt so ofta hendt, at embættesmanns ferd og dom er vortet soleids flengde i fillur som denne gongen.

Saki kunde voret avvist fraa politiretten, sagde Dunker. For politiet kann ikkje trætta seg til dom fyr, at det skal faa biljettar til gjevendes. Anten hev politiet retten, og daa maa det taka han av seg sjølv og bruka magt, dersom nokon torer meinka det — elder og kann ikkje politiet hjelpa seg sjølv, fyrdi det ikkje hev rett aa bruka magt — men daa kann det helder ikkje hjelpa seg med aa leggja sak. For politimeistaren er ei handlande magt, ikkje ei sakførande. Ja han kann fulla leggja politisak, naar han vil hava einkvar til aa *gjera* nokot, t. ds. lata seg konfirmera, lata sitt barn døypa, riva ned eit hus, som er faarlegt fyr den aalmenne trygd o. s. f., men daa er det fyr samfundet, politiet er ute og skal hævda lovarne.

Men naar politiet vil trætta seg til teaterbiljettar, daa møter det ikkje fyr samfundet, religionen elder sedugskapen men fyr seg sjølve. Dei vil gjerne paa komedie, men det er deira eigen bate, det er inkje den aalmenne. Vil politiet reisa ei sovori sak, lyt det klaga til forlikskommissionen og stemna teaterstyraren til hans heimeting, men det vert ikkje politisak, fyrdi det er politiet og ikkje t. ds. byfuten elder borgmeistaren, som gjerne vil ganga paa komedie fyr inkje og hava godt sæte.

Men gjekk ein inn paa saki, so hadde politimeistaren urett i alle sine krav og klagemaal. Hadde Bull stengt teatret fyr politiet, so det ikkje slapp inn, daa hadde der voret lovbrot. Men det var der ikkje tale um. Naar politiet var komet inn, fekk det finna rom sjølv, so godt det kunde. Men inkje kunde det koma og segja: „Eg vil sitja her og der“, naar sæti var burttingade. Elder vilde politiet forbjoda aa tinga burt sæti fyreaat, det dei elles gjorde i alle land? Men her kom politiet og vilde hava teaterstyraren til aa rydja dei sæti, det peikad paa. Var ikkje politiet god-til hjelpa seg sjølv, so kunde det i vissa ikkje krevja, at teaterstyret skulde gjera det.

Folk yver jamnen hadde fulla til dessa meint, at teaterstyret kunde spyrja etter studnad fraa politiet. Men her snudde politiet saki um og kravde, at teaterstyret skulde halda styr paa aalmenningen, so politiet kunde hava det maklegt og ikkje verta uroat i si kunstnjoting.

Og politiretten hadde ikkje tenkt paa det lovbodet, som forbyd domstolarne aa giva *endelause* domar fraa seg. For elles kunde retten ikkje dømt teatret til aa lata politiet faa *so mange og sovorne sæte, som politimeistaren kravde.* Etter den domen var ikkje teaterstyret herre i sitt eiget hus, kunde ikkje raada fyr eit einaste sæte.

Politiet kunde taka dei sæti, det vilde, og velja andre, naar det berre sveiv det so. Ein maatte alltid vera buen paa, at den strenge herren politimeistaren tok fyr seg dei sæte, dei loger, som var høglegaste, finast tilstellte og dyraste.

Kongelogen i teatret var etlat kongslyden og hoffolket. Men politirettsdomen fraa Bergen fortalde oss no, at kongen hadde logen sin av politinaade, og at han laut vika, naar politiet ein god dag sette teaterstyret til aa rydja logen fyr politimeistaren, adjutanten, fullmegtarne, assistentarne og dei likaste tenestemenn. Med dei andre logerne var det lika eins, politiet kunde taka dei, *naar* det høvde.

Kvifyr kunde ikkje politiet nøgja seg med dei andre staderne i huset, dei, som ikkje hadde nummer og ikkje var tingade burt? Og kvifyr skulde ikkje politiet kunna føra si tilsyn *standande?* Var alle sæti utselde, nøgde folk seg med, at dei fekk standa. Kvifyr skulde ikkje politiet kunna gjera det same?

Jau dei hadde krav paa det, sagde politiet, for danskarne hadde latet politimeistaren faa fribiljettar aat alle politi-embættesmenn med heile deira hus. Og Bull meinte, at vilde politimeistaren, udjutanten og fullmegten hava gode sæte i teatret, fekk dei gjera som annat folk og kjøpa

seg biljettar. Men politiet meinte, at sidan hr. Selmer, hr. Sørensen og kvat dei heitte alle, sidan *dei* fyrst og fremst kjøpte seg politivener, skulde Bull gjera lika eins. Daa han ikkje gjorde det, vart dei furtne og leide fyr den svivyrdnad, som det høge politiet kom ut fyr, og det skræmde med aa stengja teatret. Daa det ikkje hjelpte, og politiet ikkje vaagad til aa hjelpa seg sjølv, so ropad det paa domstolarne, so mykje det kunde faa brev paa si eigi uferd.

Men um alt det forsvararen til dessa hadde sagt, var likso galet og meiningslaust, som det no var rett og sant, politiet kunde endaa ikkje faa den domen, det kravde. For Bull hadde latet det fenget sæte og det so mange, som det fanst politi-embættesmenn i Bergen. Endaa kunde det ikkje vera til lags. Sæti var ikkje midt i parkettet, so dei derifraa kunde sjaa alle stader. Men det trongst daa ikkje helder. For kom der ugreida millom aalmenningen, melde ho seg sjølv, og gjorde ho ikkje det, var der ikkje ugreida helder, og politiet kunde sitja trygt og sjaa paa stykket.

Elles hadde Bull peikat paa nokot annat, segjer forsvararen, og det var so greidt, at det var reint furdelegt, at ikkje politimeistaren fann seg nøgd med det. Bull trudde, at desse tri

sæti jamsides dyrri var dei, politiet likad best. For skulde alle tri politi-embættesmenn vera i teatret, so laut *det* verta som eit politikammer. Det kunde alltid vera eit elder annat, som hende utanfyr teatret, so ein av embættesmennerne laut hava eit ord med, og der maatte allstødt sendast bod til politisæti i teatret, for der sat politihovdingarne og naut kunsti. Og daa kunde det vera laglegt baade fyr politi og aalmenning, at politikamret ikkje var midt i parkettet.

Og so var det den hæding av politiet med tavla og lampen, som lyste paa henne. Det var merkelegt, at politiet skulde tykkjast paa det, at ordi: „Dei tri politisæti“ stod yver benken. Var det ikkje politisæti daa? Politiet vilde daa hava faste sæte, som ingen annan kunde taka. Tolde ikkje politiet aa sjaa elder høyra namnet sitt eiget? Var det eit høgbrot, um ein yver kongelogen sette: „Logen aat kongen“? Det var forbinande, at Bergens-politiet, som likad teatret so godt, ikkje hadde lært av klokkar Link, at det var grovt aa kalla ein mann „ein klokkar“, men *var* mannen klokkar, so var det helder ikkje grovt aa kalla han det.

Og so lampen! Ja politimeistaren sagde sjølv, at han, statstenaren, ikkje vilde standa i myrkret. Han vilde hava eit upplyst rom

men vart lika fullt fornærmad, naar ein upplyste det.

„Eg kann ikkje slutta", sagde Dunker, „utan aa nemna mi tunge sorg yver, at ei myndugheit av slik vegt som politiet i Bergen skal hava forrent seg so syrgjeleg. Og tvo gonger lyt eg klaga, sidan desse mistak hev terrat, svivyrdt og forfylgt ein mann som Ole Bull, eit namn med ein klang, so det svarar fraa baade sidur aat heimshavet, ein mann, som hev fortalt verdi meir um Norig og dei norske fjelli en alle vaare diplomatar, konsular og andre stormenn tilsamanlagde — og som difyr skulde kunna krevja, at han vart fri fyr meingjerder i dei bili, han bur millom sine landsmenn. Han brukad no dei store, fine gaavurne sine til aa vekkja norsk kunst i fødestaden sin. Det var hans draum aa leggja dei aandsskattarne, han hadde samlat, i heimejordi og lata fedraheimen hava æra. Um detta maal ikkje skulde kunna verta so fullført, som han vonad og ynskte, so burde det ikkje vera politiet, som hefte freistnaden med meinspel. Kven kjenner ikkje vel, at Ole Bull var utruleg mykje for god til aa verta ute fyr slik aatferd, og at kunsti og flogvitet med han hev voret ute fyr ei svivyrding, som politiet aldri er god-til sona av. Men den æresbot, som domstolarne kann giva, den veit

eg han fær i domen aat dei høgstærverdige herrarne".

Og so vart det, for høgsterett frikjende Ole Bull.

Men han vart ikkje ven til politiet i Bergen etter den saki. Og det vert endaa-til fortalt, at politiet lurde etter han, um det kunde finnast eitkvart aa hengja seg i. Han vart daa og meld, fyrdi han hadde røykt sigar paa gata, og det var ulovlegt aa røykja der, utan ein hadde pipa med lok. So kom han fyr retten. Baade domar og lagrett var gamle vener og skulekammeratar, og det gjekk godvoret til. Daa han vel var komen inn, baud han høvisk og tyd kararne sigar. Dei takkad men skulde ikkje hava. Ja han laut hava seg ein han, kor som var, sagde han, for han hadde ikkje havt stunder til aa røykja sin vanlege morgonsigar. Og røykte gjorde han. Det kom no fram, at han var skuldad fyr røyking „paa ein frie plass", og det var berre i „gaturne" det var forbodet. So vart han frikjend.

Striden med politiet gjorde ikkje vanskarne fyr teatret mindre, men dei arbeidde truet baade Bull og hans fylgje.

Rekneskapsføraren, ein større kjøpmann, døydde. Det synte seg daa, at han var

busliten, og teatret tapte fleire tusund krunur. Skodespelararne kunde ikkje faa heile løni si, men i den stad fekk dei spela tvo gonger til si eigi vinning.

Daa teatret sluttad i fyrsten av juni, hadde det spelat 27 gonger og fenget mykje vellæte. Der var fulla mangt, som burde voret betre, og „Bergenske blade“ gløymde aldri aa fortelja det. Men aalmenningen i det heile var uppglødd og velnøgd.

Og den 5te juni kjøbte Ole Bull teatret med alt, som tilhøyrde, av det dramatiske selskap. Han skulde svara fyr panteskuldi, 11,200 krunur, og inkje meir. Men det tillegg vart gjort, at det jamleg skulde verta spelat paa teatret av norske skodespelarar. Gjekk det nokortid eit aar, utan at det vart gjort, skulde eigedomen med alt, som tilhøyrde, falla til selskapet atter, og panteskuldi maatte daa ikkje vera aukad.

Den 19de juni skulde Ole Bull reisa heim til Andøy, og ved skilnaden synte Bergens-folket den varmaste samhug. Paa Vaagen var ei mengd med baatar fulle av folk, og paa bryggjurne og festningsvollarne krydde det. Daa den flaggande baaten, som skulde setja Bull ut paa eimskipet, lagde fraa Triangelen, druste blomarne og kransarne yver han, og samstundes let ein ny song,

som var diktad til han. Daa baaten lagde til skipsbordet, høyrdest ropet: „Lenge leve Ole Bull!“ og hurra paa hurra fylgde etter. Og Bull svarad: „Leve Norig, gamle Bjørgvin og alle norske fedrelandsvener!“

I slutten av juli var Ole Bull i Bergen atter og skulde faa gjort i stand til det nye speleaar. Daa fann han teatret og all reidskapen i ugreida. Skodespelararne hadde voret i Kristianssund og spelat fyr eigi vinning. Tvo skodespelarar hadde gjevet seg atter i Kristianssund, der ogso nokot av reidskaben stod etter.

Det fyrste Bull tok seg fyr var aa faa fjelgat upp teatret. I staden fyr den latinske innskrifti yver skodeplassen sette han: „Ogso fyr norsk kunst“. Og paa taket skulde eit band av norske fargar bera vitnemaal um det same.

Men vanskarne aukad, daa kandidat Jensen ikkje vilde vera instruktør lenger. Bull tenkte i augneblinken paa aa draga seg undan, daa han tottest standa „utan hjelp og studnad av folket.“ Men det ljosnad vonom fyrr, so han kunde skriva, at det saag lovande ut fyr vetteren.

Til dessa hadde han styrt teatret sjølv i

samraad med Jensen. Men den 26de august gav han fullmagt til 10 mann, som kunde faa med seg andre, um dei vilde. Dei skulde styra og raada fyr han i alle maatar. I pengevegen skulde dei inkje andsvar hava, han sjølv svarad fyr alt. Men fullmagti kunde han taka atter, naar han vilde.



XII.

Ute.

(1850—51).



Han skulde no til ny utferd.

I hovudstaden spelad han i oktober tvo gonger, millom annat „Sæterbesøget“, sine kor til „Fjeldstuen“, springar og halling og norske visetonar. Og under durande fagnadrop tok nordmennerne farvel med Ole Bull, som „atter skulde bringa „Nordens“ tonar og namn paa viddi.“

Han foor fyrst til Danmark, og millom krigstonar og fridomsdraumar, som fyllte landet, fegnadst han ved, „at dei tri fremste officerar i den danske krig: Rye, Schleppegrell og Helgesen, alle var fraa Norig“.

Hans koncert paa det kongelege teater i Kjøbenhavn var „svært godt søkt“, og han sjølv paa rette laget. Ein kom til aa giva gaum etter kunstmannen sjølv og, fortel *Goldschmidt,* som vart venen hans paa denne tid. „Fela kastad ein myrk skugge paa hovudet hans, so det berre

fall ljos yver fremste luten av andlitet. Haaret var dottet fram yver skallen, takti i spelet vart skjotare og skjotare, augo hans myrknad og glimad, med' alle stengjerne dirrad under det yrande jaget. Daa saag han ut som eit bergvette, spelande paa sylvaadrarne i fjellet."

I jolevika spelad han ikkje mindre en fire gonger i Odense og so i Jylland.

Men etterpaa var han atter i Kjøbenhavn. Fraa denne tid hev hans sekretær paa ferdi i Danmark, dansken *N. M. Brun*, fortalt ei morosam soga. Og skulde ho ikkje vera sann i alle stykke, so er ho i minsto godt lagad. Det er ikkje fritt, at Brun hev lagt dansk farge paa her og der. Men det gjer berre, at Ole Bull med all sin braadhug, sitt storlæte og lunutte umskifte kjem klaarare fram.

Det var ein dag fyrst i marts 1851. Brun fortalde, at kong Fredrik VII var i byen og budde paa Kristiansborg.

„Eg kunde hava hug til aa helsa paa kongen, eg", sagde Bull.

„Kvifyr hev du ikkje gjort det fyr lenge sidan?"

„Aa, eg kann aldri vita, um han vil taka imot meg. Og paa maafaa gjeng eg ikkje."

„Kvifyr skulde du ganga paa maafaa, naar ingen er for liten hjaa han?"

„Ja — ein kann aldri vita“, og Bull drog paa det.

So skulde Brun paa slottet og spyrja seg fyr.

Litet trulegt, at det kunde verta av den dagen, meinte adjutanten. Men han skulde spyrja kongen.

Det kom bod ut, at Brun skulde inn til kongen, og endaa han ikkje var klædd paa den maaten, var det aldri so vandt um fyr Fredrik VII.

Kongen var i godlag og spurde, med' skalken lyste i augo:

„Vil Bull verkeleg vitja kongen av Danmark?“

„Ja, Dykkar majestæt“.

„Daa maa han hava gløymt den danske prins?“

Brun skynad ingenting. Men Bull skulde vera velkomen um ein time, og Brun maatte fylgja med. „Det er moro aa hava eit vitne“, sagde kongen og log.

Hin skynad ingenting men log med.

Um ein time stod Bull og Brun paa slottet.

Kongen hadde sett seg upp aa eit rundt bord midt paa golvet med ryggen mot den dyrri, dei skulde koma igjenom. Sablen heldt han millom henderne, som var det ei fela, han stillte. Paa veggen midt imot han var det ein stor spegel. I den kunde han sjaa dei innkomande, og dei kunde sjaa andlitet aat kongen.

Soleids sat han, daa kararne steig inn, og han vart sitjande ein heil minutt og saag sløgt paa dei i speglen, med' Bull bleiknad av sinne.

So kviskrad han til Brun:

„Vil kongen halda meg fyr narr?"

„Ser mest ut til det," kviskrad hin atter.

„Ja det skal han —!"

Med det same snudde kongen seg og flutte seg etter bordkanten, so han sat med andlitet mot dei.

Dei bøygde seg baade men var mykje illa ved.

„Dykkar majestæt —" stamad Bull, men kongen tok ordet fraa han:

„Goddag, hr. Bull! Det er gildt aa sjaa Dykk atter no, det er so mange aar, sidan me saagst. De hugsar fulla vaart møte i Wiesbaden?"

„I Wiesbaden?" mullad Bull — han var reint handfallen.

Kongen fortalde, at det var mange aar sidan — i 1828*). Han sat ved bordet og aat frukost saman med ein eldre herre, som var hans fylgje paa utanlandsferdi. Daa kom Bull inn saman

*) Ja det aaret foor prins Fredrik gjenom Tyskland, men Ole Bull var ikkje der daa. Det kann vera uvisst, um dei hadde raakast nokor tid i Wiesbaden. For det er ikkje godt aa skyna, naar det skulde voret seinare helder.

med ein tenar, som bar felehuset hans. Han saag paa dei tvo, som sat til bords, kviskrad litetvetta med tenaren, tok upp fela og sette seg paa bordet med ryggen mot dei, som aat, og gav seg til aa stilla.

„Men, Dykkar majestæt —“ sagde Ole Bull.

„Eg var ikkje majestæt daa. Men lika vel hadde eg gode hugen til aa lata Dykk verta slengd ned av bordet“.

„Slengja meg ned —!“ og Bull synte seg i heile si høgd.

„Det hadde De ærleg fortent. For De hadde sagt til tenaren, som av min tenar hadde fenget vita, kven me var: „Ein dansk prins og ein dansk ministar — lat pokkeren taka dei!““

„Dykkar majestæt, eg hugsar slett ikkje — det er so mange aar sidan —“.

„Jau De hugsar det rett godt, det kann eg sjaa paa Dykk,“ sagde kongen og smilte, med' han hadde seg ned av bordet.

Han rakte Bull handi:

„So er det gløymt og tilgjevet“.

Brun hadde stadet, so han skulde sprikka av laatt.

„Læ De berre, hr. Brun“, og han log. Kongen log, og Bull log med.

„Det var det beste, De kunde gjera“, sagde

kongen og rakte han handi paa nytt. „Kom snart til oss paa Fredriksborg, kona mi vil fegnast ved aa høyra Dykk“.

Kongen hadde nyst vigt seg med si vinstre hand til greivinna *Danner*.

Laurdagskvelden var Bull hjaa dei paa Fredriksborg og vart der til middagsbil um tyrsdagen.

Um sundagen kom talen paa hestar. Kongen fortalde daa, at han hadde fenget ein svart hest fraa Hannover, eit vakkert dyr, men so vill og galen, at hestetemjar Hoff ikkje kunde vinna med han.

„Daa hev eg endaa aldri set den hest, eg ikkje kunde styra“, sagde Bull.

„Ja so! Hev De kann henda hug til aa prøva med „Nero“?“

„Ja, Dykkar majestæt, lat meg berre faa tak i „Nero“, eg skal fulla temja han“.

„Godt“, svarad kongen, „so rid me i morgon til Fredensborg“.

Maandagsmorgonen var det fint vedr men kaldt. Hestarne stod ferdige. „Nero“ vart halden av tvo stalldrengjer og sparkad uroleg.

Ole Bull gjekk rundt og saag vel paa hesten.

Trudde Bull endaa, at han kunde temja han? spurde kongen.

Um han kunde? Jau hesten skulde verta mjuk som ei gamall kjerring.

So reid dei ut. Ole Bull var tridje mann i rekkja jamsides med hestetemjar Hoff.

Det gjekk i raskt traav, og alt tottest ganga godt. Kongen snudde seg av og til og glytte etter Ole Bull, men han sat kjeik paa „Nero", som bar han utifraa fint.

Men braadt reis „Nero" paa bakføterne og sette av stad i fjukande jag, fram millom kongen og greivinna, med' Bull sat fast i sadlen og sleit so i høgre og so i vinstre taumen, til hesten vart rasgalen.

Dei andre etter han, det fortaste dei kunde. Men snart var han ikkje aa sjaa. Det var yver eit korter, fyrr dei fekk augo paa han atter.

„Nero" stod snudd mot dei komande, og Bull sat kjeik i sadlen, som ingenting var, med hatten i handi, som ein viss kunstridar gjorde, naar han hadde ridet sitt skjeid fint.

Kongen var bleik, for han hadde ottast ilt. No reid han burt til Bull, slo han paa oksli og rakte han handi, med' gleda lyste i augo.

„Gud skje lov, fyrdi De er levande og uskadd!" ropad han, og hine ropad med.

„Eg vantar, Gud skje lov, ingenting", sagde Bull, „men „Nero", den kjerring —".

Sveiten draup av „Nero", som skalv i heile kroppen, med' skrauv og blod flaut or kjeften.

„Stig av, hr. Bull!“ baud kongen.

Og Bull sö gjorde, mest lika so fjetrad, som han hadde voret paa Kristiansborgs slott.

Bull skulde faa hesten til Anders stalldreng, som vart sett til aa stella godt med „Nero“.

Og til hestetemjar Hoff sagde kongen:

„„Nero“ skal skjotast i denne dag“.

Hoff saag paa Kongen.

„Han skal skjotast!“ tok kongen uppatter. „Ingen skal rida paa han, sidan hr. Bull — hev skamridet han“, lagde han stillt til.

Det vart ei togn. Greivinna turkad augo. Bull gjekk burt til kongen og vilde orsaka seg.

Men kongen tok skjemtande frami:

„Ein hest fyr Ole Bulls liv er berre eit litet offer. Det er mange tvo tusund riksdalar verdt“.

Daa synte Bull seg som ein norsk „storsnut“. „Tvo tusund dalar!“ ropad han. „Eg skal giva Dykkar majestæt ein heime fraa Valestrand, som hev kostat meg tri tusund“.

Kongen saag paa han og smilte spitig:

„Eg tek ikkje imot hestar som gaavur — utan kann henda av mine jamlikar. Eg læt dei berre drepa, naar det er synd aa lata dei leva“, sagde han storvoret.

Men han skynad, at han hadde gjenget Bull for nær og sagde mildare:

„De er ein modug mann, eg likar moduge menn. Men eg tregar paa, at eg var so tankelaus og sette Dykkar mod paa prøva. Kvat vilde dei sagt um meg, dersom hesten var sturtad med Dykk, og De hadde komet til nokot? Eg segjer uppatter: Gud skje lov, at det gjekk, som det gjorde."

Snudde han seg so til fylgjet:

„Og no til Fredriksborg atter. Me hev fenget nok av det fyr i dag — og eg tenkjer De med?" sagde han til Bull.

Um tyrsdagen gjekk dei etter frukosten ned paa Dronningsøyi til dei tvo smaae islandske hestarne, som gjekk der.

Kneggjande kom dei til motar kongen, som gav dei sukker og let dei kjæla med seg.

„Eg hev tidt ridet paa disse smaae", sagde han, „men no. er eg for tung, so dei kann ikkje bera meg lenger".

„Aa, fær eg ikkje rida paa ein av dei, Dykkar majestæt?" spurde Bull vyrdsamt.

„De?" svarad kongen og log, „nei De hev for lange bein. Naar De sit paa ein av dei, vil det sjaa ut som ei kjempa paa ein leikehest. Men hev De hug, so —"

„Kom i hug i gaar!" tok greivinna Danner frami.

„Det er sant", svarad kongen, „lat oss hugsa paa i gaar."

„Ja i gaar, Dykkar majestæt, det var ei onnor sak. Men desse smaating kann eg taka ein under kvar arm og springa med.“ Og han slo høgre armen kring ryggen paa den eine, lyfte han upp og bar han nokre stig, med' hesten berre heldt seg still og glodde.

„De er ikkje berre ein modug mann men ein sterk mann og,“ sagde kongen med undring.

„Ja eg hev gode krafter“, svarad Bull. Han lyfte si breide bringa og sine sterke armar. „De maa gjerne klipa i dei, dersom De kann, fru greivinna“. Han rakte høgre armen mot henne: „Men De kann ikkje, for den er staalsett“.

Kongen og dei andre log. Men greivinna hadde ingen hug til aa klipa Ole Bull.

„No er det vel best, at me kjem oss av stad“, kviskrad Brun.

Bull sagde, at Brun skulde henta hans „Hulder“ — det var ei av sine Stradivarius-felur, han kallad so.

Brun gjekk etter fela.

„Lat oss so ganga inn, Dykkar majestæt, so mykje eg kann segja Dykk og hennar naade ein hjarteleg takk og farvel paa fela mi, litt av alle slag.“

Ole Bull gjekk fyre inn i stova, tok fela og stellte seg midt paa golvet, med' andlitsdragi fekk eit tankefullt drøymelag.

Og han spelad — inkje som dei tvo kvel-larne fyrr, daa det meir hadde voret som koncert. Nei han spelad som i sin heim elder millom gode vener, fortel Brun. Det let fagert, so det var ei visn: Mjukt og smeikjande, stort og durande som ein norsk foss. Haaret kom fram yver skallen, og han saag ut som ei marmorstytta, som braadt fær liv og verme, kraft og manns fagerleik.

Kongen sat bøygd yver sablen sin, og greivinna gret.

For det var baade graat og laatt i spelet. Dei tri sidste dagarne let atter i tonarne: Hans fljugande riding paa „Nero“, stakkars hesten, som so braadt fekk gjort ifraa seg med livet. Og sin takk sagde Bull i naudende fine umbrøyte av tonarne til „Danmarks deiligst vang og vænge“ og „Kong Kristian stod ved høien mast“. Men han sluttad med ein skrikande uljod paa fela, so alle spratt upp.

Greivinna Danner var den fyrste, som sagde nokot:

„Det var ein stygg uljod, De sluttad med, hr. Bull?“

„Det var ein av uljodarne i mi eigi sjæl“, svarad Bull, han turkad sveiten av skallen.

Kongen saag forbinad upp, sagde ingenting.

Men so reis han upp, gjekk burt og rakte Bull handi. Han skalv lidt i maalet:

„Eg segjer det ein gong til: Det var ei sann lukka fyr meg, at det gjekk, som det gjorde i gaar. Eg vilde aldri hava tilgjevet meg sjølv, dersom De var komen til skade.

At det kann liggja slik eld og kraft og slik ein villskap og so fint tekkje i den vesle tingen der, det hadde eg aldri trutt. Tak no min takk og denne ring“ — han sette ein glimesteinsring paa fingren hans — „som eit minne um kongen av Danmark. Gud vere med Dykk!“

Dermed strauk kongen.

Men paa si sersynte riddarvis helsad Ole Bull greivinna og foor til Kjøbenhavn.

Og so bar det sudetter. Den 13de marts 1851 spelad han i Hamburg, der han fyrr hadde vakt slik uppgløding, at det skulde mykje til, um han kunde halda *den* ved lag. Men han kunde det. Ja han hadde vakset sidan sidst, totte folk, for det var komet større „aandeleg ro“ yver han, og „med alle sine stykke“ kveikte han folket upp, som han og ingen annan kunde gjera det.



XIII.

Ole Bull vert hugstolen.

(1851).

Med ny glans yver sitt og Norigs namn stod Ole Bull um sumaren atter heime.

Med teatret hadde det gjenget godt, men det skulde mykje til, at det greidde seg i pengevegen.

Difyr sende han den 2dre september søknad til storthinget um eit tilskot paa 8000 krunur. Godt var søknaden skriven, og greidt lagde han ut um, kor naudturveleg norsk kunst paa alle leider var.

Godt studde ogso dei frisinnade bladi under. Men daa var „Bergenske blade“ ute og drøypte isvatn i blodet paa folk. Det vilde ikkje lasta Ole Bull, nei han var den store kunstmannen. Men til aa styra eit teater var han ikkje mannen. Um staten skaut til, hadde ein soleids ingi trygd fyr, at det kom nokot ut av det. Naar det soleids vart arbeidt imot fraa sjølve Bergen,

hjelpte det fulla litet, um det vesle bladet „Andrimner“*) tok so mykje sterkare i paa hi sida.

Søknaden kom fyr i Storthinget den 25de september.

Sopneprest *Niels Dahl*, som hadde boret søknaden fram fyr tinget, sette fram tvo forslag, eit um 4000 og eit varaforslag um 2000 krunur. Han talad varmt fyr saki, minte um, at det var Ole Bull, som her søkte um studnad til eit norsk verk, han sjølv hadde lagt ein 5—6000 dalar i, eit verk, som hadde gjevet ymis motburd.

Fyr forslaget talad elles *Nergaard, Fouchald, Lerche, J. Sverdrup* — fyr 2000 krunur — og *Möinichen*. Men imot talad *Dahler, Jaabæk, Aall* og *Motzfeldt*. Ved avrøystingi vart 4000 negtat med 80 og 2000 med 54 røyster. Bergens-tingmennerne let ikkje upp munnen, og berre ein av dei røystad fyr 2000 krunur, med' hine tri var imot alt.

Denne avgjerd tok modet fraa Ole Bull. Han hadde arbeidt som ein truande, baade dag og natt, hadde levt berre fyr det norske teater, so han forsømde sitt og sine, hadde arbeidt med feber i blodet, so han litet vann baade eta og sova. Og tidi hadde gjenget under sorger og meinraader,

---

*) Styrt av Henrik Ibsen, A. O. Vinje og P. Botten-Hansen.

komande yver han fraa alle kantar som fraa skyerne! Men endaa suti og sotti hadde voret, som dei skulde teket vedret fraa han, slaast kunde han fulla, naar saki vann fram. Dei stutte brevi heim til Felicie paa Andøyi, varme og sutsame som dagarne han levde, syner eit agande bilæte av mannen. Han likjest, som Jonas Lie segjer, ein storhavsdamp inne i ei trong leid elder fjord. Det vantad inkje kraft, men der var so trongt, so trongt.

Dei store hadde uvilje mot hans verk. Han hadde ikkje stort tort syna seg fram i dagen, men uviljen var der lika vel: Dei hadde smilt og rist paa hovudet aat hans norske stræv. Og dei, som meintest kunna skriva teaterstykke, hadde litet gjort nokor hjelp. Soleids stod det kulde av dei, som etter si aandsdaning og sitt rom i samfundet skulde skynat han, og so *kom han til folket*, der han i vissa ikkje kunde venta mykje skyn paa teater og kunstmusikk, men det *norske* i strævet skulde dei daa skyna. Men so raakad han berre den store *bøygen*, som ingenting vilde og ikkje torde. Ja det var spursmaal, um ikkje alt hans stræv var gagnlaust, kann henda syndugt og.

Diktaren Vinje, som „var so lukkeleg aa

koma til han so godt som dagstødt den tid", hev fortalt, kor tung og uppgjeven Bull var.

Han vart modlaus og *uppgav si tru paa Stortinget og med det same paa landet.* Alt det Vinje og mange med han orsakad Stortinget, det kunde han ikkje taka godt. Han sagde med den gamle romaren: „Utakksame fedreland! du skal ikkje eingong gjøyma mine bein."

Og Vinje tenkte i grunnen som Bull, det syner den visa, han lagad lika etter stortingsavgjerdi. Han gjekk fyrst til Niels Dahl med visa, „og det var, som augo vatsrann paa oss baade tvo," segjer han.

Visa „Til Ole Bull!" stod i „Morgenbladet" den 27de september. Ho er ikkje so framifraa nettupp, men ho lyt hermast, daa ho syner, korleids dei mest varmhugade tok det:

„Nu Bull! nu er du hjemme du
i frænders glade ring.
Nu ja! du er i moders hjem,
med laurbærkransen tren du frem
for Norges bondeting.

Du bad: „Mit folks udvalgte mænd!
I skjænke mig den trøst
at stemme op en melodi,
som fædres aander sukker i
med mindets dybe røst!

I skjænke mig den søde lyst
at synge paa en sang,
som norske bondegjente kvad,
naar ensom hun paa fjeldet sad
saamangen herrens gang!

De sange og den melodi,
som lød i fryd og harm,
nu klinge hen og sagte dø.
Ak! Norges blide sangermø
blir kold om høie barm".

Hver barm, som ei bevoxet var
med heiens røde lyng
— sær naar en Bull saa venligt bad —
begeistret maatte tone glad:
„Ak! spil for os og syng!"

Hvad svarer Norges valgte mænd? —
„Gaa med din sang, dit spil!
paa gaden kan du gjerne staa
og med din fele gnage paa,
men vi ei lytte vil.

Hvad snak om sang og poesi? —
Hør kunstner! gaa din vei!
For os kan sangens gamle mø
paa halmen lægge sig og dø:
Vi kjende hende ei.

Hør! ved du hvad, du døgenigt,
som gaar og synger glad!
Du takke maa din herrens Gud,
at du paa dør ei smides ud
og faar en næse flad.

Hvad nytter sang og poesi
og skuespil — o gru?
De skaffer ikke sild til brød,
ei melk til sorten havregrød.
Det er min mening, du!"

— Hvad har du, Bull, nu for din drøm
og for din kjærlighed
til gamle moder Nora kjær,
til alt, hvad skjønt og ædelt er,
til poesiens fred? —

Hvad har du for dit gjæve ry,
der gjennem verden „flaug"!
Dig laurekranset om det bar,
og gamle Norge ogsaa var
med dig paa slæbetaug.

Kap tauget af! Du kjærligt drog
paa skroget længe nok.
Nu! lad i taus medlidenhed
i glemselshav det synke ned
med samt sin trælleflok!

Flyv du, som kan! Paa vraget staa
vi andre — paa vor grav.
Men kan vi ryste lænken væk,
da springe vi af sorte dæk
i vilde verdenshav!"

Daa kom *Søren Jaabæk* og paa vers. Han skulde forsvara landet og stortinget mot Vinje. Det hev ingi naud, for

„*vi kan* sige *ja* eller *nei*",

meiner Jaabæk.

Men samhugen skulde endaa kveikja Ole Bull, fyrr han sprang

— — „**av svarte dekk**
i ville heimsens hav".

Den 15de oktober heldt Studentarsamfundet saman med fleire songarlag og kunstfolk ei kveldsmoro til vinning fyr det norske teater i Bergen. Det galdt ikkje um fortenesta nettupp. Det var meir fyr aa syna samhugen. Baade slike, som var sinnade paa stortingsavgjerdi og endaa meir dei, som var imot, vilde hava det til aa vera eit peik mod Stortinget. Men det maatte daa ikkje takast paa den maaten.

Og student *H. Winter Hjelm*, ein av dei, som hadde lagt seg mest i blot i Studentarsamfundet, greidde ut i eit langt bladstykke um meiningi. Det var fulla sant, sagde han, at var det nokor tid kveikjande samhug og godkjenning var naudturveleg fyr det norske teater, so var det i vissa no etter stortingsavgjerdi — allvisst daa det i Bergen fanst ein liten flokk, som mislikad teatertiltaket og no vilde nytta høvet til skade fyr teatret.

I Bergen skulde det ogso vera aalmenn tru, at landet elles og serleg folk i hovudstaden ikkje brydde seg um tiltaket, ja berre fann aat det. Og dei visste ikkje i Bergen, kor levande

samhugen var millom studentarne. Men no skulde norskeflokken i Bergen faa eit opet og høgt uttal til uppkveikjing og magning.

Dei frisinnade bladi hjelpte til paa beste maaten og skrubbad dei staalslitne tvilararne, som ikkje dugde til annat en aa gjera kulde og drøypa isvatn i folk baade no og elles.

Den store salen var stappande full, og mange var det, som ikkje fekk biljettar.

Henrik Ibsen hadde diktat fyremæle og Bull sett musikk til koret i det. Sjølve fyremælet vart framsagt av fru *Gundersen*, som daa heitte jomfru Svendsen, songarlagi song koret, orkester spelad med, og daa Ole Bull steig fram, vart han motteken med stormande fagnad. Framropad vart han gong paa gong.

Etterpaa var studentarne og songarlagi saman til fest fyr Ole Bull. Talar vart haldne og songar sungne. Millom dei var og tvo nye til Ole Bull.

Sidstpaa fylgde alle, som til stadar var, han heim under fagnad og hyllest. Til velfar fekk han dundrande hurra, og fyr det takkad han fraa vindaugat.

Studentarsamfundet kunde senda gode 1200 krunur til det norske teater i Bergen.

Ole Bull var komen til Bergen i slutten av oktober. Han var tenkt aa reisa alt den 7de

november. Men dei bad han stana der eit par vikur til, for det vilde vera til slik utruleg god hjelp fyr teatret, at han var der. Og han døyvde sitt mismod og stanad.

Den 9de november styrde han atter orkestret i teatret. Bergens-tingmennerne var nett heimkomne, og dei vart ikkje vel mottekne, sidan dei hadde røystat mot tilskot til teatret. Ja „Stiftstidende“ raadde dei tri, som hadde røystat imot alt, til aa halda seg heime, naar Ole Bull synte seg i orkestret. For det var ikkje visst, at folk kunde styra seg daa.

Samhugen fraa hovudstaden kveikte upp i Bergen. Til takk spelad teatret den 17de november til inntekt fyr det nye huset, Studentarsamfundet skulde byggja.

Teatret var reint stappat. *Henrik Ibsen* var no vorten fast diktar ved teatret, der han og skulde vera lærar fyr skodespelararne. Han hadde diktat eit fyremæle no og. Elles spelad dei „Til sæters“, og so var det fela aat Ole Bull!

„Daa han fleire gonger var ropad fram og til slutt hadde spelat nokre av desse inngjevne hugleikar, som synte, kor ægte norsk han i innste kjernen var,“ ropad heile aalmenningen tri fulle og dundrande hurra, eit fyr Ole Bull, eit fyr det norske teater og eit fyr Studentarsamfundet.

Skodespelararne hadde alt fyrr stiget fram fyr han og tolkat sine varme kjenslur.

I eit styremøte gav han sine grunnreglar fyr styret av det norske teater. Dei gjekk ut paa, at det norske maatte koma til æra i heile stellet.

Laurdag den 22de november reiste han med eimbaaten og sprang so

„i ville heimsens hav".



XIV.

Nytt Norig i Amerika.

(1852—57).

Men var det mangein klapparstorm,
som dundrad kring um deg,
so laag der mangein eiterorm
i ringar i din veg.
— — — — — — —
Og livet var deg ingen leik,
um lukka tidt var stor.
Den mann vil verta blaa og bleik,
som før den veg, du foor.
A. O. Vinje.

Nokot etter nyaaret 1852 lende han i Amerika atter. Hans fyrste ærind var aa raaka sine landsmenn og sjaa ut tufter til eit nytt Norig aat dei. Han gløymde helder ikkje aa spela.

Vest i Lexington i Kentucky budde hans gode ven, den namngjetne statsmannen *Henry Clay*. Alle hans husfolk var paa koncerten, men han sjølv laut halda seg heime, endaa han var so hugad aa høyra han. Men han hadde fenget den kolda, som skulde verta eit fyrebod um enden hans. I eit brev til Bull vonad han, at han dagen etter skulde vera god-til koma og helsa paa han. Men Ole tok næste morgon fela si og gjekk til huset aat Clay, kom inn i sideromet, so ingen

gaadde det, og tok til aa spela lognt „Sidste sumarrosa“, som var kjærtonen aat venen. Han vart snart vis med spelet og spurde, um det var paa gata, dei spelad. Um ei stund sagde han atter: „Aa, det maa vera Ole Bull, soleids kann berre han spela den gamle kjende lunden!“ Daa fela tagnad, fauk dyrri upp, og dei tvo venerne fangtokst.

Bull var komen aust til Washington og vilde høyra seg fyr um den studnad, landnamsmenn kunde faa i veststatarne. Og kjenning som han var til fleire av landsens fyrste menn, fekk han god greida baade paa det og mangt elles i riksskipnaden.

I Washington naut han ogso ein heider, som visst ingen spelmann korkje der elder annan stad hev set maken til. Han fekk innbjodingar til aa halda ein koncert fraa 91 senatslemer, 5 ministrar, ein herførar, 11 utlendske sendemenn — millom dei den norsk-svenske *G. Sibbern* — og 57 av repræsentanthuset, allesaman av dei fyrste menn i dei sambundne statarne.

Innbjodingi fraa senatsmedlemerne lydde soleids:

„Daa me høyrer, at Dykkar vitjing i detta landet ikkje gjeld kunsti denne gongen, nyttar me høvet til aa fortelja, at det vilde fegna oss indarlegt, um det kunde laga seg so, at me fekk

vera vitne til ei framsyning av Dykkar givnad i den kunst, som De etter all heimsens dom er ein meistar i. Me kjem og tolkar den von, at De vil vera so raust aa giva ein aalmennings-koncert, med' De er i Washington — paa den maaten og til tid og stad, som er høvelegast fyr Dykk sjølv".

So spelad han den 26de marts. Salen „var full og fyllt med so rik ei samling av det finaste klæde, silke, fløyel, glimesteinar, venleik, aand og vit, som paa nokor vis i denne republikken kann rømast i ein sal av den storleiken. Og det var aa sjaa, at Ole Bull var kveikt av den syn, han hadde fyre seg. Me hev aldri kjent fyrr, kvat som kann gjerast paa ei fela. Ho lær og græt, heiar og klagar, talar og sukkar, rid havbylgjurne, møter stormar og skrik i fælska, gjeng upp etter sundrivne fjell og heiar paa topparne". Og som han ter seg den snaape venbygde karen! Um einkvar ikkje skynad spelet, mannen sjølv verkar paa alle.

Det var den uppglødde domen.

Til Philadelphia, Baltimore og Ney-York vart han ogso innboden. Alle stader og inkje minst i kjempebyen vart han motteken med fagnad og gleda yver attersyni. Det var helst, som han hadde vakset sidan sidst, totte dei. Og visst er

[illegible] bere skyn
[illegible] sorsfolk ha
[illegible] forsvarad
[illegible] *Jenny Lind*
[illegible] sunget gjen

[illegible] med sin
[illegible] i Am
[illegible] sine [illegible]
[illegible] badd
[illegible] Sikilde
[illegible] vesa.
[illegible] ei
[illegible] baad

[illegible]

[illegible] norske

[illegible] P.
[illegible] V.

[illegible] og
[illegible] norske

Daa gjorde han sitt fyreset i ein tale. Han skulde arbeida, som best han var god-til, so han kunde verta ein god borgar. Norskekongen elder nokon annan fyrste hadde han aldri svoret lydnad, so han ingen hadde aa segja upp. Men han skulde verka til, at hans landsmenn saag skilnaden paa sitt liv heime og det, dei kunde leva i denne namngjetne fristaten, der dei kunde njota full fridom. Med sitt yrke skulde han ikkje slutta, fyrr dei nordmenn, som vilde fara heiman-til, aatte ein bondegard med full eiga i Pennsylvania.

So gjorde han lovnaden og skreiv under dokumentet. Under samtalen etterpaa fortalde han, at han alltid hadde voret fristatsmann. Men heime mistydde dei, at han hadde voret uppe hjaa Lamartine med det norske flagg.

Det var elles ikkje paa rette laget alt i Norig. Soleids hadde dei fulla presteskap, men ikkje *prestar*.

Men nordmennerne hadde daa fyrst funnet Amerika, og det maatte giva dei ein serleg rett til aa verta borgarar der.

Reideleg borgar var ikkje Bull endaa. Det kunde han fyrst verta um 6 aar. Men amerikanske blad rakte han alt no borgarkransen.

Nylendet var godt. Aldri hadde plogen voret sett i leirjordi, som gjenom aarhundrad var

hævdad med rotnat gras og lauv og nedfallen skog. Helder ikkje hadde øksi klunget i den rike gamle skogen med fura og bjørk, eik og bok. Jamvel sukkertreet var der, og eit tre kunde giva sukker fyr ei 3—6 dollars um aaret. Der var valnot-tre, kastanje og løn, hegg, ville aplar og kirsebærtre. Ville vindruvur fanst det og, og so mange slag bær.

Og fyr timbret var der i minsto god framkoma, daa ikkje mindre en tri større elvar hadde sitt upphav paa dei kantar, og den eine gjekk gjenom sjølve nylendet og tok mot straum og bekk, der auren leikad seg ved soleglad.

Der var dal og høgder, som kunde dyrkast til toppen og store fine sletter. Det var alltid nokot slæpasamt aa koma til aa saa, for all den skogen maatte burt. Men so var jordi so grøderik, at ein visst kunde saa i fleire aar utan aa hævda.

Og endaa eitt: Frisk og god luft og gode uppkomur under haugarne og i det heile eit velsignat sunt vedrlag. At der var vister til kol og jarn og endaa-til saltkjeldur skjemde ikkje ut.

Detta var nokot fyr dei norske, som hadde sett seg til langt ute i Nordvesten, der dei vart uppetne av mygg og uttærde av sjukdomar. Og folkehovdingen Ole Bull hadde det snart folksamt i kring seg.

Nedre i dalen var det bygt eit hus paa tvo høgder. Dit kom han med eit fylgje av amerikanske storfolk og dei fyrste 30 landnamsmenn. Ei dama fraa New-York hogg det fyrste tre i skogen. Dei norske gutarne fekk det snart avkvistat og uppreist paa huset til flaggstong, og det norske flagg veivad saman med det amerikanske stjerneflagg. So gjekk dei i gang med aa rydja den nye heim, og øksi let i skogen. Um kvelden lyste det brisingar vidt i kring. Daa treiv Ole fela og spelad den norske fedraheimssong paa høgsvali. Og han talad baade til nordmennerne og amerikanararne, som ogso ynskte til lukka med verket. „Her vil me“, sagde han millom annat, „byggja eit nytt Norig. Det er vigt til fridomen, døypt med eigen vilje og hev forsvar under det hæve sambands-flagget!“ Hjaa norskegutarne vaktest gamle minne og nye draumar ved tonar og heimsleg glede-tale. Sønerne av gamle Norig ropad hurra, so det svarad i skogen, med' det lyste fraa brisingarne paa deira fagre og rake hovding upp aa svali.

Han var „ei norsk gran“, sagde ei amerikansk kvinna, ho saag paa den rake vokstren hansk. „Ja men no er eg paa veg til aa verta ei amerikansk“, svarad han.

Der i dalen laut verta ein by, og han skulde heita *Oleana.*

Det flokkadst folk til baade heime fraa Norig og av slike, som fyrr var komne yver havet. At mange ikkje totte alt var, som dei hadde ventat det, er mest som sjølvsagt. For vonerne var for uppskrøyvde. Naar den brikne Ole Bull var hovdingen, so skulde det aa koma til *Ny-Norig* vera som fyr askeladden aa koma til kongsgarden. Det vart ikkje arbeid og stræv og sut. Nei ein maatte kunna sova seg midt upp i herlegdomen.

Heime i Norig vart bodi um hans nye Norig motteki med mistru og kulde.

Men ikkje millom smaafolket. Fyr dei lyste det med nye rike eventyr. Den rørsla, som hadde gjenget gjenom dei smaae i kring 1850, saag no alle sund stengde. Arbeidarbladet visste liti botevon heime, og det peikad paa *utvandring.* Gjetordet um det nye Norig kom som eit gamansord og vart forkynt som ein lysande utveg. Det kom baade i bladet og i visur og upprop.

Paa Kongsbergs-kanten var folk endaa-til komne paa den trui, at Bull vilde greida *alt* fyr dei. Det var berre aa rusla ned til byen og hava seg ut paa eit skip, som vilde den leid. Og skulde dei berre til *han,* so slapp dei fulla

yver havet, um dei ikkje kunde løysa biljetten og. Han greidde fulla alt, han *Ole Bull!*

Men sjølvsagt var det ikkje so lika til. Til Norig kom det misnøgde brev, og dei vart vel nyttade av folk, som *gjorde kulde* mot verket. Og det var flestalle av dei, som kunde bera ei meining fram til aalmenningen. Det var daa helder ikkje so vandt aa gjera. For utvandring var i dei tider mest jamgodt med svik mod fedraheimen. Og so var det restarne etter det straffade og vanagtade arbeidarpartiet, som raadde til utvandring.

„Krydseren“ hadde tidt moro med det nye Norig og den gullaldren, som baade arbeidarbladet og andre spaadde um.

Ditmar Meydell gjorde 1853 „ei splinterny visa til Oleanas pris“ og lagde henne i munnen paa „ein Oleana-farar“. Ho er baade løgi og raamande. Her er teket ut det beste:

„I Oleana, der er godt at være!
I Norge vil jeg inte slavelænken bære!
Ole—Ole—Ole oh! Oleana!

I Oleana, der faar jeg jord for intet,
af jorden voxer kornet — og det gaar gesvindt det.

Aa laxene dom springer saa lystig i bække,
dom hopper selv i gryden og roper: Dom ska dække!

Aa brunstegte griser, de løber om saa flinke
og forespør sig hofligt, om nogen vil ha skinke!

Aa kjørene dom melker og kjerner og yster
liksaa naturlig som Else, mi syster!

Aa storstuten sjelve staar inte og hænger.
Han banker sine kalve, fordi de gaar og slænger.

Aa kalvene, de slagter sig hurtig og flaar sig
og steiker sig fortere, end man tar en taar sig.

Aa Høna værper æg saa svære som stabbur,
mens hanen angir tiden som et ottedags slauhr!

Aa Maanen hver aften er fuld — det er sikkert!
Jeg ligger just og ser paa'en med flaska tel kikkert!

Ja to daler dagen det faar du for at svire,
og er du rektig doven, saa kanske du faar fire!

Vi gaar i fløielsklæder besat med sølverknapper!
aa ryker af merskum, som kjærringa stapper!

Aa kjærringa maa base aa styre aa stelle —
aa blir hu sint, saa banker hu sig sjelv — ska jeg fortælle!

Aa fiolin det speller vi allesammen — heisan!
Aa danser en polskdans, og den er'nte lei san!

Ja reis til Oleana. saa skal du vel leve!
Den fattigste stymper herover er greve!

I Oleana langt heller vil jeg være,
end længer i Norge min slavelænke bære!"

Men Ole Bull let folk heime sulla, som dei vilde. Han tenkte sjølv paa aa reisa til Norig og segja farvel til sine vener og taka med dei, som vilde fylgja yver havet.

— I Ny-Norig gjekk det med liv og lyst.

Sjølveigande bønder skulde bu i nybygdi. Ho skulde skiftast ut i gardar paa 50 akres (paa lag 21 hektar). Fyr ein slik gard skulde landnamsmannen svara 4 dagsarbeid um maanaen gjenom tri aar. Elder tok han berre halve garden, var det 2 dagsarbeid, og daa skulde han i 5 aar hava forkjøpsret til den andre helvti. Prisen var daa 5 dollars fyr kvar akre, og fyr den, som ikkje hadde pengarne, var det borg med dei mot 6 % renta. Vilde ein betala heil elder halv gard med pengar uppi handi, so var det 3 dollars akren.

I dei brev, Bull gav paa gardarne, var det alltid sett det hefte, at eigararne ikkje maatte selja brennevin, utan det var til doktering.

Naar landnamsmannen ikkje hadde arbeid paa sin eigen gard, skulde han dei tvo fyrste aari hava visst arbeid hjaa Ole Bull fyr minst ein dollar um dagen.

Og han hadde arbeid nok. Der var utstikat 5 byar, og dei tvo, *Oleana* og *Bergen*, var det alt arbeid paa.

Han hadde fenget Philadelphia til aa teikna seg fyr 2 millionar dollars til den jarnvegen, som var under arbeid 30 engelske miler sud fyr grensa aat Ny-Norig, og Newyork til aa teikna seg fyr

lika mykje til den, som skulde ganga 15 engelske miler nordanfyr Ny-Norig. Dei skulde baade møtast ved Erie-sjøen. So var det 2 sidelinur inn i nylendet, og Bull fekk det til so, at hans nordmenn skulde hava rett til arbeid paa desse jarnvegjerne. Og dei kunde visst fenget det, um dei hadde voret mykje fleire, en dei var.

Gjenom Ny-Norig vart bygt vegjer. Hus reiste seg i ei snøgvenda, so der stod ei 300. Der stod vertshus og krambud, skule og kyrkja. Han sette i gang skular med lærarar fraa Amerika. Men den fyrste norske preika vart haldi av ein norsk prest ute millom haugarne.

Bull skal grunda støypeverk og andre fabrik, taka patent paa ein ny omn til aa støypa kanoner i. Det er paa tale aa gjera kontrakt med riksstyret um ikkje mindre enn 10,000 stykke, som skal støypast i Oleana.

Og daa det er so mange, som søkjer um land, kjøper han 20,000 akres til og er sidan i kjøp um heile 112,000 akres atter.

Eit amerikansk blad fortel vaaren 1853, at hans nybygd synest aa vera i god framgang. Han er daa ogso ein sjeldsynt kar.

Alt i graalysingi er han ute paa markerne sine og ser etter — ridande paa sin utifraa norske hest.

Etter frukosten er han med dei ymse handverksfolk, som byggjer hus o. s. fr.

Um ettermiddagen kann ein finna han med ein heil deil folk ute paa vegarbeid.

Skularne trivst godt, og der lydest han innum, so viss dagen er.

Baade han og hans nordmenn bur seg til 4de juli, den amerikanske fridomsdag, som dei vil helga paa kara vis. I øvste høgdi af sitt eiget hus steller han til ein fest- og spelesal. Han er 100 fot lang og 30 fot breid. Mange musikkfolk skal fulla vera gjester i Ny-Norig den dagen.

Det einaste brev, som upplyser um hans „verksemd som kunstmann, politikar og styrar av det vesle rike“, er til broren Edvard.

„Du spyrr“, skreiv han paa slutten, „korleids eg hev kunnat fenget alt detta til, korleids eg kann spela med millionar so aa segja! Gode Edvard, naar du sjølv ser det, vil du verta endaa meir forbinad. Detta er berre ei byrjing. Mine evner hev vakset med sjølve verket. Min eldhug hev vunnet paa sjølve vonløysa. Ovundsmennerne mine hev sjølve skapt min umissande rett til forsvar, og eg svarar med gjerningar!“

Soleids var han folkehovding og spelad, so han kunde halda alt i gang, daa det meste av hans midlar var gjenget til kjøpet.

Umfram alle dei mindre speleferderne gjorde han i 1853 ei langferd saman med det 8 aar gamle underbarn *Adelina Patti*, som hadde til fylgje systeri og hennar mann *Moriz Strakosch*.

Dei foor sudetter til New-Orleans og skulde lika til California ved det andre storhavet.

Det var den gongen ei fæl leid, daa dei laut leggja vegen yver Panama-eidet. Den mannen, som bar felehuset aat Bull, kom ifraa fylgjet, som reid paa eslar. Og daa dei kom til Panama, var korkje mannen elder felehuset aa faa tak i. Dei andre laut reisa med eimbaaten, med' Bull vart einsaman atter til aa leita etter fela si. Daa ho var komi til rettes, fekk han den gule feber, med' han ventad paa den næste baaten. Og daa det no vart eit uppreist i byen, vart han sjukingen gløymd av alle. Ei natt, med' han var paa det laakaste, laut han draga seg fram or sengi og gjøyma seg paa tilet. For utanfyr paa gata slost dei, so kulurne singlad gjenom vindaugat. Daa han atter var god-til vera paa føter, var han grøteleg veik, men han reiste til San Francisco lika fullt.

Dei koncertarne, som var tilskipade der, var longo haldne, og det var litet høveleg tid fyr nye. Lika vel spelad han, endaa hans hud no

var so fin, at blodet taut ut, naar han fingrad paa strengjerne.

Og mangteit lystugt eventyr paa denne fyrste vesterhavsferd.

Veik til helse kom han heim til sine nordmenn i Ny-Norig.

Daa skulde han røyna det, som tyngst var.

Det var ein kvækar, heitte *Stewardson*. Ofta hadde han ved bod og brev viljat upplysa Bull um, korleids det hekk i hopp med hans landkjøp. Men alltid faafengt, for umbodsmannen aat Bull var ein skarv og hadde agtat vel paa, at alt, som kunde vekkja Bull or draumen, aldri naadde fram.

Men no fekk han greida paa det: *Kvækaren var rette eigaren til heile eigedomen.* So var det ikkje paa sin eigen grunn han stod, Ole Bull, og han var, som han var dotten ned i ei botnarlaus myr. Men i same blinken strauk han luggen or andlitet, slengde seg paa hesteryggen og reid i eit renn til Philadelphia. Han laut tala med sin fullmegt, den advokaten, som hadde voret millommann ved landkjøpet. Slik vyrdnad han naut i sitt yrke, i kyrkja og det store selskap, maatte hans namn vera fullgod trygd mot fantestykke.

Det var daa helder ingenting i vegen med brevskaparne, dei var gode nok, fortalde advokaten,

han var fjaag som alltid og bad Bull faa seg litetvetta mat, fyrr dei rødde meir um tingen. Ole Bull sette seg til bords, men braadt so fekk han slik avsmak fyr maten, at han ikkje naut meir en ein kopp te, endaa han var baade svolten og trøytt.

Daa han so vonlaus og forfærd gjekk inn paa advokaten og vilde hava han med til Stewardson, so dei kunde høyra, korleids det hekk i hop med kjøpebrevi, synte mannen med ein gong sitt rette lag og slengde Ole Bull i augo desse kaldflirande ord: „Eg hev Dykkar pengar, — det andre fær De greida sjølv!“

Syster aat denne mannen skal eit par aar seinare hava fortalt Bull, at broren paa si sidste læga hadde tilstadet, at det var gift i den maten, han hadde bodet Ole Bull til bords paa.

Men Ny-Norig var ikkje hans. Han hadde kjøpt av skarvar, som selde det, dei ikkje aatte. Og forbetringarne var til inkjes, ja dei var paa ein maate lovbrot. Det var hogget i skogarne, og med han hadde 800 landnamsmenn sett seg til der. Um han sjølv kunde kjenna seg reint skuldfri, etter loven hadde han forbrotet seg paa annan manns eiga.

Men kvækaren var ein rimeleg kar, og daa

han hadde stor samhug med planarne aat Bull, vilde han selja alt til godt kjøp.

Og so mykje kjøpte han, at landnamsmennerne kunde faa sitja paa den grunn, dei hadde lagt sitt arbeid paa. Men meir var han inkje god-til, daa pengarne var gjengne med fyrr. Skitne fingrar hadde ogso sulkat hans draum, so han ikkje var so hugtakande lenger. Og det nye Norig var ein sloknad draum.

Segni fortel, at han ein kveld sette seg paa ein haug ved Oleana, og der vart han sitjande heile natti. Folk heldt auga med han. For han spelad, som han skulde vera galen. Dei ventad kvar stundi, at han vilde siga i hop som ein tull. Men paa morgonsida stilnad det av i graat — barnegraat paa fela. Daa reis han upp og gjekk stad og lagde seg.

Suti hadde han stroket av seg, han stod atter som den sterke mannen, buen til krigen.

Mot skarvefantarne lagde han saker, og han hadde mange, so ei tjuge paa ein gong. Det galdt aa berga æra og hemna sine svikne voner. Berre ein viljesterk mann kunde greida det, ein som ikkje smaug undan men fann veg i verste uføret.

Sakerne vart uhorveleg dyre, og han laut slita som ein hund, reisa i kring og spela under

strenge vilkor, sjuk og saar og aathalden av alle dei knip og krokar, han var ute fyr.

Paa ei ferd i veststatarne vann den usunne luft paa Mississippi-sletterne so reint paa han, at han aldri hadde kjent seg so sjuk. Daa sjukdomen so tvingad han til sengs, strauk fylgje ifraa han. Paa vertshuset sytte dei fyr, at han kunde hava smaapoka, og dei vilde ikkje hysa han lenger. Men i eit farmarhus paa ein prærie i Illinois vart han liggjande, og sotti var so hard, at han laag i ørska.

Daa han kraanad til atter, var det ikkje annat: Han laut spela, endaa det var træle-arbeid.

Men sakerne i Pennsylvania aat upp alt. Og dertil var skarvarne ute med alle dei meinraaderne, som paa kunde finnast. Kunde dei gjera koncertarne hans til inkjes, so tente han ikkje pengar til aa halda fram med sakerne. Fekk dei sett han fast elder teket fela ifraa han, so slapp han spela. Og gong paa gong meinte dei, at no var han seld. Dei hadde ikkje so vondt fyr aa laga ei meinraad. Fraa den tid dei hadde voret hans fullmegtar og vener, hadde dei mange av hans brevskap og kostesame eignaluter. Og so var det lett aa gjera krav paa han fyr hjelp, han skulde hava fenget av dei. Men raadsnar som han var, sette han knip mot knip.

Soleids ein kveld i Newyork. Salen er full, og fagnaden fylgjer han, daa han etter eit stykke kjem ut i sideromet og skal kvila. Der møter han ein rettsmann, han skal hava den fela, Bull hev under armen.

Detta kom fulla som ein uventande kaldgufs, men Bull er ikkje raadlaus. Han smiler og bukkar:

„Lat meg ein augneblink ganga inn og fortelja aalmenningen, kvifyr eg ikkje kann halda fram med koncerten. De skynar, at eg skyldar —".

Men pantefuten ser faaren og bleiknar. Folkehopen vil hengja han, dersom det vert kjent, at han er komen og skal taka fela aat Ole Bull.

Pantefuten hadde seg ut, det snøggaste han var god-til, og han fekk ikkje fela den gongen.

Men Bull forstod, at han laut vera var um fela si, for miste han henne, var han utan verja. Difyr gav han fela til ein ven.

Og det kom vel med, at han hadde gjort det. Eit par dagar seinare hadde han ein pantefut hjaa seg. Der stend felehuset, og mannen tek det og bed Bull fli seg lyklen, og det gjorde han ikkje vanskar med. Futen ser etter, um ogso fela er der. Aa jau denne gongen hev han den dyre skatten, og han skundad seg til kravsmannen med felehuset. Og der vart fulla bisning paa fela aat Ole Bull. Ho maatte kunna

vendast i uhorveleg mykje. Men den største musikkhandlaren i Newyork kann fortelja, at det er ei rett og slett dusinsfela til 6 krunur.

Endaa Ole Bull ikkje var den, som let sine uvenar trø seg paa tærne, var han ofta reint yvergjeven, og det skulde mykje til, at han ikkje forsømde sine saker, naar det *syntest* galda mindre paa. Men den samhug og medkjensla, han møtte hjaa dei beste i landet, friskad han utruleg. Han fekk atter mod, og det bergad han.

Som so tidt fyrr fekk han ogso no hjelp og studnad paa underfull vis.

Soleids fekk han paa slutten den beste rettshjelp, som var aa finna i Amerika.

Den namngjetne advokat *E. W. Stoughton* sat ein morgon ved frukostbordet og las i eit blad. Daa sagde han til kona si: „Eg ser, at Ole Bull er i naud, og eg trur mest, eg gjeng i retten og spyrr etter saki hans“. Han hadde aldri voret saman med meistarspelaren, men han gjekk og kom nett i rett tid og bergad nokre eignaluter og glimesteinar, som Ole Bull elles hadde mist. For hans eigen advokat var ein skarv.

Den dagen lagdest grunnen til ein venskap, som varde livet ut, og Ole Bull var ofta heile vikur millom den nye venering, som han møtte i huset aat Stoughton. Der hadde han ein

hugnadsam umgang med alt det ypparste av domarar og rettslærde. Og det var med indarleg hugnad, Ole Bull rosad den framifraa Stoughton fyr all den gode hjelpi hans.

Og ho kom vel med. For skarvarne foor etter Bull fraa by til by. Og hadde han fenget dei fraa seg paa ein stad, dei kom atter i næste by. Ein mann i Newyork hadde fenget Bull sett fast, men Stoughton og ein annan ven fekk han laus atter med det same.

Daa so Bull den 16de april 1857 skulde til ein av grannebyarne, sende Stoughton eit brev til ein framifraa sakførar der. Brevet lyder soleids:

„Kjære herre! Hr. Ole Bull reiser i dag til New Haven, der han vil giva ein koncert i kveld. Ein hr. H. her ifraa hev fenget ein dom paa han. Paa den domen vart Bull sett fast um laurdag. Daa kom han laus atter. Men eg syter fyr, at det atter kann verta freistat aa faa han sett fast i Dykkar by fyr det same krav, og daa er han millom framande. Denne sut er bygd paa den meining, at der er ei avgjerd um aa forfylgja han. Han hev nyst voret svært sjuk og er ikkje vorten frisk endaa, og eg ynskjer aa tryggja han mot all leida.

Meiningi med mitt brev er difyr den: Skulde hr. H. koma med slikt søksmaal, so bed eg Dykk,

at De kan faa sjølv den naudturvelege trygd, og at De er hans sakførar. Og eg vil ganga god for Dykk og den trygd. De fær stellt. Eg betalar sjølv til sakføraren, og skulde tryggingsmennerne [illegible] so, vil eg, naar De krev det, i Dykkar hender leggja ned ein pengesum, svarande til deira andsvar.

Og vil De gjera detta, so hjelper De den mest vyrdande og svært uretteleg medfarne og ulukkelege mann, og De vil syna ei stor velgjerd mot Dykkar [illegible]

E. W. Stoughton".

Soleids var det fraa den eine vanden i den andre fyr Ole Bull.

Men det lyste og yver han med samhug, naar han mest trong det.

Ein dag, daa han kjende seg sjuk og yvergjeven av sut og magtløysa, fekk han brev fraa sin ven fru Child. Ho hadde høyrt um all motburden hans, han trong i vissa kvila. Han maatte endeleg koma til hennar landgard.

Og han var reint som eit barn, gjekk ikkje til hotellet eingong men tok det toget, ho hadde nemnt aat han. Paa stationen var fru Child og hennar mann og hentad han med vogn.

Det var lett aa sjaa, at han var trøytt, so han ikkje var seg sjølv. Difyr fylgde dei han

paa hans rom med det same og bad han kvila seg litt, fyrr dei gjekk til bords. Aa ja han tottest sjølv og, at det kunde vera godt aa strekkja seg litetvetta.

Daa han vaknad atter, sat fru Child ved sengi. Han fauk upp og orsakad seg: Dei hadde visst lotet venta paa han? Ho smilte og fortalde, at det var mest eit døger, sidan han lagde seg.

Men venerne var glade, daa han no tottest vera Ole Bull atter. Han sagde det sjølv og, at han hadde fenget sitt fulle vit atter.

Millom desse vener i deira fagre heim kjende han seg plent som i eit paradis — etter all trældomen.

Fraa sin ven *Harriet Beecher Stowe*, den namngjetne forfattar av „Onkel Toms hytta“, fekk han og eit svært kjærlegt brev. Ho bad han kvila i hennar heim, naar han berre trong det.

Og det var godt paakomet av Felicie, at ho sende den eldste sonen til han i denne tid. „Du kjem til tidar“, skreiv han imot sonen, „so du endaa kann giva meg *eit litet skimt av soli paa brinken.* Det er mest ikkje meir att av meg — det skal lika vel mykje til aa vinna paa livskrafti“.

Daa baade far og son samstundes laag sjuke i Newyork, fekk dei og dei sterkaste vitnemaal um indarleg samhug.

Aalmenningen hadde ikkje stor greida paa alle vanskarne hans, daa han var baade for stolt og bljug til aa vilja vera sælebotsmenneskje. Men det er sjølvsagt, at det ikkje var raad aa halda aalmenningen utanfyr, og avisurne tolkad den varmaste samhug.

Som spelmann var han det, han hadde voret, og meir en det — han hadde vakset i naudi, skreiv dei. Folk vilde finna endaa meir i hans spel en fyrr. Det kjendest sterkare en nokorsinne, at han liksom spelad paa sine eigne hjartestrengjer. Og dei skalv og song yver eit nytt stykke menneskjeliv. Hans personlege tryllemagt hadde ogso vakset.

I den leid gjekk vitnemaali um han.

Men det var snaudt folk visste, kor laak han var. Daa han gav sine sidste koncertar i Newyork, var han so veik, at han laut hava hjelp til aa koma inn paa tilet. Og til aa vinna paa sjukeflagurne hadde han maatt taka so mykje chinin, at han ikkje sjølv høyrde dei fyrste strok paa fela. Han vaknad fyrst av ørska, daa fagnaden rullad imot han. Imillom stykki laut han kvila paa ein sofa og styrkja seg med portvin. Han kunde daa ogso vera byrg, fyrdi han hadde spelat det, han skulde, um han var nokot mykje sjuk. Viljen gav ogso magt.

Med endelaus sut og møda hadde han tørt sin krig, voret ut i skogarne etter vitne, spelat pengar til dei kostesame sakerne og bergat seg fyr alle knip og krokar.

Og so mykje fekk han fyr det, at æra var bergad, og nokre tusund dollars fekk han og rivet fraa skarvefantarne atter.

Men Ny-Norig var til nedfalls. Folk hev viljat finna grunnen til denne vanlukka i, at han ikkje hadde skyn paa praktiske ting. Men det hadde han, naar han fyrst vilde. At han ikkje syrgde fyr, at brevskapi paa eigedomen vart godkjende av riksstyret, hadde sin grunn i hans gode tru til alle folk. Elles kunde han vera illtruen og, naar han hadde vortet fyr eitkvart. Men desse fantarne stod med slik ein vyrdnad, at det ikkje var ventande, at han skulde mistru dei.

Hans ven *James Gordon Bennet*, eigaren av storbladet „Newyork Herald“, skreiv til han paa den tid:

„Eg er so heppen yver Dykkar nyvunne laurbær. De og berre De kann raada med djevlar og englar“.

Etter 5 stormande aar ruggar Ole Bull atter paa det store hav.



XV.

Hjaa sine eigne landsmenn.

(1857—64).

Ole Bull hadde spelat seg uppatter etter vanlukka si, men barn som han alltid var, trong han hjartelag og samhug. Og ingen stad skulde han vona aa finna det som heime i Norig.

Men der hadde folk spurt meir til hans uferd en til hans ærefulle reisning. Glansen tottest og gjengen av han no, han kom atter „fant som Per Gynt“.

Han hadde reist strid, daa han sidst var heime. Og uvilje og mothug, som daa litet hadde vaagat seg fram i dagen, let seg ikkje tugta ned, naar han var burte. Uferdi i Amerika hadde paa ein maate gjevet motstandararne rett, so ikkje eingong kaataste spotten hadde lotet dylja seg.

Alt daa han lende i Kristianssand, kjende han fulla paa seg, korleids det var lagat. Og jamvel Felicie, som ventad han i Kristiania, laut segja, det var det rettaste, at han ikkje kom dit med det same.

Det saag mest so ut, at han skulde ljota vinna sine landsmenn paa nytt lag. Men i grunnen sat gamall kjærleik og ventad han, — det galdt berre aa bruka den.

I august maana 1857 lende han i Bergen. Der møtte han fulla samhug, men han kjende vel, korleids det kjølte i kring han. Og var *han* saar, skulde det ikkje besna, naar han vart tiltalad kaldt og saarande lika fyr folkeaugo. Det er ikkje fritt, „Bergensposten“ var snurten, daa han bar fram bøni til han um aa spela fyr aalmenningen. Han maatte plent spela, for dei hadde ingenting gjort han, det dei visste. Og *som meistarspelmann* var han daa halden fyr den same.

Det var undralaust, at han drog seg undan og sat sturde fyr seg sjølv. Men daa kom samhugen og vakte han.

Den 8de oktober, daa teatret byrjad sitt nye speleaar, var det stappande fullt hus, for Bergensfolket skulde etter myki stunding faa sjaa og høyra sin gjæve Ole Bull.

Det var, so fjerre det hadde hanglat igjenom med teatret. Paa det sidste hadde det mist tvo av sine beste skodespelarar, og dessutan var Henrik Ibsen stroken sin veg. Folk ventad difyr, at Bull skulde kveikja nytt liv paa det tilet, han hadde

reist. Og visst var det: Hans spel skjein yver alt det andre den kvelden. Framropad vart han gong etter gong, og baketter fylgde den uppglødde mengdi heim med spel og hurrarop.

Men der var ein storm aa rida av, so han trong all si kraft. Det sagdest, at han sjølv vakte den stormen, og kann henda det var so, men den kulde og mistru, han møtte, og det jamvel fraa slike, som fyrr var hans vener, var helst grunnen.

Teatersprengen vart boren vida ut gjenom eit langt „innsendt" stykke i „Bergensposten", stygt og uhøvisk mot Ole Bull. Og det vart skrivet baade fyr og imot i Bergen som andre stader.

Styret, som hadde raadt med teatret etter fullmagti av 1850, skuldad Bull fyr, at han no gjekk sjølvstyrt og krokveges fram, og innsendaren, som maa hava stadet styret nær, bar skuldingarne fram i dei uvyrdnaste og mest saarande ord, som paa kunde komast.

Den 27de august hadde Bull fyrste gongen etter heimkoma voret med i møte. Styret hadde daa bedet han segja fraa, um han vilde hava atter si fullmagt. Men nei, det vilde han ikkje, han takkad styret fyr vel gjort arbeid og ynskte berre aa verta uppteken som styresmann med ei røyst til liks med dei andre.

Men „samstundes med, at han med all den olebulske søtleik synte styresmennerne sin heile rikdom av venesæla og tydskap, arbeidde han i løynd mot styret. Han vilde gjera dei leide og kjeide av aa hava med han aa gjera, so mykje dei sjølve laut segja yrket fraa seg. For han var ikkje den mann, som hadde mod til aa taka fullmagti greidt atter". Ja so fortel mannen i „Bergensposten".

For kvat hadde ikkje Bull gjort? Jau han hadde funnet paa ymse ting, som han plent vilde hava styret til aa gjera, baade aa faa teatret større og fjelga det upp. Men teatret hadde ikkje raad, sagde dei andre, kassen var 1100 dalar i skuld, og fyr det hadde styresmennerne sjølve maatt ganga gode, daa teatret etter skjøytet ikkje kunde bera større panteskuld, en det hadde. Elles so var det ikkje rette tidi helder til slikt arbeid no. Men Bull totte, arbeidet var naudturvelegt, og so fekk han daa gjera det paa eigen rekning, men denne avgjerd vart ikkje førd til boks. Arbeidet vart gjort. Men styret visste ikkje um, at han og let sletta yver dei danske diktarnamni Ewald og Øhlenschlæger paa teaterteppet og sette i staden Fasting og Wergeland, so der berre stod norske namn.

Etter lovnaden betalad Ole Bull 200 dalar

av eigen pung fyr arbeidet, men seinare gav han arkitekten setel paa teaterkassen fyr 100 dalar og hadde ikkje fyrst spurt styret um det. Rekneskapsføraren betalad pengarne og melde til formannen, at det var gjort. Formannen vilde ikkje vita av den utteljing, og difyr gjekk rekneskapsføraren inn paa, at dei 100 dalarne skulde reknast som hans laan til Ole Bull. Ei liti tid der etter kom det ein rekning paa 60 dalar fyr den same uppfjelging. Formannen forbaud aa betala den, men so melde rekneskapsføraren, at Bull vilde raada fyr kassen sjølv. Seinare vilde styret, som hadde gjenget god fyr dei 1100 dalarne, teket kassen, men rekneskapsføraren, som heldt med Bull, sette pinn fyr det. Daa Bull no utan aa spyrja styret avsette teaterinstruktøren, vart det greidt, at der ikkje kunde verta samarbeid av.

„Av alt detta saag styret greidt,“ fortel innsendaren, „at Ole Bull berre vilde leggja vandskar i vegen. Og so var det fulla best aa takka fyr seg. Men ho var ikkje tent dermed den saki, som dei hadde arbeidt fyr i 7 aar“. Difyr vilde dei helder ikkje røma undan og leggja alt i henderne aat Bull. Hadde han lagt løynraaderne, skulde fulla styret hava mod til aa sprengja heile greida, naar stundi var der.

Sjølve sprengen kom i styresmøtet den 12te

november. Der laag daa ein søknad, underskriven av dei fleste skodespelarar, og den gjekk ut paa, at dei bandi, som knytte skodespelararne til Ole Bulls teater paa lang tid, maatte løysast, so skodespelararne kunde vera sine eigne herrar um tvo maanar. Og styret gjorde ikkje berre det, som var bedet um, det *løyste alle skodespelarar med det same.*

Daa eit korter var gjenget og storvarpet nett gjort, kom Ole Bull til stadar, og med „dei blidaste bragderne“ lagde han fram eit brev, som tok fullmagti atter.

Han vilde gjenget med det same, men skulde ikkje storvarpet vera til inkjes, laut avgjerdi verta førd til boks, fyrr dei flidde han fullmagti. Med' protokollen vart gjord ferdig, fekk han høyra, „kvat kar han var“ — dei dulde ikkje fyr nokot. Og daa han hadde fenget heile leksa, bad styret han vel leva.

Men um styret hadde gløymt eitkvart, so slepte innsendaren det fulla or seg.

Ole Bull hadde daa alltid voret med paa det, styret hadde gjort — i minsto hadde det aldri voret annat læte i styresmøti. Han vilde spela, naar *det* „trongst“ og „strøy gull ut“. Soleids let det der. Men utanfyr hadde det fulla voret klagemaal aa høyra. Styret hadde ikkje utdanat

norske skodespeldiktarar, det hadde latet norske skodespelarar reisa i utlandet og hadde jamvel tenkt aa lata ei av dei beste songrøyster ved teatret faa upplæring utanfyr Norig, og detta skulde vera galet fyr Ole Bull. Til den kunstmannen, som hadde voret i Tyskland elder Frankrik og lært musikk elder song, vilde han segja: „Gakk burt, for du er spilt!“ Detta var hans eigne ord.

Det vilde daa ogso voret synd paa dei lovande ungmenne, um dei no skulde voret bundne til Ole Bull med hans „rasgalne og rame tankar um norsk skodespelkunst og norsk dans (av gamall-ost-luktande bønder fraa Muregaarden?)“ og hans dugløysa som styrar. For det var daa „grundaren av republiken Oleana, den norsk-amerikanske spekulant“.

Sjølve teatersprengen var leid, men den skildring i „Bergensposten“ maatte setja folk reint i kok.

Der kom daa ogso ein innsendar — H. K. —, som tok hardt paa styret og endaa meir paa styggedomen aat innsendaren. Bull hadde visst ikkje boret seg aat, som han skulde, men det gav styret ingen rett til aa fara med svik mot han. Styresmennerne var hans fullmegtar og hadde bundet seg til ærleg ferd mot han, ja til aa sjaa paa hans beste. *Det* hadde ikkje styret

gjort. Aalmenningen hadde daa helder ikkje kravt slikt av styret.

So stod det nappetak millom Ole Bull og hans fullmegtar, hadde voret. *Dei* hadde skodespelarar men ikkje teater, og *han* hadde teater men ikkje spodespelarar. Det galdt, kven som kunde faa baado.

Morgonen etter sprengen kom skodespelararne saman til raadleggjing. Bull kom og til stadar og bad dei halda seg til hans teater som fyrr, og det vilde dei, naar dei elles kunde koma til rettes. Men det gjorde dei ikkje, og dermed skildest dei.

Lenger ut paa dagen kom det bod til det avgjengne styret, um det vilde sjaa til aa faa gjort ei greida, so tanken um eit norsk teater ikkje skulde ganga til grunns. Fyrr det vart gjort nokot meir, samdest dei um, at skodespelararne skulde høyra, um Bull vilde vera so raust aa lata teaterbygnaden fraa seg. I 1855, daa han var i naudi i Amerika, hadde styret gjort same freistnaden, og han hadde sagt nei. No svarad han ikkje eingong. So vart det underskrivet ei *semja* millom styresmennerne og skodespelararne: Kvar og ein skulde vera bunden av det, som maatte verta gjort. So leigde dei hus av

„Harmonien“ og gjorde avtale med handverkarar um innreidingi.

Den 18de november stod det i „Bergensposten“ eit *upprop* um aa teikna seg fyr pengar aat det norske teater. Det var underskrivet av det avgjengne styret og fem andre menn, som hadde stadet utanfyr striden. Endaa uppropet fer varlegt fram, nemner det alle ankarne, som hadde voret førde mot Ole Bull. Og no galdt det um aa greida det so med teatret, at det ikkje var bundet til *lunurne aat einskildmannen.*

Bladet fortalde, at uppropet skulde sendast ut dagen etter, men det kom ikkje so langt. Den sterke semja heldt ikkje. For alle skodespelararne so nær som 5 hadde fest seg til Ole Bull atter. Han fekk ogso skipat eit nytt teaterstyre og tilbaud *Bjørnstjerne Bjørnson* posten som teaterstyrar.

Bjørnson foor daa til aa verta vida kjend. Aaret fyreaat hadde han fenget studentar og andre norsklynde folk til aa pipa ut dansken paa Kristiania teater samstundes med, at han i „Morgenbladet“ hadde faret illa med det danske og danskarne i Norig. Og fylgja hadde vortet, at danskarne laut hava seg undan, og eit norsk teater vart grundat i hovudstaden med *Henrik Ibsen* som styrar.

„Synnøve Solbakken“, som var utkomi i 1857, hadde gjevet Bjørnson eit stort namn som norsk diktar, og hans skodespel *„Mellem slagene“* vart uppført paa Kristiania teater den 27de oktober, so han laut vera rette mannen fyr Ole Bull.

Daa det no hadde gjenget telegram att og fram eit par dagar millom Kristiania og Bergen, gjekk Ole Bull inn paa dei vilkor, Bjørnson sette, og millom annat og det, at „skodespelararne atter skulde semjast og spela paa Ole Bulls teater“. fyrsten av december stod Bjørnson jamsides med Ole Bull under det norske merke i Bergen.

So var teaterstriden slutt, og teatret vart opnat atter sundag den 22de november. I staden fyr skodespel var der koncert baade daa og onsdagen etter, og Ole Bull spelad *„Sæterbesøget“* *„Morsbøni“* og *„Polacca'en“*.

Daa Ole Bull steig fram i orkestret, reis heile aalmenningen upp til helsing. Og daa han kom fram paa tilet og spelad „Sæterbesøget“, vart uppglødingi endaa større. Etter sin „Polacca“ vart han framropad 5 gonger, og daa han gjekk heim, hadde han fylgje av ei uhorveleg folkemengd med orkestret spelande i brodden.

Han hadde mangmenningen paa si sida heile tidi, endaa sume totte, der var skuld paa baade sidur. No hadde han teket alle.

„Aldri hev Bull spelat so godt“, heitte det i eit brev til „Morgenbladet“, „aldri hadde han kann henda lokkat slike forbinande tonar ut av fela som den kvelden. Og korleids det en hekk i hop med det, som var komet paa millom han og det avgjengne styret, so var det daarskap aa slaast mot ei magt som hans“.

Dagen etter var det ingen, som iddest vega rett og urett — *Ole Bull raadde grunnen.*

So styrde Ole Bull nedre i orkestret, med' Bjørnson synte leidi paa tilet, og det norske teater fekk ny reisning og eit norskare lag.

Sumaren etter let Ole Bull teateret fraa seg til eit lutlag, som skulde arbeida vidare med hans tanke. I 1863 laut lutlaget giva upp arbeidet, daa Bergen ikkje kunde halda liv i sitt norske teater.

Men Ole Bull hadde ikkje arbeidt til inkjes, kor som er. For nokot grodde i Norig og, endaa det gjekk traatt.

Den strid, han hadde vakt i landet, skapte kunstfolk som Johannes Brun, fru Gundersen, fru Brun, fru Wolf og fru Juel, som seinare hev gjevet glans til det norske teater i hovudstaden. Etter dei kom ei heil rekkja, som skulde gjera Wergelands draum til sanning.

Rædsla fyr laatt og hæding vyrde ikkje Ole Bull

men gjekk paa, og arbeidet hadde si rike løn. Det var vunnet nytt rom fyr nordmannen og hans tale.

Der er fulla langt atter, til maalet er naatt, so norsken „raader grunnen aaleine“ i Norig, men Ole Bull tok han varmt og hugheilt i armen og ruslad paa vegen utan aa spyrja um lov. Og eingong komne paa vegen slepper me han ikkje men gjeng, til han er farande i by som bygd til helg som til vyrka.

Det maa helder ikkje gløymast, at Ibsen og Bjørnson fekk si fyrste upplæring paa Ole Bulls teater. For i dei fekk Norig tvo stormenn, som skulde føra vaart folk frametter baade i dikting og skodespelkunst.

Og grunnleggjaren av det norske teater skulde ogso faa sjaa, at arbeidet vart teket uppatter i Bergen, daa det hadde voret til nedfalls nokre aar.

Ole Bull vart denne gongen verande i Bergen til slutten av februar 1858. Til sin velfarskoncert i teatret hadde han fullt hus, og det vantad ikkje paa fagnaden.

Kvelden fyre ferdi hadde alle syngjarlagi i Bergen fenget til eit kveldslag fyr han. Eit mannsterkt sendelag hentad han i hans bustad paa Møhlenpris, og han hadde fylgje av blakrande fanur og klingande spel. Paa vegen kom

eit fakkeltog og slo lag. Utanfyr hans dyrr let det og ein ny song den kvelden:

> **„Da skjein so fagert ein torsdagskveld,**
> **nett so sola.**
> **Da lyste radt utor Bergens sjæl**
> **fyr han Ola“.**

Og daa han reiste den 26de februar, var det plent, som han skulde voret ein konge. Ein time fyrr eimskipet skulde ganga, hadde det samlat seg fleire tusund, som vilde ynskja han lukkeleg reis. Og paa fjorden leikad det med rakettur, med' musikken spelad i land.

Ole Bull tok vegen yver Leirdalsøyri og kom til hovudstaden den 5te marts.

Bladi helsad velkomen, men der var kulde i helsingi. „Det er som den store *felespelar*“, han skal vera velkomen, skreiv „Kristiania-Posten“. Og det kunde vera vel nok, men dermed sagde bladet og domen yver hans arbeid elles. Ja det vart sagt lika ut, at hans sidste arbeid fyr teatret i Bergen stod „i eit mykje tvisynt og muskutte ljos“. Det laut han vera budd paa, at han ingi ovfagning fekk. Mangein meinte, at han fekk bu seg paa det, som verre var og. For folk hadde svært mykje aa segja paa sin namngjetne landsmann.

Og difyr heitte det i helsingi fraa Vinje:

„Velkomen, vaar Bull, velkomen igjen!
So lenge du burte var.
Amerika-reisi var tungsam den
men gløymd, naar ho ende har.

Du vida hev vankat og stundom villt —
kven var vel i allting sæl! —
men gjorde imillom du nokot ilt,
so gjorde du meire vel.

Dei fantordi fljuga or kvart eit smog
kring mannen, som nyst kom heim.
Dei segjer, at soli hev flekkjer og,
men straalarne løyna deim.

Du spelar vel no, som du gjorde sidst,
so ymse me gret og log,
og fela di hev vel 'kje endaa mist
den gamle og kjende ljod?"

Det skulde røynast laurdagen den 13de marts. Og han var ikkje den, som gjorde seg liten, fyrdi der tottest vera uvedr i lufti. Det syner jamvel biljettprisarne: Fyr nummerplass 4 krunur og elles kr. 2.40.

Og det gjekk, som Vinje hadde spaatt:

„Naar strengen din talar, so tagnar alt,
og du er den gamle Bull".

Der var dei, som vilde halda folk burte, for han skulde hava løn fyr alle sine galenskapar elder i minsto ei minning um, at folk visste um dei. Men salen vart full.

Der var og dei, som vilde helsa han med pipur, men han vart motteken med stormande fagnad, baade daa han kom inn og sidan, kvar gong han synte seg. Ingen var god-til halda paa sin uvilje mot den eventyrguten.

Mangein kom ogso paa koncerten med sut: Han var vel ikkje den gamle meir — inkje aa venta det etter alt, han hadde lidet. Men ung og rak kom han fram, endaa haaret var graanat. Og som han spelad! Aa jau det var Ole Bull endaa.

Og bladi hadde berre ros. Men det beste vitne er Halfdan Kjerulf. Ein bør koma i hug, at han høyrde til dei, som var unøgde med mangt og mykje i Ole Bulls ferd og dessutan tok ei nokot onnor leid i tonekunsti, og at det var dagen etter ruset. Høyr her, korleids han daa skreiv til ein av sine nærmaste vener:

„Ole Bull er ikkje den mann, som likar den stille gang og den stille vyrdnad. Ein lyt segja, at han til fulnads skynar aa melda si koma og sitt nærvære med brutl og brak, som ljomar lenge, etter at han er faren burt atter. Naar han no kjem hit, sagde mange, so skal han faa sjaa, at me ikkje er born lenger. Me kann vera høgtenkte og kasta skygg yver all hans uferd, og me vil vera vituge og mæta hans spel, soframt

det endaa fortener det. Men denne toskutte uppgløding, den kann Bergens-herket hava fyr seg sjølv. Aa dei stakkararne! — Han kom, han saag, han vann. Studentarne heldt avhaldsmøte, men berre faae teiknad seg. Dei gode borgararne let illa yver den skamlause biljettprisen — men dei betalad han. Og dei, som hadde terrat seg upp yver framropi i Bergen, galnare en det skulde voret i Italia, ja i hundradtal kallad dei han fram 6 gonger i gaarkveld med hauking og ville skrik. Og studentarne song i hans koncert, og studentarne gav han ein friluftssong etter koncerten, og kvartetten aat Kjerulf (han, som hev skrivet so strengt um vaar namngjetne landsmann, og som med det løgnaste aalvoret talar um formløysa og friing etter folketokka og med sitt granne maal skrik paa Sebastian Bach og den lærde Beethoven), ja Kjerulfs-kvartetten piltad i tunge snjoen ned til tonedrotten i Victoria hotell, stillte seg burt til hans dyrr og song til hans æra og kom inn og laugad seg i glansen fraa hans straalande aand og lydde til hans herlege tale og vætte tungurne sine med hans kongelege toddy. Og detta gjorde kvartetten med samtykke av formannen, som ikkje turvte nøyda seg til det, og var det nokon, som var imot, so var det ikkje han, for han — formannen stakkar — var

reint burte av uppgløding. Jau — Ole Bull, han skynar aa melda seg og faa sjølve steinen til aa hoppa av hugnad".

Men no dagen etter laut Kjerulf greida ut, korleids det kunde ganga fyr seg, at *han* kom i slikt rus, og det er daa ikkje med han som med storhopen:

„Eg og mine likemenn er alltid svært lette aa taka av ein meistarskap som Bull sin, kor mykje me en talar og strider imot. Og den, som ikkje skynar slikt, veit ikkje, kvat det vil segja aa lata seg forgjera. Ein kann sova ruset av seg og lova seg sjølv aa bruka vitet ein annan gong. Men den andre gongen kann koma, og ein læt seg atter taka av ruset. For me er alle menneskje! Men naar so desse hine, som alltid er drukne, segjer: Ja sjaa der hev me det — det er beste forsvaret fyr mannen og hans kunst, er det ikkje sanningi lika vel. Det er ikkje alltid i si beste og finaste framsyning, at kunsti er rusande. Men god er daa vinen lika fullt, svarar dei atter. Ja visst — god, men det er champagne.

N. N., som nyst hadde ei liti Beethovens-rid, men som no atter hev snutt seg til den rette guddom, gav meg eit auga, som sagde: *No guten min!!!* Men eg svarad som ein Sokrates med spursmaalet: „Skynar du ikkje det daa, at det

er skilnad paa aa blindast av solglima og aa verta steinblind, og at den, som sjølv er hunstmann, godt kann vera ved, at han hev kjenslur med mugen, naar han og veit, at han eig eit syn, som er høgre en hans?“ — — —

Eg kann lata meg hugtaka av ein slik kar — kvifyr ikkje? Eg er daa ingen stein. Men han snur meg ikkje — og kvifyr? Fyrdi eg i kunsti ikkje ser det beste og mest framifraa i det, som i augneblinken tek og kveikjer — men i det, som *stødt* tryller og *besnar ved uppattertak*. Daa eg i gaar høyrde Ole Bull, var gleda og fysna den, at han hadde haldet ved lag sitt drustelege strok, sine skapande tillaup — han var ikkje mergstolen — *det han hadde vunnet fyrr, det vann han endaa — det han vantad fyrr, det vantad han endaa,* det baade saag og høyrde eg, som eg kjende det fyrr — men det fyrste, det visste eg ikkje, eg vonad, eg ynskte det berre, og det gledde meg, at eg fann det, og difyr var eg og hugteken som dei andre. Det vil segja som dei fleste. Alle var det visst ikkje, og det av mange grunnar. Imot seg hadde han mange, som ikkje eit litet bil eingong kunde skilja spelmannen fraa mannen elles. Fyr andre er alt smaakrotet i hans spel jamt forvillande. Og so er det dei, som ikkje læt seg hugtaka“ — — —

„Ole Bull letst, som han fullt og fast trudde, ein deil vilde pipa ved hans innstig, og vilde hava det so, at denne otten var naturleg og ikkje i minste maate tilstellt. Han hadde daa og fenget eit par namnlause brev med spursmaal, um han tenkte aa gjera seg fri fyr det, han etter amerikanske blad skulde hava slengt or seg um sin fedraheim. No — reint stød var han kann henda ikkje paa, korleids han vilde verta motteken.

Daa han no kom fram, rak og straalande som den gamle Ole, so er det visst, at den store aalmenning tok imot han med eit hjartelegt velkomen. Han spelad fyrst den store og uhorveleg lange koncert i es-dur av Paganini. Hans fyrste einspel var tirande, klaart og gildt i alle maatar. Tonelaupi fine og lette. Daamen ægte — utan jugl og krot. Detta tok folk med strakst. Og adagioen spelad han som ein gud. I rundspelet hadde han nok leide tilfelle av slurveskap i tonelaup og fløytetone — — — men i det heile var han meistarleg. So kom det alt daarande *Sæterbesøg* med den lunden*), — — som er ein av dei fagraste nordiske lundar, eg kjenner. Deretter vart han framkallad tvo gonger og spelad som inngivnad nokre umbrøytte folkevisur hoggande godt og ei spansk dansevisa so djevelsleg godt,

*) „Paa solen jeg ser".

at eg log himmelshøgt — det var song, og det var dei klaart skilde klunkarne paa strengleiken so samanstøypte, at det er mest utrulegt, at *ein* soleids *paa ein gong* og paa eit slikt instrument kunde syngja og spela. Til slutt Polacca'en — den gamle velkjende, ein av hans bilætrikaste stubbar. Aa jau — spela kann han Gud skje lov endaa. — — —

Eg las i dag igjenom nokre bladstykke, eg eingong skreiv um Ole Bull. Eg vart reint kry av, kor rett eg dømde um han den gongen. — — — „Det er det sersynte ved denne kunstmannen", stend der, „at ein lyt giva han alt i ei leid og mest ingenting i ei onnor atter. Difyr vert han og dømd so reint ymist, *daa kvar domaren tek saki berre fraa den eine sida.* Difyr kann ein giva dei mykjen rett baade, for i røyndi kjem ein sanningi nærmast, naar ein held dei saman"".

Ole Bull spelad ogso i Dramn og Tunsberg. Paa den sidste staden heldt dei lag fyr han etterpaa. Daa dei hadde voret saman ei stund, raadde Bull mennerne til aa ganga heim etter kvendi, og so let han fela tala. Daa han vart boren paa gullstol, var jamvel damurne med og bar.

Laurdagen den 27de marts skulde han halda

sin sidste koncert i kovudstaden. Daa han kom med eimbaaten, var salen full — heile 1600 biljettar var selde. Og der vart baade fagnad og framrop.

Striden heime hadde kveikt han upp, so han ikkje rett kjende, kor veik han var etter trælet i Amerika. Men etterkvart som han fek meir ro, kjendest det, korleids Panama-sykja endaa sat i kroppen, for han hadde fleire gonger kolda. Sorgerne i hans eiget hus lagde seg til, og so det, at hans pengestell var i ugreida, og han vart sturen.

Han laut ut aa lufta seg og finna helsebot, og so bar det til Wien, og der og i Pesth heldt han atter koncertar under stor fagnad.

I Ofen drakk han helsevatn, og um sumaren tok han seg ein kur i Karlsbad.

I slutten av august var Ole Bull i Kristiania atter. Han spelad baade der og andre stader paa Austlandet utetter hausten, hjelpte Myllarguten til aa spela og.

I september gjorde han og ei Upplands-ferd i lag med A. O. Vinje og andre gode vener og kjenningar. Paa Mjøsen vart han fleire stader helsad av flagg og æresskot, som fekk svar fraa eimbaaten. Bull spurde etter landet, som me foor igjenom, fortel Vinje, for han hadde ikkje

gløymt folket fyr fela si, og naar han saag store, vene gardar og høyrde, at folket var klokt og godt og strævsamt og stelte vel med si jord og husstell, so vart han so glad som barnet, naar det fær leikur. Det var hugsamt aa fara med ein mann, som var forviten um alt og vilde alle mann vel og vitug og ordhag attaat som Bull.

Daa dei kom til Hamar, fylgde dei mannen paa Sælid heim, og han heldt eit grust lag fyr Ole Bull um kvelden.

Dagen etter skulde det vera koncert paa Hamar, og største salen, der fanst, vart for liten. Ole Bull var i godt lynde fyr det gode møtet med hurra og flagg og fyr all den kjærleik og æra, han hadde funnet. Han spelad so, at folk mest var fraa seg. Kvende kastad blomar, og mennerne skreik hurra. Og Bull svarad med eit leve fyr „Norigs blome, det vene Heidemark“.

Morgonen etter gjekk dei ut paa det gamle Hamar og saag kyrkjebogarne og minni etter gamall velmagt.

I Litlehamar vart Bull helsad med hurrarop paa bryggja av folkemengdi. Biljettarne var longo utselde, og paa speledagen vart det jamvel gjevet 8 krunur fyr billjett. Ingenting tok folket som Sæterbesøget.

So var det atter koncert i Hamar. Daa var

det komet mange langferdingar, lika fraa Elverum, der dei helst hadde viljat havt han heim til seg, og totningar so mange, at dei leigde eimbaaten heimatter um kvelden. Til den kvelden hadde ei hendig gjenta fraa det gamle Husebø saumat ein blomekrans, som vart hengd paa veggen, og som det stod med smaablomar i: „O. Bull leve". Framropad vart han gong etter gong og sidstpaa yverdrust med blomar.

I denne Upplands-vika var det gjestebod fyr Ole Bull, so viss dagen elder kvelden var, og paa nedferdi til Eidsvoll ogso fagning.

„Det er ikkje nok med det, at Bull spelar makelaust, men han er den fyrste, som med kunst hev brukat og vakt uppatter vaar eigen musikk", skreiv Vinje fraa ferdi. „Detta er det største ved han, og i hans fotfar maa dei ganga alle, som tenkjer paa aa spela og dikta lundar, so det leikar i folkehugen. Det hev gjenget og gjeng med musikken som med maalet. Me laaner av andre og gløymer vaart eiget, som er det beste. Lundarne til vaare visur og stev og vaare feleslaattar kann ingen høyra med hardt hjarta, naar Bull spelar dei. Det tek ein i merg og bein, lettar ein liksom i haaret, og ein skjelv fer igjenom heile likamen. Tonarne er liksom ihopsette av

aanderne aat federne vaare: Dei kjem atter til oss og lær og græt, ettersom det er til.

> Til meire den Bull'en spilar,
> dessmeire han høyrast maa:
> Hans tone fraa strengen silar
> som dogg ifraa grøne straa."

Seinhaustes var han paa Valestrand hjaa lyden sin og budde der no eit heilt aar.

Same hausten skjøytte han til seg garden fyr 16,000 krunur. Han gav seg til aa retta paa jordbruket, og mild som vetteren er paa Osterøy, kunde han med det same taka til og grava rennur og turrleggja aaker og eng, tappa ut vatn og myrar og brjota ny aaker. Og som han hadde byrjat, dyrkad han garden trutt og lagde mykje arbeid paa han kvart einaste aar. Som alle gode norske reisningsmenn hadde han auga fyr, at sjølve landet laut odlast. „Eit skilet prov paa Norigs nyreisning giv De her ved Dykkar sersynte uppfinningar", skreiv han eingong til sin Stavangerven Hansson, som hadde dyrkat seg upp ein fin heim i myri og lagat all slag husbunad av dei funne trerøterne. „Ingen vinn korkje her elder annan stad negta, at naturløyndomarne kann verta til velsigning, utvortes nytte og sunn livsvenleik fyr ætter, som kjem." Og heime paa Valestrand var havren paa nybrotet ved vatnet

„ein so lett og yndefull ting i sine rørslur", at han vart til tonar hjaa Ole Bull.

Han husad og upp garden, bygde soleids ny hovudbygning, prydd med norsk treskurd baade ute og inne etter teikning av broren, stadskonduktør G. Bull i Kristiania.

I Bergen var han berre ender og daa, for stillt budde han paa Osterøy. Men den vidgjetne 17de mai 1859 var han sjølvsagt med i fødebyen, der det var eit rus, som jamvel tottest taka dei yvervunne. Dei 4 gamle tingmennerne, som hadde voret so kalde i teatersaki og no „vilde til Sverige", dei var kastade ved valet. Um fyremiddagen var det i teatret koncert fyr Christiestytta. Ole Bull spelad, og Bjørnsons nye folkesong: „Vi nordmænd vil synge for Norge en sang" vart sungen fyrste gongen.

Og Ole Bull og Bjørnson gjekk jamsides fyre den uppglødde festferdi, som jamvel dei 4 kastade tingmennerne laut vera med i. Dei stanad paa Engen, og Bjørnson heldt sin stutte tale, som so mange hev lagt paa minnet. Der var ymis sut fyr, at dei frisinnade i sigersruset skulde finna paa uppstyr og slaa inn vindaugo hjaa dei kastade tingmenn. Det vilde ikkje Bjørnson, for det var aa skjemma sigren ut. Difyr vilde han ogso snu tankarne fraa det, og det lukkadst ved hans tale.

Den gjekk ikkje ut paa so mykje, men aldri hev vel Bjørnson voret uppglødd, glad og kveikjande som den dagen, og difyr reiste det seg attanfyr ordi dei blaaande vidsyner, som lyste høgtid og aalvor yver folkehopen.

Um kvelden var det fest i teatret, der alt liksom skulde vera norsk.

Bjørnson kjende det, og det lagde sorg yver gleda, at Ole Bull den dagen misunte han hans ungdom og kraft.

Vetteren 1859—60 stod Ole Bull atter midt upp i ein kvass strid um det heimslege norske, og han var liksom den norske faneberaren. Fyrst i november var han komen til hovudstaden, og maandagen den 14de spelad han fyr fullt hus i det norske teater. Dei kom alle, segjer „Aftenbladet“, dei gamle med ottesam sut fyr, at han etter alle sorgerne ikkje lenger var den same, og dei yngre som til eit eventyr fraa barneaari. „Og baade fann det, dei helst vilde finna, det er alltid den same Bull, hans sterke spel læt som ein national lovnad — eit Wergelands dikt“.

Og det vart som eit fyrespel til „det norske selskap“. Det var Ibsen, styraren av det norske teater, som kom paa tanken, og han og Bjørnson, som i den tid styrde „Aftenbladet“ saman med O. Richter, innbaud norsklynde menn til aa

skipa laget. Det vart gjort i eit møte den 22de november. Bjørnson vart formann og Ibsen varaformann. Men elles var Bull den, som vigde det nyskipade selskapet med fela si. Og norske lundar og slaattar spelad han tidt der saman med M. Lindemann, som leikad med paa pianofortet. „Det var musikk, som var høyrande paa, det,“ fortel Vinje. „Det var meistrar det, kvar paa sitt spel, og desse runde sterke djupe tonarne til Bull er so, at dei gjeng til merg og bein.“ Og under dei norske tonarne sat der menn som J. Sverdrup, O. Richter, K. Knudsen, P. Botten-Hansen, J. E. Sars, Wiese, O. Arvesen, bilthoggar C. Borch og fleire, som anten var elder skulde verta av vaare fyrste menn. I det laget treivst Ole Bull framifraa godt og var reint uppglødd av den magt, som det norske tottest vinna.

For selskapet skulde strida fyr det norske paa alle leider — i musikk, dikting, maalarkunst, maal og fyrst og fremst skodespel.

Og dei koncertarne, Ole Bull gav, vart av den norsklynde flokken haldne fram som prov paa, kvat dei meinte med det norske. Som i hans spel skulde ein kjenna nordmannen i alt aandsarbeid.

Naar Bull læt Mozart „taka paa seg kufta og sylgjurne“ og „paa beste vis traa hallingen

med“, so riste mangein paa hovudet og hadde grunn til det. Men hine hadde og rett, naar dei i dette saag ei minning um gamallnorsk aandskraft, som ikkje berre umstøypte dei utanlandske visur og eventyr etter den norske tunga, men gjorde heile hamen norsk, so dei kjendest som heimegjorde.

Og ein kjenner formannen i det norske selskap i den tolkning, som „Aftenbladet“ bar fram:

„Naar Ole Bull kjem i si fulle høgd, som daa han spelad galder-umbrøyti av Paganini, naar han hev naatt dit, at største vansken er ein leik, og kvar tone vert eit heilt bilæte og einstaka lunden eit tungt og fargerikt dikt, daa høyrer ein, at han braadt slær ned i ein halling eller ein gamall visestubb, og *det* verkar, som gjekk han fraa det fine selskap og tok ei graakufta under armen. Ein høyrer, han liksom segjer til graakufta: Deg lyt eg takka fyr altsaman“. — Det var torv til aa minna um detta no, daa folk tottest meina, dei kunde sleppa heimegrunnen og endaa verta store kunstfolk.

„Hjaa Ole Bull kjenner ein hallingkastet atter midt i ei sudlendsk lirling, ein høyrer han stend og tenkjer paa fjellstilla i Norig, naar han spelar ein adagio av Mozart, ein kjenner tunglyndet

fraa eit stev, som han stend i draumarne aat Paganini, hans land, hans tjodskap gav han lyklen aat alle land og tjodskapar. — — — Det er soleids meir en eit raak, naar Bull lydest innum til hallingen og fjelllunden etter kvar tonesiger. For han hev nokot aa takka dei fyr".

Det norske herskrik fyllte lufti, men dei dansklynde skreik yver alle. Det let, som skulde „nationalberserkarne" vera paa veg til aa tyna all ægte daning i landet.

Og sidan Ole Bull var ein norsknorsk stormbukk, som skulde stanga hol paa muren, so hine kunde smetta inn i borgi, fekk han og standa fyr skot paa ymis vis.

Med' striden stod som kvassaste i hovudstaden, kom han ut fyr Dramns-kararne. Eit var det, at han ikkje gjorde krus fyr dei fine i Dramn, og so skulde han vita, kor unøgde dei var med hans norske stormgang — hadde han ikkje jamvel paa sin eigen koncert som *fyreord* eit dikt paa landsmaal av Vinje? Han skulde hava tom sal i den gode byen, og litet folk kom det og til koncerten. Etterpaa vilde dei ikkje vera ved, at det var soleids meint. Nei byen var so lang, og elles var det fælt kaldt den dagen. Men Dramnsbladet, som bar fram detta, er sjølv vitne um, kvat sant var. For det skreiv samstundes stygt

og ufyset um Ole Bull. Ja bladet giv seg til aa granska, um Ole Bull ***kann reknast som nordmann***, etter det han hadde sagt og gjort i Amerika.

Det hadde voret klunkat paa i bladi fyrr nokot slikt, og mann imillom var drøsurne mange. Det var vel, at det no vart snakkat greidt ut um detta. Baade Bjørnson og Vinje var maalsmenner aat Ole Bull fyr aalmenningen.

Han skulde hava „avsvoret Norig“. Men i den leidi hadde han ikkje gjort annat en andre utlendingar, som kjøpte land i Amerika: Han hadde lovat aa vera ein god borgar. Det einaste var uppsegjingi av „lydnaden mot den svenske konge“. Men det var berre ei form, for — som han hadde sagt, daa det kravdest av han — hadde han ingen lydnad svoret svenskekongen.

Og at han skulde „svivyrdt Norig“! Det var meir, en nordmennerne i Amerika visste av, og Bjørnson hadde spurt vel etter det. Men einkvar maatte hava sett ilt ut um han, og det var undralaust, um det fanst slike. For naar det gjekk galet med eit slikt tiltak som Ny-Norig, fekk han til fiendar baade dei, som hadde voret fyr, og dei, som hadde voret imot verket, baade norske og andre.

Men um han hadde fiendar, so var ikkje

det merke paa, at han hadde sagt elder gjort alt, dei fortalde. Det laut ein og koma i hug.

Og dei skynad ikkje Ole Bull dei, som meinte, at han kunde fara burte i Amerika og snakka stygt um Norig. Fyrr han foor, dømde han fulla hardt um mangt og mykje heime og hadde ymis god grunn til det. Men var han komen burt, snudde domen seg um. Daa saag han berre det gode og gjæve heime. Det var fulla, som naar han kom utanfyr Bergen, segjer Bjørnson. For daa vart Bergen med eingong det fyrste i Norig, paradiset paa jordi. Det maatte daa inn og anga i all hans samtale. Men levde han i Bergen, jamen kunde han skjella og finna alt vesalt og. Goldschmidt dømer lika eins um Bull. Han liktest skottarne, totte han. I London var dei brennande heite fedraheimsvener, men kom dei heim, var dei range og fann lyte alle stader.

Bjørnson vilde hava folk til aa slutta med slikt snakk um Ole Bull og taka han, som han var, med all hans braadhug, forbisnelege skaparkraft og villa og i staden fyr aa lyda etter skarvesnakk hugsa, at han var den, som hadde ført Norigs tjodskap og namn til vokster ute og heime, som ingen fyre han og seint nokon etter han vilde gjera det.

Vinje talad ogso ut um ymse annat, som let millom folk. Som no det lastord paa Bull, at han skulde hava brukat den stygge talemaaten fraa den franske umstøyten: Aa hengja upp den sidste prest i tarmarne aat den sidste kongen. Vinje, som hadde kjent Bull i hans heitaste republikanarrid, kunde sanna, at han dreiv spott med, at folk tillagde han slike ord. Og sagde han nokorsinne slikt, so var det i løgje, endaa eit huglynde som hans, skjelvande som felestrengen, tidt kunde brasa upp, so han slo i bordet og kom med eitkvart, som korkje han sjølv elder nokon klok mann kunde finna nokot vondt i. Hadde han daa eingong forrent seg, var han den fyrste, som sagde med sitt vanlege ord: „Far, eg hev syndat" („pater pecavi"). Vinje hadde ogso spurt mange av dei, som hadde voret til stadar, daa Bull skulde hava sagt detta, men alle sagde nei.

Og skulde ein døma um hans huglynde, laut ein koma i hug alle hans sorger og tap. Men som Bull bar lukka si, so bar han ulukka og. Han var den same aa sjaa til. Den store mann vert lika so litet stolt som nedbøygd. Han kann, naar han misser son sin, liksom Egil Skallagrimsson trutna av sorg, so det rivnar i klædi, men so diktar han ein song og er atter mann. Og Bull kunde spela, han.

Etter den lange røynsla aat Vinje var han ein lika so god som stor mann. Var nokon mann eit barn, so var det han. Og difyr aatte Ole Bull hjartat hans og.

Det er likt til, at folk i hovudstaden var komne til det, at dei laut taka Bull, som han var. For mot ein slik kar vann dei ingenting men skjemde seg berre ut sjølve, um dei lagde raader imot han.

Endaa dei, som var gløgge til aa sjaa alt, som vantad, totte, at den gamle kraft var burte, so tok han folk jamt, og vellætet i bladi hadde snaudt nokor tid voret større. Soleids meiner „Morgenbladet“, at han aldri hadde voret meir vaksen i sitt spel en laurdagen den 4de februar 1860. „Villspel i lio“ kom daa i ny skapnad og med ein lund „av makelaus venleik“. „Aftenbladet“ meinte, at folk, som kunde det, gjorde vel, um dei teiknad upp hans lunefengne tonedikt, daa han sjølv let dei flagsa ifraa seg.

Dagen etter var Ole Bull femti aar, og mange kom utetter sundagen og fagnad han. Og syngjarlagi aat studentarne, handelsstandet og handverkararne var samde um aa helsa med song um kvelden. Paa vegen til Victoria hotell, der Bull budde, sankadst det folk til allstødt, og daa dei kom fram, stod der alt ei stor ventande

folkemengd, so det visst var ei 3—4000 i alt. Etter ein song gjekk eit sendelag inn og bar fram helsingarne aat han. Daa han so fylgde ut, vart han helsad med hurrarop av folkemengdi. Han takkad og ynskte framgang fyr Norig i alt godt og vent. Atter song, og under hurrarop fyr Ole Bull skildest folkemengdi.

Vinje helsad han med eit dikt, der det ljomar av den miskjenning, han hadde voret ute fyr i dei tie sidste aari:

„So er du femti aar i dag,
vaar store Ole Bull,
med ungdom enn i andlitsdrag
og magti lika full,
med same elden i din hug
og hugnad i din smil
og med den same gamle dug
til dikt og felespil.

Han anten døyr, den store mann,
naar han er vaksen ut,
han elles vert so gamall, han,
som feite tyreknut.
Den store aand gjer kroppen fast
som gamalt solbrent tre,
naar ikkje han i største hast
strakst brenner huset ned.

Du miste det, som missast kann .
forutan arme liv,
og kom som kvar uheppe-mann
fyr lygn og drøse-driv.
Og attpaa det du spela laut
— det liksom var til bot —
og spelad so, at blodet taut
or fingers naglerot.

Den tanken, som me trudde best,
som skaut oss eld i barm,
den tanken tidt og tyngde mest
og gjorde heitan harm.
So var det stødt, men endaa mod
fær mannen paa si ferd.
Den tanken, som til gagns er god,
eit liv maa vera verd.

Den store mann fær mykje godt
den stund det stender paa.
Men stundom fær han haad og spott,
naar folket snur seg fraa.
Ja livet er baad' vaatt og turt,
for folket so me sjaa,
at dei det gode kasta burt,
so snart dei kann det faa.

Kven hatar folket vel fyr slikt?
Det er ein armods mann,
som ikkje i sitt eiget dikt
ein himmel finna kann.

Det tidsnok er aa gleda faa
og sleppa or si naud,
naar mannen vel er herifraa
i fred og sæl er daud".

Ole Bull etlad seg aat Sverige. Det var midt i heitaste stathaldarstriden, og mange av dei, som fann aat hans brennande norske hug, ottadst fyr, at han ikkje skulde vera god-til styra seg men gjera galenskapar i grannelandet. Andre totte, han var nett rette mannen aa senda dit no, so mykje dei kaute svenskarne kunde sjaa, at me og hadde folk med æra og ikkje var heimealne styvingar, som dei meinte.

Han reiste fraa hovudstaden den 7de februar, og alt paa Kongsvinger fekk han ei minning um, kor leidt det var aa koma til rettes med svensken paa den tid. Han heldt koncert der, og etterpaa var det eit morosamt lag fyr han og Vinje, som fylgde med dit. Bull tømde skaali fyr Kongsvinger og minte um, at liksom den byen under vaar faavise strid med Sverige hadde teket imot den fyrste støyten, soleids skulde det no vera den, som gjenom den handel og ferdsla, jarnvegen vilde skapa, rette handi yver grensa til brorstak, men, lagde han skjemtande til, no er det vel best aa draga ein silkehandske paa handi, til dess all smaavoren strid er utjamnad.

So fint og høvelegt som detta vart sagt, var det endaa ein svensk „brukspatron“, som vart støytt, so han gjekk or laget. Og detta synte godt saarleiken i Sverige, naar ikkje slike løglege og harmlause ord skulde verta tolde.

So var han i Sverige og hadde Peter Bjørnson til fylgjesvein. Han heldt ei mengd concertar i Stockholm og andre svenske byar, og fagnad vakte han, kvar han foor.

„Hans diktargaava er den rikaste kjelda og hans hagleik som spelmann det største bisn“, skreiv den namngjetne svensken Aug. Blanche, som teiknad hans bilæte. „Men naar ein høyrer han, kven kan tenkja paa det eine elder det andre? Kven tenkjer etter bogedrag og fingertak? — Det er usturteleg med perlur fraa høge fossar, sus fraa rike skogar, fuglesong og kvitter. —

At han kom hit nettupp no, daa det norske spursmaalet hev kveikt alle tankar og vakt slik fæl ilska, er vel berre eit høve. Elder er det eit knip av nordmennerne? Innbiller dei seg kann henda, at vaare stokkar og steinar i riksdagen skal dansa etter den nye lyra aat Orfeus? Dei hev dansat etter ringare felur.“

I mai var han atter heime, spelad i fleire av smaabyarne, og i juli var han i Bergen. Daa han spelad der, var det berre halvt hus. Vistnok

fekk han mykje fagning, men reint godt var det ikkje millom han og Bergens-folket. Daa han dagen etter reiste til Valestrand, var han ikkje tenkt aa koma til byen atter. Paa „Villspel“, seglbaaten sin, vilde han fara til kryningi i Trondhjem.

Men det vart ikkje til nokot med det hugsvivet hans. Daa han hadde kvilt paa Valestrand, var det atter paa ferd i september.

Denne gongen vart han ovfagnad i Kristianssand. Paa bryggja vart han helsad av militærmusikken og ei stor folkemengd, som fylgde han til husa. Og seinare um kvelden fagning utanfyr bustaden med hurra og song. Andre dagen spelad han i Ekserserhuset fyr soldatar og nokre andre — det gjorde han fyr inkje. Daa han so reiste middagsbil, fylgde musikken og folkemengdi — det meste var kvinnur — paa bryggja. Paa eimskipet heisad dei æresflagg, og under æreskot og hurra foor Ole Bull fraa Kristianssand.

Spelad so i Kristiania fyr fullt hus, vakte fagnaden som fyrr, strauk so ut paa ferd, og fyrst tvo aar etter — i 1862 — stod han paa norsk grunn atter. I hovudstaden spelad han med den gamle kveik, hjelpte Myllarguten og vilde kveikja uppatter det norske selskap, som hadde dovnat av og ingenting gjort.

Ogso denne vetter skulde han verta ein fyregangsmann i ein norsk strid. Teatret hadde han arbeidt lenge fyr, og gong paa gong hadde det voret kakkat paa dyrri hjaa storthinget og bedet um hjelp fyr det. Men gong paa gong kom det avslag. I 1860 hadde Bull sagt, at eit norsk teater i hovudstaden vilde vera „ei hjelp, som var sterkare en alle innstillingar“. Han meinte fulla, at det hadde fylgjur, større en nokon kom i hug, at folket i hovudstaden 3 gonger i vika skulde gjera ei ferd til Kjøbenhavn. Det hjelpte alt lika mykje. Det var ikkje aa faa annat en avslag.

Men han heldt fast ved sin tanke um det norske. Teatret hadde ein, slikt det var. Og no vilde han hava gjort aalvor av „norsk orkester i eit norsk teater“. Me maatte hava ein norsk musikkskule. Ole Bull visste fulla godt, kor ulagelegt det var, at norske musikkfolk skulde ljota faa si upplæring utanfyr landet. I eit stykke, som Jonas Lie hadde sett i pennen aat han, heitte det soleids:

„Eg hev voret med og set, at det unge flagg vart heisat yver folket, *det*, som no pryder hamnarne i vide verdi, og som alt paa halv stong hev syrgt yver mange av dei, som var med og heisad det i møda og andstraum. I detta

flagget rullande ovantil, og grunnlovi nedantil, hev den norske riksbygnad sitt golv og tak, og huset vert set ute i verdi og hev namn millom folkeslagi. Men det er ikkje ferdigt med det, og det var vel synd, um me no let det vera i slik halvferdig stand — fyr vind og væta. Der er endaa mange rom aa tekkja og innreida, soframt der skal vera buande paa skapleg vis fyr eit upplyst og danat folk.

No er det so nokorlunde sett byte millom det danske og det norske teater. Men rundt i kring paa veggjerne heng maalarstykke av alle slag kunst fraa dei mest ymse folk. Som ventande i ei sjømannsstova som vaar er dei heimførde fraa alle heimsens kantar. Det er so mykje framandt og so litet av det, som verkeleg er vaart eiget. Jamvel dei fleste emne fraa vaart land vert fullførde i utlandet — av kunstfolk, som stundar heimetter, det er sant, men med eit trælande utlægsmerke paa, sett der av den laante framande pensel. Eg hev havt so mangei syrgjestund saman med desse, som ein raakar alle stader i verdi. Det er ikkje so mykje fatigdomen som den nationale hugløysa, som hev landlyst dei. Me hev talat um samdraumen aat alle norske kunstfolk: Aa faa koma heim og leggja krafterne saman i skular. Der skulde den

unge norske kunst naa ein fri manndom, so Norig kunde faa den æra, som dei framande no tek fraa det. Naar lengtingi vert for strid, flyt dei heimetter paa maafaa — baade maalarar, musikkfolk og bilæthoggarar —, og daa støyter dei paa det gamle graa skarvet: Hugløysa i heimelandet. So maa dei ut atter. Men dei gløymer det gamle og røyner seg paa nytt lag, og ein og annan fær til slutt litetvetta fotfeste. Hine maa utatter og røyna den gamle soga. Men denne kunstsoga vaar er ei skam fyr folket og syndleg mot dei menn, som soleids hev gjort kunsti til sitt livsyrke og nøydest ganga og selja vaar æra i utlandet.

Mi sak her i verdi er den norske musikk. — — — Og mit folk bør tru meg, naar eg segjer, at eg høyrer ein merkeleg djup og serlagad songbotn skjelva inne i det. Mitt livsmaal hev det voret aa strengja den, so han kunde faa tala ut, so den djupe røysti kann laata inn under kyrkjekvelven og som Norigs eigen kyrkjemusikk bera presteordet til hjarto aat menigheiti, so ho paa slagmarki kann minna landsforsvararame um heimetufter, so ho kann laata fraa orkestri og dana og reinska vaar norske kunst, som berre hev *den* grunnen aa standa paa, og so ho kann klinga paa pianoforti rundt i landet inn i huslivet! — —

Eg hev trøytt mit liv med aa vilja kliva uppetter det same graa skarvet, som dei andre norske kunstfolk hev røynt seg paa, med aa vinna paa den avnorskade musikalske sans. Eg gav eingong 4000 krunur til hjelpekassa ved teatret og let vedkomande nytta dei etter beste skyn. Helvti vart gjevet til ein styven tysk klarinetblaasar, som kom burt i Amerika. Faafengt hev eg tilbodet meg aa styra orkestret og dikta aat teatret, og elles hev eg gjort alt, som gjerast kunde, so eg fekk brøyta meg vegen til aa rettleida i norsk musikk. Men jamt hev eg støytt paa det gamle kjende og atter gløymde graa skarvet".

Som alltid naar han var uppglødd av ei sak, arbeidde han trudt og gav seg ikkje i andstraumen. Hus til musikkskulen fekk han fritt. Og saman med M. Lindemann søkte han stortinget um statstilskot. Vonerne tottest gode. Kongen lovad aa gjera sitt beste, og sjølve riksraad Riddervold skreiv framlegg til stortinget og bad um 6000 krunur um aaret til skulen. Men Bull støytte atter paa „det gamle kjende og atter gløymde graa skarvet". Som han sidan sagde, fekk han „den spotten, at regjeringi og alle storkararne røystad fyr og bønderne imot". Sameleids som

fyrr, og han var leid, sidan bønderne so litet skynad han.

So var det ikkje meir aa gjera. Men tanken var lagd fram, og han døyr fulla ikkje.

Og endaa mismodet tok Bull, kom hans samhug med dei smaae i landet alltid atter frisk og varm som fyrr. Det syner hans tolvskilling-koncertar. Hausten 1863 spelad han fyr medlemerne i Arbeidarsamfundet og sumaren 1864 i hagen paa Klingenberg. Daa var det visst ein 20,000, som høyrde han.



XVI.

Ole Bulls fyrste ægteskap.

(1836—62).

Det gjekk upp i sol og vart ført under mange skifte, til det gjekk ned i regn. Det hadde fulla mange solskinsdagar, men det regnde alltid, med' soli skjein og, aldri var dei heilt sæle under samlivet korkje han elder ho.

Daa aalmenningen tottest eiga Ole Bull, skulde plent hans husliv og høyra med til denne eign. Og domen fall so ymist baade um han og henne. Og kven som hadde skuldi og mangt i same leidi, var det ogso ymis røda um.

Um detta fortalde A. O. Vinje alt 1859:

„Ole Bull er ein mest makelaust ulukkeleg mann i sitt husliv, men so vidt eg kjenner til det, og det er ikkje so litet endaa, so er han ikkje skuld i det meste, ja eg torer segja so stort eit ord, at ikkje rett mange vilde hava tolt so mykje som han. Det er ein saar og mest umogeleg ting aa tala um, kven som hev skuld i husleg ulukka, av di det kjem so mange smaating

til, som fyr andre berre kann vera til aa læ aat, men som fyr dei skylde endaa kann verta eit livsspursmaal. So rart er det menneskjelege hjarta! Men naar ein i detta stykket endaa talar um Bull, so maa hans stilling og heile lagnad med all hans store kunst og hugnad og fegre takast med fyr aa kunna tyda alle dei grøtelege mistydingar og lygner, som kunde skrivast heile romaner og komedier um, soleids at folk aldri skulde hava leset maken. Eg hev setet med han og høyrt slike rispur, at Shakspeare ikkje kunde finna paa slik galenskap og løgje, og alltid hev han fortalt med vyrdnad fyr andre -- utan hat men tidt med taarur i augo og bankande seg fyr kjempebringa si, so det skrunde, liksom naar ein slær paa eit holt tre med øksehamaren".

Detta vitnemaal er i vissa sant. Ein kann snaudt lesa eit einaste av brevi millom mann og kona, utan deira mishøve gjer deg tung og uglad, og di lenger det lid, di meir veks dei fraa kvarannan — so berre suti og graaten kvelver seg yver dei baade.

Hans glans og sigrar blenkjer ikkje yver henne, men sorgerne hans tyngjer med si fulle vegt.

Og det heimliv, ho kunde bjoda han, hev ikkje rette svipen fyr han. Det berre tærer og

piner, so han atter maa burt, med' burteværet piner og tærer dei baade tvo.

Men kven hev skuldi? Baade tvo og ingen av dei — som ein tek det. Og kven leid mest? Ein nordmann kunde tykkja, det var han, men ein franskmann kunde ikkje skyna annat, en at det laut vera ho.

For kvat var i vegen? Alt baade stort og smaatt, men der er eitt, som alltid er i vegen og er upphav til alt: *Han er nordmann og ho ei fransk kvinna.* Men skulde dei ikkje kunna leva lukkelegt saman fyr det? Eit vaagespel er det i vissa alltid med eit sovoret ægteskap, endaa det læt seg fulla. Men daa maa dei ikkje vera som desse tvo: Han ein nordmann, som ikkje kunde nokot annat vera, og ho fransk og ingenting elles. Det er urett aa lasta dei fyr det, dei i so maate var. Dei kunde ikkje vera annarleids korgje i det stykket. Ikkje kunde han verta fransk og ho ikkje norsk.

Einn kann nøyda seg til mangt, naar ein berre vil, og det synest, som Ole og Felice hev viljat nøyda seg kvar ein gong. Men baade tvo fekk det lika litet til. Og soleids vert deira samliv eit jag fraa eit mishøve til eit annat.

Han er son av eit ungt folk, som eig liten vyrdnad i verdi men lika vel hans heile og heite

kjærleik. Fyr det folket vil han baade leva og døy, vil reisa det, som velt er, og byggja og bøta paa alle leider. I Norig vil han hava sin heim og si grav, men ute paa vidderne maa han ferdast, forkynna det kjære namn fyr verdi og vinna gull og æra baade fyr seg sjølv og folket — plent som ein gamall norsk viking.

Men ho høyrer til det gamle samfund med gamall daning og faste former. Det er trulegt, at ei engelsk kvinna kunde skynat hans hug til dei lange ferderne og kann henda sjølv voret med som godt fylgje. Men Felicie, ei fransk kvinna, hadde nok i Frankrig. Ein lyt hugsa, korleids dei franske er i so maate. Jamvel dei største aanderne hev nok i den heimslege daning og heimemaalet. Dei treng ikke til andre — bryr seg ikkje um andre. Og var so ikkje Frankrig stort nok aat Ole Bull? kunde han trenga alle dei andre? Det var uraad. Den, som kunde faa bu og vera namngjeten der, hadde verdi heime hjaa seg. Og Ole kunde eiga den verdi, berre han vilde stella seg so. Og so den kjærleiken til det stakkars Norig der upp i isen. Den tok seg ut mest som galenskap. Dei fleste kvinnur fraa eit stort folk vilde tykkja det same, naar det ikkje berre var tale um bisnelege

ting fraa det vesle landet. Men aa bu der — det var reint uvit. Og det vilde Ole.

Han norskeguten levde all sin dag i hugleikar og store draumar, med' ho franskegjenta vilde byggja og bu paa sletti i dei faste og finslipte former.

Han skulde skapa alt av nyo. Ho vilde berre fylla det, som var godkjent.

Gode og snilde var dei fulla baade tvo, og godviljen lagde dei til, men alt detta kunde ikkje døyva dei store mishøve, som dei trælad under og kjende so vel, kjenslesame og gløgge, som dei var.

Det var ikkje lenge, fyrr det støytte i hop.

Dei stod unge, og soli skjein so varmt yver deira friske kjærleik, at det lyste av skildnaden ei god stund utetter millom skuggarne. Men alt i fyrste brevet skreiv ho: — „Men eg vart svært forbinad paa, at De, som hev so myki skynsemd, kunde falla paa aa senda brevet *lika* til meg. De maa daa vita, at slikt tykkjest svært undarlegt, naar ein skriv til ei ung gjenta“. Ho bed, at han ein annan gong vilde senda brevet til godmori. Ho tenkte visst ikkje annat, Felicie, en at hennar franske syn paa detta galdt fyr heile verdi. Men fyr Ole kom det i vissa som ein kaldskvett. Og sameleids i eit brev fraa godmori nokot fyre

brudlaupet: „Naar De ynskjer aa skriva til Felicie, gjer det daa paa sjølve brevet til meg og skriv paa *fransk*!“

Dei fyrste aari, etter dei var gifte, synte ho godviljen sin til aa vera med paa dei lange ferderne. Men alltid stundad ho til Paris atter. Ho gret yver engelsken og kannadst litet med tysken. Ikkje hadde ho helder laget til aa verta glad i det, ho saag i framandt land. Hugen var det ikkje, som dreiv henne. Ho fylgde fyr hans skuld. Sjølve vidferdi gav henne ikkje lika fyr strævet. Han freistad aa snu hennar tankar mot vidderne og deira storsyner, men det lukkadst ikkje, endaa han bad henne so vent um aa gjera sitt beste. Ho var so reint annarleids en han i so maate. Um ho enn var med paa langferdi, hadde han likso liti gleda av det som ho.

Han kjenner tidleg, at „snart kann kjærleikssmilen verta til saar graat“.

So var det ingi raad annat, dei laut leva skilde, og heimlivet kunde ikkje beinka dei saman helder: „Eg ser av alt detta, at eg berre er altfor glad i deg“, skriv han, „og det er ei ulukka, naar ein lyt skiljast aat. Men det er uraad annat, so lenge du vil leva i Paris. Eg veit ikkje rett, kvat kjensla det vakte hjaa meg, men eg totte, eg kom lenger og lenger fraa deg,

og eg trur, det kunde teket ei gali leid til slutt! Eg finn soleids ikkje ord fyr den kvida, som du hev latet meg lida ved detta. Du segjer, at du hev sett deg fyr aa bu i Tyskland og bringa det offer, — læt du daa etter deg so mykje i Paris, at du tykkjer det er eit offer aa vera nærmare meg?“

Han trudde um henne, at ho var meir stortenkt en andre kvinnur, meir sjølvstendig, so alt smaapuslet vart inkjevetta fyr henne. Og daa maatte langferderne draga. Men det gjorde dei ikkje.

Og etter dei faafengde freistingarne gjenom dei 5 fyrste aari av deira ægteskap, vart det aldri prøvt uppatter aa taka henne med til langferd.

Men so vart det eit jag etter aa finna ein heim, der dei kunde trivast saman. Og som det viste seg, at ho ikkje kunde njota langferdi, vart heimen naudturvelegare til kvart aaret. Fyrstundes er det, liksom heimen berre er ein ljos draum fyr framtidi. Kunde ho berre vera med paa viddi, so vilde dei „leva og reisa saman og døy saman“.

Og heimen er berre som eit hugsviv. Soleids skreiv han 1837: — „Eg tenkjer mykje paa mi Norigs-ferd i aar, — dersom du kann fylgja meg. For eg vil ikkje reisa einsaman og lata deg vera atter.“ Dei kann bu paa Valestrand. Berre ho

kunde lika seg der, so var der fulla fint. „Me kunde med faa utlegg gjera garden meir og meir grøderik, — leva langt fraa vaare uvener og berre sjaa vener. Fær me so hug til aa vera med i verdi atter, kann me paa tri dagar vera i England, paa fire i Frankrik. — — Vedrlaget er mildt og godt. I skogarne er berre hjort, hare og rev. Ulv og bjørn finst ikkje. Vatni hev framifraa god aure, og havet vil forsyna oss med laks. Me dreg oss undan til vaar fagre heim med barnet vaart — kvat skulde me so sakna? Med' han endaa er liten, kann han leika seg med kjuklingar og duvur, og han vil hava moro, som høver til aldren. Men detta er berre eit hugskot. Det foor gjenom hovudet, med' eg tenkte paa vaar ægtelukka i framtidi — me fær sjaa!“

Og dei kom til Norig 1838. Men endaa det var som ei festferd, hev Norig ikkje vunnet hennar hjarta.

I 1840 fekk ho han til aa bu med seg i Paris — spela der og finna verdi der. Men vanlukka var etter han. Han berre sette til pengar og leid tap i si æra. Fraa den tid vert han reint unøgd med hennar fedraheim, og det unøgjet aukar paa. Det er ikkje fritt, at ho og Frankrik stundom vert eitt fyr han.

„Eg trur sant aa segja“, skreiv han same aaret, „at skulde eg butt i Paris ei tid, hadde eg vortet galen, nauten elder ein fuling. Skal ein vinna fram der, lyt ein vera eitt av det“. Han trur ikkje, der er godt fyr henne og vesleguten helder, „men du hev viljat vera i Paris og fær viljen din!“ Men at han skulde spela der, tykkjest berre ei luna av henne. „Aa Paris, Paris, — du hev voret meg hardla dyr!“ ropar han seinare. Og lika vel tykkjer ho, det er undarlegt, at han ikkje elskar det! Og ei tid etter: „Naar eg kjem i hug det, eg hev lidet i Paris, vil eg ikkje sjaa det atter, nei eg er ikkje god-til! — Og naar eg hugsar, at du elskar det lika sterkt, som eg hatar det, er eg paa veg til aa faa stygg til deg. — For det hev ikkje berre kostat meg mykje, men det hev skadt mitt namn og teket mi tid og helsa. Og du elskar det, og — um eg vart myrdad der, du vilde elska det lika fullt! Jaja, bu der, fostra upp barnet vaart som parisar, lat han læra seg til aa læ aat vanlukka til den stakkars far sin.“ Han legg til sjølv, at han er sjuk og hugsprengd. Og det er fulla, naar han det er, at slike tonar læt. Men det same lætet kjem atter gong paa gong. Han slengjer tankarne fraa seg, men dei kjem atter.

Men som han lider, daa han jamt lyt vera

„landlaupar og utlæg“! Han toler det ikkje lenger, han er sjuk. „Men eg fær finna kvildi i mine fjell, fela mi fær vera mitt selskap, — eg vonar, at ho ikkje svik meg“.

Han hev daa lika vel som ei von, at han kann faa reisa til Norig med son sin. Kor mykje betre hadde det ikkje voret, um dei hadde kosat seg saman paa landet der uppe heile lyden! Han bed Felice atter tenkja paa Norig. Det er likt til, at han laut av stad, um ho ikkje kunde fylgja og. For kvila kann han ingenstad elles.

„Det er so langt ifraa meiningi mi aa ganga deg og dine vener for nær“, skriv han og bed saa mjukt um tilgjeving, dersom han skulde gjera det lika fullt. „Eg vilde berre vekkja din hug til aa kjenna deg rak og sjølvraadande i verdi. Eg vilde hava deg til aa sjaa vaare høve i tidar, so tregen ikkje skal koma etterpaa og skjemma dei dagar, me hev atter. Dei meintest eg aa faa leva saman med deg og vaart kjære barn millom vaare sanne vener og vaar ætt, som er di og, endaa ho ikkje talar ditt tungemaal. Mor mi hev daa talat hjartemaalet til deg, og du hev skynat det godt. Kvifyr er du so lika sæl, at du ikkje vil læra mitt maal? Slær ikkje dei norske hjarto lika varmt som dei andre, elder hev dei ikkje møtt deg tyde og blide nok? Er

ein daa ikkje mætande, utan ein er budd etter fransk mote? Kvifyr daa denne vanvyrding av alt, som ikkje er fraa Paris? Du hev for myki skynsemd til aa halda paa slikt rangsyn! Kvifyr er daa du med ditt framifraa lag og godlynde kaldvori mot meg og mi ætt? Det grev meg i hjartat. Ver deg sjølv, ver heilt mi, elsk meg, som du kann elska og ver ikkje vond paa meg. — Eg vedgjeng mine store brestar og min urett, men ver mild mot min braadhug og tilgiv, at eg er framtalande — altfor mykje kann henda. Og kom i hug, at eg elskar deg og barnet. Ver fyrst og fremst kvinna med hjarta og tak vel upp det, eg hev sagt, endaa det er komet helder kvasst. Hugsa paa, at eg berre hev deg og barnet i verdi, og fyr dykk vilde eg vaaga livet. Seg meg di meining endefram, naar du hev tenkt deg um, og send meg snart eit svar“.

Jau so skal det bera til Norig atter, og det lyfter seg i han.

Sumaren 1841 kom dei til Valestrand, men ho fyste ikkje etter garden, fyrr ho kom, og det vart liten trivnad fyr henne. Og so unte ikkje han helder. Det aukad hans uro, og han maa ut paa ferd atter, det han kunde maatt, um han hadde trivest aldri so godt og.

Daa var ho etter i Bergen, men tankarne

drogst til det vene Frankrik og hennar „stakkars godmor. Eg ser henne visst aldri meir atter“, skriv ho. „Men lagnaden min er no eingong soleids, og den lyt eg fylgja. Det er eit ufyset vedr her, fælande regn og ein øgjeleg vind. Det er det skræmelegaste vedrlag, eg nokor tid hev set. Aa, kor det er tungsamt. Aa vera einsleg her er fælt. Men eg maa leva fyr mine born, som eingong vil elska meg, vonar eg“.

Det vart ikkje stort likare fyr henne, daa dei hausten etter flutte til hovudstaden, for ho kjende seg lika einsleg og helder ikkje lukkeleg.

„Eg kjenner fulla, at du ikkje er det med meg“, skreiv ho til han, daa han var paa ferd i Sverige. „Dei fortel meg so mykje — desse nordmenn er so framsnakkande! Men kann henda kjem den tid, daa du vil skyna, at eg held av deg fyr di eigi skuld. Det er grunnen til, at eg ikkje smeikjer deg, for eg heldt av deg, daa du endaa var ukjend. No hev du so mange vener her, at du reknar meg fyr inkjevetta“.

Men ho giv ikkje stort fyr disse venerne hans. Det er nokre undantak, framifraa vener og, men jamen kostar det og aa leva her med vener av det slaget, som han hev. Dei kjem og skal eta og røykja godt.

Kann henda ho hadde rett, men visst er det

og, at dei finaste, aandrikaste og beste menn, Norig aatte, var venerne hans. Og han var visst glad i mangein av dei, som ho vanagtad. Han knytte seg til det norskaste i Norig, med' ho lagde hugen til det, som viste mot fransk syn og levemaate.

Heim var det ikkje aa finna i Norig paa slik vis. Men han kunde gjera eit hallingkast yver suti, for det lyfter under vengen til Amerikaferd. Ho hev ikkje nokot imot det men er helder glad, daa ho skal faa koma til Frankrik atter.

„Aa“, skreiv ho til han sidste sumaren, dei daa var i Norig, „eg hev aldri voret so tungsam og ulukkeleg, som eg no er, og eg ser framtidi i det myrkaste ljos! Du reiser til Amerika og er glad. For du veit, at du fær vyrdnad, skryt og fagning allstad. Men du tenkjer ikkje paa, at me kann henda aldri ser kvarannan meir. Eg gjer ikkje annat en græt. Eg fær ikkje sova, eg hev so ilt fyr bringa, men eg segjer det ikkje til nokon, for eg kjenner ikkje ein skapning, som kann skyna meg. — — Aa, kor eg lider —“.

Soleids klagemaal alltid, so ein frisk mann kunde verta sjuk. Det var berre eitt, som kunde gleda henne, men verta franskmann kunde han ikkje.

So laut han svala seg og vinna gull og æra.

Kona og tri born fylgjer han til Paris, og det er likt til, at ho hev likat seg so godt der, at ho litet kom i hug han paa vidderne. I minsto klagar han i tvo brev, at han ingenting høyrer fraa henne, og lenge var det ogso, fyrr ho skreiv.

Men. Valestrand og heimen kann han ikkje gløyma, ja det er, som desse hugmaal fær si fulle magt paa denne brikne stormannsferd. Odelen til ættargarden maa daa eldste sonen ikkje missa, endaa han sjølv kann henda ikkje kunde faa bu paa odelsgrunnen. Men litt heim i Norig i minsto.

„Endaa du som regel ikkje held av landet“, skreiv han til Felicie, „vil du kann henda vera glad, um du nokre sumarsmaanar fær bu paa vaare eigne jorder. For til dessa hev me alltid butt hjaa andre, aldri fyr oss sjølve. Eg vilde so gjerne kjenna, kor gildt det er aa hava ein „heim“. Aa, det synest meg so naudende vent! Kor borni vilde hava moro der! Og kor me skulde freista aa stella det gildt til der, utan ovbunad men hyggelegt.

Fyr ei tolv tusund franks kunde me byggja og innreida eit heilt hus med full bunad. Me skulde stella til ein fager hage, planta fine tre og vakre blomstrar, og so skulde me gjera bønderne i kring oss til lukkelege velstandsfolk.

Me skulde spela, rida og kjøyra inne paa Osterøyi. Me skulde fostra upp vaare born, giva dei ei uppfotsring — moro og upplæring samstundes — og gjera kvarannan lukkelege.

Naar sumaren er faren, trøyter me vetteren, der me lyster, og er eg paa laget til det, so giv eg koncertar — og eg vil vera upplagd til det, naar eg ikkje treng gjera det fyr levemaaten“.

Ein kann ikkje sjaa, kvat svar han hev fenget paa draumen um den norske heim. Men vonerne var ikkje gode, ja han skriv i eit seinare brev, at det fulla er uraad med hans draum.

Lika vel maa han reisa til „det vene Frankrik“, det han i vissa ikkje hadde gjort, dersom ikkje ho hadde voret der. „Lengslen etter aa sjaa deg og vaare born atter er stor,“ skriv han, „men eg kjenner vel, at du knapt elskar meg so høgt, som eg elskar deg. Eg hev kjent det lenge, fyrr eg reiste. Tru ikkje, at eg lastar deg fyr detta, det er ikkje di skuld. Der er andre, eg kunde faa ein pikk til, dersom det var so mykje verdt! — no er eg roleg og buen paa det. — Eg veit ikkje, um eg vert lenge i Europa, men i vissa vert eg ikkje med min gode vilje lenge i Frankrik!“

Og komen til den franske heim, var det, som han hadde sagt, ikkje lenge fred aa finna. Det var kostesamt aa bu der, og spela laut han.

Men kjærleiken til Frankrik aukad ikkje paa ferderne der, endaa det glimad av dei. At han ogso i andre land havde havt dei franske mot seg, skilde han meir fraa landet. Det var ogso for litet hjartelag i dei franske, totte han.

„Frankrik hev voret meg ei kjelda til armod og tjon til alle tider,“ segjer han. Og aldri snudde hans tankar seg i so maate, so han ikkje brydde seg um aa spela der helder.

„Det er eit holt fanteliv, musikkfolket jamnaste fører i Paris“, skriv han til sonen 1866, „fyredraget so ufritt, trutet og tilgjort, som berre raad. Korleids kann du daa koma paa, at eg skulde kunna brjota meg igjenom desse løynraaderne og fantegreidurne, som du, kjære Alexander, ikkje hev eit hugsviv um. Det gjeld aa vera til vens med slengen, for kunsti er sidesak — mjølkeku berre! Alle andre stader er folk rettvisare en nett der, endaa dei plent vil vera alt mogelegt“.

Men Felicie er glad, berre han kann trivast eit bil i hennar heim. Det er eit livsspursmaal fyr henne. Og han ser, det ikkje kann vera tale um aa skifta bustad atter, men han sjølv kann ikkje bu i Paris, hev beint fram ikkje raad. Og so fer han sjølv sviva heimlaus i verdi og vera glad, fyrdi hans kjære hev ein heim. Sjølv tenkjer han paa baade Ostindia og Sudamerika.

Han maa berre sviva — kann henda han kjem burt i alle dei eventyr — han tykkjer, det lett kunde henda. Difyr lyt kona faa greida paa alt, dei eig, so ho kann raada fyr det, um eitkvart kjem paa.

„Eg tykkjer, det er tungsamt", skriv han, „at høvi jamt skal nøyda meg til aa lyda meir etter min skyldnad som husfar en den kjensla, eg hev i so maate".

Men denne gongen — 1848 — kom han til aa driva upp under heimestrender, og der ropad det paa han, og han laut vera med i vaarlivet. Og daa vaknad trongen til aa eiga heimen der paa nytt. For aldri hadde han kjent seg bunden til heimetufterne som no.

Og som han knytte seg til arbeidet heime, trong han sine kjære hjaa seg. Daa kjøpte han Andøyi ved Kristianssand, og der skal fulla verta fint. Men Felicie fyser ikkje etter denne heimen helder, og det var ikkje fyr den, ho 1849 flutte inn paa Andøy. Men so kunde ho vera nærmare sin kjære Ole, og fyr hans skuld gjorde ho ferdi.

Kann henda han fekk for faae stunder til aa tenkja paa seg og sine, for Norig tok han so heilt. Og visst er det, at Felicie ikkje hadde det godt.

„Du segjer, at du gjerne vilde vera paa Andøy“, skriv ho til han, „men eg trur ikkje, at du kunde halda det ut. Det er ikkje mykje hugsamt aa vera her. Vedret er fælt, her er alltid storm, og um natti kann ein ikkje sova, slik hyling det er med vinden“.

Han fortel um sitt arbeid, ho minner um alle dei utlegg, som det visst krev. Han fortel henne um den fyrste siger, og han fær atter hennar sukk: Ho er ikkje med, elles kunde ho i minsto notet hans sigrar. Men det er no eingong hennar lut: At ho ikkje hev mange gledur i livet. Og visst er det: Ho lagde graat inn i hans gleda, og det kom kaldt, so det isad, naar han stod uppglødd og fegen ved sitt arbeid.

Det gjeng ikkje fyr han i Norig, han uppgiv det og diktar seg eit nytt Norig paa andre sida av havet. Og der kann Felicie endaa mindre fylgja han.

Soleids vart dei jagade av lagnaden, det var ingen fred aa finna. Krigen laut verta hans liv, men Felicie var ikkje lagad fyr krigen, so den kunde ikkje giva henne helsebot fyr suterne. Han tyngde dei ogso ned, men dei jagad han ut og til ferderne og spanad krafterne til nye verk.

Naar ein ser detta heimlause jag, kjem ein til aa minnast fornsegni um Njord og Skade.

Dei var ægtefolk dei tvo, men han var heime i Noatun paa havstrandi og ho i Trymsheim til fjells. Daa vart det spursmaal, kvar dei skulde bu, og dei samdest so, at dei skulde flytja imillom og vera nie døger paa farsgarden hennar og tri i Noatun. Men det gjekk ikkje lika vel, — daa han kom til sin heim, kvad han:

„Leid og kjeid
av knausarne vart eg
i næterne
ni til fjells.
For illa meg hugad
ulveglamen
fyr svanesongen
ved sjøen".

Men Skade foor til fjells og rende paa ski etter ulv og bjørn, med' ho kvad:

„I skogen ved sjøen
eg fær ikkje sova.
Der maasen meg vekkjer
i morgonotta,
og fuglarne gaular
meg øyro fulle".

Det er likast til, at dei levde reint skilde sidan.

Det var ikkje det, at kjærleiken traut millom Ole og Felice, deira brev giv det eine vitnemaal sterkare en det andre um det.

Hadde ikkje den voret so sterk, so vilde

ikkje mishøvi helder hava teket so sterkt. Og det vantad helder ikkje, at han vil taka henne med i si kunst. Han fortel um sitt arbeid, um meinraaderne, um sine nye tankar og gjøymer seg ikkje burt, han vil hava henne med i alt. Det hev visst ikkje lukkast jamt, og det er liksom ho ogso hev voret minst med, der han stod heitast. Og so hev han fulla maatt leva meir fyr seg sjølv, en han vilde. Eingong klagar ho paa, at han fortel for litet, og det er sant, segjer han. Ho gjøymde seg meir og meir burt, og ho var snøggare til en han. Alt tidleg ottadst han, at slikt skulde skilja dei fyr alltid.

Det var i vissa sant, daa han skreiv: „I mitt kunstliv hev du voret mitt mynster. Til deg hev eg komet med mine klagur og gledur og stamat fram kjærleiksfulle ord. Eg hev viljat trengja inn i di sjel, so eg kunde verta eitt med deg. Eg hev lastat deg som ingen andre utan meg sjølv. Ogso paa den maaten hev eg sett deg framum alle andre menneskje — hev eg gjort galet? Hev eg det, so hev eg og gjort galet i aa elska deg. Men du vil sagta agta deg fyr aa klaga paa meg fyr det. For du hev gjort det same mot meg, og det er velgjort av os baade. Ikkje sant? I røyndi er me tvo raskollur — slike som den mest rusande og trune kjærleik kann skapa“.



Fru Alexandrine Felicité Bull,
fød Villeminot.

Dei talad liksom i kvar sitt tungemaal, fraa kvar si strand, fraa kvar sin heim.

Den, som kunde tøygja seg lengst, var visst han, ho var meir bundi til det ferdige.

Brevi millom dei er paa fransk. Nokre faae paa italiensk, men det laut han slutta med tidleg. I 1857 skreiv han eit paa sitt morsmaal. „Det er fyrste gong i dei 21 aar, me hev voret gifte, at du skriv til meg paa norsk!“ svarar ho paa fransk. Ho vil ikkje, at han skal taka desse ord som last, for ho skynar maalet godt, naar ho les det, skriv ho.

Nei han skulde ikkje taka det som lastord, men det er sjølvsagt, at han gjorde det. Og det var mangt slikt gjenom dei mange aar, som ikkje skulde takast som illalæte og lastord, var vel ikkje meint soleids helder, men lika vel verkad det som last og illalæte fraa baade sidur. Ordi gjekk og kom i brev og samliv, og ægte og sanne som desse tvo var, var ordi det og. Ole hadde god grunn til aa vera, som han var, og ho og. Og med ordi sameleids. Men det eine kunde ikkje samsvara meir en det andre.

Illalæte! Ja brevi er fulle av det. Det var i vissa meiningi, at det skulde berre jamna dei saman. Men det vart ikkje — det berre saarad, ikkje minst han. For han var barn i so maate.

Fær han eit kjærlegt og mildt brev, er det, so han hoppar av gleda. Ja han bed henne, at ho maa skriva til han um kjærleiken, som batt dei saman. „Du veit ikkje“, skreiv han eingong, „kvat verknad det hev paa meg, naar du læt meg skimta, at du held varmt av meg!“

„Men dine kalde ord isar i mi sjel og støkkjer meg. Det er, som heile helvite runde yver meg og vilde riva meg sund. Og daa raader eg ikkje med meg sjølv lenger. Du veit, at eg ikkje er eit kaldt menneskje, men eg skjemmest, fyrdi eg ikkje er det“.

„Ole Olsen Viol“ sluttad ein gong eit brev til si unge kona med ei samljoding av tonarne b og f — Bull og Felice. Det var den samljoding, han aldri fekk til. Det var hans vanlukka.

Og han saag det sjølv. I det sidste brev til henne, daa han skreiv fraa London „fyllt av djup sorg og namnlaus pina“, klunkar han paa det. Ute er det krig og stræv. „Heime i Norig hev eg voret forfylgd, naar eg var i naud. Det var berre, naar eg kunde ofra, at eg var velvyrd — og hev ikkje all min tanke voret paa framkjømdi aat fedraheimen min? Jau for mykje, syter eg fyr. Eg forsømde meg sjølv, min huslyd, mine greidur og hugmaal, berre fyrdi eg vilde kveikja hugen fyr det vene norske. Hat,

ovund og baktale freistad aa forvenda og skjemma ut alt, eg gjorde, endaa til det minste.

Du kunde ikkje skilja. Din umgang var ikkje mine vener, men helder ikkje var dei vener mot deg, for dei gjorde det verste, som gjerast kunde, — dei vakte ei mistyding, som skilde oss“.

Han bed Gud signa henne og friska og magna henne. Men daa brevet kom, leid det med henne. Og daa han kom gjenom Paris, spurde han, at ho var sloknad i Kristiania den 26de februar 1862.

At suterne lagde henne tidleg i gravi, er tvillaust, for ho kunde ikkje blaasa dei av seg som han. Henne drap dei. Han gjorde dei utlæg og vidfarande. Naar sorgi piner og tærer, „stunder han mot havet, der det ruggar med fred og velde“.

At folk flest ikkje forstod deira mishøve, er mest som sjølvsagt. Og hadde desse tvo ikkje voret so gode, ægte og fine, hadde dei kann henda diltat stillt i veg med det. Men dei kunde ikkje jaga det fraa seg elder dylja det burt. Og i ein Ole Bull, som var baade saar og sterk, maatte det stynja som av skjelte.

Dei hadde 6 born. Deira fyrste barn, Ole, døydde liten og lika eins ein gut, dei fekk, med’

Ole Bull fyrste gongen var i Amerika. Det gaut sorg yver dei.

Alexander, Felicie, Lucie og Thorvald levde etter mori. Lucie, som var gift med advokat Homan i Kristiania, døydde seinare. Og Thorvald, som var sjømann, datt ned or mastri og slo seg i hel. Det tok hardt paa faren, men det er, liksom han reiser seg av alt.

For Ole Bull kunde spela han.



XVII.

Fraa Europa-ferderne.

(1858—67).

Ole Bull var paa ein maate busett i Norig. Derifraa gjorde han sine ferder, og dit kom han atter. Fraa ferderne er ikkje so mykje aa fortelja. Men dei synte, at han hadde si gamle magt, endaa det var komet mykje nytt i tonekunsti.

Dei, som gjekk paa nye leider, vilde sjølvsagt blaasa i det, som hadde teket folk i den store meistarspelartid i fyrsten av aarhundradet. Men naar Bull kom, hjelpte det ikkje aa blaasa og finna aat dei gamle, for Ole Bull tok folket med, og so var det ingi onnor raad: Han laut faa eit stormannsrom fyr seg sjølv.

Den tid, som fødde han, var um aa slokna, men han sjølv stod levande og ung. Ingen kunde segja annat. Og so hadde han friske kjeldur i det sprettande norske liv. Europa visste ikkje um det, men det kjendest i hans spel.

I 1858 spelad han i Tyskland, Austerrik og Ungarn og kveikte stor fagnad. I Berlin raakad

han atter sin gamle ven Bettina von Arnim, som drogst med sin sidste sjukdom. Ho vart so glad, daa ho saag han, at han gav seg til der eit par dagar og høgtidad hennar fødselsdag med fela si.

Dagen etter fekk han vitjing av ein av dei nyare felekongar. Det var den unge Joachim, som kom eins ærind fraa Hannover og vilde verta kjend med Ole Bull, og dei var saman ein heil dag og spelad aat kvarannan. Det var ikkje ventande, at tvo so ulike menn, tilhøyrande kvar si tid, skulde kunna høva saman. Men lika vel vart Joachim teken av Bulls kraft, og han skal hava sagt, at „var Bull gjengen rette vegen, hadde han sjølvsagt voret den største av alle meistarspelmenn“.

Daa han hausten 1860 tok ut til ei lang speleferd, reiste han fyrst til Kjøbenhavn, der han gav tvo koncertar og hadde lukka med seg. Han hadde det framum dei fleste andre meistarspelmenn, skreiv Goldschmidt, at musikken tottest verta til i han, med' han stod og spelad — endaa-til naar han spelad stykke, som var gamle og kjende fyr han sjølv. Det var eit sermerke paa floggivnaden hans.

Han foor spelande sudetter, og næste vaar stod han i London. Det var 20 aar, sidan han

hadde spelat der, men han viste si gamle magt og gav i England, Skotland og Irland i alt 46 koncertar. Endaa han hadde brent seg tidt, kunde det henda endaa, at han vart snytt av sin impressario. At han lagde sak mot han, hjelpte fulla litet, daa mannen var fant, so Bull laut betala saki og.

Helsesliten og hugsjuk som han var etter all striden og suti, gav han seg um sumaren 1862 til ved badet i Godesberg ved Rhinen, og der kom han seg godt. Men daa han skulde reisa, kom han ut fyr eit leidt hende.

Dei, som raadde fyr den katholske kyrkja der, hadde bedet han halda ein velgjerdskoncert fyr eit orgel til kyrkja deira. Han gjorde det, og koncerten var glimande. Men han vart dyr fyr Ole Bull.

Dei lagde seg ut etter han og vilde hava han yver til den katholske tru. Katolikararne tenkte fulla som so, at kunde han gjera vel mot den katholske kyrkja, so hadde han daa visst stor samhug med dei katholske og. Hadde ein Franz Liszt gjenget yver til dei, so kunde vel ein Ole Bull og. Ein ung jesuitt, som nyttad vatskuren der, lagde seg hardt i blot og skulde hugvenda Ole Bull. Og jesuitten bar fram sine ankar mot protestantarne og baade smeikte og

trugad. Men Bull bad, um han kunde sleppa høyra paa detta snakket. Daa tok jesuitten til paa ein annan maate og let, som hadde han gjenget yver og trudde som Bull.

Ein morgon han hadde voret ute og gjenget, kom jesuitten til motar og flidde han ei avis. Som Bull bugde seg og takkad, flaug jesuitten um halsen hans og sette knei mot bringa. Bull slengde han ifraa seg, men samstundes baade høyrde og kjende han, kor det knakk og small.

Han gjekk til frukostbordet men var ikkje frisk, og doktoren kunde fortelja, at det var brotet eit sidebein. Ei vikes tid laut han halda sengi og hava kaldt umslag baade dag og natt. Daa han so var ute atter, røynde han seg for mykje, so det tok tid, fyrr han vart fullt god atter.

Og det var haust, daa han naadde heim til Norig, der kona hans var avlidi, med' han hadde voret burte.

Fraa 1863—67 spelad han i Tyskland, Polen og Rusland. Ogso i Berlin fekk han stor heider no, for baade blad og aalmenning kappadst um aa fagna han.

Daa han var gjest hjaa hertugen av Nassau paa hans slott i Weilburg, fekk han Adolfskrossen, som ingen kunstmann hadde boret fyre han.

Men mest lukka hadde han i Rusland, der han spelad baade i 1866 og 1867.

Um vaaren 1866 gjekk det gjenom mange blad, at han skulde vera daaen i Amerika den 10de april. Men den dagen var han fulla med baade liv og helsa. Han gav ein koncert i Moskva. Han var daa førar fyr studentarne. Dei vilde syna sin samhug med kjeisaren, som nett hadde voret ute fyr mordfreistnad. Koncerten byrjad med, at Bull bad aalmenningen syngja kjeisarsongen.

Studentarne gav han ein notepult av sylv. Den skulde minna Ole Bull um dagen.

Det næste aar røynde han seg, so nokre muskeltraadar i vinstre armen sprang, og det gjorde svært vondt. Men livlækjaren aat kjeisaren stellte vel med han, so han kom seg godt atter.

Han gav ei mengd koncertar og reknad desse Ruslands-ferderne fyr dei lukkelegaste i heile sitt liv. Difyr trudde han seg helder aldri til aa taka dei uppatter.

Fraa Petersburg kunde han senda heim tvo staute arabar-hestar og so ein fager fioloncell og tvo felur. Daa han vilde tapa so mykje, naar han skulde byta pengarne, tottest det betre aa kjøpa felur, som han ventad aa venda med god vinning.

Um sumrarne hadde han voret heime paa Valestrand og kvilt og kveikt seg i den friske luft. I 1867 naadde han heimen høgste sumar og levde lukkelege dagar paa Valestrand, der han tidt saag skyldfolk og kjenningar kring seg. Eimbaaterne, som no gjekk paa Osterfjorden, bringad dei ut til han i store flokkar.

Den 18de september kom han inn til Bergen og skulde spela i teatret. Alle biljettarne vart selde til yverpris paa nokre faae timar, og mange laut endaa ganga ærindslause heimatter. I teatret var det gaman. Jamvel dei traaaste laut klappa, naar laaten hans kveikte eld i blodet. Det var framrop gong etter gong, og kvendi fagnad han med blomar. Som takk fyr hyllesta spelad han sine norske tonar.

Den kvelden spelad han og sitt nye tunglyndte russiske tonedikt „Nattargalen", og det var framifraa fagert, totte Bergens-folket.

Daa han skulde ganga heim, vart han utanfyr fagnad med hurrarop av ein uhorveleg folkehop, som fylgde han heim. Folk hadde um dagen høyrt gjetet, at eit syngjarlag vilde helsa han med song, og det strøymde saman ei svær mannamengd, mann og kvende og born av alle stand. Dei vilde alle vera med og helsa „Ole

Bull, den beste spelmannen“, „Bjørgvins-sonen“, og Engen tottest reint fullstappad.

Daa songararne hadde skipat seg i lag, kom Ole Bull ned og stellte seg berrhovdad midt i flokken, med' helsingi fraa syngjararne vart bori fram. So gjekk han inn i huset og stellte seg med fela si i det opne vindaugat og takkad i tonar. Daa han var ferdig, takkad aalmenningen med eit hurra, „so som berre Bjørgvinsfolket kann det“, segjer „Ferdamannen“.

Der var ei premiskjoting i Bergen i dei dagar, og det var langferdigar fraa Stavanger, Storden og Strandebram. I laget etterpaa talad Kr. Janson paa det norske maal, og Ole Bull han talad det i tonar han.

Han etlad seg til Amerika, men han skipad seg heimatter til sumars. Fyrr han sette til havs, saag han inn til Kristiania, der han ogso gav koncert.



XVIII.

Millom Amerika og Norig.

(1867—73).

Sidste kvelden paa eimbaaten laut han taka fela og spela aat ferdafylgjet, endaa det ruggad stygt. Mange hadde høyrt han fyrr, og alle var samde um, at han var vorten vaksnare. Han fekk myki fagning, og daa han dagen etter, den 11te december, gjekk i land i Newyork, fekk han dundrande hurrarop fraa ferdafylgjet. Han reiste lika til veststatarne og spelad fyrst i Chicago. Hans landsmenn i Nordvesten helsad han velkomen med fakkeltog, sendelag, fester og all den heider, dei kunde finna paa. Og samhugen var ikkje mindre fraa hans sida. Det synte han ved sin raustleik, naar det galdt aa stydja deira tiltak.

So foor han fram i sigersferd, og han tok Amerika-folket ikkje mindre men kann henda meir en dei fyrre gongerne. Og hadde dei snytt han fyr pengarne hans, daa han sidst var hjaa dei, so tok han dei no og sidan atter mange gonger. Amerika vart hans gullgruva. Det vart

taksti det, at han paa ein spelevetter i Amerika tok inn so ei 100,000 krunur i rein vinning.

Um sumaren 1868 kvilte han eit par maanar heime paa Valestrand. Og som Bjørnson skreiv, var hans namn paa kvar manns tunga i Norig. For „eit folk snur alltid til sin fyrste kjærleik atter. Der kann koma mangt imillom, naar den levande sjeli veks sin eigen vokster, som ein korkje hev ventat elder viljat. Folket kann og i sin framvokster faa annan kjærleik og andre æresmaal — men det, som eingong tok hugen, snur det seg atter til. Ole Bull er den fyrste kjærleik, som detta nyfødde folk hev havt, ingen er komen so ljos til det, ingen hev boret det so høgt. — — — Han og paa si sida er atter komen til sin fyrste kjærleik fraa so mange eventyr og stridar, mistak og heidersferder. — — — Nettupp no hev han friskat uppatter minni um sin ungdoms lukka og glans og hev gjort det paa sine gamle vigvollar, det giv den gamle kjærleiken nokot av det gamle liv, og i desse dagar er det, som velsigningarne møtest paa Valestrand".

Men um hausten var han atter paa ferdi i Amerika, og den 4de december upplevde han ein samannstøytt millom tvo eimbaatar paa Ohio-elvi. Som so ofta elles hadde han kjent paa seg, at

nokot skulde henda. Han hadde ingen grunn til det nettupp, men daa han gjekk inn i si kahytta og lagde seg, foor han berre or styvlarne og reisekjolen. Ved midnattsbil høyrdest den fæle støyten. Den eine av baatarne var lastad med petroleum, og det logad burtetter elvi. Roleg og urædd tok Ole Bull sin pels paa. Den kunde fulla verja mot elden, og vilde einkvar halda seg fast i han, var det god raad aa sleppa pelsen. So sprang han i vatnet og bergad seg i land millom døyande og jamrande, han visste litet sjølv, korleids det hadde gjenget til. Men fyrst i graalysingi naadde han til folk.

Det gjekk til 75 menneskje ved den samanstøyten, og Bull kunde aldri gløyma ei kvinna med sitt barn. Ho grov seg upp aa kommandobrettet og vilde der berga seg fyr elden, og so skreik ho „Gud hjelpe meg!“ og kastad seg ut, kom burti hjuli og vart knust under hjulkassen.

Bull miste ei mengd kostesame ting, som hadde minneverd fyr han, m. a. ei gullkruna, han hadde fenget av frimurarne i Philadelphia. Ein ung mann, som hadde voret stad og leitad etter liket aat far sin, flidde han seinare eit stykke av kruna. Det var skapt som ei harpa og hadde innskrifti: „Til bror Ole Bull“.

Dagen etter ulukka spelad han i Cincinnati i

reiseklædi sine. Ein neger hadde bergat fela hans. Han heldt felehuset yver hovudet, med' han vassad til lands*).

Ut paa sumaren 1869 vart det haldet ein stor fredsfest i Boston, og P. S. Gilmore hadde fenget til ein kjempekoncert av eit orkester paa 1100 mann. Daa førde Ole Bull fiolinerne og spelad aaleine tvo stykke fyr ein aalmenning paa 50,000.

Fyrst paa haustsida kunde han koma til aa kvila heime i Norig.

I Bergen var det reist eit norsk-norsk merke i Vestmannalaget, som vart skipat den 21de januar 1868 av Henrik Krohn og den ring av norsklynde menn, som stod jamsides med han i arbeidet fyr norsk maal. Leidi var greid, for „lagsmann kunde ein og kvar verta, som hadde rette vyrdnaden fyr maalsaki“. Og den song, som vigde laget, breidde liksom ut merket:

„Baade bønder og byfødde menner
ero her komne saman i lag,
men me alle som brøder oss kjenner,
daa vaar hug er av beint same slag.

---

*) Eit amerikansk blad fortel det nokot annarleids: Utan aa tenkja etter, kvifyr han gjorde det, gjekk Bull upp aa dekket med felehuset i handi, daa han hadde faret or reisekjolen og trøya. So kom støyten. og sjølv bergad han felehuset i land.

Difyr norske me helst vilja vera,
og me tykkja, at den er ein skarv,
som vil tru paa den framande læra
og ei vyrda um fedranne arv.

Me vaart fjellmaal og difyr vil hava,
det som fjordfolki brukar her vest,
naar paa land elder sjoen dei kava,
for det høver oss havkaggar best".

Ole Bull og Vestmannalaget maatte sjølvsagt finnast, og dei gjorde so og. Paa fyrste møtet, som vart haldet i teatret um hausten 1869, var Ole Bull med. Og der vantad ikkje paa talar og djerve norske ord. Sjølve Vinje var der, og det var fulla sidste gongen, Ole Bull og han saagst. I ein svartale slo Bull paa, at det norske teater maatte reisast paa nytt i Bergen, han skulde gjera det beste, han vann, naar det trongst. Og slik tale kveikte fagnaden hjaa den unge slegt.

Men ut i december var Ole Bull paa ferdi til Amerika.

Den vetter foor han og med den nyopnade Pacifik-jarnbanen vestetter til det stille hav og spelad i byarne der. I San Francisko fekk han ein gullkrans som heidersteikn. Ei ung dama sette kransen paa hovudet hans. Denne kransen, som no er i Bergens museum, er lagad av 36 gull-lauv, kvart lauv med ei perla i midten og



Gullkransen fraa San Francisco.

namnebokstavarne O. B. Innskrifti, som er gjord av 56 glimesteinar, lyder so: „Presented to Ole Bull, March 4th, 1870“ (Gjeven til Ole Bull den 4de marts 1870). Nedunder stend det kaliforniske vaapen. Kransen skal hava kostat 1500 dollars.

Daa han reiste austetter, saag han innum mormonstaden ved Saltsjøen, der han gav tvo koncertar og vart mykje fagnad.

I Newyork hadde Bull ofta vortet heidrad, og denne vetter kom heideren paa ymis vis. Berre deira eigen præsident hadde fenget større og Jenny Lind — den svenske nattargalen — lika stor fagning som no Ole Bull.

Med nye heidersteikn skulde han i april 1870 leggja ut fraa Newyork — han vilde heimatter. Daa vart han sett ut til eimbaaten med ein av riksbaatarne, og eit fagert heidersfylgje av dei fyrste menn og kvinnur var med. Daa fekk han og eit nytt heidersteikn, det norske flagg av silke med gullsprang i kring. I øvste firkanten var i staden fyr unionsmerket innsett det amerikanske stjerneflagg, og i den blaae stripa innskrifti: „Herr Ole Bull from N. Y. Philharmonic Society“ (Herr Bull fraa spelelskarlaget i Newyork) — damurne i laget hadde sjølve saumat det. „Ole Bulls flagg“ vart vigt med talar.

Daa riksbaaten lagde fraa stordampen, helsad fylgjet farvel aat „den fagre gamle mannen“, som stod berrhovdad og veiftad, so lenge dei saag til han.

Dei heldt 17de mai paa manna vis mange stader det aaret, ingen stad som i Bergen lika vel, men der hadde dei Ole Bull.

Vestmannalaget kom saman med Ole Bull kl. 8 um morgonen. Vestmennerne vilde bjoda han velkomen heim. Tvo islendingar, Torstein Eigilsson og Sigfus Eymundarsson, var og bedne med. Henrik Krohn lyfte glaset til eit leve fyr Ole Bull, som takkad og bad islendingarne bera fram ei helsing fraa Norig. Han minte og um, at islendingarne samlad pengar til ein altingsbygnad, og han flidde Eigilsson ein tjugepunds-setel*) som si gaava. So fekk Island eit leve. Der etter hurra fyr dagen.

Kl. 9 kom Vestmannalaget i fylgje med arbeidararne til Torget og stellte seg upp i festferdi. Alle augo snudde seg imot Ole Bull, der han gjekk rak og ljos og fegen i brodden fyr Vestmannalaget med ein islending paa kvar sida, det norske flagget aat vestmennerne fyre seg og sitt eiget flagg lika etter. Og yver all mai-glimen den dagen lyste Ole Bull millom desse flagg.

*) 360 krunur.

Um ettermiddagen spelad han fyr mann og kvende i Vestmannalaget, som helsad han med ein ny song.

Sumaren etter var han paa Valestrand, og fyrr han atter tok til havs, var han til Kristiania og, der han vart vel motteken av sine gamle vener. Elles klagar Bjørnson i „Norsk folkeblad“, at folk gjorde for litet av han, med' dei hadde han millom seg. Inkje so mykje som eit syngjarlag helsad han. Og diktaren minner folk um, kvat Ole Bull hadde voret og var fyr Norig.

Same haust var han atter i Amerika, og snart spurdest det, at han no var uppattergift.

Den staute 60 aar gamle mannen vart kyrkjevigd i Madison i staten Wisconsin den 6te september til miss Sara Thorp, ei dotter til den rike senator Thorp derifraa byen. Ho var daa 19 aar. Dei hadde vòret kjende ein tvo-tri aar, hadde spelat i hop, han paa fela og ho paa piano. Lange stunder hadde han voret i hennar heim, der han vart halden svært gjæv og hadde det gildt*). Og det var ikkje berre i Amerika, at

*) Det er ikkje visst, um det gjekk fyr seg plent, som „The Newyork Weekly“ fortel. Men soleids vart det rødt baade vestanfyr og austanfyr Atlanteren.
Me hev alle høyrt um „kjærleik ved fyrste syn“,

folk hadde viljat hava dei til parfolk. Alt um vaaren 1870 hadde *det* gjenget fyr visst i bladi heime.

Og um sumaren hadde baade ho og mori voret med paa Norigs-ferdi.

Ho var brennande glad i Ole Bull og hans store namn.

Og sterk som ho var, var det mange, som totte, at ho knytte han vel mykje til seg og sine i Amerika.

---

skreiv bladet, men her synest det aa hava voret „kjærleik med fyrste høyring". Miss Sara Thorp raakad fyrste gongen hr. Bull i Washington, der ho var paa vitjing med mor si. Hr. Bull kom dit og gav koncertar. Det var paa ein av dei, at miss Thorp, som daa var ei 16 aars gjenta, fyrst saag han. Koncerten var nettupp slutt, og mest alle var gjengne, daa kom det ein kar burt til Bull og sagde: „Her er ei liti ung gjenta, som bed Dykk um ein kyss". Og kven kunde vera snildare aa beda en Ole Bull. Han lyfte barnet upp til seg og gav det kyssen. „Eg syter fyr, at De ikkje er ferdig endaa, min herre. For her er ei onnor ung dama, som og ynskjer ein kyss". Og Bull gjekk fram og kysste — ei ung raudnande dama, som tok imot kyssen glad men bljug.

Soleids vart dei kjende. Kjennskapen vart til venskap, og foreldri hennar skuvad etter. Dei spelad saman paa fela og piano, og det kjendest snart, at det ikkje kunde vera fyr koncertar, han so tidt hadde

Fyrr hadde han voret ein ferdamann, som hadde *kjent* seg som heime der, men i dei komande 10 aar vart Amerika hans andre heim.

„Det er andre en jordmagter, som hev lagat det aat meg", skreiv han. „Solstraalarne hadde eg stengt ute, men inkje kunde eg døyva krafti i i soli sjølv".

Mest budde dei i Madison, men elles hadde han og hus i Newyork, der han vart uppteken som æresborgar.

ærind til Madison. Han var som tidaste aa finna hjaa senator Thorp.

Daa han eingong var paa ei slik vitjing, var det ein god husven, som spurde Sara Thorp: „Vilde De hava Ole Bull, dersom han baud seg fram?" „Ja det vilde eg so visst, og det paa timen", svarad ho.

— Det er undralaust, at miss Thorp — med sitt serlag til aa vyrda det store — kunde sjaa upp til Ole Bull som ein gud paa jordi.

— Og um ho ikkje nettupp er det, folk plar kalla fager, vilde ein mann som han lata augat fara framum mange fagrare andlit og festa det paa hennar. Det er eit andlit, som andar liv og vit og fortel um skuldløysa, kjærleik og blidskap. Ingi ung dama hev voret betre likad av sine vener en ho.

— Det var ikkje klokskapsgiftarmaal. Hr. Bull ser ikkje etter rikdomen, for han giv burt alt, han tener. Og daa hennar folk er svært rike, kunde helder ikkje ho fara etter pengarne. Det var eit kjærleiksband, var det.

Alt næste vaar fekk dei ei dotter, som vart kallad Olea etter faren. Ho bur no hjaa mori i Cambridge tett ved Boston.

Um denne andre kona lyt ein segja, at ho ikkje berre elskad Ole Bull, men ho forstod kunsti hans og saag seg glad paa landet og folket, som hadde boret han.

Sin samhug viste ho, daa ho vitjad Norig baade saman med sin mann og etter hans avferd saman med dotteri. Og eit godt merke er det, at ho baade fyrr og seinare hev voret med og gjort det norske namn og norsk aand kjent i Amerika. I detta, som var eit stort hugmaal fyr han, var *ho* trufast og hugheil.

Og rik som ho var, kunde han bruka pengar utan bringeverk, og det var ikkje reint fritt, at han kunde faa kostesame hugsviv gjenom sine sidste aar og.

Dei vart no buande i Amerika til 1872. Han spelad og var kjærguten aat aalmenningen i Amerika som fyrr. I 1871 sagdest han aa liggja fyr dauden, og sjuk var han men kom seg godt atter.

Natti til den 19de april 1872 var det tett paa, han skulde brunnet inne. Hotellet, han budde i, brende ned midnettes, men han kom seg ut i

tide. Og det vart set, korleids han sprang yver gata halvnaken med felehuset under armen.

Det aaret ventad dei han heim til 17de mai, men han rakk ikkje fram.

Derimot naadde han heim, so han godt kunde voret paa „Tusundaarsfesten“ paa Karmt den 18de juli. Han var der ikkje men budde den sumaren paa Valestrand.

Og det tottest undarlegt, idugt som han hadde arbeidt fyr reisning av eit minne um Norigs samling til eit rike fyr 1000 aar sidan.

Han hadde gjevet 4000 krunur til Haraldsstytta og var i vissa tenkt til aa gjevet mykje meir.

Og naar det ikkje vart til nokot, var det fulla, fyrdi hans tiltak møtte kulde heime.

So vilde det verta dyrt, og det gjekk ikkje so greidt med aa samla pengarne, um ein tok mindre til en han.

Det skulde fulla verta raad aa samla pengarne i Amerika, meinte han. Men „ein reiser ikkje minnesmerke yver sine stormenn med andre folks pengar“, skreiv „Norsk folkeblad“.

Lika vel hadde han i Amerika fenget til ei nemnd, som skulde samla i hop pengar. Og det vart sett i gang eit lutkast paa tanken. Paa lutsetlen kunde ein sjaa minnet, som Bull hadde tenkt seg det. Det skulde reisast som fyrtaarn ved

Hafsfjord paa Jæren. Harald Haarfager skulde standa upp aa lykti med skjolden i vinstre handi og rettande sverdet til vedrs i den andre.

Ingen skal segja annat, det var baade stort og fagert tenkt. Og tanken kom atter fraa eit annat land, daa Frankrik sende den lysande fridomsstytta til aa losa sjøfolket inn paa hamnen i Newyork.

Men det seig av Ole Bull, daa han ikkje fekk studnad heime og kann henda litet i Amerika og.

Baade Bull og Bjørnson, som hadde voret trottuge til aa arbeida fyr Haraldsstytta, heldt seg burte, daa festdagen kom. Mange undradst paa det, at *dei* ikkje kom.

Men saki var fulla den, at det heile tiltak til sidst var komet so reint i henderne paa dei gamalvorne i landet, at det ikkje lenger drog dei, som gjekk i brodden fyr ei ny samling paa norsk grunn.

Fyrr han atter foor til Amerika, gav han den 12te oktober ein velgjerdskoncert i Bergen, der han prøvde sitt nye pianoforte.

Fraa han var liten gut, grundad han paa fela og fekk so godt skyn paa hennar bygning og lag, at jamvel dei fyrste i slikt maatte rosa han. Men hans eigi grunding varde til det sidste.

I nokre aar — fraa 1867 til 1872 — hadde

han det og mykje annsamt med pianofortet. Han saag paa det, at eit pianoforte aldri vart gamalt og godt, og grunnen var den, at den store strengjemagti sleit av og skadde vedtægerne i songbotnen. Kunde han faa gjort ei raad med det, so maatte pianofortet liksom fela verta betre, di eldre og meir uppspelat det vert. Han kom paa det aa festa strengjerne til ei staalraama, so songbotnen kunde vibra fritt.

Mangein god dag laag han og strævad og prøvde seg fram med sitt piano, og etter mange vanskar hadde han det ferdigt og heim til Norig i 1870. Det hadde kostat han so ei 15,000 dollars — 53,000 krunur.

Men han var ikkje nøgd med sitt verk og tok paa med eit pianoforte til.

No fekk han god hjelp av den namngjetne svenske ingeniør John Ericsson*), som budde i Newyork. Det var 36 aar, sidan dei hadde set kvarannan i London, daa Bull spelad der fyrste gongen.

Ericsson fekk støypt staalraamurne so lette og sterke, at det var ein hugnad fyr Ole Bull. Og pianofortet fekk han til og prøvde det no heime. Det var godt, og uppgaava var løyst, men folk vilde ikkje rett kjennast med den nye

*) Døydde 1889.

klangen i pianofortet, og difyr kom det ikkje nokot meir utav det.

Men um tanken skreiv Ericsson i 1881, „at Bull hadde gjort ei uppfinning, som vilde voret ei æra fyr ein mekanikar med namn dessmeir“.

Og naadde Bull ikke det, han vilde, so hadde han gleda av det hjartelag, han møtte hjaa sin ven Ericsson. Han kunde takast av tonarne.

Bull fortel ikkje rett ofta sjølv um magti i sitt spel, men um Ericsson skreiv han, at han „sette seg ned og gret“, daa Bull ein dag spelad aat han og vilde sanna si meining um tonefargen.

Det vert tillagt Ericsson sterke ord um desse tonarne, og visst er det, at um Bull sjølv skreiv han: „So varmt eit hjarta og so fin tenkjemaate som hans hev eg aldri funnet“.

Seinhaustes var han atter i Amerika og gav den vetteren 75 gode koncertar.

Daa han næste vaar 1873 kom til Norig, kunde han flytja inn i sitt nye sumarhus paa Lysøy.

Fraa han var liten gut, totte Ole Bull, at Lysekloster var venaste staden, som fanst, og daa eigedomen no var komen i nye hender, fekk han fyr 2400 krunur kjøpt den vesle øyi med den storvaksne sterke fureskogen, der eit

tre var heile 5 alner ikring. Ingen hadde butt der fyrr, men den nye rudningsmannen fekk det stellt til som ein herrens hage — millom knattar og stor skog. I livd fyr det kalde og sure nordan- og vestanvedr reis hans fagre hus i maurisk stil lett og fint yver sundet millom fastelandet.

Ingenting var maalad i det huset, det var den reine friske trefargen alle stader. Og reint makelaus var spelehallen, i vissa den finaste av det slaget i alle tri nordlandi.

Han hadde funnet sin kjæraste heim. I dei komande aar fann han alltid nokot aa gjera paa si vene øy. Der vart teket veiter, plantat tre og lagde breide vegjer og einstigar, som han sjølv hadde stukket ut kring strenderne og dei tvo maalande vatni, der smaae bekkjer spratt og sullad gjenom urd og eng.

Her kunde den gamle kvila og femna Norigs unge vaar, med' aarfuglen kurrad inne i skogen.

I slutten av august kom han til Kristiania og let gamall og ung kjenna, at han hadde si gamle magt.

Det var ein tanke, han hadde boret paa lenge, aa faa fortalt verdi, at det var nordmennerne, som fyrst hadde funnet Amerika, og han hadde paa sine ferder leitat fram vister etter dei der burte.

Og samstundes med arbeidet fyr Haraldstytta paa Karmt elder ved Hafsfjord hadde han slegjet fram um ei stytta fyr Leiv Eiriksson i Amerika. Som det synest, hadde han, daa han denne sumaren kom heim, alt spelat inn pengar til henne i Amerika. Og koncerten i Kristiania var til framhjelp av denne kjærtanken. Bjørnson fortalde um dei gamle norske ferderne til Vinland, Bull spelad og andre studde under. Fagnaden var stor.

Og nokre aar seinare, det var i 1876, daa han hadde spelat 9 gonger i Boston, fekk han paa den 10de koncerten bera fram Leiv Eiriksson baade i ord og tonar. So vart det nedsett ei nemnd av dugande folk til aa taka seg av saki.

Og 7 aar etter han var avliden, synte det seg, at arbeidet ikkje hadde voret faafengt. For daa vart stytta reist i Boston med mykje høgtid fraa Amerika og helsing fraa Norig. Det gløymest ikkje, at han hadde boret det norske namn so sterkt fram, at det i stytta yver Leiv vart støypt i malm, endaa Bull, som hadde tolkat det, var gjengen til sine feder.



XIX.

Han røyner seg paa nytt.

(1873—76).

Fraa Kristiania bar det ut til Europa atter, som han litet hadde set paa fleire aar.

Det meste av vetteren levde han i Sudfrankrik.

Paa vegen til Rom kom han til Florenz. Det var 40 aar, sidan han var der, og han friskad no uppatter gamle minne millom gode vener, fyrst og fremst fyrsten Poniatowsky, som han hadde voret saman med i Bologna, daa han etter sin fyrste siger vart heidersmedlem av spelelskarlaget der.

Han vart beden aa spela, og ynskje kom fraa mange kantar.

Det var ikkje fritt, han hadde hug til aa prøva si magt i det land og millom dei, som fyrst hadde set hans lukkestjerna stiga.

Det var ikkje berre spursmaal, um dei gamle kunde kannast ved han. Det galdt aa taka ungdomen og i denne kunstelskande byen, der folk minst kvar 14de dag kunde høyra ein av dei fyrste meistrar.

Daa det spurdest, at Bull skulde spela, vart biljettarne utselde, endaa dei tok største salen i byen, og den rømde upp imot 5000 mann.

Det vart endaa ei trengd, so det var snaudt, spelmennerne fekk snu seg.

I orkestret sat gamle folk, som hadde høyrt Paganini. Og her var han atter, heitte det millom dei.

Koncerten vart gjeven den 24de april 1874, og dagen etter fortalde bladet*):

„Teatret var i gaar ei agande syn. Alt var fyllt, — dei namngjetnaste ætter, kvendi fraa storverdi, me nemner storhertuginna Maria fraa Rusland, som ved sin tette handklapp viste, kor indarleg glad ho var, vaar borgmeistar, hr. Commodore Peruzzi, hans upplyste og aandrike fruva, prinsessurne Strozzi og Carolah og musikkvener i ovmengd av vaare kunstfolk og storfolk var til stadar". — —

— „Den store heider i gaarkveld tilfall den nordiske Paganini, den sjølvvaksne, fjetrande store felespelar Ole Bull, som var so raust og gav sitt gjæve tilskot til tonefesten og si helsing til selskapet „Orfeo".

— Han er kongen millom felespelararne,

*) „Corriere Italiano".

som no er, og den gamle vyrdande medtevlaren aat Paganini.

I hugleiken „Nattargalen“ gav han ein tokknad um sin yndefulle og forbisnelege hagleik, fulle bogedrag og fine utførsla. I „Karnevalet i Venedig“ kjende me den sterke sullande tonerunddans, laget og fargemagti.

Eit uvedr av lange dynjande fagnadstormar fylgde baade stykki.

Det sidste vilde aalmenningen hava uppatterteket, men i staden spelad den gamle, megtuge trollmannen ein namngjeten hugleik av Paganini yver ein ikkje mindre namngjeten song*). Og i den let Ole oss høyra dei finaste løyndomar i songen, dei sæle fløytetonarne, yvergangen fraa violin til viola og til hugverken aat violoncellen. I Polaccaen, hans eiget dikt, braut han fram med djerve og støkkjande krigstonar. Som tonediktar er han mjuk og vill paa ein gong, full av hugleik, kjensla og serlag, — megtug, forbisneleg og makelaus som spelmann.

No vart det rakt han ei gullkruna fraa „Orfeo“, med' heile aalmenningen, som var hugteken og uppglødd, ikkje trøyttest av aa klappa, ropa han fram og klappa og atter klappa og ropa han fram.

*) „Nel cor non piu mi sento“ av Paisiello.

Og gleda lyste fraa den gamle og fagre kjempa under uppglødingi, som gjorde ring umkring han".

Den kvelden spelad han fyr æra.

Og han kunde skriva:

„Fela mi gjorde meg ikkje til skammar. Aldri hev hennar tone skolvet soleids i meg sjølv, og eg er ikkje god-til skildra fyr Dykk, kor høgt uppglødingi steig, og kor varmt eg vart motteken. Og eg er so takksam, fyrdi eg ikkje hev sviket mine gamle vener".

I Rom raakad han etter mange umskifte atter sin gamle ven Franz Liszt og ein heil flokk nordmenn.

Elles levde han den sumar og vetter mest i Norig.

Næste sumar — 1875 — gjorde han ei mykje hugnadsam ferd til Nordland og Trumsøy. Til fylgjesveinar hadde han orkesterstyrar Hennum og broren Edvard.

Fyrr han tok av stad, hadde han paa Lysøy vølt paa sume av sine eldre tonedikt og stellt dei til aat fela, pianoforte og orgel. Han tenkte paa aa senda dei i trykken, men det vart aldri av.

Ferdi vart hugnadsam — med ny natur og folket helsande som fyrste gongen, han kom heim til Norig.

Reint uppglødd fortalde han seinare um den morgon, daa Lofot-øyarne kom yver himmelsynet. Ferdafylgjet, mest engelsmenn, tottest dei fyrste dagarne vera kjeide og lika sæle. Men etter som dei kom lenger nord, og luft og ljos og land fekk magt yver dei, vart dei ikkje aa kjenna atter. Dei let seg taka av det nye, vart jamne og morosame og foor og kleiv i bergi som smaagutar. Dei fortalde Bull, at dei aldri hadde set venare syner og aldri kjent seg gladare.

Sundag den 18de juli naadde Ole Bull Trumsøy, der han levde solrike og lukkelege dagar, med' hans barne-andlit lyste yver folket.

Han heldt 3 koncertar i Trumsøy, og endaa biljettarne gjekk upp til 4 krunur, var huset fullt, so det var fleire, som lydde ute en inne, endaa han spelad i sjølve samlingshuset. Styret hadde fulla voret i tvil, um det skulde lata det huset til fyr spel. Men sidan det var Ole Bull, so fekk det vaaga seg.

I helsingstalen fyre koncerten takkad han styret fyr denne godviljen. Den var ei vinning fyr tonekunsti, sagde han.

I røyndi vart ho daa den magt, „som byggjer brui millom jordi og himlen".

Fagnaden i Trumsøy var stor og varm og vel meint, og Bull kveiktest som i unge aar.

Der hadde komet folk langveges og legjet i vikevis og stundat etter eventyrguten.

Kristian Gløersen hev fest i rim eit minne fraa Trumsøy. Det var seint um kvelden ute paa Fagerlid, landgarden aat den merkelege folkediktaren Nils Øvre. Det er so stillt, og droparne trillar endaa paa bjørkjelauvet etter regnsskuren.

Paa svali stod

„en kreds af mænd, blandt hvilke en,
der som en gammel bautasten
høit raged over andre folk“.

Det var Ole Bull.

„Paa sjøen hist laa just en sky,
der tegned sig mod fjeldets grund
med regnbuglans i kveldens stund.
To seiler danned sig deraf
med speiling i det dybblaa hav,
ret som en straalende portal
til fjeldregionens stolte hal.
Tyst blev i kredsen. Alle stod
og stirred, tryllede imod
hint fagre syn paa fjordens speil,
igjennem hvilket baadens seil
i regnbufarver lyste klart,
mens den gled frem med sagte fart“.

Daa vart det stillt i laget.

„Og Ole Bull blev bundet af
hint sære spil paa fjeld og hav
og stod, som om han lytted stilt.

Hans øie var vemodig mildt
og lyste med et eget skjær,
som kom det svundne nu ham nær,
som klang i hjertet fryd og ve,
rigt samlet under issens sne
i alle de forgangne dage,
hvor nu han drømte sig tilbage.
Mod balustradens søile hviler
han armen, mens han stille smiler.
Som glimt af evighedens dag,
det funkled om de blege drag".

Dei gav seg ikkje paa Bodøy, han laut lydast inn paa heimferdi og spela der og i skulehuset, fekk handklapp av kararne og blomar av kvendi. Han takkad smilande, so det vermde tvert igjenom. Dei drakk heite skaaler med han paa hotellet, alle saag han, og han kom og foor under hurra.

I Trondhjem spelad han sundag den 1ste august fyr stappande fullt hus. Fagnad ved hans innstig, framrop og blomekasting etter kvart stykke — han takkande paa fela.

Daa han kjem ut av teatret, er gata full. Folkemengdi vil sjaa og helsa. Med' han stig i vogni og kjøyrer av stad, hurrarop fraa alle sidur.

Ved andre koncerten var uppglødingi baade inne og ute helder større.

Og i Kristianssund, der han og gav tvo koncertar, var det same ruset.

Nordlands-ferdi yngde han upp, og kvar vetter seinare skipad han seg til ei ny. Tri aar der etter hadde han naatt Trondhjem, men skodda og regn fekk han til aa venda.

Det vart ikkje lang kvila paa Lysøy denne gongen. Han skulde ut paa ei speleferd gjenom Europa.

Daa Karl Johans stytta i Kristiania vart avdukad den 7de september, var Ole Bull til stadar.

Tvo dagar etter heldt han koncert fyr stappande fullt hus. Stormande fagning etter kvart stykke, framrop og blomekasting.

Inkje mindre gildt gjekk det paa andre koncerten. Til stadar var ogso kongen med sitt fylgje, fleire riksutsendingar fraa heimland og utland og høge karar. Det var stormande fagning og stor uppgløding heile vegen. Daa bad kongen etter eit umfram-stykke, og Ole Bull umbrøytte norske folketonar. Kongen takkad, og Bull umbrøytte kongesongen. Kongen sagde Ole Bull farvel upp i handi og takkad paa nytt. Der etter nye framrop.

I Sverige, der han spelad mange stader, vart det no som fyrr høgtid kring han.

I Stockholm spelad han baade i kyrkja og teatret. Til hans sidste koncert var det slikt spurlag etter biljettarne, at folk stod i rekkja, 4 mann i breiddi, lang leid ute paa gata.

Det var hyllest og blomeregn, ros i bladi og jamvel vers:

„Vil du høyra trosti talar
lokkande ein sumarkveld,
— høyra fureskogen susa
veldug mot det bratte fjell,
vil all heimsens styr du gløyma
og i huldrelaaten drøyma?
Høyr daa Ole Bull!"

Fyrr han tok yver Øresund, fekk han ei vakker fagning av studentarne i Lund.

Etter samrøystes vitnemaal hev fagnaden i Kjøbenhavn voret større en nokor tid fyrr. Koncertarne vart haldne i den store Kasino-salen. Det var reint, som folk slost um biljettarne, og til fyrste koncerten vart det hjaa uppkjøpararne gjevet lika upp til 50 krunur fyr biljetten. Det var stappande fullt hus, ovfagning og reint sturtbygjur av blomeregn med digre laurberkransar imillom. Fagnadrop med orkesterstøytar til. Naar det berre var raad aa koma til med det, fagning heile kvelden. Han stod som folkehovdingen og vann med baade ven og uven.

Hans innkoma fyrste kvelden skulde vera 5100 krunur.

Det kunde vera, sidan det var „sidste ferdi“. Men det var ikkje berre forviteskap. For hans magt aukad. Og paa andre koncerten braaddiktad han og druste tonar, rik som i unge dagar.

Ein folkekoncert vart forboden av politiet. Dei ottadst fulla ulukka i folkestimen.

Til velfarskoncerten, den fjorde i rekkja, var det ikkje berre full sal, men jamvel skodespel-tilet var stappat, so det var vondt aa snu seg. Og fagnaden høvde til.

Han skulde spela i dei fleste større byar i Tyskland. I hans fylgje var pianospelaren Emil Bach, ein av dei gaaverikaste læresveinarne aat F. Liszt.

— Etter fagning i Hamburg kom han til Berlin, der han gav sin fyrste tyske koncert den 3dje december.

Ingen stad hadde dei fraa gamalt voret kaldare mot han en der. Men telegrafen kunde bera heim bod um hans siger. Fullstappad sal hadde helsat han med endelause stormar etter kvart tonedikt og framrop paa rad.

Og dei tyske blad sannad det. „Aldri hev eg set slik uppgløding, aldri ein klapparstorm som

denne!“ heiter det*). „Mengdi av tilhøyrararne var daa tyske, som berre kjende namnet. Dei nordiske landsmenn var minsteluten. Kvar ifraa denne heiande uppgløding daa? Skrytet gjer det ikkje aaleine, dei valde tonestykki greider helder ikkje framsyningi, paa framførsla vil strenge domarar hava mykje aa segja — kven løyser gaata? Eg trur, det kjem av hans manndomsmagt. Han daarar og klumsar med sin tryllande sergivnad som mann“.

Det er det gamle uppatter: Folk spyrr etter, korleids dei kann rida seg fraa ei magt, som dei korkje vil elder kann lata raada med seg.

Men di meir han spelad i Tyskland, di betre tok han tyskararne med, endaa spel som hans ikkje var paa moten lenger.

Sin næste fødselsdag heldt kan paa Keopspyramiden i Ægypten.

Det gjekk soleids fyr seg**).

Ein fin septemberdag i 1875 sat kong Oscar II og dronning Sophie paa slottssvali ute paa det fagre Drottningholm. Dronningi hadde voret sjuk men var no til betrings. Ein kammerherre melde

---

*) „Die Post“.

**) Ein tyskar, Adolf Ebeling, hev gjevet ei levande skildring av detta eventyr i si bok: „Bilder aus Kairo“. Stuttgart 1878.

ei vitjing, og endaa det ingen vart motteken der ute, gjordest det denne gong eit undantak. Gjesten var fulla ventad.

Det var Ole Bull, og baade konge og dronning helsad han velkomen som ein gamall kjenning.

Under samtalen vart det nemnt, at han skulde paa ei speleferd i Europa „og vidare", som han sjølv sagde skjemtande. Dronningi kom til aa røda um „Sæterbesøget", og Bull var paa veg og skulde sagt, at han vilde spela det paa sin næste koncert. Men kongen, som visste, at ho ikkje tolde høyra paa musikk, lagde seg frami og sagde:

„Korleids var det, um De spelad „Sæterbesøget" paa Keops-pyramiden?"

Og kongen lagde til: „Slikt nokot hev endaa aldri hendt, og fyr ein meistarspelar tykkjest det svært freistande".

Det var Bull med paa strakst. Han hadde fyrr tenkt aa vitja Alexandria og Kairo, og no vart det fast. Paa Keops-pyramiden skulde han spela komande 5te februar.

So hadde han faret spelande sudetter.

I slutten av januar 1876 var han komen til Brindisi og tok eimbaaten til Ægypten i fagna

fylgje. Reisi gjekk godt, og um morgonen den 4de februar var Ole Bull i Alexandria.

Det var endaa eit godt stykke atter til Kairo, jarnbanen treng heile 6 timar til ferdi. Men endaa same kvelden var Bull med sit ferdafylgje i Kairo, der han vart gjestmildt motteken av den norsk-svenske konsul.

Og tidleg næste morgon den 5te februar stod ei heil rad vogner utanfyr landgarden aat konsulen, som og hadde bedet ymse vener med til pyramideferdi.

Kl. 10 var fylgjet ved pyramidarne.

Laget kløyvde seg i tvo, dei, som skulde upp aa Keops-pyramiden, og hine, som laut halda seg nedre. Men det var minsteflokken, berre nokre kvende og eldre karar. Den eldste av alle var lika vel Ole Bull sjølv. Men han hadde alt sprunget upp dei 10 fyrste meterhøge stigi og vilde fyrstundes ingi hjelp hava av beduinarne. Han kjende seg ung, endaa han var 66 aar. Han maatte skjemmast, sagde han, um han skulde turva 4 framande armar til aa koma upp. Han hadde meir sut fyr fela en seg sjølv og hadde valt ut tvo av dei sterkaste beduinarne til aa hava felehuset upp aa toppen.

Um eit snaudt korter stod Ole Bull, som den fyrste av alle, paa toppen og helsad det norske

flagg, som konsulen hadde latet heisa paa flagstongi der.

Etterkvart naadde og dei andre gjesterne toppen. Men paa alle sidur kleiv og sprang beduinarne upp. For det var snart vortet kjent der nedre, at ein konge i nordlandi hadde sendt ein spelmann, som skulde spela paa pyramiden.

Og hadde folk i Kairo berre visst det, so var i vissa halve um ikkje heile reiseverdi, fyrst og fremst engelsmenn og amerikanarar, komne med, so mykje dei kunde fenget fortalt, at „dei hadde voret med“.

Ole Bull hadde teket upp fela og klunkat paa strengjerne. Daa rette han seg i høgdi, og i nokre minuttar saag han seg i kring i denne undarlege fornheimen.

Til høgre laag Nildalen, so langt han medad, med ljosgrøne marker og millom dei den breide drustelege straumen med baarurne blenkjande som braadet sylv, — til vinstre den ljosgule øydemark lika burt under dei libyske bergi, risande smaatt um senn yver sletti, — og lika fyr føterne aa sjaa til den vidbygde kalifstaden med minaretar, kuplar og palmehagar i solglansen.

Det høyrdest som glad heiing, daa han braadt tok til aa spela, — som takkerop fyr lagnaden,

som let han standa her uppe og sjaa med sine eigne augo dette storfagre bilæte.

So rette han augo mot nord og spelad „Sæterbesøget“ i den reine vindstille luft med trolldomsmagt paa denne høgste tinden, som var reist av mannahand.

Som han hadde gjort det sidste strok paa strengen, flaug det tvo store pelikanar upp or Nildalen og tok paa ferdi mot nordlandi — med helsing.

Beduinarne hadde legjet som steinar, med' han spelad. Men no spratt dei upp og ropad: „Allah! Allah!“ Og sterkare kunde dei ikkje tolka si undring.

So hadde Ole Bull haldet sitt ord, og daa han atter var i Kairo, sende han detta telegram:

„Kong Oscar, Kristiania.

Som eg lovad paa Drottningholm, spelad eg i dag paa min 66de fødselsdag paa toppen av Keops-pyramiden mitt „Sæterbesøg“ til heider fyr Norig og den elskade kongen.

Ole Bull“.

Og dagen etter fekk han svar:

„Eg takkar Dykk hjarteleg fyr Dykkar telegram og gleder meg med dronningi yver all Dykkar lukka. Oscar“.

Denne pyramideferd vart fulla spurd i Kairo, og khediven sjølv gav Bull vellæte fyr hans mod og ungdomskraft.

So heldt Bull ein koncert i Kairo og fekk mykje heider, blomar og kransar og jamvel dikt.

Han vart endaa nokre dagar i den stille gjestmilde heimen aat konsulen, gav so ein koncert i Alexandria og vende seg atter til Europa.

Den norske tonediktaren *Johannes Haarklou* er eit godt vitne um den magt, Ole Bull endaa kunde syna.

Det var vaaren same aaret. Haarklou kom drivande til Hamburg, han hadde voret paa musikkskulen i Leipzig og kjende fulla godt kulden fraa tyske musikkfolk mot hans namngjetne landsmann, som nettupp skulde halda koncert i Hamburg.

Haarklou fekk seg biljett, men det var paa høg tid og, fortel han, „for alt kl. 10 um fyremiddagen var mest alle biljettar utselde, endaa prisarne var tvihøge, og endaa dei hadde valt den største salen i byen, og den tok paa lag 3000. Koncerten var soleids eit storhende og det i 1876 i ein av Tysklands musikkrikaste byar, daa tidi longo var gjengi fraa den kunstleid, Bull tilhøyrde“.

Der var lagat til mykje godt av dugande

folk attmed Bull um kvelden. Men kvat brydde folk seg um det, naar dei ventad han? Det andre vart teket berre som fyll.

Dei sidste tonarne av eit fyrespel var tagnade, og det vart ei togn. Haarklou hadde fenget jamsides med seg ein eldre mann so kring 60 aar. Han var lærar i felespel og skulde soleids hava vit paa det. Han hadde høyrt Bull, daa han spelad i Hamburg fyrste gongen i 1837 og var hipen etter aa høyra, korleids han no greidde seg.

„Daa vart det med eitt uro i den store forsamling. For ein høg skapnad med snjokvite lokkar men lett i gangen som ein ungdom kjem fram. Eg skal aldri gløyma den augneblinken, daa han synte seg, den mannen, som eg hadde høyrt eventyr um, fraa eg var liten, og som eg kjende atter fraa bilæte. Det tottest som i ein eventyrheim alt i hop, og eg hadde ikkje trutt, at det var sant, dersom eg ikkje hadde set det fyr augo mine. Og denne kjensla var aalmenneleg i den store forsamling“.

„Eg vart so teken, at eg reint gløymde aa vera med i den ofselege fagning, som losnad, daa han smilande til alle sidur, roleg og litande paa magti si som ein gud stellte seg framfyr orkestret.

Men kann daa denne gamle mannen fullnøgja

desse skræmelege voner? laut eg spyrja meg sjølv. For det var ingi vanleg varm helsing. Det var ei gali heiing med orkesterstøytar til.

I andliti aat dei gamle var gleda yver attersyni, hjaa dei unge den sterkaste venting. Det var ei feststund, so ein berre sjeldan fær ei slik. Men jamen raadde denne gamle felekongen grunnen heile kvelden, so mi stille men stutte sut viste seg aa hava voret so grunnlaus som berre raad.

Av min sidekammerat, musikklæraren, hadde eg mi største moro. Han vart snart teken og meinte, at Bull spelad betre en i sin ungdom. Og daa han i sin A-dur-koncert lagde i veg med sine vidgjetne stakkatokvervlar i nedstrok, vart min gode hamburgar reint som fraa seg: Ljoneld og tora endaa ein gong, detta kann korkje Joachim elder Wilhelmj gjera han etter.

Bull spelad so eit tvomannsstykke av „Don Juan“, som han hadde stellt til aat seg sjølv. Det var den kjende: „So din aa vera evig“*), som Bull song so kløkkjande fagert og med ein so forbisneleg reinleik og sikker kunst, at det let plent som eit litet orkester.

Den ofselege fagning, som tok imot han ved hans innstig, voks endaa meir utetter kvelden.

*) „So dein zu sein auf ewig“.

Og millom dei, som skreiv um koncerten i bladi, var menn med namn. Dei synte „Nordpolens Paganini“, som dei kallad han, den største vyrdnad og slo fast, at ein laut minnast dei dagar, daa Franz Liszt spelad i Hamburg, dersom ein skulde finna maken til den uppgløding, Bull hadde vakt“.

I midten av mai lende Ole Bull paa Lysøy atter. Kona kom atter fraa Amerika, og han levde sæle dagar i sin norske heim.

Av hans sumarfysna maa nemnast jonsokferdi til Lyshorn, den høgste bergtoppen ovanfyr Lysekloster.

Dei var 15 i fylgje — millom gjesterne tonediktaren Edvard Grieg og fru Nina.

Daa dei midnattsbil naadde toppen, ljosnad det alt yver dei snjoklædde Hardanger-fjelli, og skyerne glimad i himmelsynet i straalande liter.

Ungdomen hadde samlat seg paa „Hornet“, og jonsokbaalet kveiktest um natti. Glade som ungdomar var alle.

Aa fyr ei syn! Nutarne risande langt burte, Folgefonni mot aust glitrad i sylvglansen, litet skiljande fraa ullskyerne. Mot nord Sogne-fjelli og i vest den underfulle kyst med alle dei vikar, vaagar og fjordar og uteljande øyar — det opne

havet utanfyr. Unter føterne 14 vatn, innringade av myrke fureskogen.

Ole Bull hadde so tidt baade ute og heime fortalt um den inngivnad, han som gut hadde fenget fraa desse fjelli.

Og her reis dei i ei ljos jonsoknatt. Han hadde spelat dei fyr verdi. Millom vener helsad han dei no atter.

„Med' me stod der hugtekne og mest fjetrade av syni, naadde feletonar øyrat“, fortel Sara Bull. Norske folketonar.

Som fela tagnad, rann soli i all sin dramb yver fjelli, fargad dei i morgonrauden sin og gyllte dei smaae segli, eit i Samnanger-fjord, eit i Krossfjorden og eit i Bjørnefjorden. Skipi tottest kvila paa den stille vatsflata, som djupt nedre speglad kvart fjell og kvar topp i kring.

Gutar og gjentur i raude liv dansad halling og springar i morgonsoli.

Daa dei med trumba fyre kom ned mot Lysekloster, var det i kring 150 i det kaate lag.

Elvi ho susad og spratt gjenom dalen, fuglen song i skogen, og det sjuad i engi, som daa Ole Bull fyr 58 aar sidan tok til aa drøyma og dikta paa Lysekloster.

Endaa ein høgtidsdag paa Lysøy maa nemnast. Den 4de juli var det hundradaarsdagen fyr

den amerikanske fridom. Paa stongi ute blakrar det norske flagg, med' Ole Bull og hans gjester inne i musikkhallen, med stjerneflagget boret fyre, gjeng i festferd til amerikanske tonar.

Ole Bull hadde røynt seg paa Europa og kjent si magt. So kunde han fulla leva i sumardraumar paa Lysøy, med' kona umskriv „Den fremsynte" av Jonas Lie aat Amerika-folket og finn upphavet til hans manndomsmagt under lesnaden av „Egils saga".



XX.

Dei sidste aari.

(1876—80).

I september foor han yver havet og kom til tidar, so han fekk sjaa den store heimsstemna i Philadelphia.

Det vantad ikkje paa innbjodingar um aa spela. Men han sparde seg meir en fyrr. Soleids lagde han ikkje paa seg suti med sjølv aa leiga kunstfolk til ferdi og stella koncertarne til. Han gjorde avtalarne soleids, at han berre hadde sitt eiget spel aa tenkja paa.

Berre i storbyarne lovad han seg til aa spela og aldri meir en 3 gonger i vika.

I Boston gav han sin fyrste koncert. Det var 6 aar, sidan han spelad der sidst. Den varme velkoma synte han, kor folket gledde seg yver attersyni. Daa han steig fram, reis heile aalmenningen upp og helsad han baade lenge og vel med handklapp.

Nie gonger spelad han i Boston fyr yverfyllt

hus. Og jamvel Ole Bull vart yverteken, sidan folk var so hugade aa høyra.

Daa dei fremste menn i byen bad han so varmt um endaa ein koncert, var det, at han nyttad høvet, som er fortalt fyrr, og fekk gjort koncerten til ein minnefest fyr Leiv Eiriksson.

Elles gav han den vetter — 1876—77 — 30 koncertar. Han reiste i fylgje med frøken *Emma Thursby*, den framifraa fine amerikanske songfuglen*). Alle stader var koncertarne framifraa gode.

Eit brev fraa Philadelphia til eit svensk blad**) syner oss vaar Ole Bull.

„Det er no 20 aar“, segjer brevskrivaren, „sidan eg sidst høyrde han. Difyr var eg svært hipen etter hans innstig. Hans namn hadde dreget soleids, at det ikkje fanst ein einaste tom plass korkje i salen elder paa tilet. Det var snaudt folk hadde tol til aa høyra ut dei songarne, som gjekk fyre hans felestykke.

---

*) Med henne reiste han ogso seinare. I 1880 skulde ho voret med til Norig, men hans sjukdom og avferd kom imillom, so det vart ikkje av. Daa ho aaret etter vitjad Norig, song ho naudende vent og synte sitt hjartelag fyr Ole Bull og vart helsad og fagnad, som um ho skulde voret send av han sjølv.

**) „Göteborgs handels- och sjøfartstidning“.

[illegible] eg: „Me vil høyra [illegible] — [illegible]“.

[illegible] fram. Det var, totte [illegible] skapnad som fyr 20 aar [illegible] breid yver herdarne, med [illegible] det same tjukke graae [illegible] som ingen annan kunstmann [illegible].

[illegible] fagnadropi, lika til han lagde [illegible] og det med eitt vart stillt [illegible].

[illegible] menneskje fyllte salen, og lika [illegible] ei fluga surra. Alt lydde, [illegible] missa, ikkje den finaste [illegible] desmeir.

[illegible] døydde av, vart fagnaden [illegible] og folk tottest aldri vilja slutta [illegible]. Etter kvart framrop gav han eit [illegible]. Men det var ikkje lenger i den [illegible]. Han vilde moroa folk. Det var ein heil leik med lunutte tonar med snaale hermelaater til, med' hans tjukke graae lokkar fauk som eit forvedr kring hans hovud. Heime vilde vandsame domarar talat um humbug, men i Amerika er det annarleids, og Bull kjenner sine folk. Han hadde tonar aat alle, og fjetringi aatte ikkje maal.

Daa fleire tusund ikkje kunde faa rom paa dei tvo koncertarne, han hadde etlat seg til aa halda, laut han til med ein umfram".

Ole Bull sluttad ferdi i Newyork, der han etter bøn fraa dei fyrste folk i byen spelad kvelden, fyrr han reiste.

Tie gonger vart han ropad fram, og kvar gong laut han spela ein av sine folketonar.

Og aalmenningen veiftad med lummeplaggi og sagde farvel med høge rop.

Det aaret var eit av dei gildaste, han hadde i Amerika. Jamt var det fullt til koncertarne, og so hadde han betre stunder en fyrr aat sine vener. Mangt eit kjennskap friskad han uppatter. Og han fekk mange minningar um, at han hadde vunnet hjarto.

Sumaren 1877 levde han stillt i Norig.

Men hugen til endaa ein gong aa sjaa Europa og dei gamle venerne der var sterk.

I fyrsten av oktober tok han ut paa ferd, og fru Sara var med han.

Yver England kom han til Belgia, der han i Brüssel raakad atter sin gamle medtevlar Vieux-temps, som var veik etter eit slag. Han vilde prøva fela aat Bull, men „det er faafengt", sagde han, „eg er ikkje god-til styra fingrarne mine!"

Bull hadde etlat seg aat Italia og Sicilia.

Han vilde endaa ein gong leva uppatter sin ungdom i solskinslandi. Men han kom ikkje so langt.

For i januar 1878 var han komen til Wien, og der gjekk den eine vika gladare og gildare en den andre millom gamle vener.

I eit lag raakad han og Kristina Nilsson, som fortalde, korleids Ole Bull hadde motteket henne ved inngangen til ein av sine koncertar i Sverige. Han stod og talad med ein ven, daa ho bad um aa faa sjaa fela hans. Og med' han vart ropad til sides ein augneblink, flidde han henne fela. Ho vaagad seg til aa draga bogen og høyrde med fysna, korleids fela „mest spelad sjølv".

I Wien budde hans ven Liszt, som dagstødt sende han brev elder bod og ofta lyddest inn til han — alltid med ljost andlit.

Til eit lag hjaa Liszt sidste kvelden skulde der vera korkje fela elder piano. Men midnattstider sende Liszt bod etter fela aat Bull, og dei tvo spelad og diktad, den eine venare en hin. Tonarne let endaa i sjeli, daa dei paa morgonsida gjekk heim langs med den fine aadammen i det straalande stjerneljos.

„Naar eg no skal reisa, vantar eg mod til aa koma til Dykk og segja min takk fyr Dykkar kongelege gjestevenskap", skreiv Bull til sin



Ole Bull.

namngjetne ven. Det hadde voret eit lysande møte etter mange røynslur. Han ynskjer til Gud, at han vil gjera venen lukkeleg.

Det var hans farvel til Franz Liszt.

So ein maana i Wiesbaden, der han brukad kjeldurne og naut eit hugnadsamt umgjenge med sine vener.

Um sumaren 1878 budde han den meste tid paa Lysøy. Koncertar gav han og. Mange er dei, som minnest, kor hugtekne dei vart av hans spel.

Og som han sjølv lyste yver alt folket! Alle augo fylgde han, der han gjekk paa gata elder i fyredragssal.

I slutten av aaret foor han til Amerika. Av aalmenningen vart han motteken som kjærguten, og bladi let vel.

„Ole Bull“, skreiv eit blad i Boston, „tykkjest ikkje ein dag eldre, en han gjorde fyr mange aar sidan, og av si underfulle magt yver fela hev han so visst ikkje tapt det minste“.

Han er „diktaren paa fela“, segjer „Newyork Herald“, og eit annat blad meiner, at „han tek sine noverande tilhøyrarar ikkje mindre megtug en deira feder“.

Det var ein god vetter.

Den 4de mai 1879 var Ole Bull komen til

Kristianssand. Um kvelden helsad syngjarlaget aat handverkararne han velkomen heim.

Gaturne i kring var fulle av folk, og eit „leve Ole Bull“ fekk hurra, so det durad.

Bull stod i vindaugat og lydde. So takkad han fyr heideren. Hadde han berre havt fela hjaa seg, skulde han visst spelat. Naar han kom atter til hausten, vart det fulla raad med det og.

So bad han dei syngja ein *ægte* norsk song, og dei song „Veiviseren synger“ av Welhaven.

Bull talad so fyr fedraheimen, vaar store og gode mor, som han atter maatte heim til og faa styrke og ungdom aat sitt spel.

Den vetter og vaar hadde striden um det reine norske flagg gjenget yver landet. Det var nokot fyr Ole Bull. Han var ein av dei, som aldri hadde viljat hissa norsk flagg med unionsmerke i — berre dei reine norske fargar. Han hadde lenge stadet aaleine med detta, men no var det komet fram mange som han.

Og so maatte han tala um flagget, med det same han sette foten paa norsk jord.

Og folkemengdi svarad paa den uppglødde talen med glade hurrarop.

Etter eit nytt „leve Ole Bull“ gjekk syngjar-

laget heim. Men folkehoparne byljad heile kvelden att og fram og glytte etter ein skimt av Ole Bull.

Det aaret var han heime til 17de mai. Paa Lungegaardsvatnet vart daa synt fram den historiske vengbaaten, som Ole Bull hadde siglt til Stavanger paa i den rjukande nordanvinden 1838.

Den sumaren var ein av dei gildaste, han hadde havt i Norig.

Nemnast lyt den ferd, han i fagna fylgje gjorde til Lofthus i Hardanger. Dei vilde høgtida den 36de fødselsdagen aat Edvard Grieg, som hadde bygt seg eit litet diktarhus der nedre ved strandi.

Sundagen den 15de juni var varm og fager, aplarne stod endaa i blom, Skrikjofossen og Bjørnebykset let atter som ymjing under askekrunurne, og paa andre sida av den blaagrøne fjord tøygde Folgefonni seg fram og sende bekkjer, kvite som sylvstrengjer, ned gjenom lider og skog.

Dagen vart so fager, som venskap, tonar og kjærleik kann gjera ein slik dag. Det totte bygdefolket og — dei var komne saman i mengd og lydde paa.

Edvard Grieg hadde gjevet Lofthus udøyande namn, sidan han hadde diktat nokre av sine beste tonestykke der, sagde Bull til bønderne. Og han sjølv skjemde ikkje tingen ut korkje ved sitt eiget nærvære elder fela si.

[illegible] ein festdag, Ole Bull i [illegible] Edvard Grieg, som longo [illegible] og skulde gjera det meir og [illegible] og velbygde toneverk forma [illegible] *gjenom eit vestlandsk hug-[illegible].* [illegible] leikat og glimtat paa fela aat [illegible] og log og tok verdi gjenom [illegible]magt. Men naar han [illegible] vart det jamnaste burte — [illegible] vaare fossar vart det fyr dei [illegible]

[illegible] lært fraa grunnen og [illegible] der hin berre lyste og [illegible]

[illegible] ingen „skule" hev skapt, [illegible] vaare norske musikkfolk. [illegible] i Norig og sette maal [illegible] seg til nokot stort.

[illegible] fortel, at Bull fyr musikalske [illegible] ein glans, som var det Gud [illegible] Grønvold etter Ole Bull [illegible] med berre fyr aa sjaa han, [illegible] budde, og ventad i timetal, [illegible] høyra ein tone elder tvo paa [illegible] — han saag denne [illegible]holet.

[illegible] Edvard Grieg var Ole Bull

komen heim, daa han var 15 aar, hadde bedet um aa høyra han spela, laatet vel um hans gaavur og sagt folket hans, at dei maatte senda guten ut — til Leipzig — aa læra.

Han hadde lært og arbeidde no som vaksen kar jamsides med Ole Bull og som ervingen av dei „tvo tridjeluterne av hans aand“.

Næste sumar lagde Grieg laurbærkransen fraa den norske tonekunst paa hans kista.

Daa kong Oscar II og ein av prinsarne kom til Bergen den 24de juli, var Ole Bull og saag paa høgtidi.

Det gledde han, at Bergen kunde senda ein slik dampskipsflote til motar kongen. Ingen annan by var god-til gjera det etter, meinte han. Og so alle dei ærlege sterke bondeandlit, dei saag han seg glad i.

Ole Bull stod, so han saag den store festferdi. Daa vart han sedd sjølv og fekk sterke hurra upp til seg. Og hans takkande aasyn under det kvite haaret lyste yver folkehoparne, soleids som berre det aasyn kunde lysa i Norig.

Daa kongen reiste inn Osterfjorden nokre dagar seinare, var Ole Bull umbord millom gjesterne. Han drakk skaali fyr kongen, som svarad med aa syngja „Paa solen jeg ser“.

Den sidste dag og kveld han var paa Lysøy

den hausten, vitjad han kvar flekk, fortel fru Sara. Det var i sanning eit farvel. Det tottest og, som hadde hans drøymande auga kvilt paa dei kjære tufterne med større fysna en elles. Og det vart sidste gongen, han sjølv sette fot under seg paa sin eigen grunn.

Hans stunding etter denne heim lyser or eit av brevi hans:

„Eg hev lidet so mykje — ingen veit, kor mykje utan han, som fraa sin himmelske kjærleik giv oss styrke til alt godt og stort stræv. —

Kor stundar eg ikkje til Norig, til Lysøy! Visste du berre, kor vent det er paa „Clostrum vallis lucidae“ — klostret i den lysande dal —, som det heitte 1146, De vilde dragast lika sterkt til det som eg. Aldri hev eg set nokot, som dreg meg med slik ei underfull magt: So stort og lika fullt so blidt, so tungsamt og lika vel so ljost! Eg kann aldri greida det fyr meg sjølv.

Lufti der er fulla fin og ikkje mindre skogarne, bakkarne og sjøarne med sine skiftande utsyner. Men utsynerne fraa bergi er so velduge, at ein maa sjaa varlegt — elles vil dei magtstela deg. Dei gjer meg takksam mot Gud, og eg bed med taarur fyr uven som ven“.

I Amerika gav dei seg roleg til i den vesle byen Cambridge tett ved Boston. Dei budde i

det huset, diktaren Lowell*) fyrr hadde aatt, eit gamalt hus med hage og store tre i kring.

Berre eit stykke ifraa hadde han ein god granne i sin ven diktaren *Longfellow***), og dei levde ein hugsam og gild vetter.

So kom den 5te februar 1880, daa Ole Bull fyllte dei 70.

Daa saag det ut, som alle hadde gløymt dagen, og Ole Bull sjølv nemnde helder ikkje nokot.

Men daa det skumtad, kom venerne og kjenningarne. Gaavurne var der og, kostesame og fine, millom annat ei fela, lagad av blomar.

Ole Bull hadde ingenting set, for han vart

---

*) J. R. Lowell, f. i Cambridge 1819. Lærar ved universitetet der fraa 1855. Skreiv fleire diktarverk. Vart 1880 utsending i London fraa dei sambundne statarne. Ole Bull yvertok huset med mykje av bunaden aat Lowell, maalarstykke og boksamling. Den heimen er no som eit Ole Bulls museum i Amerika. Der finst mange av dei herlegaste eignaluter etter Ole Bull, hans pianoforte, Casparo da Salo og mange heidersteikn. Og der lever fru Sara Bull og vaker yver hans minne.

**) H. W. Longfellow, f. 1807. Sitt diktarnamn fekk han 1835. Han hev skrivet mange verk og er mykje namngjeten. Var lærar ved universitet fraa 1835, til han lagde ned posten 1854, og Lowell kom i staden. Døydde 1882. Hans hus stend i same standet, som daa han levde.

halden so lenge hjaa ein granne, at alt var ferdigt og vel tilstellt, daa han kom heim.

Og der stod dei allesaman, helsande lukka med dagen og han hugteken av detta hjartelaget, som viste seg so reint uventande.

Han lyste som ein norsk sumardag, og takken kom paa fela.

Han stod som ei glad kjempa, kvithærd men sterk og rak, og spelad sin svanesong, som det seinare vart sagt.

Det var høgtid og aalvor etter spelet. Men ved bordet vart det gaman og moro. Longfellow lyfte glaset fyr Ole Bull.

Daa Longfellow ei tid etter fyllte dei 73, var det lag hjaa han, og Bull talad atter paa fela si.

Han hjelpte til med koncertar baade i Cambrigde og Boston um vetteren, og i marts og april gav han nokre faae koncertar i dei større byar i auststatarne saman med frøken Emma Thursby. Den næstsidste koncert i Newyork var til inntekt fyr dei fatige. Paa den sidste koncerten der spelad han „Dei norske fjelli“. Det vart sidste gong.



XXI.

Sidste reis.

(1880).

Gjetordet um hans heider og lukka paa den 70de fødselsdagen hadde nett gjenget yver landet.

Helsingi fraa Toledo i Amerika til venerne i Bergen var frisk og ung og gjekk arm i arm med ungdomen heime: „Leve det reine flagg! Leve 17de mai!“*)

So spurdest det, at han var sjuk men lika vel paa heimreis. Ofta hadde han voret sjuk men frisknad til atter, og so tidt hadde han voret sagd avliden, at folk seint trudde paa det. Men denne gongen kom det so undarleg yver oss. Nordmennerne var so vane til hans mamn og glans, at dei litet kom i hug, at han skulde døy. Heile folket hadde aatt han upp imot eit halvt aarhundrad, og ein kjende seg trygg paa han. I denne tryggleiken hadde kaat raaskap leikat seg tankelaust med hans namn. Den sumaren vart det pipet aat hans bilæte — i politisk villskap.

Men no var han sjuk, og det fall togn og sut yver folket.

---

*) Telegram til John Lund, Bergen.

Gjenom den sidste maana hadde han ikkje voret frisk, men i fyrsten af juli lagde han til havs i godt vernelag. Heim maatte han, lækjararne meinte og, at sjøreisi vilde gjera godt.

Dei fyrste dagarne tottest han friskna til. Men so kom sjøsykja, som han aldri hadde havt fyrr, og gjorde han veikare.

I Liverpool skulde han kvila ut nokre dagar, so kom han seg fulla. Men han versnad, og det synte seg faarlege sjukdomsmerke. Doktararne vilde ikkje lata han reisa lenger. Men han meinte, han skulde greida seg til Norig. Det var ingi raad aa leggja imot han korkje der elder i London. Dr. Moore fraa Liverpool vart med i fylgjet.

Daa Ole Bull laurdagen den 24de juli vart boren yver skipsbordet i Bergen, og han saag atter dei kjære heimetufterne, var det, som hans kraft og ungdom kom atter, og hans vener tok ny von.

Fjordbaaten „Arne“ voggad han i ein mild og god svevn.

Daa han vaknad, kom Lysøy fyre augo, hans eigne berg, hans heim.

Mjuke, kjærlege hender bar han upp fraa baaten, og hans seng vart reidd i musikkhallen ovanpaa. Hans hjarta hadde brunnet etter heimen, og no var han under sitt eiget tak, so trøytt og veik. Men kvar ljod fraa heimen og kvart kjent

andlit gjorde han godt. Og her kvelvde dei seg yver han dei sulur og bogar, han sjølv hadde reist. Men det var skilnad paa no og dei lukkelege stunder, daa tonarne fraa hans Gasparo da Salo skalv under desse bogarne! No skalv det i hans eigne livsstrengjer. Der stod og orglet, som skulde drysja dei sidste tonarne ut yver hans sjæl og dagsverk.

Verkeleg, han tottest besna kvar dagen, og det gjekk yver landet, at den gamle kjempa fulla stridde det. Der var ingen faare lenger.

I denne tid var det, at soldatarne helsad Ole Bull paa heimferdi fraa Ulven. Eimbaatarne foor stillt fram tett under Lysøy. Ole Bull var for veik til aa syna seg. Men han let sitt „eiget flagg“ blakra ut igjenom vindaugat. Fraa fyrste baaten spelad brigademusikken tonarne aat Bull sjølv, og andre tonar kom i fylgje. Alle eimbaatarne helsad med flaggi, daa dei foor framum.

Men um nokre dagar snudde sjukdomen seg, og dei tvo doktararne Moore og Wiesener, som saag til han, laut ottast det verste. Den sjuke stridde imot som ein mann, endaa krafterne minkad.

Ole Bull var varmt religiøs og truande men utan nokor fast læreform fyr si tru. Han trudde paa livsens framvokster i rettferd, mildskap og kjærleik.

Nordmann og heimsborgar hadde han voret

all sin dag, og no tottest kjærleiken og voni um siger fyr alt stort og godt veksa i hans sjæl, di veikare og meir ihopkropen han laag der. Og framfyr han laag landet, der han etter si faste tru skulde faa møta med „straalestrengjer paa fela si".

Det var tyrsdagen den 17de august. Dagen var fager og roleg, full av solskin og blomeduft.

Daa Ole Bull slo upp augo, rette han henderne fraa seg og ropad: „Min Gud, eg takkar deg!"

Og daa lækjaren sagde han, at han no laut vera buen paa avferd, tok han logn og reidug velfar med sine kjære. Han sagde seg laus fraa livet med den søte vissa, at det hadde voret ein sæl og gjæv lut.

Seinare bad han um blomar til seg paa sengi. Det var vondt aa skyna, kvat slag han meinte. Han fekk den eine etter den andre, men kvar gong riste han berre paa hovudet. Daa kom dei med nokrė lyngblomar. Han nikkad og smilte og heldt i sine sidste timar lyngdusken i handi.

Det var, liksom han hissad sitt merke fyr sidste gong: I Norig er eg fødd og boren, og med Norigs blom i hender vil eg døy*).

---

*) Nordahl Rolfsen sende tvo kransar av lyng og

Daa han kjende, at det var slutt, bad han um *Sjælemessa* (reqviem) aat Mozart. Og kona hans spelad paa orglet tvo gonger detta kjæraste av alle tonedikt. Daa tonarne tagnad, var han paa reisi, og det laag smil yver lippurne, daa han foor av stad og skulde møta med „straalestrengjer paa fela si“.

Klokka var daa 12.

---

ville blomar til hans kista, og med fylgde detta diktet, som maalar Ole Bull med lyngdusken i handi:

„„Natten den kommer, og solen sin glans
vil mig nok snarlig negte.
Havde jeg kun en liden krans
og vidste, at den var ægte!
Natten den kommer, og laurens busk
slet ingen duft mig sender.
Giv mig af lyngen en liden dusk
mellem de kolde hænder! — —
Kom til mit hjerte, I fattige smaa,
sprungne af Norges fjelde,
sol I bringer. det er, som jeg laa
og drømte i bakkehældet“.

Saa du hvisked, og nattens fred
fulgte den lange dag.
Tag nu de vilde blomster med
her paa din sarkofag!
Lad nu lyngen saa frisk og rød
klæde den sorte fjæl,
frisk som din egen kjærligheds glød,
rige, skabende sjel!

Der gjekk sorg yver landet, men folket kjende, at det, dei hadde vunnet ved Ole Bull, det tok han ikkje med seg i gravi. Og der var fysna og takk i sorgi.

Det vart syrgjeflagging yver heile Bergen, og bladi kom ut med svarte render, som naar kongen var daaen fyrr i tidi.

Det gamle bladet aat „morbror Jens“ skreiv*):

„Norigs namngjetne son er ikkje meir. Bodi gjeng vida, og landet stend syrgjande ved hans likbaar. Eit livsskjeid, langt og glimande, er til ende. Eit kunstliv, rikt og sprikjande gjenom ei heil æva, er sluttad: Eit kunstliv i strid, eit liv i arbeid, eit liv i tidstankarne, som hans ordtak sagde det:

Kransen har bud fra de tusinde sind,
hvem livet var goldt som en ur,
tusinde hjerter, hvor du spilled ind
en underdeilig natur:
Kransen har bud fra de fattige smaa,
som bygger ved fjære og strand,
hvis jordvendte øie saa sjelden naa
ind i skjønheds forjættede land.
Du har vist dem det, du! Blot en eneste stund
var det kanske, det tog dem i fang,
men der bæver en tak om den veirbidte mund.
og den nynner dit navn som en sang“.

---

*) „Bergens adresse“.

Krigen er liv — livet er ein krig (Bellum vita — vita bellum)".

Og „Bergens tidende" kom med detta minnedikt:

„Du var den første blomst, der sprang
af frihedsvaarens unge fang.
Du var det første vaarbud, som
fortalte hele verden om
de skjønhedsvæld, som Norge gjemte, —
og aldrig dette kald du glemte.

Du var den første fugl, som svang
sig op og ud med kunstnertrang
og vidned, at i Norges jord
der friske frie kræfter gror.
I dine sterke tonestrømme
du verden gav et hav af drømme.

Du voxte som en vaardags elv,
du dag for dag blev mer dig selv.
Men glansen af, at du blev stor,
som nordlys faldt paa Norges jord.
I dine varme toners tanker,
det Norges hjerte er, som banker.

Din moder Norge havde lagt
i dine buestrøg en magt,
som om det Moses var, der slog
paa klippen, og hver stemning jog
som elven, frisk fra jøklen baaren
og dybblaa som dens væld i vaaren.

Du kan ei dø! Om end din arm
sig mer ei svinger sterk og varm,
du staar med morgenrødens glans
i Norges friske mindekrans,
og folket skriver paa din kiste:
„Du er den sidste, vi vil miste!“

Læg buen ned! Til kistens karm
en krans af takkens taarer varm
hun bringer med sin bedste bøn
til dig sin førstefødte søn:
Gid, at dit liv og daad maa være
et frø, som tifold frugt vil bære“.

Syrgjebodi naadde ned til alle, for det fanst ingen framvokstring i landet, utan han kjende Ole Bull.

Bystyret i Bergen kom saman og baud Ole Bull ei grav paa kyrkjegarden ved Stadsporten, i rundingen, der dei tvo hovudgangarne møtest. Sytjandemai-nemndi i Bergen stod fyre likferdi, som kom til aa svara til hjartelaget hjaa store og smaae.

Fredagen same vika gjekk „Kong Sverre“ ut fraa Bergen med ei 300 vener, som vilde sjaa han endaa ein gong.

Ole Bull var lagt paa likbaar i musikkhallen, klædd som til ein spelekveld. Det var fjetrande aa sjaa ei slik storkraft samansokki i dauden. Elles var andlitsdragi lett atterkjennande. I høgre hand

laag hans lyngdusk. Ved føterne ein bibel og gullkransen fraa San Francisco. Baari var prydd med grønt, mest ormegras. Lykkjur og band fraa dei sidste Europa-ferderne prydde sidurne av kista. Paa eit av bandi stod det i gullskrift: „Til tonekongen, helsing den 28de februar 1876“*).

Venerne gjekk rundt kista og tok velfar med Ole Bull.

Mandag den 23de august var han til jordar.

Alt tidleg um morgonen synte det seg, korleids alt folket var med i sorg og samhug. Bergen og Vaagen var i syrgjeskrud. Fraa husi og skipi blakrad det tusund av flagg paa halv stong. Alt kvardagsstræv var lagt til sides, kantor og handelsbuder stengde heile dagen.

Det var stellt til i gaturne, der syrgjeferdi skulde ganga. Paa hamnen gjorde eimskipi seg

*) „Dem könige der töne, gruss am 28ten februar 1876“. — Fyrr Bull døydde, hadde han avgjort det so, at Bergens museum skulde hava gullkransen, sylvnotestolen fraa studentarne i Moskwa og ordnarne i glimesteinar. Det var vasaordenen med 126 glimesteinar og den spanske orden, som og hev mange. Ei hardingfela, som Ole Bull var svært glad i og ofta spelad paa, gav sonen, Alexander, til museet. I 1888 fekk det av Sara Bull ei av stasfelurne etter Ole Bull. Ho hev innskrifti: „Josepho Guarnerius fecit Cremone Anno 1731. S. U. S.“

ferdige til aa ganga til motar Ole Bull. Og ut etter fyremiddagen tok den uhorvelege likferd til aa stella seg upp paa Nordnesvollarne under sine fanur. Det var folk i tusundtal baade der og langs med Festningen.

Alt kl. 7 um morgonen var „Kong Sverre“ gjengen fraa Bergen med skyldfolket og dei nærmaste vener til Ole Bull saman med nokre innbodne.

Daa dei var komne nær Lysøy, vart det amerikanske flagg hissad paa halv stong paa framtoppen, det norske paa attermastri og under gaffelen. Det hadde voret skyat om morgonen, men no kom soli. Lysøyhusi laag i solglans. Upp etter bergufserne stod store flokkar av bønder. Stillt seig „Kong Sverre“ inn aat landgangsbryggja.

Par og par gjekk fylgjet upp etter den bratte fjellvegen til huset, der svali var tjeldad med svart.

Kl. 10½ byrjad høgtidi i musikkhallen. Kista stod gjøymd av kransar og blomar under Ole sitt eiget flagg.

Konsul John Grieg og seglmakar Behrens var marskalkar og stellte seg med sine stavar attanfyr kista.

Edvard Grieg tok i med eit fyrespel paa

orglet. So heldt sokneprest Krogh fraa Fane talen. Der etter song syngjarlaget aat handverkararne ein nydiktad song*), og Grieg spelad med paa orglet. Det sidste verset lydde soleids:

„Nu har du sunget din svanesang,
i Sagas hall er du bænket.
Men end din tone har mægtig klang:
I folkets bryst den sig sænked.
Og om dit navn den slynge skal
en krans af straalende minder,
der dufter frisk mellem fjeld og dal,
mens slægter kommer og svinder".

Stortingsmann *Wollert Konow* sagde Ole Bull farvel. Han minte um hans rike og varme kjærleik til fedraheimen, um hans samhug med alt norsk stræv, korleids han hadde levt seg inn i tankegang og vilkor, so hans hug var lika nær, kor langt burte han so ferdadst. Og kor ring mannen var, som Ole Bull møtte paa sin veg, han var den same mot han som mot den, som større var. Han var praten og hjarteleg og forstod aa ganga inn i tankegangen aat mindremannen og kjenna seg som hans ven og jamlike. Konow sluttad talen med ein takk fraa det folk, han alltid hadde elskat. „Difyr lyder og", sagde

*) Av J(ohn) G(rieg).

han, „fraa den ring, som no drygjer i den sidste helsing — av fulle hjarto og i heil takksemd: Ærat og velsignat vere Ole Bulls minne!“

Det var snaudt eit turt auga, daa kista no vart bori ut fraa Lysøy — av 8 bønder fraa Valestrand.

Fyre gjekk reipaslagar Schiøt med silkeflagget. Etter kista yverlækjar Danielsen berande dei 4 ordnarne*) aat Ole Bull og Edvard Grieg med gullkransen fraa San Francisco. So kom syrgjefylgjet saman med dei tvo atterlevande borni av fyrste ægteskap, fru Felicie Ingier og Alexander Bull, og fru Sara Bull og deira niaars dotter Olea. Bønder og syngjararne under syngjarfana sluttad fylgjet.

Yver den pyntade bryggja vart liket boret ut paa „Kong Sverre“ og sett midtskips paa ein skammel, som hadde eit kvitt silketeppe til yverbreidsla. Det norske flagg og Ole Bull sitt eiget blakrad yver hans kista.

Det er kurande stillt, togi vert kastade lause, det sig so smaatt ut ifraa, berrhovdad stend kararne, veifting fraa skipet og flokken paa land, til Lysøy smaatt um senn kverv burt.

„Kong Sverre“ snudde um Kvarven kl. $1^1/_4$,

---

*) St. Olaf, Vasa, den spanske Karl den tridjes orden og den portugisiske Kristusorden.



„So seig 15 eimskip innetter med „Kong Sverre“ i midten“.

— daa kom det 14 norske eimbaatar til motar, 7 i kvar rad med „Saturnus“ og „John Schønning“ som fløyskip. So seig dei 15 eimskip innetter med „Kong Sverre“ i midten.

Paa Nordnesvollarne stod likferdi under fanurne, som no luter seg fyr Ole Bull. Og av og til ber vinden tonarne av songen: „Hvor sødt at favnes af aftnens fred“ fraa Nordnes ut til syrgjeskipet.

Fløyskipi helsar Festningen med 8 skot og snur utetter paa kvar sida med skipsfylgje etter seg. Festningen svarar, med det same „Kong Sverre“ fer framum.

Folkemengdi paa Festningsvollen og skipi stend berrhovdad, med' Ole Bull fer framum, kyrkjeklokkurne ringjer, og syrgjeskipet sig stillt inn aat bryggja ved Holbergsplass, som var full av folk og pyntad med grønt og blomar, so det saag ut som ein hage.

Paa bryggja stod heile bystyret, Bjørnstjerne Bjørnson med fruva, Johannes Brun og nokre av festnemndi.

Brigademusikken spelad „Sætergjentens søndag“, — under dei tonarne vart kista bori i land av syngjararne. Detta var kann henda den største høgtidsstund heile dagen.

Kista vart sett paa ei høg og opi likvogn, so alle kunde sjaa.

Grannar fra Lysøy og Valestrand gjekk fyrst under det norske flagg. Lika etter dei kom syngjarlaget aat handverkararne og so brigademusikken. So 16 kvitklædde unge gjentur, berande blomekransar og sigersminni aat Ole Bull. Og etter silkeflagget, som var so vel kjent fraa 17de mai ferderne, kom denne gongen stalldrengjer leidande 4 svarte hestar fyre hans likvogn. So marskalkarne og Danielsen med ordnarne og Grieg med gullkransen. So kom syrgjefylgjet.

Med' syrgjebaaten seig inn til bryggja, hadde lagi, som var uppstellte paa Nordnes under sine fanur, gjenget inn Strandgata og stellt seg upp tvo mann i breiddi paa kvar sida aat gata.

Likfylgjet tok inn Strandgata til syrgjegangaren aat Chopin under minutskjoting fraa Skansen og ringjing fraa alle kyrkjur.

Kvar fana, likvogni kom framum, lutte seg fyr Ole Bull, og fanelaget skjøyttest i syrgjefylgjet, som soleids voks og vart det største i Bergen hadde voret set.

Der ferdi foor, var gaturne strøydde med eine og blomar, og husi hadde syrgjeflagg. Alle vindaugo var fulle av syrgjeklædde aaskodarar. Alle stader, paa tropper, høgsvaler og

tak, ja upp etter sjølve fjellet svartnad det av den tette stillvorne folkemengdi. Handelsvindaugô i Strandgata var prydde med kvitt og svart og fleire stader namnebokstavarne aat Ole Bull.

Og heile vegen druste det blomar yver kista.

Svaneapoteket, der Ole Bull var fødd, var fint pyntat med hans buste, innringad av flagg og tonevelde i syrgjeskygg, og uppyver lyste den 5te februar 1810 i straaleskrift.

Her stanad vogni, og songen*) let til tonen fraa „Sæterbesøget“:

„Du godt har holdt ord, talt Norriges sag
og baaret dets ry viden lande.
Du løftet har høit dit fædrelands flag
rundt om paa de fjerneste strande.
Ja fyrster og folk sin hyldning har bragt
din bløde og malmsterke bue.
Et septer den blev, som storme har lagt
og tændt har begeistringens lue“.

Og under gangen:

„Naar buen du strøg, om borte du var,
det klang som et: „Leve vort Norge!“
Ti altid din hug til Norge dig bar,
alt kan for din kjærlighed borge.
Du elsked dit land, dets veirbidte strand,
og aldrig du kunde det glemme,
og folket dig elsked, kvinde som mand,
de vidste, kun her var du hjemme.

*) Av John Lund.

Saa tak da for alt, for toner, for sang,
for gløden, du tændte og vakte.
Hav tak for din kjække, mandige gang,
hav tak for hvert offer, du bragte.
Nu nedlagt er buen, tonen dør hen,
dit minde dog aldrig skal svinde:
Det Norge, du var saa fuldtro en ven,
en evighedskrans vil dig binde".

Fyrst kl. 3 var syrgjeferdi framme.

Syngjarar bar kista fraa vogni. So vart Ole Bull lagd i den fine bakken med Lungegaardsvatnet nedanfyr og fjellet yver, med' musikken spelad: „Vaar Gud han er so fast ei borg".

Det var syrgjeklædde folk alle stader, upp etter fjellet, paa kyrkjegarden og etter vegjerne.

Sokneprest Walnum talad ved gravi varmt og fagert og takkad fyr det, Ole Bull hadde voret fyr folk og land. Til talen ein song av Olav Lofthus:

„Det liv, som standser her, var skjønt og rigt —
det var fra først til sidst en morgenrøde, —
det var et glødende, et deiligt digt, —
det var vor unge friheds førstegrøde.

De største drømme, som en sjel har havt,
og hjertets dybeste og bedste tanker
han tolked i sin kunsts vidunderkraft, —
og nu paa evighedens dør han banker.

Hans livsdaad ham mod evigheden bar,
— det ideale gaar i støv ei under. —
Paa tonens vinger vei han frem sig skar, —
han er ei død — han bare rolig blunder.

Ja hvil i Fred! I mindets varme favn
som barn hos mor du trofast nu skal gjemmes.
Og, Ole Bull, dit kjendte, kjære navn
har evighedens glans, kan aldrig glemmes".

Presten kastad jord paa.

Daa steig *Bjørnstjerne Bjørnson* fram: „Han var elskad, Ole Bull, det viser seg i dag. Han var ærad, men det er meir aa vera elskad en ærad".

Det vart ein minnetale, storstilt og maalande, so det snaudt hev voret haldet slik tale yver nokon nordmann.

Den syni, som Bjørnson lagde fram, finst atter gjenom heile denne livssoga.

„Me var eit litet, fatigt nybyggjarfolk", sagde Bjørnson, „med store minne attanfyr aarhundrad.

Det gav lengslur, me ikkje vann med, so det ikkje var fritt, me vart hædde. Den vesle aandsarven vaar fraa den sidste tid var skift soleids, at mest ingenting kom paa oss. Dei heldt oss fyr duglause til sjølvstendigt aandsliv, og jamvel dei, som kalladst dei beste millom oss, trudde det same. Ein norsk bokavl vart halden

fyr uraad, endaa-til daa den rike byrjing stod der. Ei sjølvstendig norsk sogeskriving var berre til aa læ aat. Vaart maal var ikkje fint, naar det ikkje vart talat med dansk tonefall og blaute medljodar, ein norsk skodespelkunst var utenkjande.

Politisk stod det ikkje likare til. Me var nyst selde og kjøpte, og den fridom, som me lika vel vaagad oss til aa taka, og som me hadde forstadet baade aa halda fast og auka, gav oss ingi trygd men mykje sut. Me torde ikkje eingong bera fram gleda vaar *opet*, daa det kunde koma leidt paa oss ovantil.

Men so var den unge slegt vaksi til, den, som var fostrad i dei fyrste fridomsaar og ikkje hadde suti og varhugen som dei eldre men so mykje meir av harm, traass og uro som havet. Den slegt levde i ei morgonkjensla av fridom og æra, og i denne morgonkjensla kom tonarne aat Ole Bull som det fyrste solglitr yver fjelli. — —

Naar ein talar med dei eldre um den tid, daa dei saag den norske kjempeskapnad, som braadt steig fram — ikkje laagt — nei paa verdsens høgste stader, hjaa kjeisararne og kongarne, paa dei store songtile aat millionbyarne, og spelad med ei vill kraft, som berre ein mann hadde aatt fyre han, men som hjaa Ole Bull var

serlagad, var indarlegare, var norsk, — naar dei las um, at han stod og song ut or fela si norske folketonar, og kjende, at folkesjælerne hadde blandat seg med vaar, med' dei framande log og gret og attanfyr han skimtad vaart folk og vaart fagre land, — daa skynar ein den lovnad, den trygd, den tru, den spretting, han vakte — han fyrst — i det norske fridomsliv. — —

Daa han kom heim fraa dei fyrste ferder — berre aa sjaa han var ein fest! Daa han spelad dei tonande eventyr, som dei skamfulle hadde gjøymt i sine barneminne, men som no hadde havt lukka med seg hjaa kjeisarar og kongar, daa kjende den slegt, som daa levde, seg sæle og upplyfte som aldri fyrr. Ole Bull vart den fyrste og største feststund i vaart folk. Han gav oss tru til oss sjølve, det største, me den gongen kunde faa.

Detta er hans udøyelege æra, detta er hans livs hovudverk. — —

Korleids vart det nettupp han, som kom til aa gjera detta? Han var komen av ei musikalsk ætt, men det vilde ikkje hava gjort det, dersom ikkje kjærleiken til fedraheimen hadde gjevet kveiken. Hans fyrste barneleik fall i krigsaari fyr vaar sjølvstendigheit, hans barnemaal var med og ropad dei fyrste hurra fyr den unge fridomen

vaar, og daa han var ungdom — eg veit det nøgje —, daa song hans fyrste fela med sin breide, endelause fagnad vaare fyrste fedrelandssongar uppe paa studenthyblen aat Henrik Wergeland og vart fyrespelet til hans landskveikjande 17de mai uppgløding.

Fraa desse hugleikarne reiste Ole Bull ut. Naar han fekk reist det norske teater, naar han elles og studde norsk kunst, naar han hjelpte det norske museum, naar hans megtuge fela song fyr andre norske tiltak, naar han alle stader, kvar han kom, hjelpte landsmenn og andre, som trong til det, so var det ikkje so mykje fyr saki elder personen som til Norigs lov. Han kjende seg alltid som vaar utsending. Og totte han, det trongst — ute elder heime — aa syna seg som „Ole Olsen Viol, norsk nordmann fraa Norig“, han forsømde det aldri. Hans fedrelandselsk hadde nokot barnslegt, nokot aabrydet ved seg. Det laut so vera den tid. Men det var nokot fyr oss, at vaar „finaste mann“, som kom fraa dei aandrikaste salarne i Europa, kunde og vilde ganga arm i arm med vaare fatige norsk-norske tiltak, som var endaa mindre „fine“ daa en no.

Denne djupe truskap i givnaden aat Ole Bull, gjenom all hans vimrande tvihug, hev gjort han

folkekjær. Det er hans fedrelandskjærleik, som hev gjort det.

Liksom med Henrik Wergeland. Han og Henrik Wergeland var jamaldrande og jamlikar. Den eine svarar til den andre, som songen i skog svarar til vaaren paa marki, elder som havet, skjeri, dei ville fjellkrullarne, dei snøgge ljosglim i liderne, det lunutte skifte av ljos og skugge paa Vestlandet svarar til skogaasarne og dei store, rike landskap med den straalande Mjøsflata imillom paa Austlandet. Den eine var den vestlandske blaagut med det havsalte løgje, den lunefengne vikinghug. Den andre var den austlandske graagut. Det var fulla vestlandsk blod i Henrik Wergeland og, men han hadde hugen fargad av det store, milde vidtskodande i eit austlandsk landskap med fjell langt undan.

Naar Ole Bull rødde um si kunst, fortalde han gjerne, at han hadde lært aa „syngja“ av Italia-folket. Og det var so, den ytre songformi hadde han lært der. Men givnaden sjølv og fargarne var fraa sjæli i vaar sjæl, hennar sjølvgjordaste bod folkevisa, soleids som fedraheimselsken hadde uppglødt henne fyr hans hug.

Ein eldre kunstmann*), namngjeten i all heimen, hev sagt til meg: „Lyti ved spelet aat

*) Joachim.

Ole Bull kjennest lettare no, han vert eldre, men ingen kunstmann i vaar samtid hev aatt hans diktarkraft. Ein lund er aldri vorten spelad betre en av Ole Bull, naar han var paa laget". Eg tenkjer, at alle med aand, som hev høyrt han, segjer det same.

Det er klagat paa Ole Bull, at han ikkje hev latet etter seg større tonedikt. Detta er uvitugt. Den, som so heilt som han kunde takast med i augneblinken, kann ikkje meir. Det, som skaper den eine givnad, stengjer den andre ute, og det mest, der givnaden er størst.

Men det var nokot fyr oss den gongen — og det er alltid nokot fyr eit litet folk — aa hava ein av all heimsens fyrste menn millom seg. Det gav det beinleides skyn paa det store, det vidkad vaart maal paa, kvat manns givnad vinn, det aukad krafti til kapp — og det i alle leider!

Lat oss ved denne gravi aat den største ropa ut eit „æra vere!" alle kunstfolk, som brøyter veg hjaa oss, — som ikkje berre hev skapt etterfylgjarar i sitt yrke men og hev skapt aagjegn, kapphug, gleda i tilværet alle stader. Detta aukar den seduge og aandelege arbeidsgivnad — den største arv, ein mann kann leggja etter seg.

Eg hugsar han helst i dei store Bergens-

festferder paa 17de mai. For han var ei festferd, han aaleine, drusteleg, hugtakande, som han gjekk der, soleids at berre ei handeferd, eit augnekast gaut høgtid yver den, som fekk det.

Soleids arm i arm med heile vaart folkearbeid, odlande det, takande upp i sin kjærleik det største med det minste, odlande det, — detta var hans liv, var truskapen i det.

Ein slik fedrelandskjærleik løner den, som hev han, med under. Daa eg las um, at han, som kvart aar vilde heim med flytfuglarne til vaar sumar, vilde det i aar og, og at kjærleiken vann bera han heim den lange leid, endaa lækjarar sette seg imot, og vanskarne lagdest til, so tenkte eg paa ordi aat Henrik Wergeland til Robert Major:

„Først did og saa til himlen vilde
den gamle graa republikan".

Augo hans vilde fyrst femna det land, han elskad so høgt, fyrr dei brast. Den truskap i Ole Bull skal me løna med truskap. Og eg segjer attende: Eg vil vera trufast mot Ole Bull.

Fyrr naar me heldt ein tale fyr Ole Bull", sagde Bjørnson til sidst, „sluttad me gjerne med eit „Lenge leve Ole Bull"! Det kann me aldri gjera meir, endaa — daaen fyr oss er har

no ikkje — han fylgjer oss heim herifraa. Men eg vender meg til dei unge. Eg kann ikkje beda dei vera trufaste mot han. For dei hev ikkje forstadet han som dei eldre. Men dei skal ved denne grav giva gaum etter undri aat fedrelandselsken, som desse hev synt seg i det rike liv, som her er sluttat".

Edvard Grieg tok der etter til ords:

„Fyrdi du vart ein heider fyr vaart land, fyrdi du lyfte vaart folk upp mot dei ljose kunsthøgderne som ingen annan, — fyrdi du var ein vegbrjotar fyr vaar unge norske tonekunst, trufast, varmhjartad og hugtakande som ingen, ingen annan, — fyrdi du hev saatt eit fræ, som skal spira i framtidi og komande ætter signa deg fyr, — med takk fraa tusund og atter tusund fyr alt detta legg eg paa kista di denne laurbærkrans fraa *den norske tonekunst*. Fred vere med deg!"

Skulestyrar Bendixen lagde ein laurbærkrans fraa det norske teater i Bergen. Og elles var det sendt kransar fraa mange.

Daa dei unge kvitklædde gjenturne hadde kastat sine blomar paa kista, skildest likferdi, med' musikken spelad ein salmetone.

Kongen hadde sendt eit helsingstelegram til

Sara Bull. Og paa likferdsdagen kom det mange helsingar til Alexander Bull, soleids baade fraa Kristiania teater og musikforeining og elles mange andre.

Bergens teater heldt same kvelden ein fest, daa der vart framsagt eit vakkert minnedikt yver Ole Bull.

Og tidendi um, at meistarspelaren var sloknad, gjekk som ei heimsbylgja rundt den heile jord, vart lesi i San Francisco som i Melbourne, paa sletterne i Rusland som til fjells i Spania. For alle stader var hans namn kjent. Skildringar av hans liv gjekk i vers og paa prosa gjenom alle land. For ei stjerna var sloknad.

Ingenstad var samhugen sterkare en i Amerika, der Ole Bull hadde havt sin andre heim. No vart han heidrad som ein av landsens eigne stormenn, og i Boston vart det jamvel haldet syrgjegudstenesta til hans minne.

Endaa mange i sorg og minne diktad til hans lov, kom det ikkje mjukare og varmare fraa nokon en fraa Arne Garborg:

„Stillt som ei susing det flyg og flyr
gjenom dalen roleg og trong:
Her sloknad eit lysande eventyr,
her døydde ein daarande song.

Viking han foor paa havsens straum,
ligg no paa tilja stiv, —
men verdi skalv i hans toneflaum,
og Norigs djervaste ungdomsdraum
blenkte gjenom hans liv.

Fager var guten, stortenkt til sinns,
meir en ein spelemann.
Aldri saag du stautare prins
vinna med song sitt land.
Lagde til havs ei regntung nott,
draugar spottad og song.
Han strauk upp med ein huldreslaatt,
saag all verdi i graat og laatt
fyr sin fot med ein einaste gong.

Foor gjenom heimen paa havstraum salt,
stod med ein smil paa tilje:
Norig, hans land, skulde eiga alt,
so var hans varme vilje.
Lange, eventyr-store aar
bar han so lett, den guten.
Sylvglans tok vel hans rike haar,
men augo var som ein solmild vaar,
straalande sælt til slutten.

Ned han seig i ung Norigs famn,
kviler der blidt i ro.
Segni hev teket hans store namn,
evigt lever han no.
Stort han vaagad, og stort han vann,
det er eit sannsagt ord.
Aldri saag me djervare mann
leggja ut fyr aa vinna land,
difyr nemnest han s



XXII.

Ole Bull.

Det hev meir en ein gong voret vandt aa skilja millom sant og dikt under arbeidet med i denne soga. Men det hev voret tanken aa halda seg med jordi.

Naar soga lika fullt er so rik paa eventyr og undarlege hende, er det, fyrdi ho er soleids og ikkje annarleids kann vera, utan at ein tek daamen fraa henne.

Og so undarlegt er det: Di lenger det lid, di fleire vert segnerne og eventyri um Ole Bull. Mangt og mykje, som her er fortalt godt trulegt, hev jamvel desse sidste aari gjenget gjenom bladi so reint umdiktat.

„Segni hev teket hans store namn".

Og sjølve segnerne syner, at han var den, folk laut verta glade i.

I desse segnerne gjeng atter fleire kjende ting fraa gamle eventyr, soleids fraa den greske segni um Orfeus. Ole Bull vert og tillagt det, som elles fortelst um andre spelmenn.

Soleids meistarskapen aat Paganini paa ein streng.

Ole Bull er ikkje berre den, som spelar

paa alle strengjerne samstundes, men det er og han, som spelar paa den eine strengen og greider seg berre med den. Ole Bull er i segnerne seg sjølv som mann men som spelmann baade seg sjølv og Paganini.

Og segnerne hev gjenget soleids i folk, at dei vert trudde, um dei er aldri so utrulege.

Etter ei norsk segn kappspelad han med Paganini, som greidde seg lenge. Men daa strengjerne paa fela aat Bull sprang den eine etter den andre, og han lika fullt spelad paa den sidste fullt so godt som hin, daa ropad aalmenningen, at Bull hadde vunnet, med' Paganini grein i sinne.

I Amerika hev segni um kappspelet millom desse tvo gjenget soleids, og det skulde vera sant og, sagde dei, som fortalde det:

Det var i Paris. Paganini vart aabryden paa Ole Bull, som heldt paa og tok luven fraa han. Daa grundad han mykje paa, korleids han skulde verta den fyrste atter. Jau so sagde han til Bull, at dei skulde dikta kvar sitt tonestykke og so byta. Bull skulde spela Paganini sitt og han Bull sitt.

Det var komet mange folk, for no skulde dei store røyna seg.

Bull var yngst og laut spela fyrst. Ja visst

var det fælande vandt aa spela stykket aat Paganini, men Bull fauk igjenom det, som var det barneleik fyr han.

So skulde Paganini til. Det gjekk lenge godt, men i slutten av Bull sitt stykke stanad han braadt, røynte seg paa nytt, men han laut slutta atter.

Daa gjekk han burt til Ole Bull og talde fingrarne paa hans vinstre hand.

„Det stykke spelar ikkje De helder", sagde Paganini. „Den, som det skal gjera, lyt hava 6 fingrar paa vinstre handi".

„Er De ikkje god-til spela det De daa?" spurde Bull.

Nei han var ikkje det.

Ole Bull tok fela, med' aalmenningen sat og brann i stunding. Han spelad, og daa han skulde turva den 6te fingren, lutte han hovudet fram og sette nasetippen beint paa strengen: Den undarlege tonen let klaart og høgt gjenom salen.

Og Paganini hadde funnet meistaren sin.

Um Ole Bulls tonedikt „Morsbøni" vart det i Amerika fortalt som full sanning denne segn:

Ole Bull var i England. Daa fekk han høyra um ein ung ugjerningsmann, som var dømd til aa verta hengd. Hans stakkars mor hadde graatet og tiggat dronningi um naade fyr han, men det hjelpte ingenting. Ole Bull kom

til aa tykkja synd baade i mor og son og spelad hennar bøn og sut fyr dronningi av England. Ho vart so kløkt og hugteki av denne „Morsbøni“, at ho lovad aa gjera sitt beste, daa Bull bad um naade fyr guten. Og naade fekk han.

Etter ei segn, som Johannes Haarklou fortel fraa si heimbygd paa Vestlandet, bergad Ole Bull ein annan gong sitt eiget liv med spelet sitt.

Han skulde spela fyr Russe-kjeisaren. Han og kjeisarfruva sat paa sine trunstolar. Dei lavde av gull og glimesteinar, og deira største og gildaste folk sat i kring dei i all sin brikna. Ole Bull skulde longo voret komen, men der er ingen Ole. Kjeisaren ventar, til han vert eitrande sinnad — daa dømer han spelmannen fraa livet.

Som domen er fallen, kjem han og fær høyra, kvat han hev aa fegnast til.

Det er ingenting aa segja til det, men han bed um det som ein stor naade, at han maa faa spela aat storkjeisaren endaa ein gong — paa ein streng.

Det laut han daa faa.

Daa spelad han so, at kjeisaren blidkast, tok atter domen og gav Ole Bull gull og kostesame steinar, so det var med naudi, han var god-til vinna alt med seg fraa slottet.

I ei slik segn er Ole Bull baade Orfeus og

vaar norske eventyrgut „Vesle-Ola med fela“ paa ein gong.

Mange eventyr hadde han upplevt og, so det var undralaust, um hans bilæte vart innringat i ei skodd av dikt.

Og han var den, som kunde setja liter paa sine eventyr, baade naar han spelad dei paa fela, og naar han fortalde dei millom vener.

Talar var han ikkje. Han vilde gjerne vera det og men vart det aldri.

Han hev haldet talar so mangein gong, men daa var han helst aa tykkja synd i.

„Best gjekk det kann henda, naar han lagde i veg paa engelsk“, fortel ein fraa Amerika. „For som han stod der paa talarstolen med halvt attlatne augo og grundad baade paa innhald og form, var han so hugtakande hjelpelaus som eit litet barn, som nettupp skal til aa tala. Og naar det so endeleg kom, var det nokot reint annat en det, me hadde ventat“.

Men brevi hans syner oss, at han og kunde finna høvelege og maalande ord.

Til aa fortelja var han reint makelaus. Sant og dikt um kvart annat, so han snaudt kunde skilja det ut sjølv. All hans forteljing var bori av eit maalande godlynde, med' skalken lyste baade i augo og forteljingi.

„Eg kunde fortelja slosur etter han i det endelause", sagde Bjørnson. Og han hev fortalt mange. Dei minner ikkje so litet um Münchhausen.

Den beste var kann henda forteljingi um ein gong, han kom heim til Valestrand og hadde voret lenge ifraa garden. Ole Bull skildrad det, som um alt hadde voret innestengt i mange hundrad aar:

„Er her ikkje folk?" spurde eg.

Jau so var det einkvar, det gjeispad som etter ein lang svevn.

„Er her ikkje hestar og stall?" spurde eg.

Jau der var fulla hestar og stall ein stad.

Daa eg so let upp stalldyrri, gjeispad det alt i hop, hestarne og vegjerne, ja kvar den kro".

Ein gong hadde han voret i lag med nokre tyskarar til ein fest, fortalde han. Kararne hitnad, og gleda vart til vill heiing og buring. Daa kom det inn ei liti gjenta med eit spann og spurde, um ho kunde faa kjøpa mjølk: Ho trudde det var eit kufjos.

Djerve ordtøke hadde han tidt i munnen. „Det er synd i den, som liten er og hev det smaatt, Gud bere!" var eit av dei.

Ofta tok han dei fraa sogur, han hadde fortalt. Hende det so, som det tidt gjorde, at han kom med dei i selskap, der berre nokre faae

kjende deira upphav, sat desse ferdige til aa rivna av innestengd laatt. Reint eit makelaust skalkelag hadde han, ofta djervt, so det vart grovt.

Han stod mykje aalvorsam, daa han i eit lag heldt denne talen fyr kvinna:

„Me veit, kven som er mor vaar, men me veit ikkje, kven far vaar er — difyr ei skaal fyr kvinna!“

Han stod aldri i beit fyr eit godt svar. Det kom jamnaste som tverkast. Fleire slike paa rad i ein tale kunde verta til tull. Men naar dei kom i svar, stutte og raamande som ordtøke, ikkje som det var ventat men fraa ei onnor sida, var dei ofta klumsande.

Hans djerve svar syner hans fine kjensla av, kvat som stod paa. Han hadde paa seg, kvat som høvde best. Det hjelpte han ogso mot vanskar og meinraader.

Det er reint ei furda, so gløgg han var. Og det kom fram paa ymis vis. Alt, han møtte paa sin veg, tok han med, ingen ting gjekk han lika sæl framum korkje ute elder heime. Og det gjorde han framsynt. Men han grundad ikkje ut det, som skulde gjerast elder segjast. Det kom yver han som eit hugskot.

Soleids gjenom hans heile liv i stort som smaatt.

Eit brev, han 1866 skreiv til sonen Alexander

Paris er eit merkelegt vitnemaal um, korleids han kunde sjaa.

Sonen maa taka seg i vare og aldri blanda seg i politikk, skreiv han. Det gjeng snart galet med franskmannen, for det er vanstell i Frankrik.

Men tyskarane stend vel budde til krig, og no er det Preussen, som skal leika meistar i Europa*.

Og sannspaadd vart han.

Det var elles langt ifraa, at han alltid saag rett. Han hadde ikkje vortet so ofta narrad, hadde han det gjort. Men i syn og tanke hadde han vart nokot stort og rett. Det var berre skade, at han ofta ikkje knytte sine rike hugsviv til dei rette folk. Han vilde springa for mykje yver det jamne arbeid. I si kunst som i alt annat.

Var det vener, som meinte det vel med han, han lydde aldri dei, segjer Bjørnson. Fyrst naar han hadde brent seg, kom han til dei. Han fylgde helder andre, som blindad han med sin humbug. For dei kunde laga dei beste eventyr og vart ikkje bundne av vanskarne, som dei var, naar tingen skulde røynast.

Detta synte seg i hans gardsbruk og. Han kom litet til rettes med den, som raadde til vitugt jordbruk. Den, som kunde *dikta* jordbruk med han, vart lenge den gjævaste.

Med' han stod i synerne, var han storstilt, raust med gullet, den sterke diktaren og folketalaren i sitt arbeid som i sitt spel, vyrde motburden som inkjevetta, og det lyste av han inn i sjælerne paa dei mange tusund.

Men kom synerne fraa han, vart det myrkt i kring han, hans spel miste klangen sin og han sjølv sin daarande glans: Han tottest liten, girug og mistruen.

Men hjartelaget kunde atter kveikja han, so han var den same Ole Bull.

Og hans vener tilgav han det lett, um han hadde sine rider, daa han ikkje lyste, ikkje var stor.

Dei lærde aa taka han, som han var i sine store stunder. Han kom til aa standa fyr vaart folk, som det vert fortalt fraa Bergen: Naar han var sedd i gata, vart det fortalt av born og vaksne, plent som um den fyrste erla, dei saag vippad ein vaardag.

Og Ole Bull var ei erla i den norske vaar.

I umgang var han den gildaste, som kunde tenkjast, naar han var paa laget. Og der han møtte hjartelag, gav han det mange gonger atter. Den amerikanske diktar Longfellow hev skrivet:

„Merkeleg som Ole Bull var som kunstmann, var han det ikkje mindre i sitt umgjenge. Hans natur var reint hugtakande. Han ikkje berre

likad venerne sine, men han elskad dei. Hans maate aa vera paa var danad og kjærleg. Hans nærvære i eit rom fyllte det med solskin.

Det vart sagt um den franske forfattar Villemain, at naar han talad til ei kvinna, maatte du tenkja, at han stod og rakte henne blomar. Med lika stor sanning kann det vera sagt um Ole Bull, so venleg var han og elskeleg i sin samtale".

Og i Amerika kann dei snakka med um detta. Gjenom ein heil mannsalder var han umgangsven med landsens beste menn og kvinnur. Der slo hans aand ut i full fridom, og han tryllte dei med sin rikdom, sin staute skapnad og si kraft, og han vart ein av dei mest vyrde og elskade menn i landet.

Bjørnstjerne Bjørnson fortel fraa si Amerikaferd, at han i fylgjet aat Grant, præsidenten hadde voret, raakad Ole Bulls gamle ven og hjelpar, advokat Stougthon, ein av dei fyrste i landet — han hev millom annat voret utsending i Rusland.

Han lutte sitt kvite kjempehovud burt aat Bjørnson og talad um Ole Bull. Han heldt handi aat diktaren, med' han fortalde um „den ljose aand, det store hjarta, det gildaste menneske, han hadde møtt, det venaste auga, han hadde set inn i."

„Og detta sagde han med ein mannsleg klang i maalet, som tok meg, ord fyr ord“, legg Bjørnson til.

I det rikt skiftande andlit lyste hans brune barneaugo baade godtrune og prøvande samstundes.

Ein betre vaksen kar fanst det snaudt i hans tid. Rak og velbygd, eit hovud høgre en alt folket. Smal um livet, breid yver bringa og armar, som dei var støypte av staal. Hans maatehald i levemaaten heldt han mager og sunn til det sidste. Og han bar seg kjekk og stød som i sine beste aar.

Um hans styrke er tidt fortalt i denne livssoga. Det er visst ikkje for mykje, um det og vert teket med, at Ole Bull og Bjørnson tokst.

Det var den tid, Bjørnson styrde teatret i Bergen, fortel Johannes Haarklou, som segjer, at han hev det fraa god kjelda. I eit styresmøte kunde Ole ikkje faa hine styresmennerne med seg, og daa han lenge hadde høyrt paa dei, vart han sint, kastad trøya og vilde læra kararne. Det saag spøket ut, for dei visste, kor sterk han var. Men fyrr han hadde teket dei, fekk Bjørnson eit gasta tak paa han, so han kunde halda Ole Bull. „Ver no snild gut, Bull, detta gjeng ikkje,“ sagde Bjørnson til han. Daa han so hadde fenget

sveita sinnet av seg, vart han snild og blid som finaste Bergens-solskin etter regn.

Daa forfattaren spurde Bjørnson, um detta var sant, svarad han ja. Men ikkje so plent helder. Det var hjaa kaptein Prahl, dei tokst, men berre fyr moro. Høgre handi aat Bull var utruleg sterk. „Eg var ikkje veik eg helder den gongen“, fortalde Bjørnson, „men det var, som han vilde saga meg tvert av med armen sin“.

„Eingong var det litt aalvor i leiken og“, sagde Bjørnson. „Det var den 2dre januar 1858. Daa hadde dei paa teatret spelat „Mellem slagene“, og uppglødingi var ofseleg stor. Bull hadde ikkje Bergens-folket med seg paa den tid, og so kom eg paa aa nytta høvet, daa eg vart ropad fram til hyllest. Med nokre faae ord bad eg aalmenningen ropa eit leve fyr *festnamnet* Ole Bull. Det kom svar i ei stormande fagning. Han vilde fram og takka. Det var berre aa skjemma det ut, for til aa tala dugde han ikkje. Daa heldt eg han, og det vart eit stutt tak millom oss — me stod endaa-til lika ved lamperekkja.

Til slutt nøgde han seg med aa ganga fram og buga seg. Og soleids skulde det vera“.

Det vantad ikkje, at Ole Bull hadde arbeidt og lært. Hans kunnskapar i si kunst var i mange

maatar store. Kjennskapen til fela*) var grunnlaget fyr hans bisnelege meistarskap, og yver henne raadde han soleids, at ho gjorde det, han vilde. Hans hagleik tottest reint eit under. „Det er ingenting“, sagde han, naar han reiv av seg 150 staccatotonar i eit einaste bogedrag. Det var, som han saug tonarne or fela: Ho song dei, lange, varme og hugtakande. Og hans lag til aa giva dei liter og liv var reint utrulegt.

Alt tidleg ottadst sume — ogso her i landet — fyr, at han ikkje vann skapa store tonedikt, som kunde leva etter han. Og soleids vart det. Det, han hadde lært, var for spreidt.

So var det og for italiensk i maaten, for den kom snart av moten. Naar Ole Bull lika fullt greidde seg so godt jamsides med dei yngre, er det betre vitnemaal fyr hans gaavur som spelmann en som tonediktar.

Han spelad liksom Paganini helst sine eigne stykke. Det vart med den eine som den andre av dei so, at deira tonedikt ikkje heldt seg, naar dei sjølve, som kunde spela dei, var burte.

Berre „Sæterbesøget“ og „Morshøni“ hev voret spelat, sidan Ole Bull lagde fela ifraa seg.

*) Den syner det, han skreiv um fela vetteren 1878—79. Hans „Violin notes“ er utgjevne paa engelsk av enkja.

Men tonen til „Paa solen jeg ser“ syng all ungdom i Norig og fær under songen ein tokknad um Ole Bulls dragande magt i sine tonar.

Det er ikkje ved det, han hev lagt etter seg i notar, men gjenom det, han spelad, med' han levde, at Ole Bull hev gjort verk, som ikkje døyr. Det lever i oss alle som det, me tenkjer og vil som norske menn og kvinnur, som større klang og liv i vaart aandsarbeid, som trong til æra og framgang fyr oss sjølve og landet: I større livsens mod hjaa stor og liten. Han spelad oss fram — var ein sann spelmann fyr Norig.

Og minnet um denne ljose skapnad døyr helder ikkje. Det friskast uppatter med kvar ætt, som kjem.

Rik og skiftande i tonar som liv. Med reisningsmagt fraa alle tap og all vesaldom.

Best som han synest til nedfalls og burte, han reiser seg atter, dukkar som ny upp av det salte hav og stend frisk og uskadd og lyser av æra, skuldløysa og hugheilt mod.

Bergen er eit stykke vestland med rigt umskifte i landslaget.

Ole Bull er Norig gjenom eit vestlandsk huglynde, som fann vegen til verdi og tok henne heim med seg til ein norsk vaardag.



Fraa forfattaren.



Det hev ikkje voret det fyrste fyr meg aa koma med nye domar um Ole Bull som spelmann og tonediktar. Eg vilde friska uppatter bilætet av han, soleids som det stod fyr *hans* tid.

Det er skrivet mykje um Ole Bull men mest um hans ferd ute. Samlat finst det svært litet um hans verk i Norig. Her var det meiningi fyrst og fremst aa faa fram hans gjerning heime og so med utgang fraa den hans ferd ute paa vidderne.

Allstødt hev det voret freistnaden aa skildra, so folk kann skyna altsaman -- ogso det, som elles vert innsveipt i teknisk kunstkritik og vandsame ord. Alt er her støypt i eit maal, anten det var skrivet eller sagt paa det vanlege bokmaal hjaa oss elder paa andre tungemaal. Og skulde eg daa hava nyttat norske ord, som var litet kjende, so veit eg visst, at dei ukjende ord, som paa den maaten hev fenget liggja atter, er mykje fleire.

Det skal mykje til aa leita saman alt, som er skrivet um Ole Bull i dei mange tungemaal. Men av det, som hev naatt heim til Norig, er det visst ikkje mange stubbarne, utan eg hev havt tak i dei, spreidde i blad og bok.

Aa nemna kjeldurne paa kvar staden vilde teket for mykje rom. Og skulde eg her nemna

dei alle, so vart det og for mykje. Eg fær gjera greida fyr dei rikaste og berre peika paa hine.

Kjeldur: Ole Bulls breve i uddrag. Udgivet af hans søn Alexander Bull. Med en karakteristisk og biografisk skitse af Jonas Lie. 1881. — Ole Bull. A memoir by Sara C. Bull. With Ole Bull's „Violin notes“ and dr. A. B. Crosbys „Anatomy of the violinist“. London 1886. Leif Erikson. Reprinted from the magazin of American history“, March 1888. — Ole Bull, der geigerkönig. Ein künstlerleben. Frei nach dem original der Sarah C. Bull bearbeitet von L. Øttmann. Stuttgart 1886. — Norges første nationale scene af T. Blanc. 1884. — Norske musikere af Aimar Grönvold. 1 r. 1883. — Henrik Wergeland: Samlede skrifter 8. b. og elles fleire bladstykke av han. — Notise sur Ole B. Bull, par F. Morand, Paris 1838. — Ole Bull. Eine biographische skizze von H. B. Hamburg 1838. — Louis Spohr's selbstbiographie II s. 228—9. — Amerika, Ole Bull og det nye Norge. Bergen 1852. — Hjemmet og vandringen. En aarbog for 1847. Udgivet af P. Chr. Asbjørnsen. — Norske bygdesagn, samlede af dr. Ludvig Daae. I. — Søgnir fraa Halligdal utgjevne av J. E. Nielsen. — M. Goldschmidt: Bl. skrifter IV s. 297—307. Tillegg til Nord og syd 1851. Nord og syd 2 r. VI s. 351—361. En norsk musiker av Goldschmidt i det engelske maanasskrift The cornbill magazine (umskrivt i Morgenbladet nu. 276 og 7, 1862) — H. C. Andersen: Samlede skrifter VI s. 125—8. — Ølenschlægers erindringer IV s. 173—4. — Aug. Blanche: Min-

dersbilder s. 91—4. — A. O. Vinje: Skrifter i utval og Dølen. — Ogsaa et omdømme om Ole Bulls kunstnerværd. Af J. M. Rosén. Kjøbenhavn 1838. — Upartisk dom over Ole Bulls i Christiania 10. december 1842 givne concert. Af A. E. Pratté. — Robert Schumann: Jugendbriefe. — Norsk forfatterlexikon af J. B. Halvorsen. Og elles fleire norske og utanlandske lexika. — Allgemeine musikalische zeitung. Leipzig. Aargangarne fraa 1832—1848. — Det lettad godt, at eg av hr. kg. hofmusikkhandlar Carl Warmuth fekk laana hans framifraa gode handskrivne lista yver dei staderne, Ole Bull er nemnd i norske blad. Ho gjeng til nokre og 60. Med denne lista ved handi og meir utan henne hev eg gjenget gjenom dei fleste norske blad og leitat etter notitsar um Ole Bull. Og det hev voret aa finna i alle blad. Mest hev eg teket av Morgenbladet — millom annat: Træk af Ole Bulls liv ved H. Winter-Hjelm. Byrjar i fyrste og naar langt ut i andre halvaar 1852. — Den norske tilskuer, udgivet af Ludvig Kr. Daa. — Andrimner 1851. — Ny ill. tidende. — Den Constitutionelle. — Bergens stiftstidende. — Bergenske blade. — Krydseren. — Aftenbladet (fleire ting av B. Bjørnson), — Norsk folkeblad. — Ill. nyhedsblad. — Bergensposten. — Bergens tidende. — Ferdamannen. — Verdens gang. — Dagbladet (nemnast serleg maa nokre kjellarstykke av Johannes Haarklou). — Den norske rigstidende. — Christianiaposten. — Skilling-magazin. — Andre blad, der Ole Bull foor paa sine reiser i Norig.

Av det, eg hev høyrt fortalt, er litet nyttat beintfram, men det hev voret stor rettleiding i forteljingar fraa folk, som levde samstundes med Bull elder stod han nær. Ein sers takk segjer eg til d'hr. Bjørnstjerne Bjørnson og Alexander Bull. Lika eins takk til hr. yverlærar N. Arctander, som hev hjelpt til med umskrifter.

Ingen hev voret raustare til aa hjelpa meg en hr. Carl Warmuth. Takk til han.

Hr. L. B. Brækstad i London hev voret so gild og laant ut 4 clichear: Til dei tvo bilæte av Gasparo da Salo, — det bilætet, som hr. Darley gjorde aat fru Botta, daa Ole Bull fyrste gongen var i Amerika, og bilætet av Bull fraa 1878.

Bilætet av fru Felicité Bull er etter eit maalarstykke. Bulls likferd er og etter eit maalarstykke, som er aatt av John Lund, Bergen. Myllarguten er teket etter Skilling-magazin 1849, teikning av A. Tidemand.

Tillegg paa sida 435: Alexandrine Felicité Bull var fødd 12te juli 1818 og var soleids vel $43^1/_2$ aar, daa ho døydde. Ho hadde voret gift med Ole Bull paa 26de aaret. Daa ho gifte seg, var ho 18 aar gamall.

Retting: Sida 451 lina 9 nedantil stend: „19 aar“ skal vera: 20 aar. For Sara Thorp var fødd 1850.



STAVANGER TRYKKERI, TORVET.

Innhald:

		Sida.
I.	Ætt og uppvokster (1810—28) . . .	1
II.	Ungdomsaari (1828—33)	25
III.	Gull og æra:	
	I Italia (1834—35)	65
	I Frankrik (1835—36)	84
	I England (1836—37)	94
	Ole Bull og Paganini (1837) . .	110
	Paa heimferdi (1837—38)	113
IV.	Heimkoma (1838)	124
V.	Ny utferd (1838—41)	145
VI.	Baade heime og ute (1841—43) . .	174
VII.	Fyrste Amerika-ferd (1843—45) . .	199
VIII.	Endaa paa ferdi (1846—48)	226
IX.	Paa heimetufter (1848—49)	233
X.	Ole Bull og Myllarguten	247
XI.	Det norske teater (1849—50) . . .	287
XII.	Ute (1850—51)	323
XIII.	Ole Bull vert hugstolen (1851) . . .	335
XIV.	Nytt Norig i Amerika (1852—57) .	345
XV.	Hjaa sine eigne landsmenn (1857-64)	370
XVI.	Ole Bulls fyrste ægteskap (1836—62)	413
XVII.	Fraa Europa-ferderne (1858—67) .	437
XVIII.	Millom Amerika og Norig (1867—73)	444
XIX.	Han røyner seg paa nytt (1873—76)	461
XX.	Dei sidste aari (1876—80)	482
XXI.	Sidste reis (1880)	495
XXII.	Ole Bull	521
	Fraa forfattaren	535



Boklaget, Bergen:

A. O. Vinje

ved

Vetle Vislie.

Pris: Kr. 4.00, ib. 5.25.

„Sæbyggjen“: Denne boki av Vetle Vislie er forvitneleg. Me fær eit klaart, skarpt teikna bilæte av „den munnkaate husmannsguten“, den populære skalden, grunnleggjaren av vaar framtids bokavl, martyren fyr det norske maal og den frie tankes rett.

„Verdens Gang“: Vislies bog byder paa særdeles meget af interesse.

„Bergens Tidende“: Vetle Vislie, hvem publikum først lærte nærmere at kjende, da han ifjor udgav sit fortjenstfulde arbeide, dramaet „Utan Hovding“, viser i denne bog om Vinje, at han er en forfatter, hvem alle venner af landets maal og nationale literatur nok vil følge med opmærksomhed, og fra hvis pen man kan vente sig det bedste. Det er da ogsaa opmærksomhed værd, at landsmaalsliteraturen allerede har en kritiker og en literaturhistoriker, der formaar at gjennemtrænge sit emne med saa smidig en evne, som dette arbeide vidner om.

Forfatteren viser ved denne bog, at han ikke alene kan Vinje paa sine fingre, men ogsaa, at han er godt inde i samtidens inden- og udenlandske literatur, og at han formaar at danne sig en selvstændig mening om literære foreteelser.

Idetheletaget er denne Vetle Vislies bog om Aasmund Vinje et kristisk arbeide af høit værd, et ypperligt portræt og en træffende karakteristik, der vidner om, at landsmaalsforfatterne ogsaa paa dette gebet i den senere tid vinder frem i fortroppen.

— — — — — — — — — — — — — — — — — — —

Et smukkere, fortræffeligere udført, eller mere passende monument over Aasmund Olavsson Vinje, end denne Vetle Vislie's bog i det norske sprog, findes ikke. Den skal han alle dage have tak og ære for.

„Dagbladet“: Alle, som overhovedet interesserer sig for vort lands literatur, bør kjøbe den. Den er særdeles interessant.

„Dagsposten“: Der er lagt saa megen kjærlighed ind i denne bog, at den først og fremst maa anerkjendes som kunstværk. Den er et nyt bevis paa, at vi i Vislie har en af landsmaalets bedste forfattere.


Mus 1807.15.90
Ole Bull. Med 9 Bilaete.
Loeb Music Library
BDH785
3 2044 041 186 024

Luke 3/30/37

